

DIGITALES ARCHIV

ZBW – Leibniz-Informationszentrum Wirtschaft
ZBW – Leibniz Information Centre for Economics

Bjørhusdal, Eli
Andersen, John Roger (Ed.); Nesse, Jon Gunnar (Ed.); Årethun, Torbjørn (Ed.)

Conference Paper

Immateriell kapital : Fjordantologien 2017

Provided in Cooperation with:

ZBW Open Access

Reference: Bjørhusdal, Eli (2017). Immateriell kapital : Fjordantologien 2017. [Oslo] : Universitetsforlaget.

This Version is available at:

<http://hdl.handle.net/11159/2284>

Kontakt/Contact

ZBW – Leibniz-Informationszentrum Wirtschaft/Leibniz Information Centre for Economics
Düsternbrooker Weg 120
24105 Kiel (Germany)
E-Mail: rights@zbw.eu
<https://www.zbw.eu/econis-archiv/>

Standard-Nutzungsbedingungen:

Dieses Dokument darf zu eigenen wissenschaftlichen Zwecken und zum Privatgebrauch gespeichert und kopiert werden. Sie dürfen dieses Dokument nicht für öffentliche oder kommerzielle Zwecke vervielfältigen, öffentlich ausstellen, aufführen, vertreiben oder anderweitig nutzen. Sofern für das Dokument eine Open-Content-Lizenz verwendet wurde, so gelten abweichend von diesen Nutzungsbedingungen die in der Lizenz gewährten Nutzungsrechte.

<https://zbw.eu/econis-archiv/termsfuse>

Terms of use:

This document may be saved and copied for your personal and scholarly purposes. You are not to copy it for public or commercial purposes, to exhibit the document in public, to perform, distribute or otherwise use the document in public. If the document is made available under a Creative Commons Licence you may exercise further usage rights as specified in the licence.



Leibniz-Informationszentrum Wirtschaft
Leibniz Information Centre for Economics

Mitglied der





**John Roger Andersen, Eli Bjørhusdal,
Jon Gunnar Nesse, Torbjørn Årethun (red.)**

IMMATERIELL KAPITAL

– Fjordantologien 2017

Immateriell kapital

**JOHN ROGER ANDERSEN, ELI BJØRHUSDAL, JON GUNNAR NESSE,
TORBJØRN ÅRETHUN (RED.)**

Immateriell kapital

Fjordantologien 2017

Universitetsforlaget

Redaksjonelt arbeid, utvalg og introduksjon

© John Roger Andersen, Eli Bjørhusdal, Jon Gunnar Nesse, Torbjørn Årethun 2017.

Hvert enkelt kapittel © den respektive forfatter 2017.

Boken ble første gang utgitt i 2017 på Universitetsforlaget.

Materialet i denne publikasjonen er utgitt som Open Access /Åpen tilgang og er omfattet av åndsverklovens bestemmelser og Creative Commons-lisens CC-BY 4.0

Lisensen Creative Commons CC-BY 4.0 gir tillatelse til å kopiere, distribuere og spre verket i hvilket som helst medium eller format og til fritt å bearbeide materialet for hvilket som helst formål, inkludert kommersielle. Lisensgiver kan ikke kalte tilbake disse frihetene så lenge du respekterer disse lisensvilkårene. For slik spredning og bearbeiding gjelder følgende vilkår: Du må oppgi korrekt kreditering og en henvisning til lisensen, samt indikere om endringer er blitt gjort. Du kan gjøre dette på enhver rimelig måte, så lenge det ikke kan forstås som at lisensgiver godkjenner deg eller din bruk av verket. Du kan ikke på noen måte hindre andre i å gjøre noe som lisensen tillater.

ISBN trykt utgave: 978-82-15-02815-6

ISBN elektronisk utgave: 978-82-15-02816-3

Henvendelser om denne utgivelsen kan rettes til:

post@universitetsforlaget.no

www.universitetsforlaget.no

Omslag: Universitetsforlaget

Sats: Laboremus Sandefjord AS

Forord

Fjordantologien 2017 er eit resultat av Fjordkonferansen som vart arrangert i Loen 21.–22. juni i 2016. Den første Fjordkonferansen vart arrangert i 2013. Dette var altså den fjerde konferansen. Temaet for konferansen i 2016 var «immateriell kapital», og det vart presentert om lag 70 innlegg. Mottoet for Fjordkonferansen «av fagfolk, for fagfolk» understrekar at konferansen og antologien er eit initiativ nedanfrå frå dei ulike akademiske institusjonane i regionen.

Redaksjon for årets Fjordantologi er hovudredaktør John Roger Andersen og medredaktørane Eli Bjørhusdal, Torbjørn Årethun og Jon Gunnar Nesse – alle frå Høgskulen på Vestlandet.

Etter konferansen fekk vi inn 30 bidrag, noko vi er svært nøgde med. Men med ei ramme på omlag 400 sider visste vi at berre ca. 2/3 av desse bidraga kunne få plass i antologien. Alle bidraga vart sendt til to kvalifiserte fagfeller. Utveljinga av artiklar til antologien vart basert på fagfellene sine vurderingar. Det var dessutan eit sjølvstendig redaktøransvar å bestemme om forfattarane heldt seg innanfor temaet immateriell kapital eller ikkje. Til sist sat vi att med 19 bidrag som på ulike måtar analyserar og drøftar temaet immateriell kapital.

Utan finansiell stønad kunne «Fjordkonferansen» og «Fjordantologien» ikkje ha blitt realisert. Følgjande bidragsytarar har gjort arbeidet mogeleg: Sparebanken Møre (hovudsamarbeidspartner), Sogn og Fjordane fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Mørealliansen, Høgskulen på Vestlandet, Høgskulen i Volda, Høgskolen i Molde og NTNU.

Vi takkar forfattarane for bidraga. Ein særleg stor takk går til 39 kollegaer og fagfeller kring heile Noreg som har lagt ned eit viktig frivillig arbeid for å sikre kvaliteten på årets Fjordantologi.

Innhold

FORORD	5
KAPITTEL 1	
IMMATERIELL KAPITAL – EIN INTRODUKSJON	15
<i>Eli Bjørhusdal, Torbjørn Årethun, Jon Gunnar Nesse og John Roger Andersen</i>	
Innleiing	15
Teori om immateriell kapital	16
Presentasjon av dei ulike bidraga i antologien	19
Litteratur	27
DEL 1	
MIGRASJON	29
KAPITTEL 2	
SOSIAL KAPITAL I KOMMUNENS MØTE MED FLYKTNINGER	31
<i>Lisa Hansson og Turid Aarseth</i>	
Innledning	31
Kommunenes roller i flyktningpolitikken	32
Teoretisk utgangspunkt	34
Presentasjon av kommuner og datagrunnlag	37
Flyktningpolitikkens lokale utforming	38
Sosial kapital – institusjonsutforming og nye identiteter	43
Avslutning	46
Litteratur	47
KAPITTEL 3	
NYE SENTRUM-PERIFERI-MØNSTER? TILGANG TIL KOMPETANSE GJENNOM ARBEIDSINNVANDRING	49
<i>Finn Ove Båtevik og Gro Marit Grimsrud</i>	
Innleiing	50
Bakgrunn	50
Fortrenging eller supplering – utarming eller utjamning?	53
Metode	55
Med kompetanse til bygd og by?	57
Drøfting og konklusjon	63
Litteratur	66

KAPITTEL 4	
MEDIEBRUK, SAMFUNNSENGASJEMENT OG SOSIAL KAPITAL	
I EN DIGITAL ÆRA	69
<i>På jakt etter minoritetskvinner sine stemmer</i>	
<i>Lin Prøitz, Hilde G. Corneliusen og Carol Azungi Dralega</i>	
Introduksjon	70
Teoretiske tilnæringer til medier og minoriteter	72
Metode	75
Anya og Tayyba, ambassadører for minoritetskvinner	76
Diskusjon og oppsummering: Fra marginalisert til ambassadør	81
Brobyggeres sosiale kapital	82
Merknader	84
Litteratur	84
KAPITTEL 5	
RELIGION SOM RESSURS	88
<i>Polske arbeidsmigrantar og Den katolske kyrkja på Sunnmøre</i>	
<i>Lars Julius Halvorsen og Anders Aschim</i>	
Innleiing: Migrasjon som oppbrot, religion som ressurs	89
Vår Frue på Sunnmøre og dei polske kyrkjegjengarane	91
Data og metode	92
Resultat	97
Diskusjon	105
Merknader	107
Litteratur	107
KAPITTEL 6	
HUMANITÆRE ORGANISASJONER	
– DØRÅPNERE ELLER BROBYGGERE	
I LOKALSAMFUNNET?	109
<i>Bodil Ravneberg</i>	
Innledning	109
Fra «Gemeinschaft» til «sosial kapital»	111
Sosial kapital og lokalsamfunnet	112
Integreringsarbeid i humanitære organisasjoner. Døråpner- versus brobyggerollen	114
Avslutning	125
Litteratur	126

DEL 2	
SPRÅK OG LÆRING	129
KAPITTEL 7	
RETTSKRIVING I SKRIFTKULTUREN	
– ULIKE PERSPEKTIV I NOREG OG PÅ ISLAND	131
<i>Jan Olav Fretland, Ingunn Balevik og Guðrún Kjartansdóttir</i>	
Bakgrunn	131
Forsking på rettskrivingsavvik	133
Metode	136
Resultat	138
Drøfting	141
Konklusjon	144
Litteratur	144
KAPITTEL 8	
EIN STATISTIKKDISKUSJON MED UTGANGSPUNKT I NORMAVVIK	
I STUDENTTEKSTAR	146
<i>Terje Myklebust og Jan Olav Fretland</i>	
Innleiing	146
Oppsummering	163
Litteratur	164
KAPITTEL 9	
OM TEKNOLOGIEN SOM IKKE FIKK VÆRE TEKNOLOGI – DISKURSER OM	
VELFERDSTEKNOLGI	165
<i>Hilde G. Corneliusen og Kari Dyb</i>	
«Velferdsteknologi handler ikke om teknologi»	165
Metode og teori: diskursanalyse av helsepolitiske dokumenter	166
«Velferdsteknologi» i politiske dokumenter	169
Diskursive forhandlinger og konkurrerende diskurser	171
Helse versus teknologi	174
Helse, teknologi og kjønn	176
Konklusjon: to sfærer	178
Merknader	179
Litteratur	179

KAPITTEL 10	
FRÅ KLASSELÆRAR TIL FAGLÆRAR	182
<i>Lærarutdanningsreformene 1973–2017</i>	
<i>Ragnhild Paulsen Hamre og Pål Hamre</i>	
Introduksjon	182
Syttitalsdiskursen – reformene i 1974 og 1980	184
Nittitalsdiskursen – reformene i 1992 og 1999	187
Diskursen etter tusenårsskiftet	191
Avsluttande drøfting	195
Primærkjelder: policy-tekstar, kronologisk ordna	197
Litteratur	199
KAPITTEL 11	
«DET ER KREVJANDE Å TILPASSE SEG STUDENTANE SINE BEHOV»	
– REFLEKSJONAR OVER EIGEN UNDERVISNSPRAKSIS	201
<i>Dorthea Sekkingstad og Ingrid Fossøy</i>	
Introduksjon	202
Kunnskapsgrunnlag	202
Teoretisk utgangspunkt	204
Metodisk tilnærming	207
Funn og analyse	209
Drøfting	211
Konklusjon	215
Litteratur	215
KAPITTEL 12	
MINSTE FELLES MULTIPLUM	218
<i>Radikal translasjon av 8–13-skolen som organiseringsidé</i>	
<i>Kjersti Halvorsen og Kristin Sagerøy Råsberg</i>	
Introduksjon	219
Veivisere til mottakersiden av 8–13-skolen som organiseringsidé	220
En komparativ casestudie	221
Ideen om 8–13-skolen – hvor kommer den fra?	222
Kunnskapsstatus – hva vet vi om 8–13-skoler?	224
To kombinertskoler	226
Fyrstikkalleen skole, F21, i Gamle Oslo	227
Stangenes 8–13-skole i Harstad	230
Diskusjon	234
Konklusjon	236
Litteratur og kilder	237

KAPITTEL 13	
EIT TRANSLASJONSTEORETISK PERSPEKTIV PÅ	
KUNNSKAPSLEIING I SKULAR	240
<i>Øyvind Glosvik</i>	
Introduksjon	241
Metode	241
Eit translasjonsteoretisk utgangspunkt	242
Å utfordre lærarens profesjonelle kunnskap	244
Skuleleiaren og omsetjings- og omformingsreglane	248
Modus for translasjon som det å leie andre omsetjarar?	251
Om translatorkompetanse	254
Litteratur	255
KAPITTEL 14	
FYSISKE KRAV HJÅ PROFESJONELLE FOTBALLSPELARAR I	
OBOS-LIGAEN I KAMP	258
<i>Fysiske krav for ulike spelposisjonar</i>	
Atle Hole Sæterbakken, Einar Ylvisåker, Amund Riiser, Vegard Fusche Moe og Vidar Andersen	
Introduksjon	259
Metode	261
Resultat	263
Diskusjon	265
Litteratur	269
DEL 3	
NÆRINGSIL OG SAMFUNN	273
KAPITTEL 15	
DOES GEOGRAPHICAL CLUSTERING PAY?	275
<i>Analysis of the Norwegian salted and dried cod industry</i>	
Trond Bjørndal, Mark Pasquine og Erik Nessel	
Introduction	276
Industrial background	277
Theoretical and methodological framework	279
Empirical results	285
Conclusions	291
References	292
Appendix 1	294
Appendix 2	295

KAPITTEL 16	
DOES BRAND BUILDING MATTER?	296
<i>A study of the bacalhau brand Dybvik</i>	
<i>Kristin Gaaseide Aure, Kristine Dybvik og Nervik Øyvind Helgesen</i>	
Introduction	297
Brand	298
Context	304
Methodology	305
Results	311
Discussion	315
Conclusion	318
Literature	321
KAPITTEL 17	
OM Å FINNE BALANSEN MELLOM MATERIELLE OG IMMATERIELLE MÅL VED FORVALTNINGEN AV STATSEIDE NATURRESSURSER	324
<i>Arezoo Soltani</i>	
Innledning	325
Metode	327
Resultater	334
Diskusjon	337
Litteratur	338
KAPITTEL 18	
FOTBALL OG MEDIA I NOREG I EIT HISTORISK PERSPEKTIV I PERIODEN 1970–2005 – SPELET UTAN BALL	341
<i>Joar Fossøy, Vegard Fusche Moe og Frode Fretland</i>	
Innleiing	342
Metode	342
Teoretiske perspektiv	343
Fotball og media i Noreg – eit historisk bakteppe	345
Fotball og media i Noreg 1970–1980	347
Fotball og media 1981–1990	349
Fotball og media 1991–2005	352
Fotballens varekarakter – spelet utan ball	357
Konklusjon	359
Kjelder	359
Litteratur	360

KAPITTEL 19	
DEN IMMATERIELLE SIDA AV NETTVERKSSAMARBEID	362
<i>Øyvind Heimset Larsen og Jon Gunnar Nesse</i>	
Innleiing	363
Teori og tidlegare forsking	364
Metode	369
Presentasjon av nettverka	373
Analyse av resultat	376
Drøfting av resultat	391
Konklusjon	394
Merknader	395
Litteratur	395
KAPITTEL 20	
ELDSJELER I FRAMTIDSFYLKET	398
<i>Kven er dei og korleis få fleire av dei til Sogn og Fjordane?</i>	
Torbjørn Årethun, Jon Gunnar Nesse og Ove Oklevik	
Introduksjon: Eldsjelfaktoren som lokal ressurs	399
Teori	400
Metode	403
Resultat	405
Diskusjon	410
Konklusjon	413
Merknader	413
Litteratur	413
FORFATTEROMTALER	416

Kapittel 1

Immateriell kapital

– ein introduksjon

ELI BJØRHUSDAL, TORBJØRN ÅRETHUN, JON GUNNAR NESSE OG
JOHN ROGER ANDERSEN

INNLEIING

Kva er og kva betyr immateriell kapital, og kva vert tematisert når ein inviterer fagfolk til å skriva forskingsbasert om dette? Denne antologien freistar å bidra med nokre svar på desse spørsmåla.

Å forstå kva immateriell kapital er og betyr, kan angripast på ulike måtar. Ifølgje Sørbø (2016) kan immateriell kapital dreia seg om «langt meir enn oppfinningar, patentar og liknande som har verdi på aksjemarknaden. Det dreier seg om føresetnader for å lukkast med det ein held på med.» Det kan likevel fort bli slik at immateriell kapital først og fremst vert eit middel for å nå, eller skaffa seg noko, ved hjelp av teknikkar eller oppskrifter. Sørbø (2016) dreg òg fram at immateriell kapital også er knytt til livet slik det utfaldar seg, og at immateriell kapital slik sett kan ha ein verdi i seg sjølv. I dette spennet lever truleg det mangfaldige omgrepet immateriell kapital sitt liv, og vi kan prøva å forstå og bruka denne kapitalen i det gode teneste – med klokskap. Å fange dette mangfaldige omgrepet er altså ikkje lett, men for å gje lesaren noko handfast å ta utgangspunkt i, så vil vi i dette kapittelet gje ein kort og avgrensa introduksjon til temaet.

Immateriell kapital er ein varig, ikkje-fysisk storleik som gjev eigaren og samfunnet inntekter eller avkastning, i ei eller anna form, over ein lengre periode. Kunnskap er eit døme på immateriell kapital, og det å ta høgare utdanning er ei investering i immateriell kapital som resulterer i ein langvarig inntektsstraum, til dømes i form av auka framtidig løn til den einskilde. Men avkastninga kan òg koma i form av at meir kunnskap gjev større innsikt i samfunnsforhold, eit breiare samfunnsengasjement og eit meir velfungerande demokrati. Dette er ei avkastning som kjem samfunnet til gode.

Avkastninga på immateriell kapital kan vera materiell, som til dømes auka framtidig inntekt for einskildindivid eller for samfunnet, som følgje av auka kunnskapskapital, eller ho kan vera immateriell, til dømes i form av betre evner til å

gjera eigne vurderingar av ulike samfunnsspørsmål eller å utøva demokratiske rettar. Avkastninga på immateriell kapital kan difor både vera i form av ein inntektsstraum som kan målast i økonomiske termar, som til dømes auka lønsinntekt, eller i form av auka samfunnsnytte som ikkje er direkte målbar, som til dømes meir demokrati.

Det er minst to grunnar til at immateriell kapital er eit omgrep det er verd å skriva ei bok om. For det fyrste kan, som tidlegare nemnt, ei investering i immateriell kapital gje ei avkastning som bidreg til auka verdiskaping og høgare økonomisk vekst. Meir kunnskapskapital vert ofte trekt fram som ein viktig faktor for auka økonomisk vekst i eit land eller i ein region. Større innsikt og kunnskap betrar evnene våre til å bruka tilgjengeleg teknologi til å skapa større verdiar og til å utvikla ny teknologi som gjev grunnlag for større økonomisk vekst i framtida. For det andre vil ofte avkastninga på immateriell kapital koma i form av auka samfunnsnytte utan at dette kan målast direkte. Betre sosiale relasjonar, som til dømes auka integrering av innvandrarar i lokalsamfunnet, vil auka den immaterielle kapitalen i samfunnet og gje ei ikkje-materiell avkastning i form av betre tillit menneske imellom, fleire aktivitetar i lokalmiljøet og auka livskvalitet.

Vi knyter altså immateriell kapital både til kunnskapar og sosiale relasjonar. Desse to typane av immateriell kapital og deira avkastning er særskilt viktige i rurale område. Dei siste tiåra har det vore stor flytting frå distrikt til bynære område, særleg blant unge, noko som har ført til høgare gjennomsnittsalder og lægre økonomisk vekst i rurale område samanlikna med dei urbane delane av landet. For å dempa desse trendane i åra framover vil oppbygging av immateriell kapital i form av sat sing på kunnskapskapital og relasjonsbygging i distrikta vera viktige element.

TEORI OM IMMATERIELL KAPITAL

Kapital kjem av det latinske ordet for hovud – «caput». I mellomalderlatin hadde capitalis tydinga ‘hovudsum’ eller ‘hovudstol’. Hovudstolen er eit rekneskapsomgrep som tyder ‘gjelda frårekna renter og andre kostnader’.

Kapitalomgrepet kjem altså frå det bedriftsøkonomiske fagområdet og skildra opphaveleg verdien av bedrifta eller hushaldet si nettoformue, det vil seie deira behaldning av økonomiske gode. Dette kan vera finanskapital i form av til dømes bankinnskot og aksjar, realkapital som maskinar, bygningar, transportmiddel og naturressursar i form av jordbruksareal, mineral og olje.

Etter kvart er kapitalomgrepet utvida til andre fag og bruksområde. Dette gjeld mellom anna humankapital, den oppsamla verdien av all kunnskap eit menneske har tileigna seg som følgje av utdanning og yrkeserfaring, sosial kapital og kultu-

rell kapital. Bourdieu (1986) skil mellom tre typar kapital: økonomisk, kulturell og sosial. Den økonomiske kapitalen er tilgang til pengar og materielle gode som relativt raskt kan gjerast om til pengar. Bourdieus viktigaste bidrag er hans forståing av dei to sist nemnde typane kapital.

Kulturell kapital er eit samleomgrep for det åndelege og materielle utviklingsnivået hos enkeltpersonar, grupper, lokalsamfunn, nasjonar eller heile menneskeslekta. Bourdieu dreg fram tre element som inngår i kulturell kapital: realkompetanse, formell kompetanse (den institusjonaliserte kulturelle kapitalen, til dømes utdanning og titlar) og prestasjonar (materielle og symbolske resultat av handlinger, til dømes boksamlingar og piano). Særleg viktig er likevel realkompetanse, definert som den enkelte sin danningsprosess, kunnskapar og haldningar, som gir grunnlag for handling, tankar og uttrykk. Bourdieu meinte at når akademikarbarn gjer det betre enn arbeidarbarn på skulen, kjem det av den kulturelle kapitalen som akademikarane overfører til barna sine. Det er dette elementet i kulturell kapital som han kallar *habitus*. Habitus kan forståast som eit ‘varig preg’ eller eit merke, som stabile persepsjons-, tanke-, vurderings- og handlingsskjema (Bourdieu & Passeron, 2006, s. 57). Desse mønstera vert til ‘disposisjonar’ i og hos einskildaktørar, men dei er resultatet av kulturell læring og tileigning av strukturar, gjennom individuelle og kollektive erfaringar (sosialisering). Gjennom omgrepet habitus prøver såleis Bourdieu å løysa eit problem som har prega store delar av historia til moderne samfunnsvitskap, nemleg motsetninga mellom objektive strukturperspektiv og subjektive aktørperspektiv.

I denne introduksjonen er det ikkje fyrst og fremst dei kritiske aspekta ved Bourdieus teori som vert løfta fram. Her skal omgrepet kulturell kapital nyttast meir deskriptivt, og då med utgangspunkt i omgrepet *felt*. Ifylgje Bourdieu kan kapital investerast og gje grunnlag for posisjonar, ressursar og dominans både i samfunnet generelt og på spesifikke felt (Bourdieu & Wacquant, 2004). Alle slike felt har altså sin særeigne kapital, det vil seia hierarki av kva som er god og legitim kunnskap. Utdanningssystemet er eit felt som Bourdieu diskuterte særleg grundig, fordi han meinte at dette feltet var heilt sentralt i å reprodusera oppfatningar av kva som er godt og legitimt i og for heile samfunnet. Gjennom pedagogisk arbeid vert altså den legitime kulturen poda inn i ungane, og dette kalla Bourdieu *naturalisering* (Bourdieu, 2000). Omgrepet refererer til det at skulen viser fram verda, tingas tilstand, som ein udiskutabel og ‘naturleg’ realitet. Dei sidene ved kulturen vår og samfunnet vårt som vert tekne for gitt, som få ser grunnar til å stilla spørsmål ved, vert òg kalla *doxa* (Bourdieu, 2000). Doxa vert skapt gjennom dominerande kategorisering og omgrep, røyndomsforteljingar og namngjeving.

Sosial kapital vil vi knyta til dei fordelane aktørane i eit nettverk har framfor dei som ikkje er med i dette nettverket. Sosial kapital kan definerast som høve til å mobilisera ressursar gjennom sosiale nettverk (Bourdieu 1986; Coleman 1988). Eit viktig skilje går her mellom det å byggja tette nettverk («bonding») og det å byggja relasjonar mellom aktørar som ikkje er like kvarandre, eller som ikkje har kontakt med kvarandre («bridging», brubygging). For dei som byggjer nettverk for å oppnå noko (starta og driva bedrifter, betre implementering av helsereformer, integrering etc.), er begge typar relasjonar viktige, som påpeikt mellom anna av Putnam (2000). Ei interessant side ved sosial kapital er det Burt (1992) kallar brubygging over «strukturelle hol». Det betyr at det blir knytt kontakt mellom aktørar som ikkje visste om kvarandre, men som kan tena på å bli kjende med kvarandre. Omgrep som tillit, omdøme og legitimitet er gjerne nemnde i samband med sosial kapital. Burt (1998) knyter til dømes «avkastninga» av sosial kapital til legitimitet. Grupper med lite legitimitet i eit system, til dømes kvinner i forretningslivet, vil ikkje nyta godt av eit tilsynelatande godt nettverk utan ein støttespelar med høg legitimitet i systemet.

Som vi har sett, rommar kapitalomgrepet både materiell og immateriell kapital. Ikkje-fysisk kapital, det vil seia kapital som ein ikkje kan ta og kjenna på, er immateriell. Humankapital, sosial og kulturell kapital er alle døme på immateriell kapital, fordi dei representerer varige, ikkje-fysiske storleikar som gjev samfunnet, dvs. eigarane eller andre, auka nytte. Denne nytten, eller avkastninga, kan både vera av materiell og immateriell karakter. Avkastninga av å ta høgare utdanning kan vera auka, framtidige inntekter, men ho kan også koma i form av betra evne til å absorbere informasjon og eit større samfunnsengasjement. Auka sosial kapital, som større nettverk for innvandrarkvinner, kan gje ei materiell avkastning i form av større jobbsannsyn og høgare inntekt og ei immateriell avkastning i form av betre integrering i lokalsamfunnet og større bruk av sosiale medium som fremjar sosial aktivitet og deltaking.

Det immaterielle kapitalomgrepet vert òg nytta innan økonomifaget. I mange bedrifter er *goodwill* ein stor aktivpost. Dette er ei kapitalisering av bedrifta sitt gode namn og ry, kundekrinsen til bedrifta og liknande. Her vil avkastninga i stor grad vera materiell i form av auka inntekter.

Dei ulike bruksområda for kapitalomgrepet har likevel ein sammennar, nemleg kapital som ein behaldningsstorleik med laupande avkastning. For alle kapitaltypar vil verdien vera lik forventa, framtidig avkastning.

PRESNTASJON AV DEI ULIKE BIDRAGA I ANTOLOGIEN

Vi har klassifisert dei innsende bidraga i tre delar: immateriell kapital knytt til migrasjon, språk og læring, og arbeidsliv (privat og offentleg sektor). Dette er ei rimeleg inndeling ut frå innhaldet i artiklane vi fekk inn. Vi hadde opphavleg ein idé om at vi kunne følgja Bourdieus (1986) inndeling i kulturell og sosial kapital, men det viste seg å vera lite tenleg, då mange av bidraga tematiserte begge typar immateriell kapital.

Fem av artiklane tek opp problemstillingar knytte til flytting og integrering av innvandrarar. Desse er det naturleg å knyta saman i ein bolk. Vidare er det åtte bidrag innan området språk og læring, som er plasserte i neste bolk. Til sist er det seks artiklar som på ulike måtar er knytte til arbeidslivet, både privat og offentleg sektor. Desse bidraga utgjer den tredje og siste bolken.

Artiklane i denne boka dekkjer tre kjerneområde innanfor teoriar om immateriell kapital: Korleis skapa gode relasjoner mellom ulike kulturar, korleis styrkja kunnskapsutviklinga i samfunnet, og korleis kan immateriell kapital bidra til auka verdiskaping både i privat og offentleg sektor?

MIGRASJON OG IMMATERIELL KAPITAL

Hansson og Aarseth tek i kapittel 2 opp korleis kommunar kan handtera mottak av flyktningar i ein situasjon prega av stor usikkerheit. Usikkerheita er for det meste skapt utanfor kommunen sjølv, gjennom variasjonar i internasjonale flyktningstraumar og gjennom vedtak på nasjonalt plan. Dette er det lite ein enkelt kommune kan gjera noko med, så artikkelen konsentrerer seg om det som skjer på kommunenivå. Det er to hovudtypar av roller for kommunar når det gjeld flyktningpolitikken: asylantkommune og busettingskommune. Forfattarane har henta empiri frå to kommunar som utøver begge rollene. Den eine kommunen har eit privat mottak medan den andre har eit kommunalt. Hovudtemaet, handtering av flyktningar, blir drøfta ut frå teoriar om sosial kapital. Datagrunnlaget er kvalitative intervju med tilsette som arbeider med flyktningespørsmål i to kommunar og sekundærmaterialer i form av relevante dokument frå kommunane. Artikkelen dreg fram to viktige element som kan skapa gode mottak, det vil seia mottak med høg grad av sosial kapital, særleg då i form av tillit hos flyktningar og andre relevante omgivnader: at mottaket har høve til å byggja seg opp institusjonelt over tid, og at dei tilsette i flyktningetenesta kan bidra positivt med å hjelpe flyktningane. Det tek tid å byggja opp tillit og å få alt organisatorisk på stell. Dette hadde lukkast betre i det kommunale enn i det private mottaket. Det betyr ikkje at kommunalt per definisjon er betre enn privat, men det sentrale, er institusjonelt design, det å

få tid til å byggja institusjonar. Nokre tilsette i flyktningetenesta viser seg å vera gode hjelparar, med identitetar både som «brubyggjar» (Putnam, 1993) og som «kvardagsmakar» (Sørensen, 1997). Som brubyggjarar vil desse hjelparane fungera som bindeledd mellom flyktningane og ulike offentlege kontor, det vera seg NAV, lege og så bortetter. Og som kvardagsmakarar blir dei gjerne sterkt engasjerte når det gjeld integrering av flyktningar, gjerne med eit kritisk syn på formalitetane i slike spørsmål. Forfattarane lanserer omgrepet «bakkebyggjar» for å karakterisera desse kommunalt tilsette hjelparane. Bakkebyggjarane fungerer positivt for dei flyktningane som får ekstra hjelp, men om dette fører til ulik behandling av like saker, har engasjementet likevel ei uheldig side. Utfordringa for kommunane ligg då å utnytta den positive energien som ligg i desse ivrige bakkebyggjarane.

Kompetanse og kompetansutvikling reknar vi som kulturell kapital. Det er fleire faktorar som kan påverka kompetansen i eit gitt område: rekruttering utanfrå, opplæring i praksis, teoretisk utdanning og FoU, for å nemne nokre kompetansekjelder. I kapittel 3 tek Båtevik og Grimsrud opp ei kjelde til kompetanse som ikkje så mange andre har brydd seg med, nemleg tilgang på kompetanse gjennom arbeidsinnvandring. Bakgrunnen er at Vestlandet er sterkt prega av arbeidsinnvandring. Ved å bruka registerdata analyserer forfattarane korleis arbeidsinnvandring påverkar busetnadsmønsteret og kompetansen på Vestlandet. Dei klarar gjennom analysane å visa at arbeidsinnvandring faktisk kan kompensera for, og redusera, ulempene ved å bu i periferien. Båtevik og Grimsrud er klåre på at dette først og fremst er viktig for å nyansera bildet av at innvandrarar utarmar landet meir enn dei tilfører noko. Utarmingsperspektivet kan vera eit moment i dei store byane, men i perifere strøk viser det seg at innvandringa meir enn i byane gir tilgang på kvalifisert arbeidskraft som det er mangel på, altså fagkompetanse og høgare utdanna arbeidskraft. Dette kan vera ein tankekross når innvandringspolitikk står på dagsordenen.

I kapittel 4 tek Prøitz, Corneliusen og Dralega for seg temaet «Mediebruk, samfunnsengasjement og sosial kapital i en digital æra: På jakt etter minoritetskvinner sine stemmer». Dei drøftar i kva grad norske muslimske kvinner nyttar sosiale medium som grunnlag for sitt samfunnsengasjement og kva type mediekanner dei brukar. Framveksten av sosiale medium gjev kvar einskild tilgang til ein offentleg talarstol, samstundes som tilfanget på informasjon og ytringar blir større. Dette gjev òg norske kvinner med muslimsk bakgrunn større rom for å la si røyst bli høyrd i det offentlege ordskiftet. Auka bruk av sosiale medium blant innvandrarkvinner vil difor kunna styrkja deira moglegheit til å innverka på samfunnsutviklinga, noko som utvidar demokratiet og byggjer sosial kapital. Større

kunnskap om bruk av ulike typar medium vil òg auka kunnskapskapitalen. Resultata baserte på intervju av to innvandarkvinner med muslimsk bakgrunn, var likevel ikkje eintydige. Den eine respondenten fekk utløp for sitt samfunnsengasjement ved bruk av digitale medium, medan den andre nytta tradisjonelle kanalar.

I kapittel 5 tek Halvorsen og Aschim for seg temaet «Polske arbeidsmigrantar og den katolske kyrkja på Sunnmøre», der dei ser nærare på kva tilgangen til ei katolsk kyrkje og eit polsk-katolsk miljø har å seia for korleis polske katolske migrantar finn seg til rette i det norske samfunnet. Resultata viser at den sosiale kapitalen som den katolske kyrkja på Sunnmøre og den polske diasporaen representerer for dei polske innvandrarane, i form av å vera ei kjelde til informasjon om det norske samfunnet og vera ein brubyggjar i kontakten med lokalsamfunnet, er av stor betydning. Størst innverknad har likevel kyrkja som ein religiøs og kulturell berar og formidlar av haldningar, verdiar og identitet frå heimlandet. I så måte representerer kyrkja ein kulturell kapital for arbeidsinnvandrarane.

I kapittel 6, «Humanitære organisasjoner – døråpnere eller brobyggere i lokal-samfunnet?», set Ravneberg, ved hjelp ei rekke casestudiar og intervju, fokus på integreringsaktivitetar i regi av humanitære organisasjonar i ein by i Noreg. Funna tyder på at humanitære organisasjonar utgjer eit moglegheitsrom for nye innvandrarar si nettverksbygging lokalt, som bidreg til sosial kapital. Landskapet av organisasjonar i frivillig sektor er derimot stort, og det er mange skiljelinjer mellom dei. Det vert også trekt fram at arbeidet byr på ei rekke utfordringar, slik som at rolla som brubyggjar er meir ressurskrevjande enn den som dør opnar. At frivillige opplever at dei kan gi for mykje av seg sjølv som privatpersonar, kan vera ei utfordring. Ravneberg trekker også fram fleire utfordringar knytte til korleis det frivillige arbeidet på dette feltet må handtera rasjonelle forhold, som krev at ein jobbar med likeverd og haldningar.

SPRÅK, LÆRING OG IMMATERIELL KAPITAL

I kapittel 7, «Rettskriving i skriftkulturen – ulike perspektiv i Noreg og på Island», drøftar Fretland, Balevik og Kjartansdóttir rettskriving i den norske grunnskulen samanlikna med den islandske. Forfattarane finn at islandske lærarar og læreplanar legg meir vekt på rettskriving enn det som er tilfellet i Noreg, og at norske elevar har fleire skrivefeil enn dei islandske. Artikkelen speglar to dimensjonar ved språk og kommunikasjon. Den fyrste er dimensjonen sosial kapital, at språket er ein formidlar av meininger og haldningar som vert tilpassa ulike bruksområde og nytta på ulike måtar i forskjellige samanhengar. Den sjangertilpassa kommunikasjonen som blir vektlagt i norske læreplanar og blant norske lærarar, kan gje

det enklare for avsendar å nå ut med bodskapen til fleire grupper eller gjera bodskapen meir treffsikkert. Den andre er dimensjonen kulturell kapital, at språket er ein formidlar av kultur, historie og litteratur, og at ein stringent rettskrivingstradisjon, som den islandske, bind ulike tidsperiodar saman og gjer språket til ein kulturnærbar.

I kapittel 8, «Ein statistikkdiskusjon med utgangspunkt i normavvik i norsktekstar», diskuterer Myklebust og Fretland bruk av ulike kvantitative metodar for å analysera førekomsten av ulike rettskrivings- og bøyingsavvik. Forfattarane ynskjer å sjå nærare på kva type spørsmål ein høvesvis kan og ikkje kan svara på i eit datasett som inneheld tekstar frå ulike studentgrupper ved HVL Campus Sogndal. Korleis bør ein gå fram for å få data som gjev sann kunnskap om røynda, har opptatt forskarfellesskapen i fleire hundre år. I dette kapittelet drøftar ein kva vilkår som må vera til stades for at funna i eit datamaterialet basert på eit utval, kan generaliserast til ein populasjon med ein bestemt grad av sikkerheit. Det vil seia, når kan vi hevda at dei brota på rettskrivingsnormal og feil i bøyingsformer vi finn i datamaterialet, og skilnadene mellom dei ulike studentgruppene, gjeld alle studentar ved HVL Campus Sogndal eller alle studentar i landet? Då kan ein nytta samfunnsvitskapleg metode til å vinna kunnskap om omfanget på normavvik blant ulike studentgrupper i Noreg og blant norske studentar generelt. Ein alternativ måte å nytta datamaterialet på er ved hjelp av statistiske metodar for å finna skilnader i normavvik mellom grupper utan at ein kan slå fast om dette gjeld generelt eller eventuelt kva som er årsakene til at ein observerer normavvik i datamaterialet. Då vinn ein kunnskap om kva samanhengar det kan vera mellom studentgrupper og normavvik og korleis ein bør samla inn data for å testa dei hypotesane om moglege samanhengar og årsakene til desse.

Inspirert av Foucaults vekt på språklig konstruksjonar som meiningskapande, har Corneliusen og Dyb i kapittel 9 utforska val av ord og beskrivingar for å snakka om velferdsteknologi i helsepolitiske styringsdokument. Med utgangspunkt i observerte haldningar om at velferdsteknologi ikkje handlar om teknologi, men om menneske, set dei eit kritisk sokelys på korleis politiske dokument gir bestemte meininger til omgrep om velferdsteknologi og kva effektar slike teknologireduserande meiningskonstruksjonar kan ha for helsesektoren. Corneliusen og Dyb drøftar spennet mellom verdien av helsemyndighetene sin innsats i å ufarleggjera og menneskeleggjera velferdsteknologi og at velferdsteknologi også får lov til å vera teknologi.

Utgangspunktet i kapittel 10 av Hamre og Hamre er reformfrekvensen i norsk lærarutdanning. Dei siste 43 åra har lærarutdanninga for grunnskulen blitt reformat sju gongar, med stadig høgre ambisjonar for akademisk standard og lærings-

utbyte. Dette har òg arta seg som ei kvantitetsmessig utviding av utdanninga – frå ei treårig høgskuleutdanning til femårig masterutdanning med masteroppgåve i 2017. Forfattarane tek føre seg reformene ved å analysera sentrale policy-tekstar ut frå to sentrale legitimeringsspørsmål: Korleis var *behovet* for ei ny reform grunngitt, og kva for *formål* synleggjorde kvar enkelt reform i tekstane? Studien er sentrert kring tre utdanningshistoriske spenningsfelt: I) lærarutdanninga som profesjonsutdanning kontra fagsentrert utdanning, II) sentral/nasjonal styring kontra autonomi og III) lærarutdanninga kontra skulen ho kvalifiserer for. Utdanningssystemet er eit sentralt felt i samfunnet sin reproduksjon av kva som er godt og legitimt i heile samfunnet, ifølgje Bourdieu, som då òg hevdar at utdanning er ei av dei fremste formene for naturalisering (Bourdieu & Passeron, 2006; Bourdieu, 2000). Heilt grunnleggjande for ein stat sitt utdanningssystem – og dermed for kulturell naturalisering av nye generasjonar – er lærarutdanninga. Artikkelen til Hamre og Hamre viser korleis dei ulike lærarutdanningsreformene føreskriv ulike syn på verdien av lærarprofesjonen og dermed skulen, og såleis, korleis reformene har gjeve delvis ulike rammer for å forma norske barns habitus. Forfattarane finn at reformene i 1970-åra først og fremst var prega av det sosiale: Samvære, fellesskap og diskusjonar stod sentralt. 1990-talsreformene var forankra i verdien av felles referanserammer og nasjonsbygging, medan reformene etter tusenårsskiftet var merkte av førestillinga om at ein god lærar og ein god skule må bidra til ein konkurransedyktig økonomi i den globaliserte marknaden (jf. Røvik et al., 2014).

I kapittel 11 fokuserer Sekkingstad og Fossøy på refleksjonar som undervisarar i høgare utdanning gjer seg kring eigen undervisningspraksis. Forfattarane har analysert refleksjonsnotata til 43 undervisarar/faglærarar som har delteke på vidareutdanning i høgskulepedagogikk, og føremålet er konkretisert i følgjande forskingsspørsmål: Kva for læringsprinsipp, som dei er uttrykte av Roar Pettersen (2005), kjem til uttrykk gjennom refleksjonane til høgskuleundervisarane? Kva for utfordringar ser dei sjølv at dei har når det gjeld utvikling av eiga undervisning? Som me har sett, hevdar Bourdieu at utdanningssystemet reproducerer ulikskap ved å favorisera dei som har ein bestemt habitus, og som har arva kulturell kapital. Undervisningsformer og eksamensordningar nyttar seg av dei privilegerete sine kriterium og persepsjonsskjema (Bourdieu & Passeron, 2006). Opplæring og undervisning representerer altså ei spesielt mektig kulturell sosialisering og makt-bruk, og dette gjeld både grunnutdanning og høgare utdanning. Undervisningspraksisar i høgare utdanning er svært interessante i eit slikt perspektiv. Hovudfunna i artikkelen er at dei granska faglærarane i *teorien* ser verdien av å aktivera studentane sine førekunnskapar og av læring som deltaking. *I praksis* ser det like-

vel ut til at læringsprosessar baserte på studentane sine førekunnskapar og eigne erfaringar, kjem i bakgrunnen. Undervisarane endar opp med å framheva si eiga rolle som forvaltar av fagkunnskap, og dei driv undervisning som tradisjonell forelesing.

Kapittel 12 av Halvorsen og Råsberg tek utgangspunkt i translasjonsteori, eit analytisk blikk som vert nytta av organisasjonsteoretikarar for å forstå korleis tidsrette idear om organisering vert sirkulerte og transformerte (Røvik, 2007). Temaet er radikal translasjon av 8–13-skulen. Utgangspunktet er data frå ein komparativ casestudie av Fyrstikkalleen skole i Gamle Oslo og Stangenes 8–13-skole i Harstad. Hovudgranskinga av dei to skulane vart gjennomførd som eit feltstudium med intervju av lærarar og skuleleiarar. Materialet vart analysert med blikk på opphavet til 8–13-skulen som organiseringsidé, på mottakinga av kombinertskulekonseptet på dei to skulane, og på den radikale translasjonen som fann stad i Stangenes eitt år etter prototypen Fyrstikkalleen i Oslo vart lansert. Forfattarane finn at den radikale translasjonen frå prototypen Fyrstikkalleen Skole i Oslo til ‘gjendiktinga’, 8–13-skulen i Stangenes, er forankra i ei stortingsmelding frå 2011, *Motivasjon – Mestring – Muligheter* (Meld. St. 22 (2010–2011)). Det er denne legitimeringa på det overordna, strategiske nivået som etablerer ‘trajectories’ – altså tolkingsbanar eller tolkingsspor som vert følgde opp både i Stangenes sin omdømmekommunikasjon og i den operative kjernen til skulen. Ein ny organisasjon skal altså gjendiktast, men rammene for denne omsetjinga – translasjonen – er *gitt*, det skjer innanfor det norske utdanningsfeltets kulturelle doxa (Bourdieu, 2000), uttrykt av stortingsmeldinga. Forfattarane finn at Stangenes sin 8–13-skule gjorde noko ganske anna enn prototypen i Oslo, både når det gjeld organisering og pedagogikk.

Kapittel 13 av Glosvik handlar om translasjonar, nærmare bestemt om det Røvik (2014) kallar iverksetjingsdoktrinar. Her vert desse diskuterte med utgangspunkt i reformer i utdanningssektoren. Glosvik har primært teoretiske ambisjonar og byggjer ikkje på eigne data, men nyttar døme og tilvisingar til andre studiar i det han spør: I kva grad, og korleis, omformar ulike grupper og aktørar i den praktiske kvardagen reformer til sitt eige? Artikkelen presenterer fleire kunnskapstypar som er sentrale for lærarprofesjonen og for skulen, formulert i *uttrykt, praktisk* og *underforstått kunnskap*. Desse kunnskapsformene er, som forfattaren seier det, eit «kollektivt fenomen» ved ein skule og er dermed tett vovne saman med kva som gjev kulturell verdi på utdanningsfeltet. Glosvik drøfter korleis både proaktive og reaktive leiarar vil møta endringar i utdanningsfeltets kulturelle kapital, utløyste eller reflekterte av ein translasjon, og gjev oss slik eit bilet av kva for vilkår og mogelege handlingsvegar skuleleiarar og lærarar har når reformer møter skule-

kvardagen. Han finn at desse aktørane kan ta ulike roller i translasjonsprosessar: For det første identifiserer han *mentorar* som arbeider med individuelle lærarar og lærarferdigheiter, og for det andre finn han *trenarar*, som arbeider med grupper og lag. Det han ikkje finn dekning for i materialet, er det tidlegare forskingslitteratur har identifisert som *den kunnskapsrike, fleirkontekstuelle omsetjaren* eller *den sterke omsetjaren*. Glosvik oppsummerer at feltet kanskje ikkje gjev verdi til desse idealtypane, men heller til *transaktøren* eller *den svake omsetjaren*, som «administrerer andres kopiering».

Sæterbakken, Ylvisåker, Riiser, Moe og Andersen tek i kapittel 14 oss med til Fosshaugane Campus i Sogndal. Dei er opptekne av at forsking viser at bevegelsane i fotballspelet skjer raskare enn før, men at det er liten spesifikk kunnskap om bevegelsane i norsk toppfotball. Dei undersøkte difor bevegelsane til profesjonelle fotballspelarar under kamp gjennom heile 2015-sesongen. Resultata viste at kantspelarane og backane bevegde seg flest meter og gjennomførte flest høgintensive løp og sprintar, medan midtstopparane og sentral midtbane gjennomførte færrest. Dei konkluderer med at ettersom spesifikke fysiske krav skil dei ulike spelposisjonane, bør kunnskapen nyttast for å utvikla framtidige fotballspelarar.

NÆRINGSLIV, SAMFUNN OG IMMATERIELL KAPITAL

Fordelane med å vera lokalisert i klynger eller nettverk kan i stor grad vera av immateriell karakter, som tilgang på vital informasjon og kunnskap, og bygging av legitimitet. Er det muleg å få eit handfast prov på desse fordelane? Bjørndal, Pasquine og Nesset gjer i kapittel 15 ein analyse av klippfiskindustrien i Ålesund-regionen for å finna ut av dette. Klynga av klippfiskprodusentar og -eksportørar på Nord-Vestlandet har hovudsete i Ålesund-regionen. Forfattarane har brukt bedriftsspesifikke økonomiske og geografiske data over fire år (paneldata) i sine analysar. Hovudresultatet til Bjørndal og medarbeidarar er at verdiskapinga blant klippfiskbedriftene i Ålesund-regionen har vore høgare enn blant tilsvarande bedrifter utanfor denne regionen. I alle fall delar av denne skilnaden må kunne tilskrivast dei immaterielle fordelane av nettverkssamarbeid. På ein måte kan vi seia at relasjonane i nettverket (den sosiale kapitalen) skapar kulturell kapital (kunnskapar) som gir høve til økonomisk verdiskaping.

Det å ha ei god merkevare blir sett på som immateriell kapital, «goodwill», innan bedriftsøkonomisk teori. Vi kan sjå på eit oppbygt varemerke som kulturell eller symbolsk kapital som skal gi økonomiske fordelar. No er det ikkje alltid teori og praksis stemmer, så Aure, Nervik og Helgesen har i kapittel 16 gjort ein test av dette med klippfiskmerket Dybvik som case. Dei har gjennomført ei marknads-

undersøking med 333 respondentar. I studien blir det nytta ein etablert modell (Aaker, 1991) til å svara på to forskingsspørsmål: for det første om høg merkeverdi gir høve til å ta høgare prisar, og for det andre om dei fire drivarane for merkeverdi i Aaker (1991) sin modell også fungerer for Dybvik. Dei fire drivarane er merkeassosiasjonar, merkekjennskap, oppfatta kvalitet og merkelojalitet. Sjølv om modellen til Aaker (1991) er testa av fleire forskarar tidlegare, er det første gongen han er testa på eit klippfiskmerke. Resultata er delvis som venta, og delvis overraskande. Når det gjeld det første forskingsspørsmålet, viste det seg at det var ein positiv samanheng mellom merkeverdi og høgare betalingsvilje. Men for å ha effekt måtte merkeverdien over ein viss terskelverdi. Dessutan var samanhengen degressiv, det vil seia at effekten av ein auke i merkeverdi vart mindre di høgare merkeverdien var i utgangspunktet. Effekten av drivarane på merkeverdi var delvis uventa. Den sterkeste drivaren var merkelojalitet, deretter kom ein kombinert effekt av merkeassosiasjonar og oppfatta kvalitet. Merkekjennskap hadde derimot negativ effekt, noko som er vanskeleg å forklara. Men i alle fall viser resultata at det kan koma målbare effektar på inntektssida frå immaterielle produktverdiar.

I kapittel 17, «Om å finne balansen mellom materielle og immaterielle mål ved forvaltningen av statseide naturressurser», brukar Soltani ein fleirmålsmodell for å finna optimalt uttak av tømmer når styresmaktene har både økonomiske, biologiske og sosiale målsettingar. Dette er døme på ei klassisk problemstilling innan samfunnsøkonomisk velferdsteori, der styresmaktene må vega verknadene av eit ressursuttak for ulike grupper opp mot kvarandre for å maksimera samla velferd. Dette inneber at ein må ta omsyn både til dei økonomiske målsettingane ved ressursuttaket, som forteneste til staten som skogeigar, løn til skogsarbeidarane og positive ringverknader for anna næringsverksemد og til eventuelle biologiske verknader i form av redusert framtidig uttak av tømmer, utarming av jordsmonnet og færre plante- og dyreartar. Men styresmaktene bør og ta omsyn til at uttak av skog har verknader for lokalbefolkinga sine mulegeheter til å drive tradisjonelt landbruk og skogsdrift og halda i hevd lange tradisjonar knytte til jakt, fiske, beite og landskapspleie. Utan at slike kulturelle verdiar blir tekne i vare, vil tradisjonsrike levesett gå tapt. Prinsippet om optimal forvaltning av statlege skogsressursar blir dermed eit spørsmål om korleis staten kan få best mogleg samfunnsøkonomisk avkastning på naturkapitalen, der ein òg tek omsyn til påverknaden på kulturnkapitalen.

Aviser, magasin, radio, fjernsyn og Internett flyt over av idrettsrelatert stoff i ulike innpakningar, skriv Fossøy, Moe og Fretland i kapittel 18. Dei er opptekne av at media er med på å forma vår oppfatning av kva idrett er, samtidig som det er ei sterk drivkraft bak dei endringsprosessane som føregår og har føregått i idretten.

Dei hevdar at dette er særleg synleg i fotballen, der symbiosen med media dei siste tiåra har utgjort ein markant økonomisk, kulturell og sosial kraft. Dei tek oss med på ei reise der dei undersøkjer korleis symbiosen mellom fotball og media har utvikla seg i perioden 1970–2005. Dei konkluderer med at fotball har gått frå å vera ein fritidsbasert aktivitet til å bli ei «vare», der den materielle kapitalen etter kvart har vorte meir sentral enn den immaterielle kapitalen. Fotball uttrykt i media forsterkar dette biletet, hevdar dei.

I kapittel 19 skriv Larsen og Nesse om det å finna verdien av bedrifters nettverksdeltaking ut over det reint opplagde og materielle, som å tena meir pengar. Dei har kartlagt grunnar til å vera med i nettverk, og drøftar kva implikasjonar dette har for leiinga av nettverket når det gjeld teori om sentrale funksjonar i velfungerande nettverk. Empirien deira er basert på intervju henta frå fem nettverk: tre maritime nettverk, eitt nettverk innan smarte energimarknader og eitt innan smart velferd. Resultata viser at det kan vera mange ulike grunnar til å vera med i nettverk, slik som legitimetsbygging og mobilisering av sosial og kulturell kapital. Aktørane tillegg slike immaterielle verdiar stor vekt, men har også behov for at verdiane skal materialisera seg i form av økonomisk verdiskaping. Dei konkluderer med at dette gjer nettverksleiing til ei øving for personar med engasjement og fingerspisskjensle.

I det siste kapittelet i antologien har Årethum, Nesse og Oklevik analysert eit datamateriale som er henta frå ei undersøking av 524 personar som er registrerte på ei nettside administrert av organisasjonen Framtidsfylket i Sogn og Fjordane. Dei fann at personar med høg eldsjelfaktor har større entreprenørlyst enn andre, og at menn har høgare eldsjelfaktor enn kvinner. Eit interessant funn er at personar oppvaksne og busette i Sogn og Fjordane, ser ut til å ha lægre eldsjelfaktor enn andre. Dei konkluderer med at respondentar med høg eldsjelfaktor legg betydeleg vekt på arbeids- og karriererelaterte attraksjonsfaktorar som gode karrieremuleigheter både for seg sjølve og for ektefelle/partnar, eit variert næringsliv og gode kommunikasjonar når dei skal velja framtidig bustad og arbeidsplass.

LITTERATUR

- Bourdieu, P. & Passeron, J. (2006). *Reprodukzionen: Bidrag til en teori om undervisningssystemet*. København: Hans Reitzels forlag.
- Bourdieu, P. & Wacquant, L.J.D. (2004). *Refleksiv sociologi – mål og midler*. København: Hans Reitzels forlag.
- Bourdieu, P. (1986). The forms of capital. J.G. Richardson (red.). *The handbook of theory and research for the sociology of education* (s. 241–258). New York: Greenwood Press.

- Bourdieu, P. (2000). *Den maskuline dominans*. Oslo: Pax.
- Burt, R.S. (1992). *Structural holes: The social structure of competition*. Cambridge, MA: Harvard University Press.
- Burt, R.S. (1998). The gender of social capital. *Rationality and Society*, 10(1), s. 5–46.
- Coleman, J.S. (1988). Social capital in the creation of human capital. *American journal of sociology*, 94(Supplement), s. 95–120.
- Meld. St. 22 (2010–2011). *Motivasjon – Mestring – Muligheter*. Kunnskapsdepartementet.
- Pettersen, R. (2005). *Kvalitetslæring i høyere utdanning. Innføring i problem- og praksisbasert didaktikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Putnam, R.D. (1993). *Making democracy work: civic traditions in modern Italy*. Princeton, N. J.: Princeton University Press.
- Putnam, R.D. (2000). *Bowling alone: The collapse and revival of American community*. New York: Simon & Schuster.
- Røvik, K.A. (2007). *Tredrer og translasjoner. Idéer som former det 21. århundrets organisasjon*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Røvik, K.A. (2014). *Translasjon – en alternativ doktrine for implementering*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Røvik, K.A., Eilertsen, T.V. & Furu, E.M. (red.) (2014). *Reformideer i norsk skole. Spredning, oversettelse og implementering*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Sørbø, J.I. (2016). Innovasjon – og immateriell kapital. I Amdam, J., Bergem, R. & Båtevik, F.O. (red.). *Offentleg sektor i endring. Fjordantologien 2016* (s. 38-46). Oslo: Universitetsforlaget.
- Sørensen, E. (1997). Democracy and empowerment. *Public Administration*, 75(3), s. 553–567.
- Aaker, D.A. (1991). *Managing brand equity: Capitalising on the value of a brand name*. New York: The Free Press.

Del 1

Migrasjon

Kapittel 2

Sosial kapital i kommunens møte med flyktninger

Auken i arbeidsinnvandringa skjedde i ein periode med sterkt økonomisk vekst. Samtidig var dei små fødselskulla frå 1970- og 80-talet på veg inn på arbeidsmarknaden (Båtevik, 2013; Stambøl, 2016). Konkuransen om arbeidskrafta var stor. Mindre regionar som tok del i den økonomiske oppturen, hadde ofte svakare demografiske føresetnader for å møte situasjonen enn større regionar. Mange bygder opplevde det Sørlie (1995) kallar demografisk vekstsvikt. Langvarige flytteprosessar har gitt ei gradvis forskyving av det demografiske rekrutteringspotensiilet frå periferi til sentrum, ved at ein stadig større del av barnebefolkinga veks opp i storbyområda (Sørlie, 2016). Behovet for import av arbeidskraft har derfor vorte vel så stort i enkelte delar i periferien som i sentrum. Endring i lokale demografiske føresetnader og nye flyttemønster blant arbeidsinnvandraranne er såleis

viktige dimensjonar når vi i dette kapitlet prøver å kople spørsmål om tilgang til kompetansearbeidskraft og innvandring.

Internasjonal forsking om migrasjon av høgt utdanna arbeidskraft er eit stort felt (McDonald og Worswick, 2015). Slike studiar set mellom anna søkerlys på kampen om dei beste hovuda mellom store firma som opererer på ein global arbeidsmarknad, men også på dei utfordringane slik hjerneflukt kan skape i avsendarlanda (Boeri mfl., 2012). Studiane handlar ofte om globale sentrum–periferi-relasjonar, men ikkje om sentrum–periferi-relasjonar i mottakarlanda.

Det er særleg land som USA, Canada, Australia, Luxembourg og Sveits som rekrutterer toppkvalifisert arbeidskraft gjennom innvandring (Brücker mfl., 2012). Norge høyrer såleis ikkje heime i dette selskapet. Om vi ser bort frå det som handlar om spesialistar og internasjonal toppkompetanse, er derimot innslaget av arbeidsinnvandrarar med lange utdanningar relativt høgt i Norge (Statistisk sentralbyrå, 2016). I motsetning til flyktningar har arbeidsinnvandrarane høgare utdanning enn den norske befolkninga sett under eitt. Heile 45 prosent av dei har høgare utdanning. Blant enkelte grupper, mellom anna kvinnelege arbeidsinnvandrarar frå Europa, er andelen med høgare utdanning klart større enn dette igjen.

Når dette er sagt, må det også understrekast at den politiske og faglege debatten om kompetanse og arbeidsinnvandring ofte har to heilt ulike fokus. På den eine sida er mange opptekne av at arbeidsinnvandring legg grunnlag for tilgang på kompetansearbeidskraft. På den andre sida er det mange som er opptekne av dei meir problematiske sidene, der arbeidsinnvandring handlar om ufaglært arbeidskraft med press mot lønsnivå i utsette bransjar, sosial dumping og liknande (Brox, 2005; Eldring og Friberg, 2013, s. 28).

Arbeidsinnvandring kan såleis dreie seg om alt frå kampen om kompetanse mellom store konsern og leiande internasjonale økonomiar til sosial dumping. Vi tolkar dette som uttrykk for at arbeidsinnvandrarar, på lik line med anna arbeidskraft, går inn på ein segmentert arbeidsmarknad (Onsager, 1987). Tilgangen til arbeidsmarknaden er regulert, til dømes ved at enkelte segment krev ein bestemt formalkompetanse for å få tilgang, medan andre er opne i den forstand at det ikkje er krav om formelle kvalifikasjoner. Tilgangen til begge typar segment kan i tillegg bli avgrensa av preferansane hos arbeidsgivar, t.d. om å rekruttere menn framfor kvinner eller personar med ein bestemt geografisk bakgrunn. Dei formelle segmenta tilbyr i regelen betre lønn og betre arbeidsvilkår enn dei uformelle. Sjølv om det ikkje er rom for å gå djupare inn i korleis arbeidsmarknadar fungerer i dette kapitlet, gir teorien om den segmenterte arbeidsmarknaden innsikt som kan vere nyttig for å forstå korleis arbeidsinnvandring påverkar tilgang på kompetanse.

FORTRENGING ELLER SUPPLERING – UTARMING ELLER UTJAMNING?

Studiar skil mellom arbeidsinnvandring som erstattar eksisterande og som supplerer tilgjengeleg arbeidskraft (Gang og Rivera-Batiz, 1994; Constant, 2014). Innvandrarar kan gå inn i jobbar som dei lokale tidlegare har fylt. Innvandrarane kan også gå inn i stillingar som tilfører kompetanse som bedrifta treng for å utføre dei oppgåvane ein skal løyse, utan at dei erstattar eller på annan måte konkurrerer med den arbeidskrafa som alt er i bedrifta. Dei regionale konsekvensane vil sjølv sagt bli heilt ulike alt etter om det er det første eller det andre alternativet som gjeld.

Tenkjer vi vidare langs dimensjonane erstatning eller supplering, kan slike mekanismar gjere seg gjeldande på ulike måtar. Å tenkje erstatning kan vere grunngitt i at innvandrarane er billigare eller meir effektive enn norskfødde. Samtidig kan innvandring medverke til å fylle dei arbeidsplassane dei lokale ikkje vil ha. Manglande interesse for dei lokale jobbane kan gjere at arbeidsgivarane må erstatte tidlegare lokalt rekruttert arbeidskraft gjennom innvandring. Periodeffekten kan vere viktig her. I tider med økonomisk vekst kan innvandrarar gå inn i delar av arbeidsmarknaden der det er vanskeleg å rekruttere lokalt. I økonomiske nedgangstider kan det vere større konkurranse om jobbar som tidlegare har vore lite attraktive.

Vidare kan det handle om å supplere tilgjengeleg arbeidskraft i regionen. Medan manglande interesse for jobbane kan gi for lite rekruttering, kan manglande tilgang på arbeidskraft gjere det same. Manglande tilgang gjer det vanskeleg å fylle arbeidsplassar og funksjonar som den enkelte bedrift, det enkelte lokalsamfunn og region treng for å fungere – enten det er snakk om å supplere for å oppnå tilstrekkeleg tal personar eller for å få tilgang til ein bestemt type kompetanse som ein manglar for å få gjennomført arbeidsoppgåvane. Det kan til dømes vere snakk om kompetanse med behov for ein bestemt type sertifisering. I tillegg kan innvandrarane, på lik line med andre, skape nye arbeidsplassar.

Ved å sjå erstatning og supplering i eit sentrum–periferi-perspektiv tilfører vi ein ekstra dimensjon til analysane. Då kan ein spørje om arbeidsinnvandring medverkar til å forsterke eller utjamne skilnadene i tilgangen på kompetanse mellom by og land. Er det slik at arbeidsinnvandring i hovudsak er med på å styrke det fortrinnet byane allereie har i kampen om kompetansearbeidskrafa? Eller, kan det derimot tenkjast at innvandringa kompenserer for innanlandske fråflytting i meir perifere strøk?

I lys av dette vil vi skissere to hovudmodellar for korleis forholdet mellom sentrum og periferi kan bli påverka av arbeidsinnvandring; ein utarmingsmodell og ein utjamningsmodell.

I utarmingsmodellen vil arbeidsinnvandringa styrke sentrale strok og utarme bygdene. Arbeidsinnvandringa får då omlag same utfall som det innanlandske flyttemønsteret. Det mest typiske trekket ved dei innanlandske flytteprosessane er nettopp «overføringa» av kompetanse frå perifere til sentrale delar av landet (Sørlie, 1997; Sørlie, 2010). Som del av dette mønsteret kan ein tenkje seg at arbeidsinnvandraren primært fyller opp lite kompetansekrejkande jobbar på bygdene som dei lokale skuggar unna. Dette fell inn i den tradisjonelle førestillinga av bygda. Ungdom reiser ut for å gå inn i meir attraktive jobbar i byane. Arbeidsinnvandraren og gjestearbeidarar kjem derimot inn og fyller dei jobbane nordmenn ikkje vil ha, i bygder der nordmenn ikkje vil bu. Ein variant av utarmingsmodellen er om arbeidsinnvandraren fortengjer dei lokale med etterfølgjande utflytting av lokale.

Hovudtesen i utarmingsmodellen er at arbeidsinnvandringa (saman med innanlandsk flytting) fører til opphoping av arbeidskraft med høg kompetanse i byane, medan meir perifere strok (relativt sett) får svekka tilgang på denne typen arbeidskraft. Utarmingsmodellen representerer såleis den tradisjonelle sentrum–periferimodellen der kumulative vekstprosessar gjer at sentrum står att som vinnarar i kampen om ressursane (jf. til dømes Brox, 1966; Myrdal, 1957, Rokkan, 1987).

Om vi derimot legg utjamningsmodellen til grunn, vil arbeidsinnvandring kunne kompensere for periferiumpene og dermed medverke til å styrke bygdene. Tanken er at arbeidsinnvandraren har eit anna flyttemønster enn nordmenn, slik det har vore teikn til (Båtevik, 2013; Stambøl, 2013; Østby, 2013). Spørsmålet er om slike flyttemønster også verkar til å styrke tilgangen på kompetansearbeidskraft i distrikta. I så fall gir dette eit heilt anna utfall enn det utarmingsmodellen tilseier. Er det slik at arbeidsinnvandraren med høg utdanning flyttar til distrikta og går inn i kompetansekrejkande jobbar der det er vanskeleg å rekruttere folk? Dette kan eventuelt føre til ei revitalisering av bygda og på sikt gi auka innflytting også av nordmenn.

Dei såkalla livsstilflyttarane passar inn i dette biletet. Dette er ofte godt kvalifiserte personar som gjerne kjem til Norge som arbeidsinnvandrare, men der ein viktig del av motivasjonen for flyttinga er å kunne realisere ein annan og gjerne meir rural livsstil enn kva det ligg til rette for i eige heimland. Ei anna, og i norsk samanheng truleg større gruppe (jf. Grimsrud, 2011), er dei som Halfacree (2008) kallar rural by default. Dette er dei som er komne til distrikta eine og aleine fordi jobben dei fekk, slumpa til å vere lokalisert der. For bygdene kan arbeidsinnvandring fungere som ein måte å få tilgang på kompetansearbeidskraft på, utan at dei må konkurrere mot større byar og større kompetansemiljø. Dette mønsteret utfordrar det tradisjonelle sentrum–periferi-perspektivet.

METODE

Studien som ligg til grunn for dette kapitlet, er basert på registerdata frå Statistisk sentralbyrå. Datamaterialet er frå 1.1. 2013 og viser nettoresultatet av innvandringa til Vestlandet fram til dette tidspunktet. Materialet er tilrettelagt for analyse av Statistisk sentralbyrå på basis av våre eigne spesifikasjonar av kategoriar, variablar og geografiske einingar. Det omfattar i alt i underkant av 72 000 personar. Dette er talet personar vi legg til grunn når vi skal berekne omfanget av det vi kallar arbeidsrelatert innvandring (meir om dette under). Dei vidare analysane er såleis baserte på aggregerte registerdata med innvandrarar busette på Vestlandet. Felles for desse innvandrarane er at dei er fødde i utlandet, der begge foreldra også er fødde i utlandet.

Registerdata «avses vara en fullständig förteckning över objekten i en viss objektmängd eller population» (Wallgren og Wallgren, 2004, s. 7). Slike data er baserte på ei totalundersøking eller administrative opplysningar om heile populasjonar. Registerdata gir klare fordelar, men også ein del avgrensingar (Fekjær, 2011, s. 181).

Ein fordel med registerdata er at ein slepp fråfall av informantar, noko som ofte er ei utfordring ved innsamling av eigne kvantitative data (Fekjær, 2011). Dette er eit viktig poeng, ikkje minst for tema som innvandrarar og innvandring. I tillegg til dei vanlege utfordringane ved innsamling av data via spørjeskjema, vil språk- og kulturforskellar ofte skape særlege utfordringar for studiar blant slike grupper. Ein annan fordel er at opplysningane blir registrerte «når det skjer», slik at ein i større grad enn elles sikrar mest mogleg presise data.

Trass klare fordelar kan også registerdata kome til kort. Fekjær (2011) understrekar at dette er data som i utgangspunktet er samla inn for administrative formål. Dermed blir det sentralt å vurdere relevansen av dei dataa som blir brukt. Nokre hol i opplysningane om utdanningsnivå for innvandrarar kan skape utfordringar. Dette gjeld ikkje minst når kompetansearbeidskraft er eit sentralt tema. Men, sidan formell kompetanse også er ein vesentleg faktor når Statistisk sentralbyrå klassifiserer sysselsette etter yrkesfelt, brukar vi primært opplysningane om yrkesfelt som viktigaste kjelde til informasjon om kompetanse i analysen.

Data frå Statistisk sentralbyrå kategoriserer innvandrarar etter fire innvandringsgrunnar: arbeid, utdanning, familie og flukt. Sjølv om arbeidsinnavandring er temaet her, vil vi argumentere for at det ikkje er tilstrekkeleg berre å inkludere dei som er registrerte med arbeid som innvandringsgrunn i analysane. Det er to grunnar til dette. For det første fangar ein ikkje opp familieinnvandring som er direkte følgje av arbeidsinnavandringa. Analyser frå Statistisk sentralbyrå viser at det var fire gonger så mange familieinnvandrarar i Norge i 2012 som i 1990 (Sand-

nes og Henriksen, 2014). Familieflytting i samband med arbeidsinnvandring er rekna som den viktigaste grunnen til dette. For det andre er ikkje innvandrarar frå nordiske land klassifiserte etter innvandringsgrunn.

For å fange opp arbeidsinnvandring, eller det vi kan kalle arbeidsrelatert innvandring ved hjelp av registerdata, har vi derfor valt å identifisere land som er viktige for arbeidsinnvandringa til Vestlandet. Utvalet er gjort på basis av ei registrering gjennomført av Statistisk sentralbyrå (Østby, Høydahl og Rustad, 2013). Denne viser kva landbakgrunnen arbeidsinnvandrarar busette på Vestlandet, har. På grunnlag av denne registreringa blei seks austeuropeiske og seks vesteuropeiske land valt ut: Polen, Litauen, Estland, Latvia, Slovakia, Romania, Tyskland, Nederland, Storbritannia, Frankrike, Spania og Italia. Av alle som er registrerte som arbeidsinnvandrarar på Vestlandet, er 82,3 prosent frå eitt av desse tolv landa (Båtevik mfl., 2017). Mange av innvandrarane frå desse landa er relativt nye i landet. Om vi legg tala for i perioden 2006–15 til grunn, vart tal innvandrarar frå dei seks utvalde vesteuropeiske landa dobla. Samtidig vart tallet innvandrarar frå dei seks austeuropeiske landa heile tretten gonger større. I tillegg til desse tolv landa har vi valt å ha med alle dei nordiske landa. Det var 67 prosent fleire busette på Vestlandet med bakgrunn frå eit av dei andre nordiske landa i 2015 samanlikna med 2006.

Bu- og arbeidsmarknadsregionar er brukt som analyse-eining. Den geografiske inndelinga er basert på ei tilpassing av regioninndelinga som Gundersen og Juvkam (2013) har utarbeidd. Av omsyn til personvern vart fleire av dei minste regionane slått saman. Nokre av regionane er derfor relativt store i areal. Regionen Modalen/Gulen er til dømes sett saman av i alt fire små bu- og arbeidsregionar; Modalen, Fedje, Masfjorden/Gulen og Solund. I denne prosessen vart talet regionar på Vestlandet redusert frå 43 til 27.

For å få fram sentrum–periferi-dimensjonen er regionane delte i to grupper. Til sentrum hører det Gundersen og Juvkam (2013) definerer som byregionar. Dette inkluderer storbyregionane samt regionar med mellomstore byar og småbyar. Periferien består av regionar utan senter samt regionar der det største senteret er klassifisert som bygdesenter eller småsenter.

Med så få som 27 regionar som grunneiningar i analysane har vi funne det lite tenleg å bruke avanserte analysemetodar som til dømes regresjonsanalyser i studien. For å identifisere mønster og tendensar i materialet har vi valt å dele regionane inn i kvartilar, alt etter den relative betydinga arbeidsinnvandring har for tilgang på arbeidskraft for ulike variablar. For kvar av variablane viser vi den øvste kvartilen, altså dei sju regionane der arbeidsinnvandringa har størst betyding.


Analysen tek sikte på å synleggjere eventuelle mønster eller mangel på mønster i desse fordelingane, og tolke kva desse er uttrykk for.

MED KOMPETANSE TIL BYGD OG BY?

Eit første blikk på tala for arbeidsrelatert innvandring til Vestlandet gir ingen direkte signal om at sentrum–periferi-dimensjonen er interessant. Samla sett gir arbeidsinnvandringa ei geografisk fordeling av nye innbyggjarar som speglar fordelinga av befolkninga elles. Befolkninga i dei perifere regionane representerer 11,9 prosent av befolkninga på Vestlandet, samtidig som 11,6 prosent av arbeidsinnvandrarane i landsdelen bur i desse regionane. For dei to storbyregionane i landsdelen er dessutan arbeidsinnvandrarane overrepresenterte i forhold til befolkninga. Medan 54,8 prosent av befolkninga var busette i desse to regionane, budde 59,2 prosent av arbeidsinnvandrarane i dei same regionane.

Kvífor er det, trass desse tala, interessant å gå vidare med sentrum–periferi-dimensjonen? Svaret blir tydeleg når vi ser på kartet over kva betyding arbeidsinnvandringa har for folketallet i enkeltregionar (figur 3.1). Det største prosentvise innslaget av slike innvandrarar er å finne i det som kan karakteriserast som dei mest perifere regionane på Vestlandet. Regionen Norddal/Stranda toppar denne statistikken. Av dei som var busette i Norddal/Stranda i 2013, stamma 9,5 prosent frå eitt av dei europeiske landa som er «storeksportørarar» av arbeidsinnvandrarar til Vestlandet. Nærare kvar tiande innbyggjar, eller i alt 602 personar, i denne regionen var såleis frå eitt av desse landa.


I fem regionar, inkludert Norddal/Stranda, har seks prosent eller meir av innbyggjarane tilsvarande innvandringsbakgrunn. Av desse fem regionane blir fire klassifiserte som perifere. I tillegg til Norddal/Stranda gjeld det to av dei minste regionane, nemleg Sandøy og Hyllestad. Begge desse regionane består av enkeltkommunar, fordi dei ligg slik til at dei ikkje inngår i noko felles arbeidsmarknad med andre kommunar. Vidare gjeld det Ulstein, som er ein klart større region i folketal og utstrekning, men som likevel blir definert blant dei perifere regionane i landsdelen. Av dei sentrale regionane er Stavanger/Sandnes representert blant dei fem. I Stavanger/Sandnes-regionen var 6,8 prosent av befolkninga innvandrarar frå dei aktuelle avsendarlanda. Om vi legg til ytterlegare to regionar, det vil seie at vi tek med alle regionane som utgjer den kvartilen av regionar der den arbeidsrelaterte innvandringa har hatt mest å seie på Vestlandet, inkluderer dette ein til av dei sentrale regionene (Ålesund), og ein av dei perifere regionane (Stryn/Eid).



Figur 3.1: Betyding av arbeidsinnvandring for samla folketal etter region. Vestlandet. 1.1. 2013. Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Kartverket. Kart utarbeidd av Kjersti Straume, Møreforskning.

Det samla biletet er såleis samansett. Fem av dei sju regionane på toppen av lista er likefullt klassifiserte som perifere. Når gjennomsnittstala gir eit anna inntrykk, skuldast dette store variasjonar mellom regionane, ikkje minst blant dei perifere regionane. Medan arbeidsinnvandringa har gitt mange nye innbyggjarar i nokre av dei mest perifere regionane på Vestlandet, er det også fleire perifere regionar som har hatt relativt

lite arbeidsrelatert innvandring. I Surnadal har til dømes berre 1,8 prosent av befolkninga slik bakgrunn. Det er såleis vanskeleg å identifisere klare og eintydige mønster. Her er perifere så vel som sentrale regionar «vinnarar» og «taparar».



Figur 3.2: Betydninga av arbeidsinnvandring for samla befolkning med universitets- og høgskuleutdanninger etter region. Vestlandet 1.1. 2013. Prosent av alle med slike utdanninger. Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Kartverket. Kart utarbeidd av Kjersti Straume, Møreforskning.

Det er likevel ikkje spørsmålet om korleis arbeidsinnvandrarbefolkninga fordeler seg mellom sentrum og periferi som er mest interessant for oss. Kjernespørsmålet vårt er korleis arbeidsinnvandringa påverkar tilgangen på kompetansearbeidskraft til sentrale og mindre sentrale delar av landsdelen. Utdanningsnivået til arbeidsinnvandrarane gir ein indikasjon på dette. Vi tek her utgangspunkt i dei med lange høgskule- og universitetsutdanningar (eksamen tilsvarande master- eller doktorgradsnivå).

Hovudmønsteret her er klart (figur 3.2). Relativt sett har arbeidsrelatert innvandring størst betydning i små og perifere regionar. Innvandrarar med lange høgskule- og universitetsutdanningar utgjer ein stor del av den samla befolkninga med slike utdanningar i enkelte av desse regionane. Heile 40 prosent av dei som hadde slike utdanningar i Sandøy, og 36 prosent av dei som hadde slike utdanningar i Hyllestad, kom frå eitt av dei landa som sender flest arbeidsinnvandrarar til Vestlandet. Dei ti regionane der arbeidsrelatert innvandring påverkar det lokale utdanningsnivået sterkest, i alle fall så lenge vi legg dei lengste høgskule- og universitetsutdanningane til grunn, er alle definerte som perifere (jf. Båtevik mfl., 2017). Først på plass nummer elleve finn vi Stavanger/Sandnes. I alt 13 prosent av dei med dei lengste utdanningane i denne regionen var opphavleg frå eitt av dei aktuelle europeiske landa. Mønsteret er ikkje veldig mykje annleis om ein legg tal for kortare høgskule- og universitetsutdanningar til grunn. Den største forskjellen er at det relative innslaget av slike innvandrarar i mange regionar er betydeleg mindre for desse utdanningane, i tillegg til at Stavanger/Sandnes rangerer som nummer fem på lista, i staden for som nummer elleve (Båtevik mfl., 2017 s. 207).

Kompetanse handlar om meir enn kven som har høgare utdanning eller ikkje. Utdanningsstatistikk kjem også ofte til kort av andre grunnar, ikkje minst når det gjeld innvandrarar. For det første manglar opplysningar om utdanningsnivå for ein del innvandrarar. For det andre kan det vere vanskeleg for arbeidskraft med bakgrunn frå utlandet å omsette utdanninga i arbeid som speglar eige utdanningsnivå. Ei undersøking basert på arbeidstakarane si eiga vurdering, viser at 23 prosent av innvandrarane i Norge er overkvalifiserte for jobben dei har, mot 13 prosent av befolkninga elles (Wold og Håland, 2016). Hovudskiljet går mellom personar utan innvandringsbakgrunn og innvandrargruppa, uavhengig av om innvandrarane har bakgrunn frå vestlege eller andre land. Desse forskjellane er større blant personar med høgare utdanning enn blant andre grupper (Villund, 2014, s. 25).

Utdanningsnivået blant innvandrarar gir såleis berre eit stykke på veg innsikt i korleis arbeidsinnvandringa påverkar tilgangen til kompetansearbeidskraft. Gitt at den formelle kompetansen er av ein slik karakter at den har liten relevans for den faktiske jobben den enkelte utfører, gir det lite mening å berre vurdere utdan-

ningsnivået. Yrkestilknyting gir derfor ein vel så relevant inngang til temaet. Derfor har vi teke utgangspunkt i yrket den enkelte faktisk utøver. Når Statistisk sentralbyrå (2011) klassifiserer yrkesfelt, blir dette gjort på basis av opplysningar om både formelle og reelle kompetansar. Dermed er fordeling på yrkesfelt ein nyttig inngang til spørsmål om tilgang til kompetanse gjennom innvandring.

Statistisk sentralbyrå opererer med i alt ni yrkesfelt. Her har vi valt ut tre av dei; akademiske yrke, handverkarar og reinhaldarar/hjelpearbeidrarar. For å kunne arbeide i akademiske yrke er kravet normalt ei utdanning på minimum fire år frå høgskule eller universitet. For å bli klassifisert som handverkar må ein utøve eit yrke som er lagt under lov om fagopplæring, og som krev utdanning på vidaregåande nivå. Rett nok opnar ein også for at arbeidstakarar med lang yrkesfaring kan reknast som handverkarar. Yrkesfeltet som inkluderer reinhaldarar og hjelpearbeidrarar, har derimot ikkje spesielle krav til yrkesutdanning. Det er såleis definert klare kompetansekrav til dei to første yrkesfelta, medan det siste er ope for arbeidskraft som manglar formell eller relevant kompetanse på andre yrkesfelt.

Det sentrale spørsmålet er korleis kompetansen fordeler seg langs sentrum-periferi-dimensjonen. Før vi går inn på dette, tek vi likevel med nokre ord om kva som pregar det store biletet. Då ser ein at både arbeidsinnvandrarar og andre innvandrarar ofte er overrepresenterte i dei yrka der krava til formell utdanning er minst (Båtevik mfl., 2017). Heile 19,2 prosent av alle som arbeider som reinhaldarar, hjelpearbeidrarar og i liknande yrke, har bakgrunn i det vi har definert som arbeidsrelatert innvandring. Om ein i tillegg inkluderer andre innvandrargrupper busette på Vestlandet, var meir enn kvar tredje arbeidstakar på Vestlandet i slike yrke innvandrarar. Då er ikkje gjestearbeidrarar medrekna. Innvandring bidrar såleis sterkt til å fylle klassiske lågstatusyrke.

Det store biletet kan likevel nyanserast. I tal personar tilfører arbeidsrelatert innvandring landsdelen nesten like mange akademikarar (6 590 personar) som dei som arbeider i yrkesfeltet som inkluderer reinhaldarar og hjelpearbeidrarar (6 810 personar). Vidare representerer handverkarar det største yrkesfeltet blant arbeidsinnvandrarane på Vestlandet. Handverkarane utgjorde i 2013 om lag like mange personar som dei to førstnemnde gruppene til saman (13 268).

**TABELL 3.1: INNSLAG AV ARBEIDSINNVANDRARAR ETTER YRKESFELT OG REGION.
FJERDE KVARTAL 2012. PROSENT. KJELDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ.**

Yrkесfelt	Type regionar (tal regionar i kategorien)	
	Sentrale (13)	Perifere (14)
Akademiske yrke	Stavanger/Sandnes 6,9 %	Hellestad 9,5 % Smøla 8,1 % Sandøy 7,7 % Høyanger 7,6 % Modalen/Gulen 6,5 % Sauda 6,0 % Lærdal/Årdal 6,0 %
Handverkarar (primært faglærte)	Ålesund 19,9 % Kristiansund 18,8 %	Hellestad 33,8 % Ulstein 30,7 % Smøla 21,6 % Vågsøy 20,4 % Nordal/Stranda 18,3 %
Reinhaldarar, hjelpe- arbeidrarar, med vidare (ufaglærte)	Stavanger/Sandnes 23,3 % Ålesund 21,9 % Haugesund 21,9 % Bergen 20,3 %	Sandøy 23,1 % Ulstein 22,6 % Lærdal/Årdal 19,4 %

Det er likevel når ein ser på samanhengen mellom kompetansetilgang og geografi at det mest interessante, og kanskje også litt overraskende mønsteret, blir tydeleg. Tabell 3.1 viser kva arbeidsrelatert innvandring betyr for tilgang på arbeidskraft i ulike regionar. Dei tre yrkesfelta er presenterte kvar for seg. Dei regionane som hører til den kvartilen der det er størst innslag av arbeidsinnvandrarar på det aktuelle yrkesfeltet (vanlegvis sju regionar, med unntak av tilfelle der to regionar har same verdi), er med i tabellen. Det er såleis snakk om ei «topp sju»-liste.

Det mest påfallande med tabellen er at dei perifere regionane i størst grad er representerte på «topp sju»-lista med dei mest kompetansekrejvande yrka. Motsett er dei mest sentrale regionane i størst grad representerte på «topp sju»-lista for dei yrka der det i liten grad blir stilt krav om høgare utdanning eller fagkompetanse.

Når det gjeld akademiske yrke, er Stavanger/Sandnes den einaste byregionen i øvste kvartil. Alle dei andre er perifere regionar. Også når det gjeld tilgang til den meir praktisk retta, faglærte kompetansen, ligg fleire av dei mest perifere regionane på Vestlandet høgt på lista. Den arbeidsrelaterte innvandringa er såleis viktig for tilgangen på handverkarar i mange av dei mest perifere regionane i landsdelen.

Hyllestad- og Ulstein-regionane, to regionar med sterkt innslag av maritime næringar, utpregar seg særleg blant desse.

Når det gjeld reinhaldarar, hjelpearbeidrarar og liknande yrke, er derimot byregionane i fleirtal på lista. Det betyr at dei fire største byregionane på Vestlandet er blant dei regionane som i høgast grad har innvandrarar i yrke utan krav om formell kompetanse.

DRØFTING OG KONKLUSJON

Arbeidsinnvandringa til Vestlandet utfordrar i høgste grad tradisjonelle forestillinger om forholdet mellom sentrum og periferi. Det er ikkje slik at arbeidsinnvandringa forsterkar periferilemper på den måten at periferien gjennom slik innvandring primært får tilført arbeidskraft med låg formell kompetanse. Ein ser derimot tendensar til det motsette, i alle fall for fleire av periferiregionane. Det vi her har kalla arbeidsrelatert innvandring, det vil seie arbeidsinnvandring og tilhøyrande familieinnvandring, betyr relativt sett meir for tilgangen av kompetanearbeidskraft i fleire av dei perifere enn i dei sentrale regionane på Vestlandet. Ved inngangen til 2013 var det til dømes 522 arbeidsinnvandrarar som arbeidde i akademiske yrke i periferiregionane i landsdelen. Alt tilseier at dette er viktig for område som tradisjonelt har streva med å rekruttere denne typen arbeidskraft. Forskjellen mellom periferi og sentrum blir ytterlegare understreka når «opphopinga» av ufaglært arbeidskraft som følgje av arbeidsrelatert innvandring er størst i sentrale delar av landsdelen.

Når det er sagt, er det fleire nyansar i dette biletet. For mange av dei minste og mest perifere regionane har arbeidsinnvandring hatt mykje å seie for rekruttering av høgt kompetent arbeidskraft. Samtidig er det nokre av periferiregionane som er representerte i den andre enden av skalaen, det vil seie blant dei der tilgangen på kompetanearbeidskraft gjennom arbeidsrelatert innvandring er minst. Surnadal er klart døme på dette. Her har arbeidsinnvandringa lite å seie for tilgangen på akademisk kompetanse. Berre 1,8 prosent av dei som hadde akademiske yrke i denne regionen, hadde ein bakgrunn som kunne tilskrivast arbeidsinnvandring.

Det er interessant å merke seg at Surnadal-regionen låg langt nede på rangeringa av regionar for alle yrkesfelt. Det er såleis ikkje tilfeldig korleis dei ulike periferiregionane hamnar på rangeringa. Regionar med få innvandrarar på eitt yrkesfelt, har ofte få innvandrarar på andre yrkesfelt, og omvendt. Det er nærliggande å knyte dette til såkalla sjølvforsterkande effektar av flytting (Eldring og Friberg, 2013). Når først ei gruppe med ein bestemt geografisk bakgrunn har etablert seg i eit område, er det lettare for andre frå same land, region og by å følgje

etter. Slike prosessar er til dømes kjende blant innvandrarane i USA. Sosiale nettverk er viktige i slike prosessar. Å møte andre landsmenn og kanskje også familie og vener gjer det lettare å kome til ein ny stad.

Om det er slike faktorar som ligg bak forskjellane mellom periferiregionar, har vi ikkje haldepunkt for å seie noko sikkert om her. Det vi i alle fall må understreke, er at heller ikkje her er mønsteret heilt eintydig. I Ulstein-regionen kan til dømes i overkant av 30 prosent av handverkarane som budde i regionen i 2013, knytast til det vi har definert som arbeidsrelatert innvandring, men berre 2,7 prosent av akademikarane.

Biletet er samansett. Konklusjonen står likevel fast. Arbeidsinnvandring handlar om meir enn at utkantområde rekrutterer utanlandsk arbeidskraft til lite attraktive arbeidsplassar som etnisk norske ikkje vil ha. Det er ikkje dermed sagt at arbeidsinnvandring gjer at bygdene skil seg ut som vinnarar i kampen om dei kloke hovuda. Arbeidsinnvandring handlar etter alt å døme om å kompensere for og redusere periferiulemper, meir enn ei eintydig styrking av periferien. Slik innvandring kan vere avgjerande for å sikre viktige funksjonar i dei små regionane og bedriftene i slik område. Ei nærmare forståing av situasjonen krev meir kunnskap om dei prosessane som pregar dei nye arbeidsmarknadane i by og bygd.

Samtidig er det fleire dimensjonar ved arbeidsinnvandringa som ikkje er løfta fram her. Forskjellar mellom innvandring frå dei dei nye EU-landa i Aust-Europa versus land i Vest-Europa er eitt døme. Med tanke på konsekvensane for dei regionane som tek imot mange arbeidsinnvandrarar, reiser også den sterke mannsdominansen blant desse innvandringsgruppene fleire spørsmål. Kva har dette å seie for demografiske og sosiale forhold i dei aktuelle lokalsamfunna? Korleis vil perioden med stor mannsdominans blant arbeidsinnvandrarane påverke familieinnvandringa i åra som kjem?

Når vi konkluderer med at det er klare teikn til at arbeidsrelatert innvandring kan kompensere og redusere periferiulemper, er dette først og fremst eit bidrag til å nyansere biletet av at slik innvandring utarmer utkantane. Arbeidsrelatert innvandring har mange sider. At slik innvandring handlar om ufaglært arbeidskraft, press mot lønsnivå i utsette bransjar og sosial dumping, er også ein del av røyndomen. I alle fall er innvandrarar klart overrepresenterte i dei yrkesfelta som ikkje set krav om formell utdanning. Det gjeld både arbeidsinnvandrarar og innvandrarar med annan bakgrunn (Båtevik mfl., 2017). Samtidig er dei som kjem frå land i den tidlegare austblokka, overrepresenterte i slike yrke samanlikna med dei som har bakgrunn frå Vest-Europa.

Særtrekket med funna som er presenterte her, er likevel at det vi innleiingsvis omtalte som utarmingsmodellen, i større grad passar for byområda enn for dei

meir perifere regionane. I byane er den relative betydinga av arbeidsinnvandringa størst i dei lågaste/iformelle segmenta i arbeidsmarknaden. Den relative betydinga av arbeidsinnvandringa i fleire periferiregionar er derimot størst for dei formella segmenta av arbeidsmarknaden. Det gjeld for tilgangen på faglærte, men også for tilgangen til yrke som krev høgt utdanna arbeidskraft.

Det kan sjølv sagt reisast metodiske spørsmål til analysene. Eit springande punkt er kvar ein set skilje mellom kva som er definert som perifere og kva som er definert som sentrale regionar. Dei fleste regionane som blir rekna som perifere i analysen, er små målt i folketal, i tillegg til at avstanden frå større senter er stor. Det er likevel klare forskjellar mellom regionane, ikkje berre mellom storbyane og småbyane, men også mellom periferiregionane. Ulstein-regionen skil seg ut blant dei siste. Regionen har til og med større folketal enn fleire av regionane som er definerte som småbyregionar, og som dermed er med blant dei sentrale regionane. Om Ulstein-regionen hadde skifta kategori, ville det likevel ikkje ha endra konklusjonane. Det vil derimot styrka biletet av at dei ufaglærte i størst grad er overrepresenterte i meir sentrale område.

Eit anna spørsmål er om det først og fremst er den tradisjonelle sentrum-periferi-dimensjonen som er interessant i analysen av forskjellen mellom regionane. Medan nokre periferiregionar synest å ha styrka rekrutteringa av kompetansearbeidskraft gjennom innvandring, er andre klart mindre påverka. Eldring og Friberg (2013) understrekar at arbeidsinnvandringa i stor grad er påverka av etterspurnaden etter arbeidskraft, i tillegg til sjølvforsterkande effektar knytt til flytting. Slik sett er det nærliggande å tru at forskjellane mellom regionane er prega av at etterspurnaden etter arbeidskraft har vore større i enkelte periferiregionar enn i andre. Etterspurnaden var sterkt i oljerelaterte næringer, marine næringer og maritime næringer i perioden då studien vår blei gjennomført, og kystregionar med stort innslag av slike næringer har såleis hatt stor etterspurnad etter arbeidskraft.

Uansett er sentrum-periferi-dimensjonen interessant. Dette handlar ikkje minst om demografi. Reduserte barnekull, som etter kvart også har gitt mindre ungdoms- og vaksenkull, kan ha auka behovet for å supplere med arbeidskraft og kompetanse utanfrå i perifere delar av landet. Slik sett kom den store veksten i arbeidsinnvandringa i grevens tid for dei utkantsamfunna som har vore prega av næringsliv i vekst.

Samtidig handlar dette om meir enn tilgang til nye arbeidstakrarar til desse samfunna. Sett i forhold til det overordna spørsmålet i boka, som dette kapitlet er ein del av, blir spørsmålet korleis dei nye innbyggjarane påverkar den immaterielle kapitalen både i bedriftene og i bygdene. Immateriell kapital blir då forstått som

verdiar som ikkje kan talfestast, men som Sørbø understrekar likevel er viktige føresetnader for å lukkast med den ein held på med (2016, s. 44). Sørbø peikar på at dette handlar om både sosiale nettverk, intellektuelle ressursar, om gode relasjonar mellom medarbeidarar, om høg arbeidsmoral, ..., osv. For å forstå desse prosessane må vi gå utover det registertala frå Statistisk sentralbyrå kan fortelje oss. Då må vi inn å studere dei samfunna det gjeld frå innsida. Her ligg det definitivt ein kime til vidare forsking på feltet.

LITTERATUR

- Bayona-i-Carrasco, J. og Gil-Alonso, F. (2013). Is Foreign Immigration the Solution to Rural Depopulation? The Case of Catalonia (1996–2009). *Sociologia Ruralis*, 53: 26–51. doi: 10.1111/j.1467-9523.2012.00577.x.
- Boeri, T., Brücker, H., Docquier, F. og Rapoport, H. (2012). *Brain drain and brain gain. The global competition to attract high-skilled migrants*. Oxford: Oxford University Press.
- Brox, O. (1966). *Hva skjer i Nord-Norge? En studie i norsk utkantpolitikk*. Oslo: Pax forlag.
- Brox, O. (2005). *Arbeidskraftimport. Velferdstatens redning – eller undergang?* Oslo: Pax forlag.
- Brücker, H., Bertoli, S., Facchini, G. og Mayda, A.M. (2012). Understanding highly skilled migration in developed countries: The upcoming battle of brains. I: Boeri, T., Brücker, H., Docquier, F. og Rapoport, H. (red.). *Brain drain and brain gain. The global competition to attract high-skilled migrants*, 15–208. Oxford: Oxford University Press.
- Båtevik, F.O. (2013). Population and settlements – long-term trends and current changes. In: Rusten, G., Pothoff, K. og Sangolt, L. (eds.). *Norway: nature, industry and society*. Oslo: Fagbokforlaget.
- Båtevik, F.O., Gjerstad, B., Grimsrud, G.M., Johannessen, Ø.L., Netteland, G., Nødland, S.I., Prøitz, L., Skeie, G. og Vedøy, G. (2017). *Arbeidsinnvandrere som ressurs i regional utvikling*. Stavanger: Universitetet i Stavanger.
- Båtevik, F.O., Grimsrud, G.M. og Netteland, G. (2014). *Nye innbyggjarar, nye utfordringar? Vestlandskommunane i møte med arbeidsinnvandrarane*. Volda: Møreforskning.
- Constant, A.F. (2014). *Do migrant take the jobs of native workers?* doi: <http://dx.doi.org/10.15185/izawol.10>.
- Dølvik, J.E. og Friberg, J.H. (2008). *Den nye arbeidsinnvandringen. Drivkrafter, utviklingsstrek og arbeidslivspolitiske konsekvenser*. Norges Forskningsråd.
- Eldring, L. og Friberg, J.H. (2013). Europeisk arbeidsmobilitet: Utfordringer for de nordiske arbeidsmarkedene. *Søkelys på arbeidslivet*, 30 (1-2): 22–39.
- Fekjær, S.B. (2011). Registerdata i praksis – ikke bare å trykke på «play». I: Fangen, K. og Sellerberg, A.M. (red.). *Mange ulike metoder*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Fonseca, M.L. (2008), New waves of immigration to small towns and rural areas in Portugal. *Popul. Space Place*, 14: 525–535. doi:10.1002/psp.514

- Friberg, J.H. (2012). The stages of migration. From going abroad to settling down: Post-accession Polish migrant workers in Norway. *Journal of Ethnic and Migration Studies*, 38(10): 1589–1605.
- Gang, I.N. og Rivera-Batiz, F.L. (1994). Labor market effects of immigration in the United States and Europe. Substitution vs. complementarity. *Journal of Population Economics*, 7: 157–175.
- Gundersen, F. og Juvkam, D. (2013). *Inndelinger i senterstruktur, sentralitet og BA-regioner*. Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning.
- Hanche-Olsen, M., Båtevik, F.O., Olsen, G.M., og Yttredal, E.R. (2011a). *Dei nye hendene: familieinnvandrere i helse- og omsorgssektoren*. Volda: Møreforskning.
- Hanche-Olsen, M., Båtevik, F.O., Olsen, G.M., og Yttredal, E.R. (2011b). *Dei nye hendene – Offentlig sektor i møte med arbeidsinnvandrere*. Volda: Møreforskning.
- Hugo, G. og Morén-Alegret, R. (2008). International migration to non-metropolitan areas of high income countries: editorial introduction. *Population, Space and Place* 14(6): 473–477. DOI: 10.1002/psp.516
- King, R. og Skeldon, R. (2012). ‘Mind the Gap!’ Integrating Approaches to Internal and International Migration. *Journal of Ethnic and Migration Studies* 36(10): 1619–1646.
- McDonald, J.T. og Worswick, C. (2015). High-Skilled Immigration in a Globalized Labor Market. In: Chiswick, B.R. og Miller, P.W. (eds.). *Handbook of Economics of International Migration*. Volume 1A: 537–583.
- Myrdal, G. (1957). *Rich lands and poor. The road to world prosperity*. New York: Harper.
- NOU 2011:14. *Better integration. Goals, strategies, measures*. Oslo: Departementenes servicesenter. doi: <http://www.regjeringen.no/pages/16634493/PDFS/NOU201120110014000DDDPDFS.pdf>
- Onsager, K. (1987). *Arbeid for alle? En analyse delmarkedet og sysselsettingsproblemer i tre nordlandsommuner på 80-tallet*. Bodø: Nordlandsforskning.
- Rokkan, S. (1987). *Stat, nasjon, klasse*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rye, J.F., og Holm, F.E. (2013). Utenlandske arbeidskraft som avviklings- eller opptrapingsstrategi? *Søkelys på arbeidslivet* 30: 251–271.
- Sandnes, T. og Henriksen, K. (2014). *Familieinnvandring og ekteskapsmønster*. Oslo – Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Stambøl, L.S. (2013). *Bosettings- og flyttemønster blant innvandrere og deres norskfødte barn*. Oslo – Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Stambøl, L.S. (2016). *Sysselsetting og flytting blant innvandrere belyst ved regional arbeidsmarkedsmobilitet*. Oslo – Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Statistisk sentralbyrå (2011). *Standard for yrkesklassifisering (STYRK-08)*. Oslo – Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Statistisk sentralbyrå. (2016). *Befolkingens utdanningsnivå, 1. oktober 2015*. doi: <http://www.ssb.no/utdanning/statistikker/utniv/aa>
- Stenning, A., Champion, T., Conway, C., Coombes, M., Dawley, S., Dixon, L., Raybould, S. og Richardson, R. (2006). *Assessing the Local and Regional Impacts of International Migration*. Newcastle upon Tyne: Curds, Newcastle University.
- Søholt, S., Aasland, Aa., Onsager, K., Vestby, G.M. (2012). «*Derfor blir vi her*» – innvandrere i Distrikts-Norge. Oslo: NIBR.

- Søholt, S. (2016). Innvandrere: Muligheter og barrierer for sysselsetting i regionene. *Plan*, 47: 22–27.
- Sørbø, J.I. (2016). Innovasjon – og immateriell kapital. I Amdam, J., Bergem, R. og Båtevik, F.O. (red.). *Offentleg sektor i endring – Fjordantologien 2016*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sørlie, K. (1995). *Regional demografi. Metoder for å studere befolkningsutvikling og adferds-mønstre*. Oslo: Tano Aschehoug, s. 163–188.
- Sørlie, K. (1997). Rekruttering til utdanning og arbeid i sentrum–periferi-perspektiv. I: Frønes, I., Heggen, K. og Myklebust, J.O. (red.). *Livsløp. Oppvekst, generasjon og sosial endring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sørlie, K. (2010). Bosetting, flytting og regional utvikling, I Frønes, I. og Kjølsrød, L. (red.). *Det norske samfunn*. Oslo: Gyldendal, s. 457–478.
- Sørlie, K. (2016). Bosetting, flytting og regional utvikling. I Frønes, I. og Kjølsrød, L. (red.). *Det norske samfunn*. Oslo: Gyldendal, s. 36–58.
- Villund, O. (2014). *Overkvalifisering blant innvandrere 2007–2012*. Oslo – Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Wallgren, A. og Wallgren, B. (2004). Registerstatistik – en introduksjon. Doi: http://www.scb.se/statistik/OV/OV9999/2004A01/OV9999_2004A01_BR_X99OP0401.pdf
- Wold, M.G. og Håland, I. (2016). Hver fjerde innvandrer overkvalifisert i jobben? *Samfunnsspeilet 2/2016*, 7–11.
- Østby, L. (2013). Innvandrernes regionale fordeling. Hvor i landet betyr EU-innvandringen mest? *Samfunnsspeilet*, 5/2013, s. 20–26.
- Østby, L., Høydahl, E. og Rustad, Ø. (2013). *Innvandrernes fordeling og sammensetning på kommunenivå*. Oslo-Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.

Kapittel 4

Mediebruk, samfunnsengasjement og sosial kapital i en digital æra

På jakt etter minoritetskvinner sine stemmer

LIN PRØITZ, HILDE G. CORNELIUSSEN OG CAROL AZUNGI DRALEGA

SAMMENDRAG Kapitlet tar utgangspunkt i en studie av ikke-vestlige innvandrerkvinner sin mediebruk i lys av samfunnsengasjement. Forfatterne utforsker sosial kapital, også den digitale, analysert gjennom to kvinnens livsbiografier, med vekt på samfunnsengasjement og mediebruk. Analysen illustrerer ulike manifestasjoner av sosial kapital idet de engasjerer seg på ulike arenaer, der den ene representerer høy *digital*/sosial kapital, mens den andre forholder seg til tradisjonelle medier.

NØKKELORD innvandrerkvinner, minoriteter, diaspora ambassadører, digital sosial kapital, mediedeltakelse

ABSTRACT This chapter draws from a project studying non-western immigrant women and their use of media related to social engagement. The authors explore social capital, including the digital, analysed through two women's life biographies, community involvement and media use. Engaged in different arenas they illustrate different manifestations of social capital, one of them shows a high degree of *digital*/social capital, while the other deploys alternative media.

INTRODUKSJON

Mens meningsytringer i de største norske mediene domineres av hvite, vestlige menn, åpner nye digitale, sosiale medier for at flere sosiale grupper kan ytre seg i offentligheten. Det gir forventning om at sosiale grupper som ikke kommer like lett til orde i massemediene, finner spillerom for sine egne identiteter og posisjoner, for å finne sin egen stemme og for å uttrykke samfunnsengasjement gjennom nye digitale medier. Dette var et sentralt utgangspunkt for forskningsprosjektet som dette kapitlet rapporterer fra. Svaret vi fant gjennom studien av ikke-vestlige innvandrerkvinner, var imidlertid både mangeartet og sammensatt, både når det gjelder nye og gamle medier, ulike kulturer og ulike forhold til religion. I dette kapitlet skal vi illustrere spennet gjennom analysen av to innvandrerkvinner med ikke-vestlig og muslimsk bakgrunn. Vi skal se hvordan de to på hver sin måte utfordrer diskursen om ikke-vestlige innvandrerkvinner gjennom sitt samfunnsengasjement og sin mediebruk.

LITTERATURJENNOMGANG: HVEM SINE STEMMER DOMINERER I MEDIENE?

I Norden har forskning på innvandrere og medier hovedsakelig handlet om *representasjoner* av innvandrere i de etablerte mediene og om *bruken* av massemedier og diasporamedier, altså om medier som retter seg mot innvandrere fra samme hjemland eller som deler samme etniske kultur (se Alghasi, 2009; Christiansen, 2003; Mainsah, 2009). I dag er det liten forskjell på norske kvinners og menns bruk av digitale medier. På en «gjennomsnittsdag» i 2015 brukte henholdsvis 90 og 84 prosent av alle menn og kvinner mellom 9 og 79 år Internett, og hele 77 prosent av de kvinnelige internettbrukerne, mot 63 prosent av de mannlige internettbrukerne, logget på Facebook (Vaage, 2016). Mens det digitale gapet mellom kjønnene flater ut i den norske majoritetsbefolkingen, viser forskning at selv om de fleste av dagens innvandrere også bruker PC og Internett, har innvandrere generelt, og innvandrerkvinner spesielt, dårligere IKT-kunnskap enn den norske majoritetsbefolkingen (Guthu & Holm, 2010). Når det gjelder representasjon i de største norske mediene, er 70 % av de som uttaler seg hvite middelaldrende menn med høy sosial kapital (Eide & Orgeret, 2015). I norske mediedebatter som omhandler innvandrere, er kultureliten toneangivende i nesten halvparten av alle debattinnleggene, mens «ikke-ekspert» og «vanlige folk» – altså folk som vanligvis ikke har pleid å ytre seg i medieoffentligheten, nå utgjør den tredje største kildegruppen samlet sett (Figenschou & Beyer, 2014, s. 43–44). Til tross for at elitepreget i debattene i norske medier utfordres, og at innvandrere i økende grad utgjør en del av gruppen «vanlige

folk», viser Integrerings- og mangfoldsdirektoratet sin kartlegging i 2015 (IMDi, 2016) at innvandrere er sterkt underrepresentert blant nyhetsformidlere, kilder og intervjuobjekter. Kvinner med ikke-vestlig innvanderbakgrunn er blant dem som i minst grad oppnår å bli representert i massemediene, i politikk og kultur – altså i den offentligheten der diskurser om kvinnenes liv artikuleres og formes. Samtidig som representasjoner av minoriteter har blitt mer nyanserte og komplekse (Eide & Nikunen, 2011), blir fortsatt etniske minoriteter i stor grad portrettert negativt eller på essensialistiske måter (Mainsah, 2014; Nikunen, 2013; Tufte, 2003). Samhandling på nettet har heller ikke svekket betydningen av kjønn, klasse, etnisitet, økonomi eller eksistensen av rasistisk og sexistisk diskriminering (Kapidzic & Herring, 2014; Marotta, 2011; Nakamura, 2002). Derimot har det skjedd endringer i maktforholdene når det gjelder deltagelse i nettdebatter, ved at nye, flere og yngre stemmer på tvers av sosioøkonomiske lag har kommet til (Enjolras et al., 2013; Prøitz, 2016). Mediebildet viser at allerede etablerte aktører anvender sosiale medier til å styrke sin posisjon, men samtidig ser vi nye grupperinger og aktører som er aktive og opererer på siden av den etablerte eliten (Enjolras et al., 2013). I denne studien ønsket vi å utforske hvordan kvinner med minoritetsbakgrunn – altså en gruppe som sjeldent oppnår representasjon i de etablerte mediene – benytter nye digitale medier for å uttrykke samfunnsengasjement. Hensikten er å undersøke hvilke mediebaserte handlingsrom samfunnsengasjerte kvinner med ikke-vestlig innvanderbakgrunn bosatt i Norge, bruker. Målet er å bidra til en dypere innsikt ved å løfte fram aktørstemmer fra en ofte stigmatisert gruppe, og kapitlet utforsker følgende spørsmål: Hvilken betydning har kvinnenes livsbiografier, kontekst og sosiale kapital for deres samfunnsengasjement? Hvordan forstår kvinnene sin posisjon i den norske konteksten, og hvilke mediekanaler inngår i kvinnenes samfunnsengasjement? Vi skal utdype studiens teoretiske og metodiske forankring, før vi møter to samfunnsengasjerte minoritetskvinne som opptrer på ulike medieplattformer.

KVINNER MED IKKE-VESTLIG INNVANDERBAKGRUNN OG MUSLIMSK BAKGRUNN

Historiene vi skal dele her, er hentet fra en større studie av mediebruken blant kvinner med innvanderbakgrunn i forbindelse med deres samfunnsengasjement (Prøitz et al., 2016). Utvalget er kvinner med ikke-vestlig innvanderbakgrunn og med muslimsk bakgrunn, for å fange opp erfaringer i en gruppe som opplever marginalisering på flere måter, som etnisk, kulturell og religiøs minoritet i dagens Norge. Dette er også en gruppe hvis religiøse og kulturelle symbol i økende grad har blitt gjenstand for en kulturell og politisk kamp for norske verdier og tradisjoner.

ner. Målet vårt var å utforske hvilke medier og kommunikasjonskanaler som var viktige for denne gruppen. Som en arbeidshypotese forventet vi at nettopp en slik multimarginalisert gruppe ville benytte de mulighetsrommene som Enjolras et al. (2013) indikerer at nye digitale medier skaper, og at de ville bygge sin egen digitale sosiale kapital – altså en sosial kapital der nettverkssamfunnet er sentralt. Bildet vi fant, var imidlertid ikke entydig.

SAMFUNNSENGASJERTE AMBASSADØRER PÅ ULIKE ARENAER

Dei sosiale vinstane ved religionsutøving er knytte til at deltaking i religiøse og sosiale aktivitetar i eit trussamfunn kan gi tilgang til eit nytt sosialt, kulturelt og språkleg fellesskap, som kan kompensere for tap av sosiale relasjonar i sendarlandet (Connor, 2014; Hirschman, 2004). Ein nyare norsk studie av integrasjon og nettverksbygging blant migrantar frå den tredje verda viser at det kan vere krevjande å etablere sosiale relasjonar til nordmenn, medan terskelen for å delta i religiøse fellesskap ligg langt lågare: «Her vil en nykommer enkelt finne, ikke kun et trosfellesskap, men ofte også andre med samme landbakgrunn, språk og kultur» (Ødegård et al., 2014, s. 145). Robert Putnam (2000, 2007) har ein annan innfallsinkel til spørsmålet om korleis trusutøving kan gi tilgang på praktisk hjelp. Til liks med anna foreningsliv er kyrkja ein sosial arena der migrantane knyter band til andre deltararar. Desse banda kan kople migranten til andre personar med viktige felles kjenneteikn og slik gi opphav til det Putnam (2000) kallar samanbindande (bonding) sosial kapital, det vil seie tette sosiale relasjonar prega av felles normer og røyndomsforståing og gjensidig vilje til å yte støtte. Kyrkja kan også bidra til etablering av relasjonar mellom personar med ulik sosial bakgrunn. Slike relasjonar på tvers av grupper kan bidra til det Putnam kallar brubyggjande (bridging) sosial kapital, som mellom anna kan gi migrantane betre tilgang på informasjon, noko som til dømes kan styrke sjansane deira på arbeidsmarknaden (Granovetter 1974). Eit viktig poeng hos Putnam er at forma på både deltakinga på ulike arenaer og dei sosiale omgangsformene er avgjerande for utviklinga av begge formene for sosial kapital. Ein studie av latinamerikanske innvandrarar si deltaking i ei katolsk kyrkje i Midtvesten underbyggjer dette. Eit viktig funn er at det var nær samanheng mellom graden av engasjement i kyrkjelyden på den eine sida, og den

sosiale og praktiske nytta av koplinga til den aktuelle katolske kyrkja på den andre. Medan dei aktive i kyrkja fekk eit stort sosialt og praktisk utbyte av slik deltaking, hadde dei meir perifere deltakarane lite eller inkje utbyte (Hoover, 2014, s. 207).

Forskningslitteraturen peiker altså på at trusutøving i mottakarlandet kan gi innvandrarar tilgang på tre typar immaterielle ressursar. På denne bakgrunnen vil vi undersøke tre problemstillingar:

1. Gir deltaking i den katolske kyrkja på Sunnmøre dei polske kyrkjegjengarane tilgang på praktisk hjelp til å finne seg til rette i Noreg?
2. Bidrar deltaking i den katolske kyrkja på Sunnmøre til at dei polske kyrkjegjengarane finn seg til rette sosialt?
3. Bidrar tilgang til den katolske kyrkja til kulturell og eksistensiell kontinuitet i dei polske kyrkjegjengarane sitt tilvære?

Vi vil no gjere greie for kva som kjenneteiknar den katolske kyrkja på Sunnmøre og den polske delen av kyrkjelyden, og for nokre sentrale aktivitetar i kyrkjelyden.

VÅR FRUE PÅ SUNNMØRE OG DEI POLSKE KYRKJEGJENGARANE

Ålesund sokn av Den katolske kyrkja dekkjer heile regionen Sunnmøre i Møre og Romsdal fylke. Vår Frue kyrkje, den einaste katolske kyrkja i området, ligg i regionssenteret Ålesund. Sidan hausten 2012 har kyrkjelyden to prestar, ein norsk soknadministrator og ein polsk kapellan.

I 2015 var talet på innvandrarar og barn med innvandrabakgrunn med landbakgrunn frå Polen på Sunnmøre 3379 (datakjelde: SSB, 2015. Det reelle talet er truleg høgare, om ein reknar med alle som arbeider på korttidskontraktar i Noreg). Nesten 1000 er busette i Ålesund by, men det bur polske innvandrarar i alle kommunane på Sunnmøre. Dei aller fleste mannlege polakkane på Sunnmøre har reist frå Polen til Sunnmøre for å begynne i ein konkret jobb. Difor har denne innvandrargruppa ein høg sysselsettingsgrad. Dette gjeld òg for dei polske kyrkjegjengarane. Meir enn 97 % av mennene i denne gruppa er i arbeid. Dei fleste polske kvinnene er også i lønna arbeid, men ikkje i like stor grad som mennene. Mange kvinner kjem til Noreg for å slutte seg til mannen sin som alt har etablert seg her. Dette fell inn i eit vanleg mønster for austeuropeske arbeidsmigrantar: Det å ta familien til Noreg er ofte eit seint trinn i migrasjonsprosessen, noko som først skjer etter at den mannlege familieforsørgjaren er etablert på arbeidsmarknaden i mottakarlandet (Friberg, 2012). Blant dei kvinnelege polske kyrkjegjen-

garane i vår undersøking er 13 % arbeidslause medan 10 % er heimeverande. At dei polske kvinnene har kortare oppholdstid i Noreg, og at andelen polske kvinner med familie i heimlandet er låg medan det er ei ganske stor gruppe polske menn på Sunnmøre som har ektefelle og/eller barn i heimlandet, kan også forklaast ut frå dette mønsteret.

Med utgangspunkt i desse eigenskapane ved dei polske kyrkjegjengarane på Sunnmøre har vi valt å nytte kjønn, om ein har familien hos seg i Noreg, butid i Noreg og sosiale omgangsformer på fritida som kontrollvariabler i analysane.

Messa, gudstenesta der ein feirar nattverdssakramentet, er kjerneverksemda i Den katolske kyrkja. I Vår Frue kyrkje blir det feira messe kvar dag, men søndagen er viktigast. I Vår Frue er det minst tre messer kvar søndag, ei på norsk og to på polsk. Dessutan reiser prestane ut og feirar messe på fleire andre stader i det vidstrakte soknet. I (den lutherske) Gursken kyrkje i Sande kommune, som ligg nær eit av dei store skipsverfta med mange polske tilsette, er det til dømes messe på polsk to laurdagar i månaden. I løpet av ei vanleg kyrkjhelg kan det vere rundt 400 polsktalande til messe i den katolske kyrkjelyden. Dette er likevel ei klart lågare kyrkjessking enn i heimlandet, noko som står i kontrast til dei amerikanske undersøkingane til Hirschman (2004) og Connor (2014). Dei som faktisk går til kyrkje, er til gjengjeld svært aktive kyrkjegjengarar.

I helgene er det som regel *kyrkjekaffi* etter kvar messe, ein uformell møtestad i eit lokale i eller nær kyrkja. I tillegg til søndagen er laurdag ein dag med høg aktivitet i og rundt Vår Frue kyrkje. Mange laurdagar er det også *katekese*, trusopp-læring for barn og unge. I Vår Frue ligg hovudvekta på førstekommunionsbarn (7–8 år gamle) som førebur seg til å delta i nattverden for første gong, og på konfirmandar (14–15 år) som førebur seg til ferminga eller konfirmasjonssakramentet. Katekese skjer både på polsk og norsk, delar av opplegget er på norsk for alle. I desse periodane har også foreldre kontakt med kyrkja på ein særleg måte. Ein del barn og unge har også oppgåver i messa, som ministrantar eller korsongarar. Øvin-gar til dette er også ein laurdagsaktivitet som gjerne involverer foreldre, i det min-ste i form av transportteneste.

Deltakinga på kvar av dei tre viktige arenaene messe, kyrkjekaffi og katekese blir sentrale i analysane våre av korleis deltaking i kyrkja påverkar i kva grad dei polske kyrkjegjengarane finn seg til rette på Sunnmøre.

DATA OG METODE

Med utgangspunkt i litteraturgjennomgangen har vi valt å fokusere på tre former for nytte dei polske kyrkjegjengarane kan ha av å delta i den katolske kyrkja på

Sunnmøre. Den første potensielle verknaden er **praktisk hjelp** til å finne seg til rette i det norske samfunnet (Connor, 2014; Hirschman, 2004). Den andre er etablering av **sosiale relasjonar** og deltaking i sivilsamfunnet (Putnam & Campbell, 2012; Ødegaard et al., 2014). Den tredje er det Handlin (1973) og Herbert (1960) omtalar som **kulturell og eksistensiell kontinuitet**.

For å undersøke desse verknadene har vi nytta både kvalitative og kvantitative data. I analysane av korleis Den katolske kyrkja påverkar i kva grad migrantane finn seg til rette praktisk og sosialt i Noreg, har vi nytta deskriptiv statistikk og logistisk regresjon. Den deskriptive statistikken gir oversikt over kva som kjennteiknar kyrkjegjengarane og korleis dei deltar i ulike kyrklege aktivitetar, medan logistisk regresjon blir brukt til å undersøke om og eventuelt korleis slik deltaking påverkar kyrkjegjengarane sine **sosiale relasjonar** og om dei har fått **praktisk hjelp** til å finne seg til rette. Det er òg nytta data frå intervju og observasjon i fortolkinga av regresjonane.

DET KVANTITATIVE DATAMATERIALET

Det kvantitative materialet er basert på ei spørjeundersøking blant polske kyrkjegjengarar i Ålesund sokn, gjennomført våren 2015. Vi delte ut spørjeskjema til alle polske kyrkjegjengarar over 18 år i etterkant av tre messer same søndag (to på polsk og ei på norsk) i Vår Frue kyrkje i Ålesund og tilsvarande ein laurdag etter messe på polsk i Gursken kyrkje. Ein veikskap i materialet er at vi berre har data om dei polakkane som går i kyrkja. For å kunne undersøke effekten av å delta i kyrkjelyden samanlikna med å ikkje delta i det heile, måtte vi ha gjennomført ei tilsvarande undersøking blant eit representativt utval polakkar på Sunnmøre som ikkje går til messe når dei er i Noreg. Å identifisere heile populasjonen polakkar på Sunnmøre på ein eintydig måte, finne kontaktinformasjon om desse og gjennomføre ei spørjeundersøking med tilstrekkeleg høg svarprosent ville vore svært krevjande, og umogleg innanfor ressursramma til vårt prosjekt.

Ein anna veikskap ved vårt utval er at det i streng forstand ikkje er eit sannsynsutval av dei polske kyrkjegjengarane på Sunnmøre. I valet av tidspunkt har vi unngått kyrkjehogtider og periodar der mange polakkar reiser til Polen. Det er såleis langt på veg eit representativt utval av kyrkjegjengarar på ei ordinær messe. Vi må likevel anta at dei som går til messe av og til eller berre ved hogtider, er underrepresenterte. Vi har vege dette omsynet opp mot moglegheita til å få høg svarprosent og å kunne berekne fråfall i undersøkinga. Ålesund sokn har vore til stor hjelp i gjennomføringa av undersøkinga. Prestane har i kunngjeringane oppmoda kyrkjegjengarane til å delta i undersøkinga, noko som har vore avgjerande for den

høge svarprosenten. Frå dei 255 vaksne polske deltagarane på dei fire messene har vi fått inn 179 svarskjema, noko som gir ein svarandel på 70 prosent. Registreringa av svara viser likevel at ein del av respondentane ikkje hadde fylt ut heile skjemaet. På nokre av spørsmåla som blir nytta i analysen, har vi berre 160 svar, tilsvارande 63 % svarandel. Dette er likevel svært høgt samanlikna med det vi kunne håpe å få til gjennom andre typar undersøkingsopplegg.

Den viktigaste implikasjonen av svakheitene ved vårt utval er at det er klart best eigna til å undersøke kva deltaking i kyrkjelyden har å seie for dei som går til messe, og korleis dette varierer med ulike typar deltaking i kyrkjeaktiviteter og med andre bakgrunnsvariablar.

ANALYSEPLAN FOR DEN KVANTITATIVE ANALYSEN

Logistisk regresjon er ein variant av multivariat analyse som kan nyttast på ikkjemetriske data. To viktige føremonar ved logistisk regresjon, samanlikna med deskriptiv analyse, er at ein kan operere med fleire uavhengige variablar i same analyse, og at effekten av dei einskilde uavhengige variablane blir kontrollert mot dei andre. Føresetnaden er at dei avhengige variablane er dikotome, altså at dei berre har to verdiar. Logistisk regresjon er tilpassa situasjonar der ein kan vurdere utfallet på den avhengige variabelen som eit anten/eller-utfall (Eikemo & Clausen, 2012). Ein opererer såleis med ein dikotom avhengig variabel med verdien 1 for tilfelle som oppfyller eit bestemt kriterium og 0 for tilfelle som ikkje oppfyller dette. Effektmålet i den logistiske regresjonen er *oddsratio*. Ein oddsratio på 1 indikerer at det ikkje er nokon samanheng mellom den uavhengige og den avhengige variabelen. Ein oddsratio på 2 ville indikere at det er dobbelt så sannsynleg å ha fått hjelpe til å finne arbeid eller oppdrag dersom ein går til messe kvar veke enn om ein ikkje gjer det, medan ein oddsratio på 0,5 ville indikere at sannsynet for slik omgang blir halvert dersom ein går til messe kvar veke. Dette målet er eit uttrykk for korleis sannsynet for å ha ein bestemt eigenskap, til dømes om kyrkjegjengarane har fått hjelpe til å finna arbeid eller oppdrag, blir påverka av kvar av eigenskapane som utgjer dei uavhengige variablane, til dømes av om ein går til messe kvar veke. Hovudmålet for usikkerheita ved kvar samanheng er *signifikansnivået*. Dette målet varierer mellom 0 og 1, der 1 tyder svært høg usikkerheit, 0 at samanhengen er helt sikker, medan alle signifikansnivå under 0,05 (5 prosent usikkerheit) blir rekna som pålitelege.

OPERASJONALISERING AV AVHENGIGE VARIABLER

På bakgrunn av diskusjonen over har vi valt å undersøke korleis ulike formar for deltaking i aktivitetar i regi av Den katolske kyrkja på Sunnmøre påverkar tre former for «praktisk nytte» migrantane kan få av denne deltakinga: 1) praktisk hjelp til å orientere seg og forstå det norske samfunnet, 2) hjelp til å lære språk og 3) hjelp til å finne arbeid eller oppdrag.

Variabelen **praktisk hjelp til å orientere seg i det norske samfunnet** tar utgangspunkt i svar på fem spørsmål om dei har mottatt slik hjelp på ulike område, nemleg: 1) finne fram til helsetenester, 2) forstå norske skattereglar, 3) få kunnslap om norske trygde- og velferdsordningar, 4) finne fram til kommunale eller andre offentlege instansar og 5) finne fram til fritidsaktivitetar utanom kyrkja. Kriteriet for verdien 1 er at dei har fått hjelp på minst eitt område. Referanseverdien (0) blir da at ein ikkje har fått slik hjelp. Variablene **hjelp til lære språk** og **hjelp til å finne arbeid eller oppdrag** tar utgangspunkt i spørsmål om dei har oppgitt å få slik hjelp frå kyrkjelyden (1) eller ikkje (0).

Vi har operasjonalisert «å finne seg til rette sosialt» til tre former for sosiale relasjonar og omgangsformer: **sosiale relasjonar til medlemmer av kyrkjelyden**, **sosiale relasjonar til personar i lokalsamfunna** (utanom kollegaer og medlemmer av kyrkjelyden) dei bur i og **deltaking i organiserte fritidsaktivitetar** på Sunnmøre.

For å undersøke om og eventuelt korleis ulike former for deltaking i trussamfunnet har innverknad på korleis migrantane finn seg til rette sosialt, har vi rekoda kvar av dei tre variablane til dikotome variablar som er nytta som avhengige variablar i logistiske regresjonsanalyser. Dei to avhengige variablane knytte til sosiale relasjonar tar utgangspunkt i spørsmål om kor hyppig kyrkjegjengjarane har sosial omgang med norske, polske og andre utanlandske kyrkjegjengrar, og med personar i lokalsamfunnet dei bur i (som kirkje er polske, katolske eller kollegaer), når dei er i Noreg. I tråd med Putnam og Campbell (2014) si vektlegging av samanbindande kapital som kjelde til støtte har vi lagt vekt på sosiale relasjonar prega av hyppig kontakt. Variablene er difor koda om til to dikotome variablar **sosial omgang med medlemmer i kyrkjelyden** og **sosial omgang med personar i lokalsamfunnet**, begge med verdiane 1 for kvar veke og 0 for sjeldnare enn kvar veke. Variabelen **deltaking i organiserte fritidsaktivitetar** tar utgangspunkt i svar på spørsmål om deltaking i organiserte fritidsaktivitetar utanom kyrkja. Kriteriet for verdien 1 er at ein deltar i minst ein slik fritidsaktivitet når ein er i Noreg. Referanseverdien (0) blir da at ein ikkje deltar i slike aktivitetar i Noreg.

OPERASJONALISERING AV UAVHENGIGE VARIABLER OG KONTROLLVARIABLER

Ein tommelfingerregel i logistisk regresjon er at det er ein fordel om forholdstalet N / talet prediktorar er større enn 20, og at det uansett ikkje bør vere lågare enn 15. For å handtere dette omsynet og samstundes få til ei breidd i uavhengige variablar har vi avgrensa oss til åtte uavhengige variablar og rekoda kvar av desse til dikotome variablar. Med utgangspunkt i observasjonsdata har vi valt å undersøke betydninga av deltaking på tre viktige arenaer i regi av Den katolske kyrkja. I tråd med funna til Hoover (2014) om at det er dei aktive kyrkjelydsmedlemmane som har stort sosialt og praktisk utbytte frå si religionsutøving, har vi bygd dikotome variablar der vi skil mellom hyppig og mindre hyppig deltaking:

- ▶ *Messedeltaking*: Her har vi skilt mellom dei som svarar at dei går til messe kvar veke når dei er i Noreg (1), og dei som går meir sjeldan (0).
- ▶ *Deltaking på kyrkjekaffi*: Dei som deltar på kyrkjekaffi kvar veke når dei er i Noreg (1), og dei som deltar meir sjeldan eller aldri (0).
- ▶ *Å følge barn til katekese*: Dei som svarar at dei følgjer barn til katekese minst ein gong i kvartalet (1), og dei som ikkje følgjer barn til katekese (0).

I dei fem regresjonane der sosial omgang med medlemmer i kyrkjelyden som ikkje er i regi av kyrkja eller i arbeidstida ikkje er avhengige variabel, er denne uavhengig variabel i analysemfellane.

I alle dei multivariate analysane har vi nytta følgjande kontrollvariablar:

- ▶ *Kjønn*: Her er kvinne prediktorverdi (1) og mann referanseverdi (0).
- ▶ *Barn i Noreg*: Angir om respondentane har barn under 18 år som bur saman med dei i Noreg (1) eller ikkje (0).
- ▶ *Butid i Noreg* er målt gjennom spørsmålet: Kva er din samla butid i Noreg. Her har vi skilt mellom dei som har tre år eller lengre butid (1), og dei som har kortare butid enn dette (0).
- ▶ *Sosial omgang med arbeidskollegaer på fritida*: med verdiane (1) for kvar veke og (0) for sjeldnare enn kvar veke (0).

KVALITATIVE DATA OG ANALYSE

I analysane av kyrkja sitt bidrag til **kulturell og eksistensiell kontinuitet** for migrantane har vi nytta deskriptiv statistikk om kyrkjegjengarane si vurdering av korleis tilboda i den katolske kyrkja har påverka i kva grad dei har funne seg til rette og trivst i Noreg, men likevel lagt stort vekt på kvalitative data. Det kvalitative materialet som er nytta i denne analysen, er henta inn gjennom deltakande

observasjon og fokusintervju. I løpet av 2014 og 2015 har vi gjennomført delta-kande observasjon under ei rad messer og den påfølgjande kyrkjekaffien, forutan andre arrangement i regi av kyrkja. I samband med observasjonane har vi hatt eit stort tal uformelle samtaler med kyrkjegjengarane. For å styrke kvaliteten på observasjonane har vi som oftast vore to observatørar til stades som kvar for seg har skrive observasjonsnotat. Desse notata har deretter vore samanlikna og diskuterte. På bakgrunn av observasjonane og dei uformelle samtalene har vi valt ut elleve informantar blant dei polske kyrkjegjengarane som har deltatt på fokusgruppeintervju, fordelt på tre grupper: Seks deltagarar på eit språkkurs i regi av kyrkja, med nokså kort tid bak seg i Noreg; to som har budd lenge i Noreg, er gifte med nordmenn og godt etablerte i landet; og tre medlemmer av «Stella maris», ei gruppe svært aktive lekfolk som har skipa ei polsk religiøs foreining som del av kyrkja si verksemrd. Kvinner er overrepresenterte i gruppene, medan aldersspreiinga er representativ. Vi har også gjennomført fleire individuelle intervju med kvar av dei to prestane. Det er gjort lydopptak av intervjuia, som så har vore transkriberte. Under nokre av intervjuia har vi nytta ein polsk-engelsk tolk. Desse intervjuia er transkriberte på engelsk, men sitata som vi har brukt herifrå, er omsette til nynorsk. Som førebuing til analysane har vi gjennomført ei teoristyrt kategorisering av intervjuumaterialet. Vi har deretter gjort ei meiningsfortetting av det kategoriserte materialet i tråd med Kvale og Brinkmann (2012, s. 212).

RESULTAT

DESKRIPTIV STATISTIKK – KYRKJA SOM KJELDE TIL PRAKTISK HJELP OG SOSIALE RELASJONAR

Tabell 5.1 viser frekvensfordelinga for kvar av variablane som blir nytta i dei seks logistiske regresjonane. Den deskriptive statistikken viser at seks av ti har omgang med arbeidskollegaer på fritida kvar veke, medan fire av ti har hyppig fritidsomgang med andre kyrkjegjengarar. Det er ein klar overvekt av polakkar innanfor begge desse gruppene. Til samanlikning har berre ein fjerdedel hyppig sosial omgang med ikkje-katolske nordmenn i lokalsamfunnet, men fire av ti deltar på organiserte fritidsaktivitetar utanom kyrkja når dei er i Noreg.

Når det gjeld praktisk hjelp til å finne seg til rette, viser den deskriptive statistikken at om lag halvparten har fått hjelp i form av praktisk informasjon av kyrkja eller folk i kyrkjelyden. Derimot har berre ein av åtte fått hjelp til å finne arbeid eller oppdrag, medan om lag ein av fem har fått hjelp av trusfellar til å lære språk.

Messa er den klart vanlegaste kyrkjelege aktiviteten for dei polske kyrkjegjengarane. Sju av ti går til messe kvar veke når dei er i Noreg. For barnefamiliar er

og katekese svært viktig. Så mange som 45 % av foreldra som har barn under 18 år i Noreg, følgjer desse til katekese eller andre aktivitetar i regi av kyrkja. Sidan tilbodet om katekese er koncentrert om få årsklasser, er dette talet truleg høgare over tid. Kyrkjekaffi har langt lågare deltaking. Berre ein dryg femdel deltar her kvar veke. Dette stemmer med våre funn frå deltakande observasjon under ulike typar arrangement i kyrkjelyden. Mange slår nok av ein prat på kyrkjebakken etter messa, men reiser så heim utan å leggje turen om kyrkjekaffien.

TABELL 5.1. DESKRIPTIV STATISTIKK, FORDELING OG PROSENTDEL SOM HAR PREDIKTORVERDIEN

AVHENGIGE VARIABLAR	Fordeling	Prosentdel som har målverdiens
Tette relasjoner til folk frå kyrkjelyden (N = 168)		
1. Har sosial omgang med folk frå kyrkjelyden kvar veke	69	41 %
0. Har ikkje slik omgang kvar veke	97	
Tette relasjoner til folk i lokalsamfunnet (N = 168)		
1. Har omgang med ikkje-katolske og ikkje-polske personar i lokalsamfunnet kvar veke	43	26 %
0. Har ikkje slik omgang kvar veke	125	
Deltar i frivillig organisasjonsliv (N = 168)		
1. Deltar i minst ein fritidsaktivitet i Noreg	69	41 %
0. Deltar ikkje i nokon fritidsaktivitetar	97	
Har fått hjelp til å finne arbeid eller oppdrag (N = 160)		
1. Har fått slik hjelp	19	13 %
0. Har ikkje fått slik hjelp	141	
Har fått hjelp til å lære språk (N = 160)		
1. Har fått slik hjelp	33	21 %
0. Har ikkje fått slik hjelp	127	
Har fått hjelp med praktisk informasjon (N = 160)		
1. Har fått slik hjelp	75	47 %
0. Har ikkje fått slik hjelp	85	

TABELL 5.1. DESKRIPTIV STATISTIKK, FORDELING OG PROSENTDEL SOM HAR PREDIKTORVERDIEN (FORTS.)

AVHENGIGE VARIABLER	Fordeling	Prosentdel som har målverdiene
UAVHENGIGE VARIABLER		
1. Deltar på messe kvar veke	125	70 %
0. Deltar ikkje på messe kvar veke	54	
1. Deltar på kyrkjekaffi kvar veke	40	22 %
0. Deltar ikkje på kyrkjekaffi kvar veke	139	
1. Følgjer barn til katekese	29	45 %
0. Følgjer ikkje barn til katekese	35	
1. Har sosial omgang med folk frå kyrkjelyden kvar veke	69	41 %
0. Har ikkje slik omgang kvar veke.	97	
KONTROLLVARIABLER		
1. Kvinne	69	39 %
0. Mann	110	
1. Barn i Noreg	64	36 %
0. Ikkje barn i Noreg	115	
1. Minst tre års butid i Noreg	126	70 %
0. Mindre enn tre års butid i Noreg	53	
1. Fritidsomgang med arbeidskollegaer kvar veke	103	61 %
0. Ikkje fritidsomgang med arbeidskollegaer kvar veke	65	

KVA HAR DELTAKING I KYRKJA OG KYRKJELYDEN Å SEIE FOR OM MIGRANTANE HAR FÅTT PRAKTISK HJELP?

Tabell 5.2 viser resultat frå logistisk regresjon med omsyn til kvar av dei avhengige variablane: 1) praktisk hjelp til å orientere seg og å forstå det norske samfunnet, 2) hjelp til å lære språk og 3) hjelp til å finne arbeid eller oppdrag. I alle regresjonane er det nytta ein modell med fire uavhengige variablar for deltaking i kyrkja og relasjonar til andre i kyrkjelyden og fire kontrollvariablane. Gjennom analysen blir effekten frå kvar av dei uavhengige variablane og kontrollvariablane kontrollert mot dei andre.

TABELL 5.2. LOGISTISK REGRESJON MED OMSYN TIL PRAKTIK SJELP TIL Å FINNE SEG TIL RETTE

	Regresjon 1. Hjelp med praktisk infor- masjon	Regresjon 2. Hjelp til å lære språk	Regresjon 3. Hjelp til å finne arbeid/ oppdrag
1. Kvinne	,757	,884	,448
0. Mann			
1. Barn i Noreg	,624	,546	,092**
0. Ikkje barn i Noreg			
1. Minst tre års butid i Noreg	1,810	,982	,719
0. Mindre enn tre års butid i Noreg			
1. Deltar på messe kvar veke	1,267	2,770*	,879
0. Deltar ikkje på messe kvar veke			
1. Deltar på kyrkjekaffi kvar veke	1,497	1,756	1,469
0. Deltar ikkje på kyrkjekaffi kvar veke			
1. Følgjer barn til katekese	2,597*	1,393	1,499
0. Følgjer ikkje barn til katekese			
1. Har sosial omgang med arbeids- kollegaer kvar veke	2,316**	1,096	1,665
0. Har ikkje slik sosial omgang kvar veke			
1. Har sosial omgang med folk eg kjenner frå kyrkjelyden kvar veke	,841	4,063**	5,133***
0. Har ikkje slik sosial omgang kvar veke			
1. Har sosial omgang med ikkje-katolske og ikkje-polske personar i samfunnet kvar veke.	3,777***	,872	,718
0. Har ikkje slik omgang kvar veke.			

*p < 10 %, **p < 5 %, ***p < 1 %, for kvar av dei uavhengige variablane er 0 referansekategori.

Regresjon 1 viser ein sterk signifikant samanheng mellom å ha sosial omgang med ikkje-katolske og ikkje-polske personar i lokalsamfunnet og sannsynet for å ha fått hjelp med praktisk informasjon. Regresjonen indikerer også ein samanheng mellom å følgje barn til katekese og slik hjelp, men denne er berre signifikant på 10 %-nivå. Det er også ein markant signifikant samanheng mellom å ha tette relasjoner til arbeidskollegaer og å ha fått hjelp til slik informasjon via kyrkja eller kyrkjelyden. Regresjon 2 viser ein markant signifikant samanheng mellom å gå til messe kvar veke og sannsynet for å ha fått hjelp til å lære språk. Det er også ein sterk signifikant samanheng mellom å ha tette relasjoner til andre kyrkjelydsmedlemmer og slik hjelp. Den tredje regresjonsanalysen viser ingen tydelege samanhengar mellom dei tre kyrkjelydsaktivitetane og sannsynet for å ha fått hjelp til å finne arbeid eller oppdrag. Det er derimot ein sterk signifikant samanheng mellom å ha tette relasjoner til andre kyrkjelydsmedlemmer og sannsynet for å ha fått slik hjelp. Vi finn att samanhengen mellom nære relasjoner til andre medlemmer i kyrkjelyden og sannsynet for å ha fått hjelp til å lære språk eller finne arbeid i intervjuumaterialet. Ein kvinneleg deltakar på eit språkkurs i regi av kyrkja sa det slik: «I tillegg til å kome for Guds skyld, kjem vi hit for å møte andre polakkar. For å få informasjon. Somme kan norsk betre enn andre. Somme veit om lover og reglar. Slike ting som å sjå etter jobbar. Det er rett og slett gjensidig hjelp.» Blant kontrollvariablane finn vi ein svært sterkt negativ samanheng mellom å ha barn Noreg og sannsynet for å ha fått hjelp til å finne arbeid eller oppdrag. Dette reflekterer truleg at det er dei mest vellukka og sjølvhjelpe på arbeidsmarknaden som hentar familien til Noreg (Friberg 2012).

KORLEIS BLIR MIGRANTANE SINE SOSIALE RELASJONAR OG OMGANGSFORMER PÅVERKA AV DELTAKING I KYRKJELYDEN?

Tabell 5.3 viser resultat frå logistisk regresjon med omsyn til kvar av dei tre avhengige variablane 4) **sosiale relasjoner til medlemmer av kyrkjelyden**, 5) **sosiale relasjoner til personar i lokalsamfunna dei bur i** (utanom kollegaer og medlemmer i kyrkjelyden) og 6) **deltaking i organiserte fritidsaktivitetar**. I den første regresjonen er det nytta ein modell med tre uavhengige variablar for deltaking i kyrkja og fire kontrollvariablar. I dei to siste analysane er modellen utvida med **sosiale relasjoner til medlemmer av kyrkjelyden** som uavhengig variabel. Gjennom analysen blir effekten frå kvar av dei uavhengige variablane og kontrollvariablane kontrollert mot dei andre.

TABELL 5.3. LOGISTISK REGRESJON MED OMSYN TIL 4) SOSIALE RELASJONAR TIL MEDLEMMER AV KYRKJELYDEN, 5) SOSIALE RELASJONAR TIL PERSONAR I LOKALSAMFUNNA OG 6) DELTAKING I ORGANISERTE FRITIDSAKTIVITETAR

	Tette sosiale relasjoner og fritidsaktiviteter utenom kyrkjja og jobben		
	Regresjon 4. Sosial omgang med kyrkjelyds- medlemmar	Regresjon 5. Deltek i organi- serte aktiviteter	Regresjon 6. Sosial omgang med nordmenn i lokalsamfunnet
1. Kvinne	1,483	2,010*	2,601**
0. Mann			
1. Barn i Noreg	,618	1,176	1,657
0. Ikkje barn i Noreg			
1. Minst tre års butid i Noreg	,802	1,891	,600
0. Mindre enn tre års butid i Noreg			
1. Har sosial omgang med arbeids- kollegaer kvar veke	1,848*	1,225	3,799**
0. Har ikkje slik sosial omgang kvar veke			
1. Deltar på messe kvar veke	2,190**	1,394	1,001
0. Deltar ikkje på messe kvar veke			
1. Deltar på kyrkjekaffi kvar veke	1,201	2,220**	,545
0. Deltar ikkje på kyrkjekaffi kvar veke			
1. Følgjer barn til katekese	1,601	2,520*	,545
0. Følgjer ikkje barn til katekese			
1. Har sosial omgang med folk eg kjänner frå kyrkjelyden kvar veke		2,295**	3,813***
0. Har ikkje slik sosial omgang kvar veke			

*p < 10 %, **p < 5 %, *** p < 1 %, for kvar av dei uavhengige variablane er 0 referanse-kategori.

Den fjerde regresjonen viser at sannsynet for å ha tette relasjonar til andre medlemmer av kyrkjelyden aukar markant med å gå til messe kvar veke. Retninga i årsaksforholdet mellom deltaking på messe og etablering av relasjonar til medlemmer i kyrkjelyden kan vere uklår. Ein viktig faktor her er messeplikta, som pålegg dei truande å ta del i messa på søndagar og andre påbodne festdagar. Intervjumaterialet vårt fortel at mange polske katolikkar oppsøkjer kyrkja først og fremst for å oppfylle messeplikta. Ein god del av desse har funne fram til kyrkja ved hjelp frå polske medlemmer i kyrkjelyden. Vi har også observert at kapellanen er svært dyktig til å engasjere einslege menn som har lite sosial omgang på fritida, i praktiske aktivitetar og dugnadsinnsats inn mot kyrkja. Dette har i mange tilfelle resultert i meir regelmessig kyrkjegang og sterkare tilknyting til kyrkjelyden. Fleire informantar fortel at kyrkja har vore ein inngang til eit sosialt fellesskap. Til dømes fortalte ei ung kvinne vi møtte på ein kyrkjekaffi, at familien hennar ikkje hadde noko nettverk då dei kom til Ålesund, men at dei gjennom kyrkja hadde blitt kjende med sju–åtte polske familiar i byen.

Den femte regresjonen indikerer ein tydeleg samanheng mellom å delta på kyrkjekaffi kvar veke, å følgje barn til katekese og å ha relasjonar til andre kyrkjelydsmedlemmer på den eine sida og deltaking i organiserte fritidsaktivitetar på den andre. Alle samanhengane er signifikante, men å følgje barn til katekese er berre signifikant på 10 %-nivå. Hovudbiletet er altså at det er kjernen i den polske delen av kyrkjelyden som oftast deltar i organiserte fritidsaktivitetar utanom kyrkja. Blant kontrollvariablane ser vi ein markant tendens til at kvinner har høgare deltaking i organiserte fritidsaktivitetar, men denne samanhengen er berre signifikant på 10 %-nivå. Ei mogleg årsak kan vere at kvinnene i større grad enn mennene er heimeverande eller arbeidslause, og at dei oftere enn menn følgjer barn på fritidsaktivitetar.

Den siste regresjonen viser ingen tydelege samanhengar mellom dei tre kyrkjelydsaktivitetane og etablering av sosiale relasjonar til personar i lokalsamfunna. Derimot aukar sannsynet for sosiale relasjonar til lokalsamfunnet både med sosial omgang med kyrkjelydsmedlemmer og med arbeidskollegaer. I den grad kyrkja bidrar til etablering av relasjonar til lokalsamfunnet, skjer dette bidraget i første fase i ein stevvis prosess der messedeltaking bidrar til etablering av relasjonar til andre i kyrkjelyden (regresjon 4), som deretter aukar sannsynet for etablering av relasjonar til nordmenn i lokalsamfunnet. Ei anna mogleg forklaring kan vere at det er ein bakanforliggende årsak, til dømes personlegdom, som påverkar etableringa av alle dei tre typane sosiale relasjonar.

KYRKJA SOM BIDRAG TIL KONTINUITET OG TRIVSEL

I spørjeundersøkinga har vi spurta kyrkjegjengjarane om i kva grad ulike forhold har bidrige positivt til at dei har funne seg til rette og trivst i Noreg. Svara viser at både tilgangen til eit sosialt fellesskap og til eit polsktalande miljø gjennomgåande vart oppfatta som viktig. Det var likevel dei religiøse aspekta som vart sterkest framheva. Svarfordelinga viser at 60 % svara at det å kunne gå til katolsk messe regelmessig er svært viktig. Det einaste som vart oppfatta som viktigare, var å kunne gå til messe *på polsk* (68 % svara svært viktig). Tendensane i dei deskriptive analysane blir underbygde i intervju og observasjonsdata. Ei utsegn frå ei kvinne som deltok på eit norskkurs i regi av kyrkja, er illustrerande: «Vi kjem for å møte Gud kvar søndag. Det er vår identitet.» Fleire peiker også eksplisitt på kyrkja si rolle som kontinuitetsberar av det polske. Som ei anna kvinne på norskkurset sa: «Det er også vår kontakt med Polen.» Vi fann mange andre uttrykk for at den polsk-katolske koplinga er svært viktig i det kvalitative datamaterialet vårt. Ei kvinne som var komen til ei bygd på Sunnmøre tre år tidlegare, fortalte at ho ofte reiste den lange vegen til Ålesund for å gå til messe, men at ho hadde sakna «den polske messa» heimafrå. Når Vår Frue kyrkje nokre månader seinare fekk polsk kapellan, fortel ho: «Så kom eg til den polske messa til pater N. Sidan har eg deltatt kvar veke. Da kjende eg meg som i Polen, da hadde eg eit stykke Polen her.» Dette funnet underbygger Herberts (1960) og Handlins (1973) vektlegging av sjølve trusutøvinga si rolle som eit anker i tilværet og ein viktig kontinuitetsberar mellom sendar- og mottakarlandet.

Fleire informantar har framheva polsk-katolske tradisjonar knytte til høgtider og livsritar som viktige i denne samanhengen. Ein særleg polsk høgtidsskikk er velsigninga av påskematen på påskeaftan. Den dagen blir kyrkja fylt fleire gongar av familiar med matkorger. I tillegg reiser den polske presten ut til to andre stader i soknet for å gjennomføre det same ritualet. Oppslutninga på desse arrangementa er langt høgare enn ved ei vanleg søndagsmesse. Ein annan karakteristisk skikk er dei årlege husvelsigningane i perioden etter jul. Da er den polske presten travelt opptatt med husbesøk.

Den polske kapellanen er ein svært viktig aktør i denne samanhengen. Som utsending frå eit polsk bispedøme er han eit personifisert «stykke Polen her». I Noreg er han underlagt den norske biskopen og er i vanleg kyrkjelydsarbeid. Han har altså heile kyrkjelyden som arbeidsstad, men har særleg ansvar for gudsstenestefeiring, sakramentforvalting og sjelesorg for dei polsktalande medlemmene. Her representerer han ikkje berre eksistensiell og kulturell kontinuitet, presten er òg ein hjelpar for migrantar i eksistensielle kriser. I eit intervju fortel han om eit ikkje uvanleg mønster i sjelesorgsamtalet med arbeidsmigrantar:

Dei fleste som kjem med problema sine, er folk som har kome frå Polen for å forbetre livet sitt, materielt i alle fall, ikkje sant, og dei har jobb, dei har hus, dei har kjøpt hus eller leiger, men altså, dei har fine bustader og alt går bra.

Presten sin oppleving kan bidra til å forklare kvifor kyrkjegjengarane ikkje opplever å ha hatt så stor praktisk nytte av å vere med i kyrkja (jf. Regresjon 1-3). Under opphaldet i Noreg har dei meistra det praktiske og materielle godt. Hovudutfordringa for ein god del av dei polske kyrkjegjengarane synest i staden å vere at omveltingane ved å busetje seg i Noreg har lauskopla dei frå den eksistensielle og kulturelle forankringa deira.

Men samtidig har dei liksom mista forståinga for meiningsa med livet, smaken på livet. Dei har det som dei eigentleg ønskjer, men så mistar dei noko og kjenner seg forvirra, og sånn lost. [...] Dei kjem til Noreg for å jobbe, og så blir det meir og meir at pengane blir viktigare og viktigare. Det smaker godt å ha penger, og da jobbar dei, dei tar overtid, dei jobbar veldig, veldig mykje, og så har dei liksom ikkje tid meir til å gjera det som dei gjorde før, tid til å tenkje over seg sjølv, over livet, og også over trua. [...] Når Gud mistar den sentrale plassen i livet deira, fører det til at dei etter kvart – sjølv om det materielt sett går betre – kjenner seg mykje meir ulukkelege.

Kapellanen har eit blikk for å ta seg av nye og aktivisere folk i praktiske oppgåver, slik vi alt har vore inne på. For mange har dette også ført til ei religiøs revitalisering. I løpet av feltarbeidet har vi registrert ei aukande oppslutning frå polsk side om kveldsmessene på kvardagar, særleg på fredagane. I dette miljøet har ein formalisert ei polsk religiøs foreining innan kyrkjelyden, kalla «Stella maris» («havsens stjerne») – eitt av mange namn på jomfru Maria. Vi har opplevd opptil 70–80 deltakrar på slike fredagskveldar, i all hovudsak folk med polsk bakgrunn. «Det tar deg vekk frå kvardagslivet», seier ei ung kvinne som har opplevd ei religiøs fornying gjennom truskurs halde i regi av kyrkja. Ho gir uttrykk for at denne erfaringa har gitt ein ny eksistensiell tryggleik. Sjølv om oppslutninga om kyrkja er lågare enn i Polen hos majoriteten av dei polske migrantane på Sunnmøre, finst det altså ei betydeleg gruppe som opplever eit auka engasjement.

DISKUSJON

Som vist innleiingsvis, framhevar Hirschman (2004, s.12) religiøse samfunn som ein av migrantane sine viktigaste kjelder til å løyse praktiske utfordringar i motta-

karlandet. Dei deskriptive analysane som er presenterte i tabell 5.1, tyder derimot på at dei fleste polske kyrkjegjengarane på Sunnmøre har hatt forholdsvis beskjeden praktisk nytte av kyrkja og kyrkjelyden. Rett nok har om lag halvparten nytta kyrkjelyden som ei kjelde til informasjon om det norske samfunnet, men det er berre eit lite mindretal, bestående av dei mest aktive i kyrkjelyden, som har fått hjelp av meir omfattande karakter, slik som til å finne arbeid eller oppdrag og til å lære språk. Ei mogleg forklaring på at såpass få har fått hjelp til å finne arbeid eller oppdrag, er migrasjonsmønsteret til polakkane. Sidan mange har reist til Sunnmøre for å ta til i ein konkret jobb i industrien, har det truleg vore mindre behov for å nytte kyrkja og kyrkjelyden i jakt etter arbeid. Ei slik tolking får støtte i intervjua. Funna bør også sjåast i samanheng med at vår undersøking vart gjennomført medan det framleis var god tilgang på arbeid. Det kan tenkjast at biletet hadde vore annleis dersom vi hadde gjennomført undersøkinga i ein landsdel med annan type næringsstruktur, eller dersom arbeidsmarknaden var meir krevjande, slik som no i 2016 når industrien på Sunnmøre kuttar i bemanninga. At såpass få har fått hjelp til å lære språk (tabell 5.1) kan også henge saman med sysselsettingsmønsteret til dei polske migrantane. Sidan ein stor del av dei arbeider i industrien, der arbeidsspråket ofte er engelsk, har behovet for å lære norsk ikkje vore så stort.

Som regresjon 2 og 3 (tabell 5.2) viser, er sannsynet for å ha fått hjelp til å lære språk og å finne arbeid langt større blant dei som har hyppig kontakt med andre i kyrkjelyden på fritida. Dette underbygger tendensen Hoover (2014) peiker på, at støtta migrantane får frå kyrkja og kyrkjelyden, er avhengig av deira eige engasjement i den aktuelle kyrkja. Tilgangen til informasjon frå kyrkjelyden følgjer eit anna mønster, noko som kan skuldast at informasjonsutveksling ikkje føreset tette sosiale relasjonar prega av gjensidigkeit (Granovetter, 1974; Putnam, 2000).

Mange større bedrifter på Sunnmøre har tilsett fleire polakkar. Mange av desse bur i nærlieken av arbeidsplassen sin. Dette har truleg bidrre til at den vanlegaste kontaktforma til dei polske kyrkjegjengarane er andre arbeidskollegaer. Ein god del av dei polske kyrkjegjengarane etablerer sterke sosiale band til andre medlemmer av kyrkjelyden. Sannsynet for etablering av slike relasjonar aukar markant dersom dei går til messe kvar veke (regresjon 4, tabell 5.3), noko som fell saman med Hoover (2014) sitt funn: at det er dei som er mest aktive som får størst utbyte frå kyrkja. Denne samanhengen finn vi òg når det kjem til deltaking i organiserte fritidsaktiviteter, men her synest effekten å vere avgrensa til «kjernen» blant polakkane i kyrkjelyden, altså dei som deltar på kyrkjekaffien kvar veke, følgjer barn til katekese og har tette sosiale band til andre kyrkjelydsmedlemmer. Vi har ikkje intervjudata som kan forklare dette, men ein hypotese kan vere at dei sosiale barrierane mot å delta på organiserte fritidsaktiviteter i lokalsamfunnet blir lågare

om personer ein kjenner frå kyrkjelyden, allereie er med der. Tette band til nordmenn i lokalsamfunnet er sjeldnare, og her synest deltaking på dei tre arenaene til kyrkja å spele lita rolle.

Intervjua og observasjonsmaterialet viser at mange polakkar er ressurssterke og sjølvhjelpe, at dei lukkast godt i arbeidslivet på Sunnmøre, og at migrasjonen til Noreg materielt sett har vore ein suksess. Dette kan forklare at vi ikkje finn dei heilt store praktiske og materielle vinstane av å delta på dei religiøse arenaene. Dei sosiale vinstane er noko større. Ein god del har etablert eit sosialt nettverk gjennom kyrkjelyden, og det kan verke som om den mest aktive kjernen blant dei polske katolikkane deltar oftare i det organiserte fritidssamfunnet utanfor kyrkja. Den store vinsten av å ha tilgang på ei kyrkje ligg likevel på eit anna plan. Ein god del polakkar opplever migrasjonen til Noreg som eit oppbrot. For mange har oppboret ein stor sosial kostnad i form av rotløyse og eksistensielle utfordringar. Våre observasjons- og intervjudata tyder, heilt i tråd med funna til Herberg (1960) og Handlin (1973), på at det er som anker i tilværet og religiøs og kulturell kontinuitetsberar mellom Polen og Noreg at den katolske kyrkja på Sunnmøre har størst betydning for dei polske kyrkjegengjarane.

MERKNADER

Forfattarane har ingen interessekonfliktar.

LITTERATUR

- Connor, P. 2014. *Immigrant Faith. Patterns of Immigrant Religion in the United States, Canada, and Western Europe*. New York: New York University Press.
- Djuve, A.B. & Grødem, A.S. (red.) 2014. *Innvandring og arbeidsmarkedsintegrering i Norden*. Oslo: FAFO.
- Ebaugh, H.R. & Chafetz, J.S. (red.) 2000. *Religion and the New Immigrants. Continuities and Adaptations in Immigrant Congregations*. Walnut Creek, California: AltaMira Press.
- Eikemo, T.A. & Clausen, T.H. 2012. *Kvantitativ analyse med SPSS. En praktisk innføring i kvantitative analyseteknikker* (2. utg.). Trondheim: Tapir akademisk.
- Foley, M.W. & Hoge, D.R. 2007. *Religion and the New Immigrants. How Faith Communities Form our Newest Citizens*. Oxford: Oxford University Press.
- Foner, N. & Alba, R. 2008. Immigrant Religion in the U.S. and Western Europe. Bridge or Barrier to Inclusion? *International Migration Review*, 42, 360–392.
- Friberg, J.H. (2012). The Stages of Migration. From Going Abroad to Settling Down. Post-Accession Polish Migrant Workers in Norway. *Journal of Ethnic and Migration Studies*, 38(10), 1589–1605.

- Friberg, J.H., Dølvik, J.E. & Eldring, L. 2013. *Arbeidsmigrasjon til Norge fra Øst- og Sentral-Europa. Temanotat*. Oslo: Norges forskningsråd.
- Granovetter, M.S. 1973. The Strength of Weak Ties. *American Journal of Sociology* 78(6), 1360–1380.
- GUS 2013. *Ludność. Stan i strukturze demograficzno-społecznej. Narodowy Spis Powszechny Ludności i Mieszkań 2011*. Warszawa: Główny Urząd Statystyczny.
- Handlin, O. 1973. *The uprooted*. Boston: Little, Brown & Co.
- Herberg, W. 1960. *Protestant – Catholic – Jew. An Essay in American Religious Sociology*. New York: Doubleday.
- Hirschman, C. 2004. The Role of Religion in the Origins and Adaptation of Immigrant Groups in the United States. *International Migration Review* 38, 1206–1233.
- Hoover, B.C. 2014. *The Shared Parish. Latinos, Anglos, and the Future of U.S. Catholicism*. New York: New York University Press.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2012). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Putnam, R.D. 2000. *Bowling Alone. The Collapse and Revival of American Community*. New York: Simon & Schuster.
- Putnam, R.D. 2007. E Pluribus Unum. Diversity and Community in the Twenty-first Century. *Scandinavian Political Studies* 30(2), 137–174.
- Putnam, R.D. & Campbell, D.E. 2012. *American Grace. How Religion Divides and Unites us*. New York: Simon & Schuster.
- SSB 2015. Tabell 09817. Innvandrere og norskføde med innvandrerforeldre, etter innvandringskategori, landbakgrunn og andel av befolkningen (K) (05.12.2015). *Statistikkbanken. Statistisk sentralbyrå*. Henta fra: <https://www.ssb.no/statistikkbanken>SelectVarVal/Define.asp?MainTable=FolkInnvkatLand&KortNavnWeb=innvbef&PLanguage=0&checked=true>.
- Ødegård, G., Ravneberg, B., Loga, J.L. & Steen-Johnsen, K. 2014. *Fellesskap og forskjellighet. Integrasjon og nettverksbygging i flerkulturelle lokalsamfunn*. Oslo: Abstrakt.
- Østby, L., Høydahl, E. & Rustad, Ø. 2013. *Innvandreres fordeling og sammensetning på kommunenivå*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.

Kapittel 6

Humanitære organisasjoner – døråpnere eller brobyggere i lokalsamfunnet?

BODIL RAVNEBERG

SAMMENDRAG Kapitlet fokuserer på integreringsaktiviteter i regi av humanitære organisasjoner og drøfter hvordan organisasjonene arbeider som brobyggere på tvers. Humanitære organisasjoner utgjør et mulighetsrom for nyankomne innvandreres nettverksbygging lokalt og bidrar til at det akkumuleres sosial kapital. Arbeidet byr også på en rekke utfordringer internt i organisasjonene og ut mot lokalsamfunnet.

NØKKELORD sosial kapital, humanitære organisasjoner, nettverksbygging, lokalsamfunn

ABSTRACT The chapter focuses upon different integration activities arranged by humanitarian organizations and discusses their networking activities across cultures. The chapter shows that the organizations represent possibilities for newly arrived migrants and contribute to their accumulation of social capital. It also shows that their bridging activities across cultures are challenged by internal and external factors.

INNLEDNING

Tema for kapitlet er humanitære organisasjoner sitt arbeid med å integrere innvandrere med flyktningbakgrunn til lokalsamfunnet. Kapitlet går nærmere inn på hvordan noen organisasjoner forsøker å løfte innvandrere til en aktiv deltagelse i lokalsamfunnet etter at oppholdstillatelse er innvilget. Analysen trekker veksler på en kombinasjon av Robert Putnams teori om sosial kapital (2002) og J. W. Berrys (1997) akkulturasjonsbegrep.

Problemstillingen er hvordan humanitære organisasjoner bidrar til akkumulering av sosial kapital for deltakere med flyktningbakgrunn i sin tilpasningsprosess

til det norske samfunnet. Bakgrunnen er at humanitære organisasjoner tradisjonelt kobles til «charity-virksomhet», det vil si til filantropisk og veldedig virksomhet som bygger på en hjelper–mottaker-relasjon der mottakeren er den passive (Douglas, 1983). Det å være passiv mottaker av andres frivillige og humanitære samfunnstjeneste kan sementere asymmetriske relasjoner slik at individet forblir i en hjelpeposisjon (Ødegård et al. 2014: 179–180). En kan derfor ikke ta for gitt at humanitære organisasjoner evner å løfte innvandrere ut av en passiv hjelpe- eller mottakerposisjon og over i en mer aktiv deltakende rolle i samfunnslivet. Kapitlet gir innsikt i hvordan humanitære organisasjoner arbeider med integreringsaktiviteter for nyankomne innvandrere med flyktningbakgrunn i en norsk by. Trekk ved aktivitetene og deltakelse fra innvandrere presenteres og drøftes nærmere. Hvilke utfordringer møter organisasjonene i integreringsarbeidet? Hvordan vurderer innvandrerne deltakelsen og den hjelpen de får?

Analyseenhetene i undersøkelsen er forskjellige integreringsaktiviteter i regi av fire humanitære organisasjoner: Røde Kors, Redd Barna, Norsk Folkehjelp og Kirkens Bymisjon. I Røde Kors har to personer i ledelsen blitt intervjuet (hvorav en leder med minoritetsetnisk bakgrunn). I tillegg ble en ung manlig deltaker med minoritetsbakgrunn intervjuet på en kafe. I Kirkens Bymisjon ble tre personer i ledende stillinger intervjuet, hvorav en med minoritetsbakgrunn. I tillegg ble det gjennomført gruppeintervju med fire mødre med minoritetsbakgrunn (fra India, Kina, Kongo og Kenya). Mødrene ble intervjuet i et av barnehagetilbudene til Kirkens Bymisjon i kombinasjon med deltakende observasjon. I Norsk Folkehjelp ble det gjennomført et intervju med en norsk-etnisk leder og i Redd Barna ble det gjennomført intervjuer med en frivillig og en ansatt, begge norsk-etniske, i tillegg til gruppeintervju med to minoritetsungdommer hjemme hos en familie fra Irak/Afghanistan.

Casene danner et godt og variert utvalg for å kunne drøfte problemstillingen. Fokuset er både hvordan det tilrettelegges for nettverksbygging generelt, og hvordan tilretteleggingen foregår i praksis. Det har vært nødvendig å intervju frivillige og personer med minoritetsbakgrunn for å gi et nyansert bilde av aktivitetene. Deltakende observasjon av aktiviteter og sosialt samvær har også vært et korrigende og berikende supplement nettopp for å få tak på hvordan integreringsarbeidet skjer i praksis. Totalt har femten personer blitt intervjuet, hvorav åtte med innvanderbakgrunn. Datamaterialet som kapitlet bygger på, var en liten del av en større undersøkelse om frivillig sektors betydning for integrering av barn og unge med minoritetsbakgrunn, gjennomført ved Senter for sivilsamfunn og frivillig sektor i årene 2008–2012, og som resulterte i en rekke publikasjoner (se bl.a. Loga 2011; Loga 2012; Ødegård, Steen-Johnsen og Ravneberg 2012; Ødegård et al.

2014). Hensikten med dette kapitlet er å utnytte dette materialet som da kun omhandler humanitære organisasjoner.

FRA «GEMEINSCHAFT» TIL «SOSIAL KAPITAL»

Norsk og islandsk har utvikla seg frå å vere eit felles nordisk språk, urnordisk, dei første ca. 700 åra e.Kr., via eit norsk-islandsk språkfellesskap (norrønt) fram til svartedauden, til to forskjellige språk; norsk med eit stort dialektmangfald, islandsk med eit meir einskapleg talemål. Island var ein del av Noregsveldet alt på 1200-talet, og sjølv etter Kalmarunionen i 1397 gjekk kommunikasjonen gjennom Noreg til utpå 1400-talet. I 1550 kom Bibelen ut i dansk omsetjing og var brukt i Noreg fram til 1858, då Bibelen kom ut i norsk omsetjing. Den første komplette omsetjinga til nynorsk kom i 1921. Den islandske omsetjinga av Bibelen kom ut i 1584, og det gjorde at allmugen ikkje vart så påverka av dansk (Óskarsson, 2001). Slik fekk islendingane, i motsetnad til nordmennene, ein ubroten tradisjon i bibelspråket heilt frå 1500-talet.

Frå midten av 1800-talet til 2012 har det vore store endringar i det norske skriftspråket, med bokmål og nynorsk som to konkurrerande målformer. Fleire ulike rettskrivningsnormer, med tilnærming mellom språka som hovudmålsetjing, har påverka det norske skriftspråket.

Som skriftspråk kjenner vi islandsk frå 1100-talet. Trass i at det har vore forandringar i språket frå norrønt til dagens språk, har alle grunnleggjande former i

skriftspråket vore uendra i meir enn tusen år. Sjølv sagt har uttalen endra seg ein del, men bøyingsystemet er for det meste heilt likt. Det er endringar både i syntaks og orddanning, men endringane er vesentleg mindre mellom norrøn og islandsk enn mellom nynorsk og islandsk. Dialektforskjellane som har utvikla seg på Island, er svært små samanlikna med norsk. Mykje av det grunnleggjande ord-tilfanget har halde seg. På Island har den språklege purismen vore gjeldande i alle år. Det har vore viktig å reinske språket for utanlandske ord og bøyingsformer. Denne purismen gjeld også fagterminologi (Vikør, 1988, s. 36). Fram mot midten av 1800-talet var det to ulike syn på kva rettskrivinga skulle bygge på. Det eine var at rettskrivinga skulle bygge på det ortofone prinsippet, at systemet skulle bygge på uttalen av språket. Dette synet støtta dei såkalla *Fjölnismenn*.¹ Det ein-skaplege talemålet på Island gjorde at dette kunne vere mogleg, men ein hake ved det var at ein då ville bevege seg bort frå det gamle litteraturspråket. Det andre synet var at ein skulle bygge på det etymologiske prinsippet, og at ein skulle halde på sambandet og likskapen med gammalnorsk (Vikør, 1988, s. 35). Den viktigaste talsmannen for dette synet var Jón Sigurðsson, som var sett opp til av det islandske folket som den fremste forkjemparen for islandsk sjølvstyre på 1800-talet.

Det var det etymologiske synet som vann fram og vart teke i bruk. Nokre få systematiske avvik markerte om teksten var norrøn eller nyislandsks. «Den norrøne bøyingsendinga -r vart i nyislandsks til -ur (*maðr* > *maður*), norrøn -t i bøyingsendingar vart på nyislandsks -ð (*húsit, fundit, kastat* > *húsið, fundið, kastað*)» (Vikør, 1988, s. 36). Dette er også den offisielle rettskrivinga i dag. Det er lite strid om dette. Ein skil ikkje lenger mellom *i/i/ei* og på den andre sida *y/y/ey* i uttalen, mens ein gjer det i rettskrivinga. Dette er heller ikkje omstridd, sjølv om det skaper ein del pedagogiske vanskar. Det har vore få endringar i den islandske rettskrivinga etter dette.

FORSKING PÅ RETTSKRIVINGSAVVIK

Den heller avgrensa forskinga på rettskrivingsområdet er nokså eintydig i begge land. Det er dei same rettskrivingsvanskane vi finn i kvart av landa. I begge landa ser det ut som at bøyingsreglar og bruken av enkel og dobbelkonsonant går igjen som spesielle vanskar. På Island undersøkte Sigurðsson og Þórðarson (1984) eksamensresultat i rettskriving hjå 989 elevar i 10. klasse. Elevane var i alderen 15–16 år.

1. Fjölnismenn var eit selskap av nasjonalromantiske studentar i København knytt til tidsskriftet *Fjölnir*.

Utvælet var jamt delt mellom by og bygd. Eksamensteksten var på 174 ord (diktat). Resultatet delte dei opp i fem grupper, etter kor mange ord elevane hadde skrive rett. 18 elevar hadde alle 174 orda rette. Den svakaste eleven hadde 57 ord rett. Forskarane skilde mellom ulike avvik på fonetisk grunnlag og konkluderte slik:

It is maintained that five main factors affect people's ability to spell correctly: phonetic and phonological analysis; visual memory; morphological analysis; inflectional rules; and finally, features which cannot be derived by rules but must simply be memorized. The knowledge of the last three factors can be strengthened by teaching. The authors' conclusion is that the most difficult words are those that must be memorized (Sigurðsson & Þórðarson, 1989, s. 22).

Ei interessant komparativ undersøking vart gjort av Juul og Sigurðsson (2004). Dei samanlikna staveferdigheit mellom 3.- og 4.-klassingar i Danmark og på Island. Målet var å finne ut om ortografiien er ein vanske for danske skulebarn, og om feil i konsonantgrupper er sjeldnare i språk med tydeleg ortografi. Juul og Sigurðsson undersøkte bruken av tre ortografiske strukturar: «... enkeltkonsonanter først i ordet, konsonantgrupper først i ordet, og konsonanter (enkelte eller for-doblede) midt i ordet» (Juul & Sigurðsson, 2004, s. 71). I forskinga såg dei også på ein-til-ein-prinsippet (lyd–bokstav), sidan brot i den regelen er kategoriske og lette å kvantifisere. Deltakarar i undersøkinga var 194 elevar, 117 frå Rødvore i Danmark og 77 frå to forskjellige skular i Reykjavík på Island. Dei islandske elevane gjorde det klart betre enn dei danske i undersøkinga. Det tydelegaste resultatet synte at islandske 3. klassingar klarte seg mykje betre enn danske 4. klassingar, som var nesten to år eldre då undersøkinga var gjort. Forskarane gjev mellom anna følgjande forklaring: «Resultaterne kan måske sammenfattes sådan at de danske deltagere havde sværere ved at bruge ortografiien som en lydskrift – altså som et redskap der kan repræsentere informationer om ords lydlige struktur» (Juul & Sigurðsson, 2004, s. 83).

Det er gjort nokre få undersøkingar på rettskrivingsavvik også i Noreg. Tønnesen (2009) peiker retorisk på korleis ho er glad for valfridomen når ho skal skrive eigne tekstar, men at den ikkje er like lett å handtere når ho skal omsetje andre sine tekstar. «Eg trekkjer den konklusjonen at det er vanskeleg å vera norsk skriftspråksbrukar. Terskelen for meistring av det formelle ligg høgt» (Tønnesen, 2009, s. 245).

Det er ulikskap i typar rettskrivingsfeil ut frå dialektane og dei to målformene. Wiggen (2007) har i si undersøking av rettskrivingsavvik hjå 734 andre-til sjette-klassingar frå 1978 funne ut at nynorskelevane skriv fleire grafematiske feil enn

bokmålselevane. «... altså slike som kan jamføres formelt med tilsvarande tegn i andre språknormer, f.eks. talemålets eller bokmålets, og dermed komme av innvirkning fra dem» (Wiggen, 2007, s. 127).

Wiggen held fram nokre reglar som er spesielt vanskelege å lære. Éin av dei er bruken av *å/og* (Wiggen, 2007, s. 191). Ein annan rettskrivingsfeil Wiggen trekker fram, og som han meiner er det aller vanskelegaste for norske elevar, er bruken av enkel- og dobbelkonsonant. Wiggen legg til at dersom praktiske årsaker og pedagogiske omsyn skal ligge til grunn, er det kanskje naturleg å endre rettskrivingsreglane for dobbelkonsonant og *å/og* (Wiggen, 2007, s. 188–189).

Skjelbred (2006) peiker også på bruken av infinitivsmerket *å* og konjunksjonen *og* som ein spesiell vanske i det norske språket. Mange blandar desse to i uttale så vel som i skriftsspråket. Skjelbred meiner det er forståeleg at tidelege skrivrarar har vanskar med å skilje *å* og *og*. Ho viser også til at dette er ein vanske som er vedvarande, og at fenomenet illustrerer den usikkerheten som er rundt *å/og*, både hjå barn og vaksne. Ho er einig med Wiggen i at bruken av enkel- og dobbelkonsonant er det største avviket i norsk rettskriving hjå tidelege skrivrarar. Mens dei fleste lærer seg reglane i løpet av skulegangen, seier ho at mange likevel held fram med å ha vanskar med å skilje mellom enkel- og dobbelkonsonant.

Aud Søyland gjorde, på oppdrag frå Språkrådet, i 2001 ei undersøking om kva punkt i nynorsknorma brukarane har mest vanskar med. Brukarane definerer ho her som skriftmålsbrukarar med nynorsk som hovudmål. Søyland har gått igjennom diverse forskningsresultat og undersøkingar gjort av Trude Hoel, Tormod Stauri, Lars Vassenden og Geir Wiggen. Resultata til Søyland viser mellom anna dette:

- Bokmålsformer vert tekne inn i nynorsk.
- Dei fleste rettskrivingsavvik gjeld konsonantisme, mest grafemutelating, mindre grafemtillegg.
- I vokalismeavvika er det mest ombyte, mindre utelating og tillegg.
- Påverknaden (interferensen) frå talemålet ser ut til å vere mindre enn interferensen frå bokmål, og talemålsinterferens gjeld nokre få ord, til dømes infinitiven *sei* for *sei*.
- Det er meir interferens av talemål der dialektane og bokmålet går i same lei.
- Dei fleste normavvika er i ordklassane substantiv og verb.
- Studentar har vanskar med å gi substantiva rett kjønn i faglege oppgåver.

I tillegg har Aud Søyland funne typiske feil i KAL-materialet² (eksamensvar frå avgangselever i grunnskulen) frå år 2000, nokre av dei er:

2. KAL: kvalitetssikring av læringsutbyttet i norsk skriftlig.

- ▶ Sterke verb vert bøygde som svake verb, og svake verb vert bøygde som sterke.
- ▶ Feil i bøyingsmorfemet på substantiv
- ▶ Leksemfeil i vokalisme og konsonantisme, både i verb og substantiv
- ▶ Feil monoftong og diftong
- ▶ Feil bruk av pronomenet *nokon* (Søyland, 2002). (Bruk av *nokon* i fleirtal er ikkje feil lenger etter 2012-rettskrivinga.)

Freland (2007, 2015) finn i to undersøkingar av studentarbeid ved HiSF at hovudmengda av avvik finst i nokre få kategoriar i bøyning og rettskriving. Bøyning av svake verb representerer 23 % av feila i materialet, medan to store konsonantgrupper står for 19 %. Andre større grupper er enkelt bestemt substantiv, fleirtal av substantiv, samanblanding av sterke og svake verb og monoftong i staden for diftong (*ø* for *au/øy*, *e* for *ei* osv.). Dei største avvika heng i fleire tilfelle saman med bokmålsinterferens. Men det blir òg avdekt ei grunnleggjande usikkerheit, særleg i konsonantismen, som ikkje kan knytast til bokmålspåverknad. Litt overraskande er det at feil med dobbelkonsonant ikkje er særleg utbreidde i materialet. Dette er ikkje i samsvar med til dømes Wiggen sine funn (sjå Wiggen, s. 188–189).

Bortsett frå det siste om dobbelkonsonantfeil er det godt samsvar mellom dei ulike funna som er refererte ovanfor. Eit interessant trekk å ta med seg til arbeidet vårt er undersøkinga til Juul og Sigurðsson, som kort fortalt synte at dei islandske elevane var vesentleg betre i rettskriving enn dei danske.

METODE

I Balevik og Kjartansdóttir (2014) er det brukt metodetriangulering for å få større breidde i empirien og for å få eit betre grunnlag for å trekke valide konklusjonar. Balevik samla inn data frå norske elevar, og Kjartansdóttir samla inn data frå islandske elevar. Vi hadde parallel innsamling av kvalitative og kvantitative data for at ulike metodar kunne supplere kvarandre. For å undersøke temaet rettskriving registrerte vi feil i eit sett elevtekstar. Gjennom systematisk nærlesing og registrering av feil ekspererte vi elevtekstar frå 201 elevar. Dette vart gjort for å få ei forståing i breidda. For å få forståing i djupna intervjuva vi lærarar gjennom semistrukturerte intervju. Intervjutema var mellom anna kva vekt lærarane legg på rettskriving i undervisninga, kva lærarane ser på som det viktigaste i undervisninga, og kva for haldningar lærarane har til læreplanane.

I tillegg valde vi å gjere ei lita, synkron samanlikning av læreplanane i begge landa. Til grunn for denne samanlikninga ligg den reviderte utgåva av fagplanen i

norsk av *Læreplanverket for Kunnskapsløftet* fra 2013 og fagplanen i islandsk fra *Aðalnámskrá grunnskóla* fra 2013. Vi gjorde ein kort innhaldsanalyse av dei to styringsdokumenta og såg på kva vekt rettskriving får, til dømes om det er eit eige tema. Ut frå inntrykket i innhaldsanalsen valde vi å gjennomføre teljing av ord som syntest relevante i vår samanheng. Det kunne sjå ut til at den norske planen hadde større vekt på makronivået, som sjanger og lese- og skrivehandlingar, medan den islandske hadde meir tyngd på mikronivået. Orda vi valde ut, var: *rettskriving, ortografi og sjanger* i den norske teljinga, og *réttritun, stafsetning og bókmenntagreining* i den islandske teljinga. For å sikre oss at ikkje andre liknande omgrep enn bókmenntagreining kan vere brukte i den islandske læreplanen, nærlas vi den. På ein plass fann vi «... val á textagerð, skipan efnispáttar, málsnið, mál og stíll». Vi ringde til Stofnun Árna Magnússonar í islenskum fræðum (same som Språkrådet) og spurde om dette kunne tolkast som bókmenntagrein (å skrive i ulike sjangrar). Svaret vi fekk, var nei. Hovudkriteria for utval var følgjande:

- Intervjuobjekta måtte undervise eller ha undervist nyleg i morsmål i 10. klasse, sidan begge landa har avsluttande obligatorisk skulegang etter tiande årssteget.
- Vi ønskte å ha med skular frå både bynære og rurale strok.
- Vi ønskte også å ha både erfarne og nokså ferske lærarar. (Lærarane vi fekk med til slutt, hadde frå tre til 36 års praksis.) Vi brukte ikkje elevar ved eigen skule i undersøkinga.

Vi gjorde eit val om å intervju fire norsklærarar i Sogn og Fjordane fylke i Noreg og fire islandsklærarar på Island. Eit kriterium for val av skular var at dei nyttar nynorsk som hovudform, sidan dette er skulemålet i den delen av landet der vi bur og underviser. Sidan nynorsk er eit mindretalsmål i Noreg, og islandsk ikkje har nokon nasjonal språkleg konkurrent, kan det òg tenkjast at det har noko å seie for resultata. Vi tok i utgangspunktet kontakt med fire skular i Sogn og Fjordane og fire skular på Island om å få intervju lærarar og bruke elevsvar frå 10. klasse. To av dei norske skulane gav negative svar, og vi valde då å intervju to lærarar frå kvar av dei to som sa ja, og éin lærar frå kvar skule på Island. Kriteria for by/land og for undervisningserfaring i 10. klasse vart oppfylt. For å ikkje avsløre forskar-spørsmålet direkte i intervjuet, vart det brukt såkalla *traktintervju*. Når ein brukar «... traktformede spørreteknikker som gradvis nærmer seg emnet, vil man til å begynne med holde de spesifikke formålene med undersøkelsen skjult for intervupersonene, for å få deres spontane oppfatninger om emnet og unngå at man leder dem mot spesifikke svar. I disse tilfellene bør den fulle informasjonen gis i en debriefing etter intervjuet» (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 89). Alle informantane fekk sjølv sagt den fulle informasjonen etter intervjuet.

RESULTAT

Den mest omfattande delen av studien er granskninga av elevtekstar. Utvalet var 201 elevtekstar frå 10. klasse: tekstar frå to skular i Sogn og Fjordane og frå fire skular på Island. Alle dei norske tekstane var leverte elektronisk, og alle dei islandske tekstane var skrivne for hand. Feila vart kategoriserte etter feiltype, ut frå tidlegare undersøkingar og fyrsteinntrykk frå materialet. Kategoriane vart: konsonantisme, enkel og dobbel konsonant, vokalismefeil, böying av verb og substantiv, sær- og samanskriwing og bruken av stor og liten bokstav. I tillegg kom dei spesielle feila *å/og* og *då/når*, bokmålspåverknad i Noreg og *y/i*-feil eller ypsilon-feil på Island. I skule 4 på Island var det den svakaste delen av elevgruppa som tok del i undersøkinga. Resten av elevane fekk opplæring knytt til overgangen ungdomsskule/vidaregåande. Hovudresultata går fram av denne tabellen:

Tabell 7.1: TILFANG OG RETTSKRIVINGSFEIL I DEI NORSE ELEVTEKSTANE

Skule	Sider	Tekstar	Feil	Snitt per side	Snitt per tekst
1	77	24	1237	16,1	51,5
2	134	51	2045	15,3	40,1
Totalt	211	75	3282	15,6	43,8


Tabell 7.2: TILFANG OG RETTSKRIVINGSFEIL I DEI ISLANDSKE ELEVTEKSTANE

Skule	Sider	Tekstar	Feil	Snitt per side	Snitt per tekst
1	20	31	54	2,7	1,7
2	40,5	63	248	6,1	3,9
3	41,5	21	240	5,8	11,5
4	11	11	134	12,2	12,2
Total	113	126	676	6,0	5,4

Som vi kan sjå, er det stor skilnad på rettskrivingsavvik mellom dei to landa. I Noreg var det eit gjennomsnitt på 15,6 feil per side, og på Island var det eit gjennomsnitt på 6 feil per side. Tala er tydelege, særleg når vi, som nemnt over, veit at for skule 4 på Island var det den svakaste delen av klassen som var med i undersøkinga.


I Noreg var det ingen feilfri tekst og ingen tekst med éin feil, men på Island fann dei 17 feilfrie tekstar og 22 tekstar med éin feil. I Noreg er den største feiltypen innan konsonantisme, 14,9 %. Døme er *fant* for *fann*, *ga* for *gav*, *me* for *med* og *gjøre* for *gjorde*. Veldig tett på er vokalismefeil med 14,8 %. Døme: *for* for *får*, *være* for *vere*, *detta* for *dette*, *sted* for *stad*. Den tredje største feiltypen i Noreg er feil i bruken av enkel og dobbel konsonant, som utgjer 7,5 %. Døme er *vill* for *vil*, *viste* for *visste*.

Rettskrivingsfeil i Noreg



Figur 7.1: Rettskrivingsfeil i Noreg

Rettskrivingsfeil på Island



Figur 7.2: Rettskrivingsfeil på Island

På Island er den største feiltypen bruken av stor og liten bokstav, som er 14,5 %. Den andre hyppigaste feilen er feil bruk av *n* og *nn*, som er ein spesiell vanske på Island, den feilen utgjer 11,5 % av alle feila. På tredje plass i dei islandske tekstane er substantivbøyning 6,1 %. Sær- og samskriving av ord er også ein stor feiltype på Island og utgjer 10,4%, medan same feil i Noreg utgjer 5,1%. Vi skuldar å gjere merksam på at det på Island ikkje finst reglar, men meir hevdbundne normer for sær- og samskriving av ord.

INTERVJUA

Det vart gjort intervju med fire norsklærarar og fire islandsklærarar, med frå tre til 36 års erfaring og mellom 30 og 90 studiepoeng i morsmålsfaget. Kvart intervju tok om lag ein klokkeime. Vi transkriberte intervjeta ordrett med pausar og liknande i dagane etter intervjeta. Dei norske intervjeta vart transkriberte i fellesskap, der begge lytta til lydfilene og på den måten kunne auke reliabiliteten. Resultatet av dei transkriberte intervjeta var 106 sider. Etter transkribering vart dei 106 sidene lagde inn i ein tabell, med spørsmåla og lærarane sine svar ved kvart spørsmål. For å få betre oversikt over datamaterialet vart det laga samandrag. Dette vart gjort også for å få samanhengande skriftleg tekst ut frå munnlege intervju.

Under intervjeta kom det fram at lærarane har ulike prioriteringar i undervisninga si. Lesing, litteraturhistorie, sjanger er oftast nemnt i dei norske intervjeta, medan rettskriving og grammatikkøvingar i hovudsak er nemnt i samband med skrivedagar. I dei islandske intervjeta kom også forskjellige svar: lesing og leseglede, litteratur (dei islandske sagaene), rettskriving og grammatikk. Tre av dei islandske lærarane prioriterer lesing, mens ein av dei (kennari 1) seier at ho forde勒 dette likt på hovudemna i faget. Ho seier vidare at viss ho har seks undervisningstimar i veka i islandsk, bruker ho to av dei til rettskriving og skriving, to til litteratur og to til grammatikk. Ho seier at ho snakkar veldig mykje om rettskriving og språkbruk med elevane. «Dette er det elevane treng i desse datatider», seier ho. I tillegg trekker kennari 2 og kennari 4 fram at dei, i tillegg til å prioritere lesing, legg stor vekt på grammatikk og rettskriving. Det tydelegaste funnet er at dei islandske elevane får vesentleg meir undervisning i rettskriving og formverk enn dei norske. Ei liknande inndeling av undervisningsveka som hjå kennari 1 finst ikkje hjå dei norske lærarane.

På spørsmål om korleis læreplanane påverkar lærarane si undervisning, var alle lærarane med mindre erfaring einige om at dei brukte læreplanen aktivt til å planlegge undervisninga si. Dei eldre lærarane var også einige på dette spørsmålet, men i motsett retning. Kennari 1 på Island uttrykte det slik: «Eg tykkjer læreplanar

ofte er yndlingsoppgåver til dei forskjellige utdanningsministrane», og lærar 1 i Noreg sa: «Eg har aldri likt læreplanar, grunnen til det er at det er ei salig blanding av fine ord som eg ikkje heilt får taket på kva betyr. Så eg har halde meg til læreboka og gjort det på min måte.»

LÆREPLANANE

Vi nærlas styringsdokumenta *Læreplanen for Kunnskapsløftet* og *Aðalnámskrá grunnskóla*, med vekt på kva tema som blir lite eller mykje lagt vekt på. I teljinga etter orda *rettskriving*, *ortografi* og *sjanger* i det norske materialet og dei tilsvarende orda *réttritun*, *stafsetning* og *bókmenntagreining* i det islandske materialet vart det registrert store forskjellar: I fagplanen for LK06 er ordet *rettskriving* ikkje brukt, ordet *ortografi* er brukt to gonger, og *sjanger* er nemnt 14 gonger. I fagplanen i *Aðalnámskrá grunnskóla* er ordet *réttritun* brukt to gonger, *stafsetning* 17 gonger, og ordet *bókmenntagreining* er ikkje nemnt. Vi kan konkludere med at vi registrerer den same hovudtendensen som vi har sett i dei to andre undersøkingane, at prioritering av rettskriving er mykje tyngre på Island enn i Noreg.

DRØFTING

Når ein ser resultata i begge landa i samanheng, er det tydelege skilnader. Vi kan for det første slå fast at det i dette materialet er tydeleg færre feil i rettskriving og bøyning hjå dei islandske elevane enn hjå dei norske. Intervjua tyder på at islandske lærarar har vesentleg meir fokus på desse emna i skulen, noko som rettferdigjer å bruke meir tid av undervisninga på det. Dei norske lærarane seier at undervisning i rettskriving skjer i samband med skrivedagar og tentamenar, medan dei islandske lærarane bruker mykje meir kontinuerleg tid på rettskriving. Dette ser vidare ut til å henge saman med at dei undersøkte emna har ein vesentleg større plass i islandske styringsdokument enn i norske.

Interessant er det å merke seg at eit av kompetanseområda etter 10. klasse i den islandske læreplanen er å ha kunnskap om at rett ortografi er å vise respekt for språket, teksten og lesaren. I tillegg har *Aðalnámskrá grunnskóla* vurderingskriterium som ein del av læreplanen, der rettskriving er trekt fram på alle karakterar. Dette er fråverande i den norske læreplanen. Det kan sjå ut til at dei to landa har ulike mål med læreplanane sine. Når rettskriving er så sterkt veklagt ovanfrå på Island, vert det kanskje meir akseptert å bruke tid på dette i skulen. Det er eit av dei sterkest prioriterte områda for lærarane. I Noreg var det sjanger eller no etter kvart skrivehandlingar som er sterkt veklagt i læreplanen, og då kan skriving av

tekstar i ulike sjangrar vere det lærarane prioriterer mest i undervisninga si. Det kan sjå ut til at verdien av å skrive og bøye språket rett er vurdert som vesentleg større på Island enn i Noreg.

Det vil vere rett å seie at ein på Island har større respekt for rettskriving og for rettskrivingstradisjonen enn i Noreg. Ut frå dette kan ein diskutere om språk som immateriell kulturarv veg tyngre på Island enn i Noreg. Somme vil hevde at vi i Noreg gjennom forsøka på å lage eitt felles skriftspråk bygt på dei to eksisterande språka, har hatt for lite respekt for språktradisjonen og for stor tru på at ein reit språktechnisk kunne smelte språka saman til eitt. Det finst argument for at denne motsetninga botnar i ulikt syn på språktradisjon (i denne samanheng rettskrivings-tradisjon) og såleis kan spegle ulikt syn på språket som del av den immaterielle kulturen. Den norske UNESCO-kommisjonen definerer omgrepet slik:

Språk, utøvende kunst, sosiale skikker, tradisjonelle håndverksferdigheter, ritualer, kunnskap og ferdigheter knyttet til naturen er eksempler på immateriell kulturarv. For mange folkegrupper er den immaterielle arven en kilde til identitet med forankring i historien. Filosofi, verdier og tenkemåter overføres gjennom muntlige tradisjoner, gjennom språk og andre former for ikke-materiell kommunikasjon, og utgjør samfunnslivets fundament.

<http://unesco.no/kultur/immateriellkulturarv/>

Mot dette vil andre kunne innvende at den immaterielle kulturarven først og fremst er knytt til den munnlege språkbruken, dialektane, stadnamna osv., og at det skriftleggjorde språket ikkje så tydeleg er del av denne arven (the intangible cultural heritage, som er UNESCO sitt grunnomgrep).

KVA FORTEL FUNNA, OG KVA FORTEL DEI IKKJE?

For det første: Vi kan ikkje konkludere med at funna i utvalet av elevtekstar i to norske og fire islandske skular viser sanninga for landa samla. Som Myklebust peikar på i eit anna kapittel i antologien (Myklebust og Freland, 2017, s. 151), er den statistiske tilnærminga her den ein brukar når ein vil undersøke område der vi ikkje har nok kunnskap til å prøva ut ein hypotese, men vil prøve å danne oss eit første inntrykk av eit tema (eit bilde på verda) ved å undersøke eit datasett. Spesielt på nye område der ein har lite eller ingen kunnskap, kan det vere naturleg å bruke ei slik tilnærming, for å skaffe betre grunnlag for ein eventuell hypotese. Det er tilfelle i vår samanheng. Det er, så vidt vi har funne ut, ikkje gjort konkrete

undersøkingar av korleis forholdet mellom rettskriving i Island og Noreg er. Vi har likevel klare oppfatningar ut frå skulebakgrunnen i begge land at rettskriving blir vektlagt ulikt. Det var ikkje nok til å fastsette ein presis hypotese, men ei hjelpe til å utvikle relevante forskarspørsmål og ein spørjemanual som seinare kan gje støtte til å utvikle ein hypotese som kan prøvast på eit stort utval elevar og tekstar. Vi tek i det vidare opp fire punkt som synest relevante for å vurdere relevansen av funna vi har gjort:

1. Metodetriangulering bidreg etter vårt syn til å styrke ei hovudretning i materialet. Både analysen av elevtekstane, samandraget av lærarintervjua og den vesle analysen av læreplanar dreg i same retning. Det bidreg til iallfall omrisset av eit 'bilde på verda' (Myklebust og Fretland, 2017, s. 151) når det gjeld forskjellane i synet på og behandlinga av rettskriving som emne i skulen, i Noreg og på Island.
2. Talet på tekstar og delvis tilfeldig utval dreg ned validiteten i funna, både når det gjeld talet på feil og inndeling i feiltypar. Det same gjer det faktumet at islandske tekstsider er handskrivne, medan dei norske er skrivne på data. På den andre sida kunne ein tenke seg at det hadde vore endå fleire feil i det norske materialet om dei ikkje hadde hatt tilgang på ordretteprogram, som islendingane ikkje har hatt. Elles konstaterer vi at feiltypane i nynorsk korresponderer godt med andre undersøkingar som er nemnde før i artikkelen.
3. Eit interessant spørsmål er om det kan verke inn på resultata at dei to språka har ulik status. Islandsk er einderådande nasjonalspråk i Island, medan nynorsk er eit likestilt mindretalsmål i Noreg, der bokmålet dominerer på mange samfunnsområde. Nynorsk er ikkje i praksis eit komplett, samfunnsberande språk i Noreg. Det kunne gje grobotn for ein hypotese om at det ville vere mindre forskjell dersom ein bytte ut elevtekstar på nynorsk med bokmålstekstar. På den andre sida viser undersøkinga til Juul & Sigurðsson (2004) endå større skilnader mellom danske og islandske elevar enn dei vi finn i denne undersøkinga.
4. Ei mogleg forklaring på tendensen i funna kan vere den ulike normeringshistoria til dei to landa. Normeringa av islandsk er prega av hundretals år med stabilitet og ro, medan det i Noreg har vore mange rettskrivingsendringar. Somme vil truleg hevde at det språklege mangfaldet i Noreg, med to skriftspråk og utbreidd bruk av dialektar, vil auke usikkerheita når elevane skal formulere skriftspråket sitt. Men nyare forsking (Langfeldt, 2015) tydeleggjer også verdien av fleirspråkleg påverknad, sjølv om temaet her er meir allmenne effektar av tospråklegheit, ikkje rettskriving spesielt.

KONKLUSJON

Ein kan slå fast at det ikkje ut frå materialet kan trekkjast bastante konklusjonar om og i tilfelle kvifor islandske elevar skriv så mykje rettare enn norske. Vi har likevel peikt på nokre klare hovudtendensar i det materialet som her er analysert, som eit steg på vegen til meir kunnskap. I så måte vil det etter undersøkinga vår ligge til rette for eit større forskingsprosjekt med utgangspunkt i følgjande hypotese:

Islandske elevar skriv signifikant færre feil i rettskriving og bøyning enn norske elevar gjer. Feiltypane er også vesentleg ulike i dei to landa. Grunnlaget for hypotesen måtte også innehalda spørsmålet om det er ein mogleg forskjell på nynorsk- og bokmålselevar når det gjeld rettskriving.

Og uavhengig av resultata frå ei slik undersøking trengst det etterpå meir forsking for å forklare årsakene til desse resultata.

LITTERATUR

- Balevik, I. og Kjartansdóttir, G. (2014). «... same feila gong på gong!»: *Rettskrivingsavvik i Noreg og på Island*. Masteroppgåve HiSF/Uib haust 2014 <http://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/9281/127896620.pdf?sequence=1&isAllowed=y>.
- Freland, J.O. (2007). Du skriv feil, lærar. I A. Steinsvik Nordal (red.) *Betre nynorskundervisning*. Skrifter frå nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa nr. 2 (s. 71–81). Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.
- Freland, J.O. (2015). Vi analyserer økningen i isokvanter: Ein analyse av nynorskfeil i studentarbeid. I: Eiksund, H. og Freland, J.O. (red.) *Nye røyster i nynorskforskinga*. Oslo: Samlaget.
- Juul, H. og Sigurðsson, B. (2004). Ortografien som handicap? Stavetilegnelse i Rødovre og Reykjavík. *Nys–Nydanske Sprogstudier 32. Sprogtildegnelse 2004*, s. 67–88.
- Kultur og kyrkjedepartementet. (u.d.). Mål og meining Ein heilskapleg norsk språkpolitikk, kortversjon av St.meld. nr. 35 (2007–2008). Kultur- og kyrkjedepartementet.
- Kvale, S., & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag A/S.
- Langfeldt, G. (red.) (2015). *Skolens kvalitet skapes lokalt: Presentasjon av funn fra forskningsprosjekten «Lærende regioner»*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Mennta- og menningarmálaráðuneyti (2013). *Aðalnámskrá Grunnskóla*. Reykjavík: Mennta- og menningarmálaráðuneyti.
- Menntamálaráðuneytið. (2008). islenskan.is. Henta juli 2014 frå Íslenska til alls: Tillögur Íslenskrar málnefndar að íslenskri málstefnu <http://www.islenskan.is>.
- Myklebust, T. og Fredland, J.O. 2017 *Ein statistikkdiskusjon med utgangspunkt i normalavvik i studenttekstar. Fjordantologien 2017*.
- Óskarsson, V. r. (2001). Alfræði íslenskrar tungu, ein multimedia leksíkon på CD. Íslensk mál-saga. Reykjavík, Ísland: Námsgagnastofnun og Lýðveldissjóður.

- Søyland, A. (2002, 11.1). Språkrådet. Henta 5. mai, 2014 frå Typar feil i nynorsk: www.sprakrad.no/upload/nyno02aso.doc.
- Sigurðsson, B., & Þórðarson, S. (1989). Hvernig geta börn lært stafsetningu? Íslenskt mál og allmenn málfræði, s. 7–22.
- Skjelbred, D. (2006). *Elevenstekst*. Oslo: J.W. Cappelens Forlag AS.
- Tønnessen, R. (2009). Kva kan vi gjera med ulempene som følgjer valfridomen? I H. Omdal & R. Røstad: *Språknormering – i tide og utide* (s. 241–253). Oslo: Novus Forlag.
- Torp, A., & Vikør, L.S. (2003). *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- UNESCO Norge (2017), henta 17.2.2017 frå <http://unesco.no/kultur/immateriellkulturarv>
- Utdanningsdirektoratet. (1. august 2013). Læreplan i norsk. Henta frå Kunnskapsløftet: <http://www.udir.no/kl06/NOR1-05/>.
- Utdanningsdirektoratet. (2014). udir.no. Henta 1. september 2014 frå eksamensveiledninger for grunnskolen.
- Vikør, L.S. (2013, mars 27). Språk i Norge. Henta 6. september 2013 frå Store norske leksikon: http://snl.no/språk_i_Norge.
- Vikør, L.S. (1988, 2007). *Språkplanlegging* (3. utg.). Oslo: Novus Forlag.
- Wiggen, G. (2007). Norsk rettskriving: Hva er vanskelig for elevene, og hvilke regler bør kunne revurderes på grunnlag av praktisk-pedagogiske erfaringer? (1996). I E.H. Jahr, & P. Trudgill: *Norm og variasjon – utvalgte språkstudier 1974–2005. Festskrift til Geirr Wiggen på 60-årsdagen 13. april 2007* (s. 178–194). Oslo: Novus Forlag.
- Wiggen, G. (2007). Språksosiologiske aspekt ved rettskrivningsavvik hos norske barne-skoleelever (1990). I E.H. Jahr, & P. Trudgill, *Norm og variasjon – utvalgte språkstudier 1974–2005. Festskrift til Geirr Wiggen på 60-årsdagen 13. april 2007* (s. 124–149). Oslo: Novus Forlag.

Kapittel 8

Ein statistikkdiskusjon med utgangspunkt i normavvik i studenttekstar

TERJE MYKLEBUST OG JAN OLAV FRETLAND

SAMANDRAG Vi diskuterer nokre grunnleggande tilnærmingar til eit datasett om normavvik («rettskrivingsfeil») i studenttekstar. Vi innfører modellar for å analysere tekstane, og vi ser på kva for type spørsmål datasettet kan svare på og kva det ikkje kan svare på. Då er det viktig å klargjere føresetnadane. Vi diskuterer òg forskjellen mellom å analysere eit datasett med tanke på å «bevise» samanhengar statistisk, og det å bruke datasettet for å fremje hypotesar. Statistiske metodar kan brukast i begge tilfella. Analysane her kan sjåast på som ei vurdering av kvaliteten i datasettet for ytterlegare analysar.

NØKKELORD utforskande statistikk, normavvik i nynorskttekstar, modellar for teljedata

ABSTRACT We have a dataset about misspellings in Norwegian texts written by students. We introduce statistical models to analyze the dataset, and we discuss what questions can possibly be answered by the dataset. Moreover, we clearly point out the assumptions necessary for drawing conclusions. We also discuss different approaches to a dataset, like exploratory and confirmatory approaches. The analysis in this paper can be viewed as an evaluation of the quality of the data for further analysis.

INNLEIING

Kunnskap og metodar for kunnskapsutvikling er ein del av vår immaterielle kapital. Statistiske metodar og statistiske vurderingar høyrer til blant slike metodar etter som dei er viktige for å erverve ny kunnskap frå data. Denne artikkelen tar utgangspunkt i eit datasett med talet på rettskrivings- og bøyingsavvik i tekstar på

nynorsk skrivne av studentar frå fire ulike studium ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Registreringsarbeidet er gjort av Jan Olav Fretland og er grunnlaget for Fretland (2007, 2015). Formålet med artikkelen er likevel ikkje å finne ny kunnskap om avvik i nynorsktekstar. Vi går derimot inn på nokre grunnleggande spørsmål som vi møter i mange datasett, og vi diskuterer ulike tilnærmingar til eit datasett generelt og til dette settet spesielt. Datasettet er eit godt utgangspunkt for å diskutere ein ikkje heilt uvanleg situasjon, nemleg ein situasjon der vi står overfor data utan at vi har vel formulerte spørsmål som vi ønskjer å svare på.

Eit av hovudpoenga i artikkelen er å diskutere korleis ein kan modellere teljedata som her er førekommstane av normfeil i nynorsktekstar. Dette er vurderingar som statistikkpakkane ikkje gjer for oss, og kanskje nettopp derfor vert dette viktige grunnlagsabeidet ofte oversett. Ved hjelp av dei statistiske modellane ser vi på kva spørsmål datasettet kan svare på, og kanskje spesielt kva spørsmål det ikkje kan svare på. Vi peikar blant anna på nokre typiske slutningar som datasettet inviterer til, men som det ikkje nødvendigvis er grunnlag for. I alle fall ønskjer vi å synleggjere nødvendige føresetnadar for eventuelle konklusjonar. Indirekte er vi inne på forsøksdesign, det vil seie korleis data må samlast inn for å svare på bestemte spørsmål.

Vi forsøkjer også å vurdere kor mykje informasjon det er i datasettet. Som forskarar må vi vere opne for at ikkje alle datasett inneheld så mykje interessant informasjon som ein skulle ønskje. Det viktigaste er trass alt at vi ikkje forsøkjer å trekke meir ut av eit datasett enn det er grunnlag for. Blant anna kan det vise seg at mykje av det vi ser i datasettet, viser seg å vere innanfor heilt naturlege variasjonar. Eit sentralt spørsmålet i denne samanhengen, er om det er forskjell på feilmengda i tekstane. Og sidan vi har ulike grupper, bør vi i første omgang undersøkje kvar gruppe for seg. Oppfølgingsspørsmålet, som også er inspirert av Fretland (2015), er om det er forskjell mellom gruppene. Her peikar vi også på spørsmål som ein ikkje bør stille i eit datasett.

Vi føreset at leseren har ein viss kjennskap til nokre grunnleggande sentrale omgrep i statistikk som til dømes forventning, varians, signifikans og p-verdi.

OM DATASETTET

Datasettet består av talet på normavvik i studenttekstar. Feiltypane er delt inn i atten ulike kategoriar. Det er høvesvis 44, 43, 25 og 13 tekstar skrivne av studentar i makroøkonomi, mikroøkonomi, pedagogikk og førskulelærarutdanninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Det er éin tekst per person. Registreringa er bygd på dei om lag fire første sidene med normal handskrift i kvar tekst, slik at vi går

ut frå at tekstane er omrent like lange. Feilkategoriane er merkte som i figur 8.1. Grovt sett står bokstaven A for allmenn ordlegging, B for bøyingsfeil, C for feil med konsonantisme og D for morfemfeil. Desse er så delt inn i fleire underkategoriar:

A4 Enkelt bestemt substantiv: Eg viser til ditt brev for ...brevet ditt

B1.1 Feil med hankjønn/hokjønn fleirtal: priser for prisar, skatter/skattar

B1.2 Inkjekjønn fleirtal: møter for møte

B3 Presens/preteritum av verb: auker for aukar, styrka for styrkte

C3 Feil i vokalisme:

C3.1 a/e: døme uten for utan, C3.2 a/o: holda/halda, C3.3 e/i: virke/verke, men og posetivt

C3.4 e/æ: væra for vera, C3.5 o/å: åpen/open, C3.6 o/u/ø: bud for bod osv.

C3.7 e/ei, ø/au: øke for auke, lede for leie osv.

C4 Feil i konsonantisme:

C4.1 g/k/0: lege for lækje, valg/val, C4.2 m/v: jamn/jevn, C4.3 d/t: bedre for betre, sedlar


C4.4 enkel/dobbel konsonant: greit, tall

C4.5 +/– konsonant (seldt for selt, brendt/brent, viktig/viktig)

D1 Feil kjønn på verbalsubstantiv på -heit og -ing: innstillingen for innstillinga

D2 Andre feil med kjønn på substantiv: ein form for ei form

Her ser vi først og fremst på datasettet i seg sjølv, og vi refererer derfor berre til Fretland, (2015, s. 180–81) for ei nærmare forklaring på desse kategoriane.



Figur 8.1: Stolpane viser gjennomsnittleg tal per feil i dei ulike kategoriane for kvar av dei fire gruppene. Den gjennomsnittlege totale feilmengda per tekst er 7,80, 12,37, 11,04 og 11,77 i høvesvis mikro, makro, pedagogikk og førskule.

TRE ULIKE TILNÆRMINGAR TIL EIT DATASETT

Det er grovt sett tre ulike måtar å nærme seg eit datasett på. Nokon gonger er vi interesserte i datasettet i seg sjølv. Vi ser på det som eit komplett bilde av det vi ønskjer å studere, og vi er ikkje interessert i å trekke slutningar som gjeld utover det konkrete datasettet. Om vi til dømes har statistikk over nedbørsmengda på ein bestemt stad i Noreg det siste året, kan det vere interessant å beskrive nedbørsmengda slik ho faktisk var gjennom dette året. Det kan gjerast med tabellar, diagram og ymse mål som gjennomsnitt og standardavvik, men omgrep som signifikans gir inga mening. Vi er då ikkje interesserte i å seie noko om nedbørsmengda utover det vi har observert. Denne tilnærminga kjem vi ikkje nærare inn på i denne artikkelen.

I vitskaplege tilnærmingar ønskjer vi typisk å trekke generelle slutningar som gjeld utover det konkrete datasettet. Då er vi eigentleg ikkje interesserte i datasettet i seg sjølv. Nedbørsstatistikken siste år er då berre interessant i den grad han kan fortelje noko om korleis vi til dømes kan forvente at nedbørsmengde på denne staden er i framtida, eventuelt korleis ho har vore i tidlegare år. I slike situasjoner er vi typisk interesserte i å estimere ymse storleikar og å teste hypotesar, og såkalla signifikante slutningar står sentralt. Det stiller strenge krav både til datainnsamling og analysemetodar.

Den tredje tilnærminga vert ofte omtala som ei utforskande tilnærming. Då er vi eigentleg interesserte i å finne ut noko om noko ved hjelp av data. Vi ønskjer å finne ut noko som gjeld utover det konkrete datasettet, men vi veit ikkje heilt kva vi ser etter. Derimot håpar vi at datasettet skal avsløre eit eller anna om verkelegheita som vi kanskje ikkje hadde tenkt på i utgangspunktet. Også i slike situasjoner kan vi bruke statistiske metodar, men vi kan då ikkje hevde å ha signifikante bevis sjølv om vi får låge p-verdiar.

KVA MÅ TIL FOR Å TREKKE SIGNIFIKANTE SLUTNINGAR?

Den andre tilnærmingsmåten til eit datasett, som vi nemnde i førre avsnitt, dreiar seg om å trekke generelle slutningar som gjeld utover datasettet sjølv. Då står såkalla signifikante slutningar sentralt. Når vi skal trekke signifikante slutningar frå data, må vi ha klart for oss kva spørsmål datasettet skal svare på. Dette kan kanskje synast opplagt, men det er likevel ikkje heilt uvanleg at data vert samla inn utan ei klar formeining om kva spørsmål dei skal svare på. Likevel vert resultata gjerne presenterte som signifikante. I vår konkrete situasjon kan ein tenkje at datasettet skal fortelje noko om førekomensten av ortografiske feil. Men i utgangspunktet er det ei altfor uklar problemstilling om ein vil trekke såkalla signifikante slutningar. Kanskje er ein interessert i om det er samanhengar mellom feiltypane. Er det til

dømes slik at dei som gjer mange feil i ein kategori, også gjer mange andre feil? Men heller ikkje dette er eit særleg presist utgangspunkt for å trekke signifikante slutningar. Derimot kan vi spørje om det er samanheng mellom talet på feil til dømes i den første kategorien og talet på feil i den andre kategorien. Eller vi kan spørje om alle feiltypar er like hyppige. Om dette er interessante spørsmål, er sjølv sagt eit anna spørsmål. Poenget er at hypotesen må vere formulert svært presist om vi skal kunne trekke signifikante slutningar. Hypotesen bør faktisk vere formulert før ein startar datainnsamlinga. Det er viktig at forsøket og datainnsamlinga vert designa med tanke på å svare på den eller dei heilt konkrete hypotesane vi har.

I undersøkingar av denne typen er vi typisk interesserte i å finne ut noko allmenngyldig. Vi vil finne ut noko som ikkje berre gjeld for dette konkrete datasettet, men som er gyldig for ein større populasjon. Poenget med forsøket kunne til dømes vere å finne ut noko om frekvensane til desse feiltypane, eventuelt å finne ut noko om samanhengane mellom dei. Og vi håper rimelegvis at det vi ser i dette datasettet, seier oss noko om feilmønster som er gyldige utover desse konkrete tekstane og desse konkrete personane.

Gyldigheita av generaliseringar utover vårt konkrete datasett er blant anna avhengig av kor representative personane er for den populasjonen vi ønskjer å seie noko om. I tillegg er det eit spørsmål om kor representative tekstane er. Om vi kan trekke generelle slutningar utover dei konkrete tekstane, er i tillegg avhengig av kor mange personar og tekstar vi har, i tillegg er lengda på tekstane viktig. Kor vidt utvalet er for lite eller ikkje, kan statistiske metodar gi oss informasjon om. Det vil seie at dei statistiske metodane kan fortelje oss noko om kor sikre konklusjonane våre er med det utvalet vi har, gitt at utvalet er eit tilfeldig (representativt) utval av populasjonen. Statistiske metodar kan også hjelpe oss med å plukke ut representative utval.

Når det gjeld representativitet, er det langt i frå alltid at vi har høve til å plukke ut observasjonane slik vi skulle ønskje. Vi må ofte ta det datasettet som er tilgjengeleg. Nokon gonger har vi til dømes berre ein skuleklasse til rådighet. I slike tilfelle er kanskje ikkje resultata representative for heile landet. Men om forsøket er gjort ordentleg, er resultata kanskje representative for klassen og kanskje litt utover klassen, og i mange tilfelle kan slike resultat tene som gode hypotesar for stoda i landet generelt. Desse hypotesane kan så testast ved eit seinare høve.

Dei nemnde problemstillingane er reelle nok, men nokon gonger kan vi oppleve at dei vert blanda saman med uklare og direkte feiltolkingar av datasettet. Det hender at det vert trekt konklusjonar frå datasettet som ikkje ein gong er gyldige for den populasjonen datasettet er representativt for. Ofte ser ein at artiklar vert avslutta med ein setning om at ein ikkje kan garantere at gruppa er representativ, og at det er for få data til å konkludere noko sikkert. Slike kommentarar kan ofte

skygge for andre alvorlege feiltolkingar og uheldige datainnsamlingar. Det hender nemleg at det vert trekt konklusjonar som ikkje ein gong er gyldige for det aktuelle utvalet. Dessutan kan det faktisk vere lett for å omtale utvalet som noko anna enn det det faktisk er. I vårt datasett er det til dømes lett for å sette likskapsteikn mellom tekstane og tekstforfattarane, men vi er ikkje ein gong garanterte at den konkrete teksten er representativ for forfattaren.

I dette arbeidet tar vi som utgangspunkt at personane og tekstane er representative for den gruppa og dei tekstane dei måtte vere representative for, noko anna er trass alt nesten meiningslaust. Vi vil med andre ord ikkje diskutere representativiteten i datasettet. Vi må likevel passe på at vi har grunnlag for dei konklusjonane vi trekkjer om desse tekstane og denne gruppa.

Å UTFORSKE EIT DATASETT?

Det er ikkje alltid at ein har konkrete hypotesar som ein ønskjer å teste. Nokon gonger vil vi berre forsøkje å danne oss eit bilde av verda ved å undersøkje data. Vi er no altså komne til den tredje tilnærningsmåten som er nemnt i avsnittet «Tre ulike tilnærmingar til eit datasett». Spesielt på nye område der ein har lite eller ingen kunnskap, kan det vere naturleg å forsøke å danne seg eit bilde av stoda ved å utforske eit datasett. Det er sjølv sagt legitimt, men då er vi i ein heilt annan situasjon enn når vi skal teste hypotesar. I ei utforskande tilnærming er det ikkje snakk om å påvise noko, men det er snakk om å sjå etter moglege samanhengar. Utkomet av analysen er då i beste fall ein eller fleire hypotesar om det aktuelle temaet. Desse hypotesane må så testast på eit seinare tidspunkt, om dei skal få status som noko anna enn hypotesar. I slike situasjonar seier vi gjerne at vi utforskar datasettet. Statistiske metodar kan brukast også i slike utforskingar, men konklusjonane har altså ein annan status. Sjølv om vi observerer små p-verdiar, kan vi likevel ikkje hevde at vi har signifikante resultat. I ei utforskande tilnærming er små p-verdiar berre ein indikasjon på at vi kanskje har ein god hypotese. Sjå også (Tukey, 1977; Tukey, 1980).

Det ligg ikkje føre teoriar med hypotesar som vi ønskjer å teste. Det er med andre ord ei utforskande tilnærming vi har grunnlag for å gjere i dette datasettet.


EIN MODELL FOR TALET PÅ NORMFEIL I EIN TEKST

Datasettet har talet på feil i 18 ulike feilkategoriar, nummererte frå 1 til 18. La k stå for kategorinummeret, det vil seie at k er eit heil tal blant tala 1, ..., 18. Talet på feil i kategori nummer k kallar vi for Y_k .

Vi kan tenkje på skriving som ei følgje med ord. For kvart nytt ord som vert skrive, er det ein viss sjanse for at det er feil av kategori k . Ein slik prosess vert ofte modellert med ein såkalla Poisson-prosess. I denne prosessen tel vi førekomstar i kategori k . Vi lar Y_k stå for antal førekomstar i kategori k , og vi seier då at Y_k er Poisson-fordelt. Dei ulike feila opptrer med ulik intensitet. Svært forenkla er intensiteten talet på førekomstar i kategorien, men på grunn av ymse slumpetreff varierer dette talet frå tekst til tekst så vel som i ulike deler av ein tekst. Vi kan sjå på intensiteten som gjennomsnittleg tal feil når vi har mange slike tekstar. Han seier altså ikkje nøyaktig kor mange feil den enkelte har gjort. Meir formelt er intensiteten ein teoretisk verdi (parameter) som bestemmer Poisson-fordelinga, jamfør figur 8.2.

Intensiteten til feilkategori k skriv vi som λ_k (den greske bokstaven lambda). Dess større intensiteten λ_k er, dess større sjanse er det for å få ein feil i kategorien k . I ei Poisson-fordeling er det slik at forventninga til Y_k er lik intensiteten, det vil seie at

$$\begin{aligned} E(Y_k) &= \lambda_k, \\ \text{og variansen er også lik intensiteten} \\ \text{Var}(Y_k) &= \lambda_k. \end{aligned}$$



Figur 8.2: Poisson-fordeling med intensitet 3. Kurva antyder at det er rimeleg stor sjanse for å finne alt frå null til seks feil i ein kategori med feilintensitet 3.

Når vi kjenner intensiteten, kjenner vi også Poisson-fordelinga. Men i vår situasjon kjenner vi ikkje intensiteten, vi veit med andre ord ikkje kor mange feil vi kan forvente å finne i kategori k . Spørsmålet er om vi kan estimere intensiteten ved hjelp av datasettet vårt. Faktisk er det slik at antal førekomstar som vi finn i kategorien, er det beste estimatet vi kan finne for intensiteten λ_k . Merk at vi her brukar intensiteten som intensitet per fire sider tekst. Det fungerer her, sidan alle tekstane er fire sider lange. Dersom tekstane hadde hatt ulik lengde, ville det vere naturleg å snakka om intensitet per ord, eventuelt per side.

KAN VI TREKKJE SLUTNINGAR OM FEILSJANSANE TIL INDIVIDA UT FRÅ DETTE DATASETTET?

Datasettet gir oss talet på førekomstar i dei ulike kategoriane. Men at to tekstar har ulike feilintensitetar i ein kategori, skuldast ikkje nødvendigvis at forfattarane er ulike (med omsyn til feilsjanse), det kan like gjerne skuldast at tekstane er ulike. For at vi skal få feil i ein kategori som har å gjere med bøyning av substantiv, må vi nødvendigvis ha å gjere med eit substantiv, i tillegg må forfattaren bøye substantivet feil, først då har vi ein førekomst i denne kategorien.

Vi må altså skilje mellom at vi finn ein feil i ein kategori, og det at feilkategorien faktisk kan opptre i den aktuelle sekvensen av teksten. Om vi litt forenkla ser på kvart ord i teksten, så kan ikkje alle ord ha feil i alle mulege kategoriar, i det minste har dei truleg ulik tilbøyelighet for å ha feil i dei ulike kategoriane. Om vi ser på eit ord i teksten, så kan vi litt forenkla tenkje oss tre mulegheiter for kategori k : 1) Ordet er feil av kategori k , 2) ordet er rett, men det kunne potensielt hatt ein feil av kategori k , og 3) ordet kan ikkje ha denne typen feil. På tilsvarende måte som vi lar Y_k telje talet på feil i kategori k , lar vi X_k telje talet på mulege feil i kategori k . Då kan vi modellere X_k med ei Poisson-fordeling med intensitet μ_k . Det vil seie at

$$E(X_k) = \mu_k \text{ og } \text{Var}(X_k) = \mu_k.$$

Her står E for expectation, altså forventning, og Var står for varians. Vi kan tenke at kvar gong det kjem eit ord som potensielt kan hamne i kategori k , så er det ein viss sjanse for at det faktisk har ein slik type feil. Denne sjansen kan vi kalle feilsannsynet, som vi skriv p_k . Vi lar, som nemnt, Y_k vere antal feil i kategori k . Samanhengen mellom feilintensiteten λ_k (tilhøyrande Y_k) og feilintensiteten μ_k er då

$$\lambda_k = p_k \mu_k.$$

Faktisk kan det visast at om X_k er Poisson-fordelt med intensitet μ_k og vi har feilsannsynet p_k , så er Y_k Poisson-fordelt (slik vi har føresett ovanfor) med intensitet $\lambda_k = p_k \mu_k$. Følgjande døme kan klargjøre forholdet mellom variablane X_k og Y_k .

Døme 1

Vi har følgjande tekst: «Vi slår saman dei to kategoriane vi registrerte og rekner deretter ut middelverdien.» Her er det tre verb og derfor berre tre mulege verbbøyingsfeil, B2.2, altså er X_3 observert til 3, medan det berre er gjort éin slik type feil, altså er Y_3 observert til å vere 1.

Variabelen X_k er nok litt idealisert. Blant anna vil det i mange høve vere uklart og diskutabelt kva verdi denne variabelen eigentleg har i ein tekstu. Men det har ikkje nødvendigvis stor innverknad i denne samanhengen. Det viktigaste er at vi er merksame på at talet på feil i ein kategori kan vere tekstavhengig, og vi treng ein modell som tar omsyn til det. For ei ytterlegare modellvurdering sjå til dømes (Church & Gale, 1995; Katz, 1996).

For å unngå omstendelege setningar vil vi i det etterfølgjande litt upresist seie at kategorien opptrer i teksten. Med det meiner vi at vi har eit ord eller sekvens av teksten der vi potensielt kan finne denne feiltypen.

Vi er vel blant anna interesserte i å finne ut noko om frekvensane til dei ulike feiltypane, og om det er samanhengar mellom dei ulike feilkategoriane. Med andre ord er vi interesserte i feirlaten til kategori k , det vil seie p_k , og vi er interesserte i om det er samanhengar mellom feilratane i dei ulike kategoriane. Vi er derimot ikkje interesserte i kor ofte kategorien opptrer i teksten. I utgangspunktet er vi altså ikkje interesserte i å seie noko om intensitetan μ_k . Spørsmålet er om datasettet kan fortelje oss noko om sannsynet for å gjere feil i dei ulike kategoriene, altså om vi kan seie noko om p_k .

Dessverre er det slik at vårt datasett ikkje gir grunnlag for å seie noko om feilratane, altså om sjansane p_k til forfattaren. Bortsett frå at vi sjølv sagt kan konkludere med at sjansen ikkje er null dersom kategorien inneheld minst ein feil. Vi kan nemleg ikkje vite om høg feilintensitet, λ_k , i kategori k skuldast at kategorien har høg intensitet μ_k , eller om det skuldast at feilsannsynet p_k er stort. Det hjelper ikkje om vi får aldri så mange og lange tekstar, eller om vi undersøkjer tekstane til aldri så mange personar. Datasettet kan ikkje svare på dette spørsmålet. Undersøkinga har med andre ord ikkje eit design som gjer at vi kan seie noko om sjansane for å gjere feil i ein kategori. Denne påstanden byggjer riktig nok på modellane som vi legg til grunn, og at vi ikkje gjer ytterlegare føresetjingar om kategoriintensitetane μ_k . Kva type føresetjingar det her eventuelt er snakk om, kjem vi tilbake til i neste avsnitt.

ER DET SKILNADAR INNANFOR KVAR AV GRUPPENE?

Det er rimeleg å spørje om det er forskjell på individua innanfor gruppene. Nok eingong er det altså feilratane til personane vi er interesserte i, og ikkje intensitetane til dei ulike feilkategoriane. Kan datasettet svare på slike spørsmål? Viss vi er villege til å gjere visse føresetjingar, er svaret i prinsippet ja, viss ikkje er svaret nei.

La oss sjå på om det er forskjell mellom personane innanfor kvar gruppe i kategori nummer k . Vi kan føresetje at kategoriintensitetan μ_{ik} til tekstu i og kategori k er lik for alle tekstane innanfor gruppa. Det vil seie at intensitetane er like i alle

tekstane innanfor gruppa. Vi føreset altså at intensiteten er personuavhengig og tekstuavhengig. Vi kan kalle denne felles intensiteten for μ_k . Altså føreset vi at

$$\mu_{1k} = \mu_{2k} = \dots = \mu_{nk} = \mu_k.$$

Det betyr at tekst nummer i har feilintensiteten

$$\lambda_{ik} = p_{ik}\mu_k,$$

der p_{ik} er sannsynet for at person i gjør feil gitt at ordet er i kategori k.

Realismen i denne føresetnaden kan vi ikkje seie noko om ut frå datasettet. Poenget er at om vi skal seie noko om feilratane til desse personane ut frå tekstane, så må vi legge denne eller liknande føresetnadalar til grunn. Med andre ord kan vi vel seie at datasettet ikkje er optimalt for å seie noko om feilratane p_{ik} til dei ulike personane i $i = 1, \dots, n$. I denne artikkelen peikar vi berre på kva føresetnadalar som må gjerast for å teste det vi ønskjer å teste. Vi forsøkjer ikkje å gjere vurderingar utover det som datasettet gir grunnlag for. Men utan ytterlegare kunnskapar om tekstar må vi nok dessverre seie at føresetnaden hører til i gruppa av litt tvilsame føresetnadalar. Dersom føresetnadane er urealistiske, er det desto viktigare at dei kjem fram i lyset. Dessverre ser ein ofte at føresetnadane ikkje vert klargjorde, dermed får ein gjerne eit inntrykk av at konklusjonane er sterkare enn det er grunnlag for.

Merk likevel at å føresetje at alle har den same kategoriintensiteten μ_k , ikkje betyr at vi føreset at alle tekstane har like mange ord i denne kategorien. Vi føreset berre at denne kategorien har den same Poisson-fordelinga i alle tekstane. Følgjande analogi kan vere klargjerrande. Vi føreset at kvar gong vi kastar ein mynt, så har vi femti prosents sjanse for å få kronesida opp. Det er likevel slik at om to personar kastar mynten ti gonger kvar, så vil dei sannsynlegvis ikkje få like mange kronesider i løpet av dei ti kasta.

Med den nemnde føresetjinga kan vi sette opp ei såkalla nullhypotese, H_0 , og ei alternativ hypotese H_1 .

H_0 : Alle personane i gruppa har same sjanse for å gjøre feil i kategori k, det vil seie at

$$p_{1k} = p_{2k} = \dots = p_{nk} = p_k.$$

H_1 : Ikkje alle personane i gruppa har same sjanse for å gjøre feil i kategori k.

Vi nyttar den så kalla Wald-observatoren, som for den interesserte lesar er

$$\sum_{i=1}^n \frac{(Y_i - \hat{\lambda}_{ik})^2}{\hat{\lambda}_{ik}},$$

der n er talet på tekstar og

$$\hat{\lambda}_k = \widehat{p_k \mu_k} = \frac{1}{n} \sum_{i=1}^n Y_{ik}.$$

Wald-observatoren er tilnærma kjि-kvadrat fordelt med n-1 fridomsgrader dersom n er stor.

TABELL 8.1

Nullhypotesen: Den totale feilintensiteten er lik for alle tekstane innanfor gruppa.					
	Antal tekstar i gruppa		Dei tekstane som skil seg mest ut, er fjerna		
	N	p-verdi	Antal fjerna	N*	p-verdi
Mikrostudentar	44	0,025	3	41	0,179
Makrostudentar	43	$1,5 \cdot 10^{-28}$			
Pedagogikk	25	$3,1 \cdot 10^{-4}$	4	21	0,176
Førskule	13	0,011	2	11	0,255

Andre kolonne gir tal tekstar i gruppa. Tredje kolonne gir p-verdien for å forkaste null-hypotesen at den totale feilintensiteten er lik i alle tekstane innanfor gruppa. I høgre del av tabellen ser vi korleis p-verdien endrar seg dersom vi fjernar dei mest ekstreme tekstane, høvesvis 3, 4 og 2 tekstar i mikro-, pedagogikk, og førskulegruppa. I makrogruppa er p-verdien rimeleg uforandra sjølv om vi fjernar dei meste ekstreme tekstane, og det er derfor ikkje rapportert.

Av tredje kolonne i tabellen ser vi at nullhypotesen vert forkasta på 5 % signifikansnivå for alle gruppene. Dette er ikkje overraskande, det er trass alt ulike teksttyper skrivne av ulike studentar. P-verdien for makrostudentane er svært låg, noko som tyder på at den totale feilintensiteten varierer frå tekst til tekst. Dette er med andre ord ei variert gruppe tekstar med omsyn til den totale feilintensiteten.

I dei andre gruppene er derimot p-verdiane overraskande høge, jamvel om dei er mindre enn 5 % som er eit vanleg nivå for å forkaste nullhypotesen. I mikrogruppa er det trass alt 44 studentar, og då er det i utgangspunktet overraskande at p-verdien er så høg som 0,025, vi har trass alt ulike forfattarar og ulike tekstar. Det tyder på at feilintensitetane (for den totale feilmengda) trass alt ikkje varierer vel-

dig mykje i mikrogruppa, sjølv om vi altså kan forkaste nullhypotesen at dei er like. Dersom vi fjernar dei tre tekstane som skil seg mest ut (i mikrogruppa), får vi ein p-verdi på heile 0,179. Vi må med andre ord konkludere med at desse tekstane er forholdsvis einsarta med omsyn til den totale feilmengda. Det er i utgangspunktet overraskande at 44 tekstar, som er skrivne av ulik personar, skal vere så like. Det vert peika på at dette kan kome av at eksamen i mikroøkonomi er relativt teknisk med mange standardformuleringar som kanskje gir mindre rom for språkfeil. Om det er tilfelle, er det eit godt døme på at talet på feil er tekstavhengig så vel som personavhengig, som vi diskuterte ovanfor.

Også tekstane i førskulegruppa er forholdsvis einsarta. Dersom vi i denne gruppa fjernar dei to tekstane som skil seg mest ut, får vi ein p-verdi på høge 0,255. Med andre ord er dette også ei overraskande homogen gruppe. I pedagogikkgruppa er forskjellane mellom dei totale feilintensitetane meir synlege, men heller ikkje her er p-verdien veldig låg, og vi skal ikkje fjerne meir enn dei fire mest ekstreme tekstane før p-verdien aukar til heile 0,176.

I makrogruppa er dei totale feilintensitetane heilt klart ulike. Her har vi med andre ord ei variert gruppe tekstar med omsyn til dei totale feilintensitetane.

Desse vurderingane er nok ikkje heilt uproblematiske, og dei er kanskje først og fremst aktuelle i ei utforskande tilnærming.

Men kvifor skulle vi vere interesserte i om det ser ut som at tekstane er skrivne av ulike personar eller ikkje? Med andre ord, kva er poenget med å gjere desse testane? At alle ikkje er like gode i rettskriving, er vel relativt velkjent. Til det er det i alle fall tre ting å seie; vi veit trass alt ikkje om det gjeld i vår gruppe. Men viktigare, desse testane seier oss noko om kvaliteten på datasettet vårt. Det er nok rimeleg å tru at personane er ulike med omsyn til rettskriving, men dersom testane ikkje klarer å avsløre det, fortel det oss at tekstane kanskje er for korte. Vi må då vere forsiktige med å trekke slutningar ut frå dette datasettet. For det tredje har dette spørsmålet relevans for om Poisson-fordelinga kan brukast. Vi kjem tilbake til det seinare.

Når feilintensitetane, til den totale feilmengda, innanfor mikro-, pedagogikk- og førskulegruppa er så vidt like, er det eit signal om at tekstane ikkje er lange nok. Det er eit signal om at forskjellane i talet på observerte feil er innanfor heilt naturlege svingingar som vi kan rekne med å finne innanfor ein og same tekst som er skriven av ein og same person. Det må likevel påpeikast at vi her berre har undersøkt den totale feilmengda i kvar tekst. Vi har ikkje sjekka kvar enkelt feiltype.

ER DET SKILNAD PÅ DEI FIRE GRUPPENE?

Fretland (2015) stiller spørsmål om studentgruppene er ulike. Vi har alt delvis svart på dette spørsmålet. Vurderingane i førre kapittel peika mot at det er større

variasjon innanfor makrogruppa enn det er innanfor dei andre gruppene. Det er spesielt lite variasjon mellom tekstane i mikrogruppa. Det er likevel eit spørsmål om den forventa feilintensiteten er lik i alle gruppene til tross for at variasjonen innanfor gruppene er ulik. Merk at dette spørsmålet impliserer andre fordelingar enn Poisson-fordelinga der variansen er lik forventninga.

I førre kapittel tok vi som utgangspunkt at feila i tekstane er Poisson-fordelte. Vi testa om tekstane innanfor kvar av gruppene hadde like feilintensitetar. Konklusjonen var, som venta, at tekstane innanfor kvar av gruppene har ulike feilintensitetar. Ein konsekvens av dette er at vi ikkje lenger kan sjå på talet på feil i dei ulike tekstane som ulike trekkingar frå den same Poisson-fordelinga. Det kan vi ikkje gjere sjølv innanfor same gruppe.

Som tidlegare er det rimeleg å anta at talet på feil i ein gitt tekst er Poisson-fordelt med ein bestemt intensitet. Men som vi fann ut i førre kapittel, ser det ut til at dei ulike tekstane innanfor kvar gruppe har ulike feilintensitetar. Og det er nok rimeleg, sidan dei er skrivne av ulike personar. Dersom vi plukkar ut ein tilfeldig tekst (innanfor ei gruppe), er det rimeleg å tenkje at talet på feil, Y , er Poisson-fordelt med intensitet Λ , der Λ er ein stokastisk variabel slik at forventninga og variansen er høvesvis

$$E(\Lambda) = \lambda \text{ og } \text{Var}(\Lambda) = \sigma^2.$$

For å forenkle har vi utelatt indeksen for kategorinummeret. At Λ er ein stokastisk variabel, betyr at intensiteten kan variere frå person til person. At forventninga til Λ er λ , betyr litt uformelt at i snitt er intensiteten lik λ . Ut frå regelen om dobbel forventning (Høyland, 1988, s. 107) kan vi då vise at forventa tal feil er

$$E(Y) = \lambda \text{ og } \text{Var}(Y) = \lambda + \sigma^2.$$

Vi ser at forventninga er i tråd med Poisson-fordelinga, men at variasjonen aukar i forhold til ei Poisson-fordeling, vi får eit ekstra ledd σ^2 . I denne modellen kan altså ulike tekstar ha same forventa feilintensitet til tross for at variansen er ulik, det går ikkje i Poisson-fordelinga.

I slike situasjonar er det ofte vanleg å føresette at feilintensiteten Λ har ei spesiell Gamma-fordeling $\Gamma(v, v)$. Då kan det visast (Cameron & Trivedi, 1998, s. 675) at talet på feil Y har ei såkalla negativ binomialfordeling der

$$E(Y) = \lambda \text{ og } \text{Var}(Y) = \lambda + \alpha\lambda^2 = \lambda(1 + \alpha\lambda).$$

Parameteren α vert gjerne kalla dispersjonsparametren.

Vi kan sjå på dispersjonsparameteren α som eit uttrykk for kor mykje dei ulike tekstane varierer med omsyn til feilintensitet. Dersom alle tekstane hadde hatt lik feilintensitet, ville $\alpha = 0$, då ville feila i ein tilfeldig valt tekst vere Poisson-fordelt med feilintensitet λ . Dess større α er, dess større variasjon er det mellom feilintensitetane i dei ulike tekstane.

Vi kan spørje om det er forskjell mellom dei fire studentgruppene med omsyn til forventa feil i dei ulike kategoriene. I utgangspunktet er datasettet heller ikkje eigna til å svare på dette spørsmålet. Igjen kjem det av at vi ikkje veit noko om kategoriintensitetane, μ_k , i dei ulike tekstane. Vi ser derfor berre på om tekstane innanfor dei ulike studentgruppene er like med omsyn til feilintensitet. Vi vurderer altså ikkje om studentane har lik feilintensitet.

La $\lambda_k^{(Mi)}, \lambda_k^{(Ma)}, \lambda_k^{(Pe)}$ og $\lambda_k^{(F)}$ vere dei forventa feilintensitetane til kategori k for høvesvis tekstar i gruppa mikroøkonomi, makroøkonomi, pedagogikk og førskule. Vi set opp følgjande nullhypotese:

$H_0: \lambda_k^{(Mi)} = \lambda_k^{(Ma)} = \lambda_k^{(Pe)} = \lambda_k^{(F)}$, det vil seie at den forventa feilintensiteten er lik for alle gruppene.

Den alternative hypotesen er at dei ikkje er like.

For ordens skuld tar vi med observatoren og ei kort vurdering av han, men dette er ikkje spesielt viktig for tolkingsdiskusjonen som følgjer etter tabell 8.2. For kvar kategori k kan vi bruke observatoren

$$\sum_{j \in \{Ma, Mi, Pe, F\}} \frac{\left(\bar{Y}_k^j - \bar{Y}_k\right)^2}{\text{Var}(\bar{Y}_k^j)},$$

der til dømes \bar{Y}_k^{Ma} er gjennomsnittet i makrogruppa, og \bar{Y}_k er gjennomsnittet i heile datasettet for kategori k . Merk at vi har estimert $\text{Var}(\bar{Y}_k^j)$ ved hjelp av heile datasettet, det vil blant anna medføre at vi brukar same varians i alle gruppene, noko som er rett under nullhypotesen, men det gir ein konservativ observator (låg teststyrke). I staden burde vi kanskje estimert $\text{Var}(\bar{Y}_k^j)$ for kvar gruppe, det ville gitt ein mindre konservativ observator, og vi kunne forventa lågare p-verdiar. Vi vel ei konservativ holdning blant anna fordi at kji-kvadratsfordelinga til observatoren byggjer på ei normaltilnærming som neppe er oppfylt når vi har få feil per kategori per tekst og dessutan få observasjonar i førskulegruppa. I tabell 8.3 viser vi likevel p-verdiane for begge alternativa.

Merk også at observatoren tar omsyn til at tekstane innanfor kvar gruppe har ulike feilintensitetar. Dersom det ikkje var tilfelle, ville summen av feila innanfor

gruppa vore Poisson-fordelt, og variansen ville vore mindre. Observatoren ville då gitt langt lågare p-verdiar.

TABELL 8.2

Kategori	Estimert intensitet, $\hat{\lambda}$	Estimert varians	p-verdi
A4	0,77	1,55	0,000
B1.1	0,91	1,98	0,002
B1.2	0,53	0,63	0,020
B2.2	1,46	1,94	0,214
C3.1	0,62	1,25	0,064
C3.2	0,20	0,21	0,050
C3.3	0,27	0,31	0,049
C3.4	0,43	0,37	0,677
C3.5	0,21	0,21	0,001
C3.6	0,22	0,20	0,001
C3.7	0,87	1,23	0,000
C4.1	0,22	0,23	0,208
C4.2	0,14	0,15	0,005
C4.3	0,10	0,14	0,158
C4.4	1,15	1,76	0,021
C4.5	1,10	1,43	0,000
D1	0,67	1,25	0,008
D2	0,57	0,82	0,994
Alle feil	10,43	38,53	0,005

Andre og tredje kolonne viser høvesvis estimert forventa tal feil og estimert varians i dei ulike kategoriane under nullhypotesen om lik forventning og varians i alle dei fire gruppene. Observatoren er tilnærma kjji-kvadratfordelt med tre fridomsgrader under nullhypotesen.

P-verdiane i tabell 8.2 er gjennomgåande låge. Det vil seie at det er grunn til å tro at både den totale feilintensiteten og feilintensitetane for dei ulike kategoriane varierer mellom dei fire gruppene.

Dersom vi fjernar mikrostudentane og samanliknar makro-gruppa, pedagogikk- og førskulegruppa, finn vi derimot gjennomgåande høge p-verdiar, sjå tabell 8.3.

Berre kategoriane A4, B1.1, C3.5 og C3.7 har p-verdiar mindre enn 0,05. Med heile 18 testar er det å forvente nokre få signifikante utslag sjølv om det eigentleg ikkje er forskjellar. Med andre ord kan vi litt røft seie at det verkar som om vi kan forvente omtrent like mange feil i desse tre gruppene. Det vil seie at dei tre gruppene makro, pedagogikk og forskule er rimeleg like. Dette er kanskje litt overraskande om vi studerer figur 8.1, der vi nok kan få inntrykk av at gruppene er ulike i mange av kategoriane.

Konklusjonen er at mikrostudentane skil seg ut som den gruppa med færrast feil, medan dei andre gruppene er nokså like.

I utgangspunktet kan det sjå ut som om gruppene er nokså tilfeldig utvalde. Ein statistikar vil då gjerne spørje om dei fire gruppene er valt ut fordi ein ønskjer å studere akkurat desse gruppene, eller om dei berre er tilfeldige grupper. Kvifor skulle det vere interessant å finne ut om tilfeldig utvalde grupper er ulike? Om vi finn at gruppene er ulike, kva er i så tilfelle interessant ved at tilfeldige grupper er ulike? Poenget vårt er at vi som forskrarar må ha eit reflektert forhold til dei spørsmåla vi stiller oss. Det har lite hensikt å svare på uinteressante spørsmål. Når det er sagt, så kan slike spørsmål seie noko om kvaliteten i datasettet som kan vere viktig for å svare på andre spørsmål. Dersom tilfeldige grupper som i utgangspunktet burde vere like, viser seg å vere svært ulike, bør dei ikkje behandlast som ein populasjon.

Frå ein didaktisk synsvinkel synes vi det er spørsmålet om samanhengar mellom feilkategoriane som er det interessante spørsmålet å stille i dette datasettet. Negativ-binomialfordelinga, som vi kjem fram til her, saman med generaliserte lineære modellar, er grunnlaget for ei slik analyse (Cameron & Trivedi, 1998; Hilbe, 2011; Zeileis, Kleiber, & Jackman, 2008). For ein utfyllande analyse viser vi til (Myklebust, u.d.). I ein slik analyse kan det dessutan vere viktig å vite om studentane og gruppene er tilnærma like eller ikkje. Det kjem av at det kan innverke på korleis vi bør handsame datasettet når vi ser etter samanhengar mellom kategoriane. Dessutan såg vi at det er viktig for å vurdere kva for ei fordeling vi bør legge til grunn. Vi argumenterte for at ei negativ-binomialfordeling passar betre enn ei Poisson-fordeling, nettopp fordi at tekstane ser ut til å ha ulike feilintensitetar. Spørsmålet om kva fordeling vi skal bruke, er viktig for den vidare analysen. Dessutan kan det tenkast at gruppene er for ulike til at dei kan vurderast samla. Vår konklusjon er at ein bør vurdere om mikrogruppa bør utelatast dersom ein skal sjå etter samanhengar mellom feilkategoriane. Med andre ord, sjølv om spørsmålet om gruppene er ulike kanskje ikkje er interessant i seg sjølv, så er det likevel viktig som eit ledd i andre deler av analysen.

TABELL 8.3

Er feilintensiteten lik hjå makro, pedagogikk og forskule?			
Kate-gori	$\hat{\lambda}$, estimert intensitet (forventa feil per tekst)	p-verdi. Når variansen er antatt lik i alle gruppene	p-verdi. Når variansen er estimert innanför kvar gruppe
A4	0,95	0,000	0,000
B1.1	1,05	0,018	0,000
B1.2	0,41	0,146	0,125
B2.2	1,41	0,261	0,130
C3.1	0,77	0,388	0,012
C3.2	0,25	0,230	0,126
C3.3	0,37	0,905	0,887
C3.4	0,48	0,999	1,000
C3.5	0,26	0,012	0,060
C3.6	0,10	0,268	0,000
C3.7	1,07	0,005	0,000
C4.1	0,26	0,499	0,083
C4.2	0,19	0,078	0,078
C4.3	0,14	0,391	0,058
C4.4	1,26	0,077	0,120
C4.5	1,43	0,084	0,011
D1	0,90	0,665	0,583
D2	0,58	0,998	0,995
Alle feil	11,86	0,749	0,335

Test av nullhypotesen at makro-, pedagogikk- og forskulegruppene har lik feilintensitet. Andre kolonne viser estimert forventa tal feil under nullhypotesen om lik forventning og varians i makro-, pedagogikk- og forskulegruppene. Tredje kolonne viser p-verdiane der variansen er antatt lik i alle gruppene og estimert utfrå heile datasettet. Fjerde kolonne viser p-verdiane når variansen er estimert individuelt for kvar gruppe. I begge tilfeller er observatoren tilnærma kjikvadratfordelt med to fridomsgrader under nullhypotesen.

OPPSUMMERING

Vi har tre ulike tilnærmingar til eit datasett: 1) Datasettet gir oss all informasjon, og vi ønskjer å beskrive datasettet. 2) Vi ønskjer å trekke konklusjonar som har gyldigheit utover datasettet, typisk har vi då konkrete hypotesar som vi testar. 3) Vi utforskar datasettet for å sjå om det kan ymte om ny kunnskap.

Dette datasettet er ikkje samla inn for å teste veldefinerte hypotesar, og det er heller ikkje interessant i seg sjølv. Med andre ord er det den tredje tilnærminga ovanfor som er aktuell. Vi studerer datasettet for å forsøke å kartlegge og å forstå noko om rettskrivings- og bøyingsfeil. Statistiske metodar kan også brukast til det, men resultatet av denne typen utforskning er, i beste fall, ein eller fleire hypotesar om ortografiske feil og feilmønster. Eventuelle låge p-verdiar kan ikkje tolkast som statistisk signifikante resultat, men dei indikerer at vi har ein god hypotese.

Vi modellerer både potensielle avvik og faktiske avvik. Poisson-fordelinga og negativ-binomialfordeling er aktuelle fordelingar. Negativ-binomialfordelinga er meir fleksibel og opnar for meir strukturell variasjon mellom tekstane/forfattarane. Utan ytterlegare informasjon om tekstane, og tekstar generelt, kan vi i litra grad seie noko om spørsmål som til dømes kva for kategoriar folk har størst problem med. Det kjem av at vi ikkje kan seie om høg frekvens i ein kategori skuldast at forfattaren har vanskar med denne kategorien, eller om det kjem av at kategorien har høg frekvens i teksten. Mange av konklusjonane må derfor gjelde tekstar, og vi kan berre i liten grad overføre desse konklusjonane til forfattarane. Det siste ville nok vere det mest interessante.

Som forventa, ser det ut til at intensiteten til den totale feilmengda varierer mellom tekstane, men i mikrogruppa er forskjellane, etter ei totalvurdering, trass alt små. Kanskje skuldast det at tekstane i gruppa er prega av mange standardiserte formuleringar. I alle fall er mikro-gruppa nokså homogen med omsyn til den totale feilmengda. Det er likevel liten grunn til å tru at feilintensitetane i 44 tekstar som er skrivne av ulike studentar, skal vere omtrent like. Konklusjonen er derfor at tekstane i mikrogruppa ikkje er lange nok til at vi ser forskjellane på dei, og i mange samanhengar vil det derfor vere lite informasjon å hente frå denne gruppa. Det er derfor eit spørsmål om denne gruppa bør vere med i ein eventuell vidare analyse av datasettet. Som grupper er dei andre gruppene rimeleg like, og det vil i mange samanhengar vere eit kvalitetsteikn med datasettet. Det indikerer nemleg at vi kan sjå på tekstane i desse tre gruppene som observasjonar frå ein populasjon, noko som er ein fordel.

Eit interessant norskdidaktisk spørsmål for vidare analyse er om det er samanhengar mellom dei ulike feilkategoriane, sjå (Myklebust, u.d.). Vår vurdering er at mikrogruppa neppe bør takast med i den analysen, men at dei tre andre grup-

pene i utgangspunktet kan sjåast på som ein populasjon, og slik sett dannar dei eit godt grunnlag for ein slik analyse.

LITTERATUR

- Cameron, A.C., & Trivedi, P.K. (1998). *Regression analysis of count data*. New York: Cambridge University Press.
- Church, K.W., & Gale, W.A. (1995). Poisson mixture. *Natural language engineering*, 1, ss. 163–190.
- Fretland, J.O. (2007). Du skriv feil, lærar. I A.S. Norddal, *Betre nynorskundervisning*. (ss. 71–82). Skriftserien Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.
- Fretland, J.O. (2011). Nynorsk ordval i studentoppgåver: Om «pengeetterspørrelens inntektsfølsomheit» og andre nötter for nynorsk i opplæringa. I Jenstad, & Vikør, *Leksikalsk forsking i norske målføre og nynorsk skriftspråk*. DKNVS Skrifter.
- Fretland, J.O. (2015). «Vi analyserar økningen i isokvanter.» Ein analyse av nynorskfeil i studentarbeid. I H. Eiksund, & J.O. Fretland, *Nye røyster i nynorskforskinga*.
- Hilbe, J.M. (2011). *Negative binomial regression*. New York: Cambridge University Press.
- Høyland, A. (1988). *Sannsynlighetsregning og statistisk metodelære. I sannsynlighetsregning*. (5. utg.). Trondheim: Tapir.
- Katz, S.M. (1996). Distribution of content words and phrases in text and language modelling. *Natural language engineering*, 2, ss. 15–59.
- Myklebust, T. (u.d.). *Ein analyse av studenttekstar med statistiske metodar*. Sogndal: Under arbeid. HISF.
- Tukey, J.W. (1977). *Exploratory data analysis*. Pearson.
- Tukey, J.W. (1980). We need both exploratory and confirmatory. *The american statistician*, 34(1), ss. 23–25.
- Zeileis, A., Kleiber, C., & Jackman, S. (2008). Regression models for count data in R. *Journal of statistical software*, 27, ss. 1–25.

Kapittel 9

Om teknologien som ikke fikk være teknologi – diskurser om velferdsteknologi

HILDE G. CORNELIUSSEN OG KARI DYB

SAMMENDRAG Inspirert av Foucault sin vekt på språklige konstruksjoner som meningsskapende utforsker det vitenskapelige essayet hvordan velferdsteknologi italesettes i helsepolitiske styringsdokumenter. Med utgangspunkt i en utbredt holdning som hevder at velferdsteknologi ikke handler om teknologi, men om mennesker, drøftes det hvordan politiske dokumenter gir bestemte meninger til begrepet velferdsteknologi og hvilke effekter slike teknologireduserende meningskonstruksjoner har for helsesektoren.

NØKKELORD velferdsteknologi, diskurs, språklig konstruksjon, helsepolitikk, helsepersonell

ABSTRACT Inspired by Foucault, we explore meaning created by the health authorities' policy documents on welfare technology. We explore the meaning construction of a «technology-reducing» claim stating that «welfare technology is not about technology, but about human beings». The scientific essay illustrates how this and similar claims have gained widespread acceptance and discusses some of the effects this type of policy statements has for the users of welfare technology.

«VELFERDSTEKNOLOGI HANDLER IKKE OM TEKNOLOGI»

Sitatet «Velferdsteknologi handler ikke om teknologi – men om mennesker» pryder forsiden på Helsedirektoratets «Fagrappport om velferdsteknologi» og slår an tonen for en holdning som er fremtredende i den norske diskursen om velferdsteknologi. I likhet med andre vestlige land ser vi også i Norge en økende interesse for velferdsteknologi, motivert av en forventet vekst i antall både yngre og eldre som vil ha behov for pleie- og omsorgstjenester, uten en tilsvarende økning i helsepersonell.

For å opprettholde dagens nivå på helsetjenester må alternative løsninger finnes, og velferdsteknologi er ett av svarene. Helsetjenester er ikke nye og det meste av teknologien vi snakker om, er heller ikke ny. Likevel bringer sammensmelting av helse og teknologi i «velferdsteknologi» med seg løfte om endring og innovasjon. Første ledd i denne utviklingen dreier seg om hvordan vi snakker om, eller italesetter, velferdsteknologi. Dette vitenskapelige essayet handler om hvordan nettopp *språklige konstruksjoner er meningsskapende* for forståelsen av velferdsteknologi.

Språklige konstruksjoner kan forstås som en form for immateriell kapital, altså som makt til å definere hva velferdsteknologi er. For å utforske hvordan velferdsteknologi gis mening i en norsk kontekst, har vi studert hvordan politiske styringsdokumenter bidrar med språklige konstruksjoner til begrepet «velferdsteknologi». Vi viser at formuleringer som ligner det innledende sitatet: «Velferdsteknologi handler ikke om teknologi, men om mennesker», har oppnådd stor spredning i helsevesenet, og vi argumenterer for at slike formuleringer virker «teknologireducerende» for forståelsen av velferdsteknologi.

Med utgangspunkt i Foucault sin forståelse av kunnskap og makt, diskurser og sannhetsregimer hevder vi at en bestemt måte å beskrive et fenomen på ikke må betraktes som «fakta» eller «sannhet», men som en sosial og språklig konstruksjon. Meningskonstruksjoner er ikke nøytrale eller uskyldige, de har *effekter* i samfunnet. Når vi snakker om velferdsteknologi, er, kommunenes pleie- og omsorgstjeneste en sentral målgruppe for myndighetenes definisjoner, retningslinjer og målsettinger. For å illustrere noen effekter av styringsdokumentenes teknologireducerende retorikk for praksisfeltet trekker vi inn holdninger blant helsepersonell fra kommuner som arbeider aktivt med å innføre velferdsteknologi. I vårt arbeid med forsknings- og utviklingsarbeid knyttet til velferdsteknologi har vi deltatt i intervjuer og samtaler med et bredt utvalg av helsearbeidere og ledere fra kommunenes helse- og omsorgstjenester. Det er særlig gjennom disse vi har møtt den teknologireduserende diskursen, og som gjennom sine ulike måter å reagere på denne har bidratt til å skape vår interesse for effekter av den teknologireduserende diskursen om velferdsteknologi.

METODE OG TEORI: DISKURSANALYSE AV HELSEPOLITISKE DOKUMENTER

Teoretisk tar vi utgangspunkt i Foucault sin forståelse av samfunnsutvikling som en sosial konstruksjon, og der diskurser – våre språklige praksiser – ikke bare skapes av, men også bidrar til å skape samfunnet. For å belyse hvordan velferdsteknologi italesettes og får mening i helsesektoren, har vi studert helsepolitiske dis-

kurser i styringsdokumenter. Vi har kartlagt og analysert norske helsepolitiske dokumenter knyttet til velferdsteknologi i perioden 2010–2016. Følgende dokumenter er analysert: «Samhandlingsreformen. Rett behandling – på rett sted – til rett tid» (HOD, 2008–2009); Stortingsmeldinger (Helse- og omsorgsdepartementet, Meld. St. 29 (2012–2013); Helse og omsorgsdepartement, 2010 (Meld. St. 16)); Hagen-utvalgets rapport «Innovasjon i omsorg» (NOU, 2011: 11); og Helsedirektoratet sin «Fagrappport om velferdsteknologi» (Helsedirektoratet, 2012).

Begge forfatterne har som nevnt bred erfaring fra forsknings- og utviklingsprosjekter knyttet til innføring og bruk av velferdsteknologi i kommunenes pleie- og omsorgstjeneste. Henvisninger til holdninger blant og uttalelser fra helsepersonell er ikke knyttet til et bestemt forskningsprosjekt, men hentet fra ulike velferdsteknologiprosjekter i ulike deler av landet, og fra forskernes erfaringer, observasjoner og formelle og uformelle intervjuer og samtaler gjort i møter med ansatte i kommuner som står midt i prosesser med å implementere velferdsteknologi. Eksemplene som brukes som illustrasjoner i essayet, er hentet fra forsknings- og utviklingsprosjekter i Sogn og Fjordane og i Troms fylke, og brukes for å illustrere holdninger blant helsepersonell som skal ta i bruk velferdsteknologi.

OM DISKURSER OG SANNHETSREGIMER

Hva ønsker vi å problematisere eller fange ved å snakke om velferdsteknologi i lys av diskurser og sannhetsregimer? Diskurs et sentralt begrep i Foucault sitt arbeid med å undersøke hvordan visse utsagn oppnår status som meningsfulle og sanne i en bestemt historisk periode (Winther Jørgensen & Phillips, 1999, s. 21). Foucault er opptatt av å undersøke et «fenomen som en diskursiv praksis. Fokus rettes mot de handlingsbetingelser som gjør praksisen mulig, mot praksisen selv, og mot de effektene den har» (Neumann, 2001, s. 154). Målet vårt med å studere diskurser om velferdsteknologi er å vise hvordan visse måter å italesette velferdsteknologi på blir betraktet som forståelig og relevant, mens andre meninger blir ekskludert eller formet som irrelevante (Corneliussen, 2003, s. 64). Den språklige meningskonstruksjonen rundt velferdsteknologi kan forstås som immateriell kapital som omsettes blant politikere, beslutningstakere, helsepersonell og i samfunnet for øvrig. Å studere diskurser er med andre ord å studere sosiale praksiser som bidrar til å forme virkeligheten vår. Ettersom sannhet ikke kan antas å være en underliggende essens som kan «avkles», men en sosial konstruksjon som har oppnådd tilstrekkelig aksept, vil forskerens oppgave være å undersøke hvordan en sannhet er konstruert og hvilke effekter den har.

Laclau og Mouffe utdypet hvordan meningskonstruksjon i diskurser skjer rundt «tomme betegnere» (1985, s. 112). En tom betegner har ikke en ferdig definert mening, men får sitt innhold gjennom mening som diskursen har tatt opp, og kan også være gjenstand for konkurrerende diskurser. Eksempel på en tom betegner er kjønn, som kan være gjenstand for ganske ulike meningskonstruksjoner. En biologisk diskurs kan vektlegge menns og kvinners fysiske *forskjell*, mens en feministisk politisk diskurs krever menns og kvinners *likhet* når det gjelder politiske eller økonomiske rettigheter. «Velferdsteknologi» kan også forstås som en «tom betegner» – som et begrep som ikke har eget innhold før det får mening gjennom den diskursive konteksten den plasseres i.

En diskurs oppnår en koherent mening, ifølge Laclau og Mouffe, ved at den meningen som blir tatt opp, tilpasses diskursen, mens alternative meninger utelates (Laclau & Mouffe, 1985, s. 112). Denne «indre homogeniseringen» har den effekten at en diskurs fremstår som koherent, og får et preg av å være objektiv og fast-låst, eller «sann». Eller som Winther Jørgensen og Phillips beskriver det: «Objektivitet er aflejret magt, hvor magtspørerne er blevet udvisket, hvor man altså har glemt, at omverdenen er politisk konstrueret» (Winther Jørgensen & Phillips, 1999, s. 49). Parallelt med den indre koherensen skapes et stort felt av mening – «det diskursive felt» – som er ekskludert fra diskursen (Laclau & Mouffe, 1985, s. 111). En diskurs om jenter og IKT vil for eksempel lett kunne inkludere aktiviteter som blogging og chatting, mens den ikke uten videre vil inkludere begreper som «hacker» eller «hardcore gamer». Det er viktig å understreke at det *ikke betyr* at ikke jenter også kan fremstå som både hacker og hardcore gamer, men den dominerende diskursen tilbyr ikke kombinasjonen « jente » og « hacker » som en tatt-for-gitt meningskonstruksjon – den må i så fall forhandles om. Den ekskluderte meningen i «det diskursive felt» utfordrer de etablerte diskursene med alternativ mening, og diskurser er således alltid i bevegelse og under forhandling om nye forståelser.

Noen diskurser får stor utbredelse og blir dominerende. Foucault refererer til sannhetsregimer og forklarer hvordan «sannhet» i vestlige samfunn har bestemte karakteristikker. «Sannhet» støtter seg på vitenskapelige diskurser og institusjoner, knytter seg til økonomiske og politiske insitamenter, og er gjenstand for bred spredning gjennom dominerende politiske og økonomiske organisasjoner, men også for debatt og forhandling (Foucault, 1980, s. 131–132). Når en diskurs oppnår en bred grad av aksept, fremstår den som «sann», og «sannhetsregimer» opprettholdes eller reproduceres ved at den aksepterte «sannheten» repeteres og blir autorisert av personer og institusjoner med sentrale posisjoner (ibid.). Sannhetsregimer kan ses i lys av Fjordantologiens tema «immateriell kapital», som noe som forvaltes og omsettes i helsesektoren. Men ulike diskurser er også i konkurranse

med hverandre, og vi vil, ved å dekonstruere diskurser om velferdsteknologi, vise hvordan diskurser om helse, politikk og teknologi, men også kjønn og arbeidsliv, blandes inn i kampen om å gi velferdsteknologi mening.

«VELFERDSTEKNOLOGI» I POLITISKE DOKUMENTER

«Omsorgskrisen skapes ikke av eldrebølgen. Den skapes av forestillingen om at omsorg ikke kan gjøres annerledes enn i dag.» Slik har ofte Kåre Hagen, leder for utvalget for «Innovasjon i omsorg», blitt sitert. Sentrale stikkord er 1) «omsorgskrise», som forventes å komme som en følge av et økende antall pleietrengende, parallelt med økende mangel på tilstrekkelig ansatte i helsesektoren, og 2) innovasjon – å gjøre ting annerledes, å fornye. Den fremtidige, forventede omsorgskrisen har fått uttrykk i politiske dokumenter og politiske føringer, og i disse har velferdsteknologi blitt fremmet som et av verktøyene som skal motvirke krisetilstander.

«Samhandlingsreformen. Rett behandling – på rett sted – til rett tid» (HOD, 2008–2009) er et av de første politiske dokumentene som gir føringer for velferdsteknologi. Et viktig mål for Samhandlingsreformen er at flere skal kunne bo lenger i eget hjem. De siste årenes spredning av velferdsteknologiske løsninger handler nettopp om at flere skal kunne bo lenger i eget hjem, ved hjelp av teknologi som varsler og trygger, som for eksempel alarmer og sensorer.

Bruk av teknologi for at flere skal kunne bo lenger hjemme, med økt trygghet for både brukere og pårørende, økt verdighet, sammen med mulighet for at teknologi også kan frigjøre tid for helsepersonell, går igjen i flere stortingsmeldinger (Helse- og omsorgsdepartementet, Meld. St. 29 (2012–2013); Helse og omsorgsdepartementet, 2010 (Meld. St. 16)). Det var særlig Hagen-utvalgets rapport «Innovasjon i omsorg» (NOU, 2011: 11) som ble retningsgivende for helsemyndighetenes arbeid med velferdsteknologi, og som ble fulgt opp og utdypet i Helsedirektoratet sin «Fagrappport om velferdsteknologi» (Helsedirektoratet, 2012).

Når vi bruker begrepet «velferdsteknologi» er det altså direkte relatert til hvordan dette har vokst frem som en mye brukt «sekkebetegnelse» for ulike typer av teknologi i Norge, og det er denne betegnelsen som i stor grad var i bruk i styringsdokumenter i perioden 2011–2016.

Hva ligger i denne sekkebetegnelsen? Hagen-utvalget baserer seg på en definisjon, som med støtte i en rapport fra KS og NHO (KS & NHO, 2009) og AALIANCE-prosjektet (*Ambient Assisted Living Innovation Alliance*) gir en ambisiøs beskrivelse av velferdsteknologi:

Med velferdsteknologi menes først og fremst teknologisk assistanse som bidrar til økt trygghet, sikkerhet, sosial deltakelse, mobilitet og fysisk og kulturell aktivitet, og styrker den enkeltes evne til å klare seg selv i hverdagen til tross for sykdom og sosial, psykisk eller fysisk nedsatt funksjonsevne. Velferdsteknologi kan også fungere som teknologisk støtte til pårørende og ellers bidra til å forbedre tilgjengelighet, ressursutnyttelse og kvalitet på tjenestetilbudet. Velferdsteknologiske løsninger kan i mange tilfeller forebygge behov for tjenester eller innleggelse i institusjon. (NOU, 2011: 11, s. 99)

Velferdsteknologi fremstår i denne definisjonen med løfter om å gi både bruker og pårørende støtte, å bidra til å forbedre kvaliteten på tjenestetilbudet, og å gjøre behovet for tjenester og institusjonsbruk mindre. Dette bidrar til det som Fredskilde, med referanse til situasjonen i Danmark, kaller en politisk samfunnsdiskurs rundt velferdsteknologi (2013).

Begrepet «velferdsteknologi» kan omfatte mange ulike teknologier, fra enkle teknologiske løsninger som vi kan kjøpe på egen hånd, som automatisk regulering av lys og varme, til store kompliserte systemer for varsling i institusjoner eller omsorgsboliger. Hagen-utvalget foreslår å dele velferdsteknologi inn etter bruksområder som illustrerer bredden som fanges i begrepet, fra trygghets- og sikkerhetsteknologi til kompensasjons- og velværeteknologi, teknologi for sosial kontakt og teknologi for behandling og pleie (NOU, 2011: 11, s. 100).

For kommunenes pleie- og omsorgstjeneste handler velferdsteknologi om teknologi som brukes i private hjem eller i omsorgsboliger og i institusjoner. For noen løsninger er det brukeren (pasienten) som selv betjener teknologien, som for eksempel en vanlig trygghetsalarm, mens annen teknologi fungerer som respons på hendelser uten brukerens aktive medvirkning, som fallalarm eller sporing med GPS. Så lenge teknologien er en del av kommunenes pleie- og omsorgstjeneste, er det helsepersonell som initierer eller i sin helhet håndterer teknologien, og det er disse tilfellene vi koncentrerer oss om her.

TEKNOLOGIEN SOM IKKE FIKK VÆRE TEKNOLOGI

Det teknologireduserende sitatet vi innledet med og måten vi gjentatte ganger møtte dette i praksisfeltet, var det som trigget vår interesse for diskurser om velferdsteknologi. I rapporten «Innovasjon i omsorg» blir kapitlet om «Ny teknologistøtte» i helsevesenet innledet med en meningsbærende konstruksjon i form av et sitat av Dorthe Kusk: «Ved innføring av ny teknologi utgjør selve teknologien bare cirka 20 prosent av de endringene som blir satt i verk. Det meste dreier seg om arbeidsformer og organisering» (Dorthe Kusk 2010, sitert i NOU, 2011: 11,

s. 98). Hagen-utvalget repeterer denne forståelsen av teknologi senere i rapporten: «Flere av de som arbeider på dette feltet sier, at utfordringene handler 20 % om teknologi og 80 % om organisasjon» (NOU, 2011: 11, s. 99).

Den meningsbærende konstruksjonen om at velferdsteknologi nesten ikke er teknologi, blir ført videre i den påfølgende «Fagrappoport om implementering av velferdsteknologi» fra Helsedirektoratet, som allerede på forsiden fastslår at «Velferdsteknologi handler ikke om teknologi – men om mennesker». I rapporten understrekkes det at «vellykket implementering av velferdsteknologi avhenger 20% av teknologien og 80% av organisering» (Helsedirektoratet, 2012, s. 35). Den samme meningskonstruksjonen finner vi igjen i kapitlet om velferdsteknologi i stortingsmeldingen «Morgendagens omsorg», som åpner med sitatet «Velferdsteknologi handler ikke om teknologi – men om mennesker» (Helse- og omsorgsdepartementet, Meld. St. 29 (2012–2013), s. 109).

De to konstruksjonene, 1) «Velferdsteknologi handler ikke om teknologi – men om mennesker» og 2) velferdsteknologi handler 20 % om teknologi og 80 % om organisering, blir ikke bare repertert i de politiske dokumentene, men også hyppig sittet og parafrasert på konferanser og seminarer rettet mot kommunenes pleie- og omsorgstjeneste, både av representanter for helsemyndighetene, det nasjonale velferdsteknologiprogrammet, fra KS og fra enkeltkommuner. Et sok på Google etter formuleringen «Velferdsteknologi handler ikke om teknologi» gir flere hundre eksakte treff. Vi har sågar repertert det selv!

Meningskonstruksjonene er sendt ut gjennom et hierarkisk nettverk for helse-sektoren, der den har funnet stor grad av vellykket «oversettelse» og spredning i nettverket gjennom aktører som aksepterer påstanden tilstrekkelig til å repeterer den. Sannhetsregimet «velferdsteknologi handler ikke om teknologi», kan ses som immateriell kapital og en maktfaktor som distribueres eller selges til aktørene i sektoren, altså til dem som skal bruke velferdsteknologi.

DISKURSIVE FORHANDLINGER OG KONKURRERENDE DISKURSER

Den teknologireduserende diskursen anerkjenner velferdsteknologi som et konglomerat som ikke, eller ikke bare, omfatter det teknologiske apparatet, men også mennesker, praksiser, rutiner, kunnskap, etikk, lover osv. En alarm som varsler om uønskede hendelser, som f.eks. fall, dører som åpnes eller lukkes, eller pleietrengende som forlater sengen sin, er teknisk sett bare et signal som sendes. Men for at signalet skal bli mer enn en elektrisk eller digital impuls, må den settes inn i en sammenheng som omfatter en pleietrengende som har behov for alarm, et mot-takssystem for signalet fra alarmen, ansatte eller familie som håndterer alarmsig-

nalet osv. Velferdsteknologi kan altså forstås som en mangefasettert teknologi som involverer både menneskelige og ikke-menneskelige aktører, slik dominerende perspektiver fra samfunnsvitenskapelig teknologiforskning, Science, Technology and Society (STS), vil hevde. En retning innen denne forskningstradisjonen, Aktør-nettverksteori (ANT), sidestiller menneskelige og ikke-menneskelige aktører, og understreker betydningen av å inkludere begge og studere sammenvevingen av aktørene i nettverket (Latour, 1992, 2005).

Den helsepolitiske konstruksjonen som understreker at velferdsteknologi handler både om mennesker og teknologi, kunne hatt opphav og vært begrunnet i en slik forståelse. I lys av teorier fra STS-feltet kan velferdsteknologi betraktes som et heterogent nettverk av menneskelige og ikke-menneskelige aktører som samhandler. Å snakke om velferdsteknologi kun i et snevert teknisk perspektiv, uten hensyn til brukere, pårørende og ansatte, eller omvendt, å betrakte velferdsteknologi kun som sosial prosess, er ikke mulig.

En diskursteori etisk tilnærming gir et annet inntak til fenomenet, og er godt egnet til å belyse effekter av spesifikke politiske konstruksjoner. Når helsemyndighetenes teknologireduserende konstruksjoner repeteres ofte og kontekstløst, har de nemlig effekter. En effekt kan være at diskursene tas bokstavelig, som en sannhet om at «velferdsteknologi ikke handler om teknologi». Mulige teknologiske utfordringer for helsepersonell eller andre brukere av teknologien blir dermed usynliggjort. Våre erfaringer fra forsknings- og utviklingsarbeid knyttet til innføring av velferdsteknologi i kommunal pleie- og omsorgstjeneste viser imidlertid at det slett ikke alltid er like åpenbart at velferdsteknologi ikke handler om teknologi.

I et diskursteoretisk språk kan vi se at helsemyndighetenes teknologiredusrende beskrivelse er avhengig nettopp av en «indre homogenisering», hvorigjenom «upassende» mening – i dette tilfellet det å handle om teknologi – ekskluderes til det diskursive felt. Ulike tolkninger og konkurrerende diskurser om velferdsteknologi er imidlertid også et internasjonalt fenomen. I en analyse av dokumenter relatert til begreper som «telehealth» og «telecare» fra Europa, USA og Australia, peker Greenhalgh et al. (2012) på flere diskurser som bidrar til meningskonstruksjon. De trekker frem en modernistisk diskurs som presenterer «en futuristisk utopisk visjon» om at velferdsteknologi i fremtiden vil gjøre samfunnet i stand til å oppfylle sine moralske forpliktelser til å ta vare på den eldre befolkningen, samtidig som det vil sikre økonomisk effektivitet. En humanistisk diskurs blander seg inn og vektlegger individets «uniqueness and moral worth». I et slikt perspektiv kan teknologi både ha positive og negative virkninger, understreker Greenhalgh et al., idet den kan både løse og skape problemer. En politisk-økonomisk diskurs bringer inn frykt for kommersialisering og lekkasje av offent-

lige midler til private virksomheter, mens en «change management» diskurs peker på utfordringer med å styre organisasjonsmessige prosesser i store teknologiprogram (Greenhalgh et al., 2012, s. 1).

Også i Norge konkurrerer diskurser om å definere velferdsteknologi, og fremtidsvisjoner om velferdsteknologisk støtte for omsorgsoppgaver er tydelige også i den norske diskursen. Vi finner en humanistisk diskurs som viser til kvalitet, trygghet, privatliv osv. for mottaker, med særlig vekt på å kunne «mestre eget liv» og «bo lengre hjemme» (Helsedirektoratet, 2012, s. 11). Det er tilsynelatende innenfor denne diskursen, og med et menneskeperspektiv på teknologien, at Nils Peter Nissen har uttalt at «velferdsteknologi handler ikke om teknologi – men om mennesker».

Vi finner imidlertid også endring i diskursene, med en innledende reservasjon fra Hagen-utvalget, som først demper forventningene: «Velferdsteknologien vil ikke skape revolusjon i omsorgstjenestene» (NOU, 2011: 11, s. 98), og: «Teknologi skal ikke erstatte menneskene som arbeider innenfor helse- og sosialsektoren, men snarere betraktes som nødvendig støtte og supplement dersom sektoren skal klare å opprettholde kvaliteten på tjenestene» (NOU 2011: 11, s. 115). Fire år senere synes den økonomiske diskursen å ha fått et forsprang i Helsedirektoratets anbefalinger omkring velferdsteknologi: «Teknologi må erstatte hele eller deler av tjenesten slik at gevinster faktisk kan tas ut» (Melting & Frantzen, 2015, s. 5). Disse diskursive forhandlingene illustrerer hvordan teknologiens betydning hele tiden er i spill, som en positiv utvei for fremtidige utfordringer, som en bedring i livskvalitet for brukere, eller som en trussel mot det menneskelige i helsevesenet. En politisk-økonomisk diskurs tilsvarende den Greenhalgh et al. finner, med frykt for kommersialisering, har ikke (ennå) vært særlig aktiv i det norske diskursive landskapet. En innovasjonsdiskurs med fokus på endring i organisasjon og organisering av pleie- og omsorgstjenester har imidlertid vært sterkt i Norge, reflektert i blant annet de teknologireduserende meningskonstruksjonene.

Danmark har hatt en utvikling i helsesektoren som ligner vår samhandlingsreform, og som «medfører, at behovet for et velfungerende 'nært sundhedsvæsen' stiger» (Fredskild, 2013, s. 104). Også i Danmark har velferdsteknologi inngått som en del av løsningen på de demografiske endringene, og målet er at «velfærds-teknologien skal erstatte eksisterende tilbud og ikke supplere og dermed blive omkostningsforøgende» (Fredskild, 2013, s. 105, med referanse til Bendix et al., 2012). Fredskild har analysert diskurser om velferdsteknologi i Danmark, og hun mener det er tre diskurser som dominerer: en politisk-samfunnsmessig diskurs, en teknologidiskurs og en helsefaglig diskurs. Den politiske diskursen, som fremmes av den danske regjeringen, tar utgangspunkt i samfunnsbehov (demografiske endringer), og finner samtidig god dokumentasjon på at velferdsteknologi gir økt

trygghet og fleksibilitet for flere pasienter (Fredskild, 2013, s. 114). Tilsvarende resultater blir det også vist til i Norge fra det Nasjonale velferdsteknologiprogrammet i regi av Helsedirektoratet (Melting & Frantzen, 2015).

Den helsefaglige diskursen i Danmark fokuserer på at «manglende varme hender» sammen med økt effektivisering truer med å sette til side omsorg for og relasjoner til pasientene. Helsefaglige representanter uttrykker således etiske bekymringer i møte med velferdsteknologi (Fredskild, 2013, s. 114). Den teknologiske diskursen illustrerer hvordan teknologien gir pasienter fordeler, som større frihet til å klare seg selv. Den teknologiske diskursen er imidlertid underordnet den politiske, idet velferdsteknologien «italesættes … sammen med et begrebsnettverk fra en politisk diskurs, der henviser til omkostningseffektivitet og samfundsmaessige gevinst» (Fredskild, 2013, s. 117). De samme tendensene synes å tre frem i Norge, idet velferdsteknologi fra myndighetenes side italesættes gjennom «gevinstrealisering» som en sentral forståelsesramme (Melting, 2017; Melting & Frantzen, 2015).

Fredskild ser det som en utfordring i Danmark at den politiske og den teknologiske diskursen støtter hverandre og fortrenger den helsefaglige diskursen (2013, s. 116–117). Samtidig håper hun at den politiske, den teknologiske og den helsefaglige diskursen med tiden vil «forme sig som en fælles diskurs, der understøtter de sundhedsfagliges faglighed – herunder omsorgen, relationen og etikken» i en ny «sundhedsteknologisk diskurs» (Fredskild, 2013, s. 120). Betydningen av en slik «helseteknologisk diskurs» er at den vil måtte involvere ulike faglige perspektiver som helsefaglige profesjoner vil måtte forholde seg til når teknologi også er en del av omsorgslandskapet.

HELSE VERSUS TEKNOLOGI

En vesentlig utfordring med implementering av teknologi i kommunale helse- og omsorgstjenestene er, som vist, at det ikke på forhånd finnes et åpenbart diskursivt rom for teknologi i helsediskursen. Ulike studier har vist ulike holdninger blant helsepersonell med hensyn til å ta i bruk ny teknologi i pleie- og omsorgstjenestene. En dansk studie viser at helsepersonell klarer den *praktiske* håndteringen av ny teknologi greit, mens helseprofesjonens kjernebegrep «omsorg, relationer og etik, får en ny betydning» når velferdsteknologi introduseres (Accenture, 2010, referert i Fredskild, 2013, s. 108). Hvordan ny teknologi kan utfordre selve kernen i helsefaglig behandling, diskuteres også av Dyb og Andreassen i en norsk kontekst (2014). De belyser hvordan innføring av ny teknologi (telemedisin) trigger diskusjoner om hva som er riktig behandling, og viser at helsepersonell

beskrev det som feil at IT og IT-ansatte har fått den posisjonen de har i helsesektoren. Også internasjonalt har forskere vært opptatt av forholdet mellom teknologi og helsefaglig arbeid. Carl May et al. (2001), Roberts et al. (2012) og Nicolini (2007) belyser alle hvordan helsefaglig arbeid endres ved innføring av ny teknologi. I en studie fra Tyskland har Saborowski og Kollak funnet at mangel på kompetanse og opplæring i bruk av teknologi utgjør en stor utfordring for helsepersonell (2015). Det er tydelig i disse studiene, med flere, at innføring av ny teknologi i helsefaglig arbeid skaper behov for nye former for kompetanse hos de ansatte (Fredskild, 2013), og at det særlig er arbeidet til de helsefaglige ansatte som er i direkte daglig kontakt med brukere som endres ved innføring av ny teknologi.

Noe av det som gjør velferdsteknologi til gjenstand for diskursive forhandlinger, er at den i seg selv representerer en overgripende konstruksjon, mellom «velferd» – eller pleie- og omsorgsarbeid på den ene siden og teknologi på den andre. Begge felt har bestemte historiske og kontekstuelle forhold og forutsetninger. Vi så at i Danmark problematiserer Fredskild forholdet mellom den helsefaglige «kjernen» og teknologi, og de ulike verdigrunnlagene disse synes å bringe med seg. Men det er ikke bare verdigrunnlaget som er ulikt. Også kompetansebehovet er forskjellig i feltene teknologi og helse. De to feltene synes på mange måter å fremstå som motsetninger, og de kan lett illustreres som nettopp det:

TABELL 9.1

Helse:	Teknologi:
Levende mennesker «Varme hender» Omsorgsrasjonalitet	Døde objekter «Kald teknologi» Teknologisk rasjonalitet

Til disse begrepsparene kan vi vise tilsvarende dualistiske forståelser som kommer frem både i forskningslitteraturen og i våre egne empiriske studier: sosial kontakt versus isolasjon og ensomhet, livskvalitet versus teknologisk effektivisering. Felles for helse–teknologi dualismen er at «helse» omfavner en humanistisk diskurs som ikke synes å inngå i den teknologiske siden av dualismen, og omvendt. Studier har vist til at det ofte i teknologiutdanning og -yrker oppfattes et skille mellom det sosiale og menneskelige på den ene siden, og det teknologiske på den andre. Datahackerne som Steven Levy intervjuet på 1970-tallet, understreket at de foretrakke å jobbe med teknologi fremfor mennesker, fordi teknologien var forutsigbar, i motsetning til mennesker (Levy, 1984). Analyser av dualismen sosial–teknisk innen IT-utdannelse og -yrker viser at, på tross av forsøk på å fremme kommunikative aspekt, blir de tekniske aspektene verdsatt faglig, mens kommunikasjon ikke blir tillagt den samme faglig verdien (Lagesen & Sørensen, 2009).

I vårt eget arbeid omkring implementering av velferdsteknologi i kommunenes pleie- og omsorgstjeneste har vi møtt de ansattes frustrasjon over å ikke ha den «rette» kompetansen i møtet med velferdsteknologi. Vi har møtt tjenesteleddere som beskriver at de må tilegne seg IKT-kunnskap som de «ikke egentlig burde ha», og beskrivelser av ansatte som er skeptiske til ny teknologi. Og mangel på teknologisk kompetanse blant helsepersonell prosinker prosessen med å ta i bruk ny teknologi: «Det å stå og fomle med noe teknisk som vi ikke får til, er vanskelig – da gjør vi det heller på gamle måten» (Corneliussen et al., 2016).

For en yrkesgruppe som ikke har trening i å bruke teknologi, kan enkle teknologiske operasjoner, som å sette riktig ledning i et apparat, oppleves som en utfordring, som noe som faller utenfor selve jobben som helsearbeider. Vi mener fortsatt ikke at velferdsteknologi *bare* handler om teknologi, men det handler heller ikke *bare om mennesker*. Det politiske sannhetsregimet som hevder at velferdsteknologi ikke, eller bare i begrenset grad, handler om teknologi, bidrar til å usynliggjøre det behovet for teknologisk kunnskap som faktisk oppstår når teknologi skal tas i bruk.

HELSE, TEKNOLOGI OG KJØNN

Et perspektiv som er aktuelt, men som ikke har fått fotfeste i diskusjonen om implementering av velferdsteknologi i norsk helsesektor, er kjønn. I hele den vestlige verden, også i Norge, finner vi en lav kvinneandel i teknologiske utdannelser og yrker. Mange studier av kjønnsskjevheten innen teknologifeltet understreker nettopp hvordan kjønnsforskjell italesettes gjennom at kvinner assosieres med «menneskekunnskap», mens menn assosieres med teknologisk kunnskap (Corneliussen, 2011; Lagesen, 2005). Parallelt finner vi i Norge et av de mest kjønnsdelte arbeidsmarkedene i forhold til land vi kan sammenligne oss med, ifølge rapporten «Kjønn og lønn» (NOU, 2008: 6, s. 40). Mer enn tre av fire ansatte i helsesektoren i Norge er kvinner (Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet, Meld. St. nr. 6 (2010–2011)). Når et felt er sterkt dominert av enten kvinner eller menn, blir det også ofte assosiert med kjønn (Lagesen, 2007). Mens den sterke forbindelsen mellom maskulinitet og teknologi har blitt behandlet som en «akademisk sannhet», ifølge Grint og Gill (1995), blir selve kjerneverdiene i helsesektoren assosiert med kvinner: omsorg og menneskelige relasjoner (Dyb, 2011; Fjell, 1998; Fredskild, 2013). Helse og teknologi krever altså ulike kompetanser, og disse ulike kompetansene er også assosiert med kjønn. I våre studier har vi gjentatte ganger møtt meningkonstruksjoner som viser nettopp til kjønn som forskjellsskapende når ny teknologi skal tas i bruk, som for eksempel «damesyndromet», som

en frykt for det som kan gå galt med teknologi (Corneliussen et al., 2016). Vi vil understreke at vi også forstår kjønn som en diskursiv konstruksjon som fungerer både på et symbolsk, et strukturelt og praktisk nivå (Scott, 1988). Kjønn må således betraktes som noe vi «gjør», mer enn noe vi «har» eller «er» (West & Zimmerman, 1987). Butler forklarer kjønn som noe som vi «fremfører», ved å repetere og tilpasse oss diskursive forventninger. «Damesyndromet» fungerer som en slik forventning og som en antakelse om hvordan voksne kvinner ofte forholder seg til teknologi. Slike kjønnede meningskonstruksjoner får ofte essensialiseringe effekter og forklarende kraft som om de er «sanne» beskrivelser av en sosial kategori. På den måten blir også diskursive konstruksjoner, som for eksempel «damesyndromet», diskursivt tilgjengelig og klar til bruk. Den diskursive effekten er at det har blitt en naturlig forklaring som lett aksepteres.

Velferdsteknologi er altså ikke bare en kombinasjon av to ulike fagfelt, men også av to ulikt kjønnede fagfelt. Det er interessant at en lignende «teknologi-reduserende» konstruksjon som den helsemyndighetene bruker om velferdsteknologi, også har blitt bruk for å rekruttere kvinner til et sterkt mannsdominerte teknologifelt. I «Damer og data-kampanjen» ved NTNU ble jenter invitert til å søke på datastudiet med teksten: «Datastudiet handler ikke om teknologi, men om mennesker» (Lagesen, 2003). Målet var å åpne et diskursivt rom for kvinner som ikke assosierer seg med data-teknologi. Kampanjen var tilsynelatende vellykket og klarte å rekruttere flere kvinnelige studenter. Men den ble også kritisert for denne meningskonstruksjonen, og noen av de rekrutterte kvinnene uttrykte skuffelse over at datastudiet likevel handlet om teknologi (*ibid.*). Det er kanskje ikke tilfeldig at nettopp en «teknologi-reduserende» meningskonstruksjon har blitt repetert og oppnådd stor utbredelse i omtale av velferdsteknologi, idet den føyer seg fint inn i et diskursivt landskap der kvinner/omsorg og teknologi i hovedsak fremstår som inkompatible størrelser.

MED FOKUS PÅ DISKURS

I det vitenskapelige essayet har vi vist hvordan sentrale politiske styringsdokumenter knyttet til velferdsteknologi, bidrar til å etablere en dominerende diskurs som konstruerer en bestemt mening eller sannhet om at velferdsteknologi ikke handler om teknologi, men om mennesker. Vi har også vist at selv om en slik teknologi-reduserende diskurs dominerer, eksisterer den side om side og i konkurranse med andre diskurser om velferdsteknologi. Vårt mål har vært gjennom et perspektiv på diskurser å synliggjøre at denne fortellingen er en av flere måter å forstå velferdsteknologi på. Som andre teoretiske retninger har også Foucault sin

diskursanalyse både svakheter og kritikere. Hekman viser hvordan mange postmodernister, i kritikk av modernismen, gir forrang til diskurser (Hekman, 2010, s. 101). Hekman mener imidlertid at det er mulig å forstå Foucault slik at han ikke privilegerer diskurs over den materielle virkeligheten. Likevel har Foucaults teorier ofte fungert som inspirasjon for studier med fokus på diskurs alene. Boge et al. har analysert bruk av Foucault i studier fra helsesektoren, og kritiserer Foucault sitt perspektiv for å ikke vektlegge hva folk gjør (Boge et al., 2016). Vår studie stopper også ved en analyse av hva folk *sier* i samfunnssdiskursen. Således anbefaler vi at neste trinn i analysen er å se nærmere på hva folk faktisk gjør når de utformer hverdagspraksiser i spennet mellom samfunnssdiskurser og autoritetsregimer på den ene siden og de nære omgivelsenes betingelser på den andre.

KONKLUSJON: TO SFÆRER

Saborowski og Kollak viser til to sfærer for velferdsteknologi i sin studie fra Tyskland: «One with ideal assistive technology and the other with rather simple devices used by care professionals and the elderly» (2015, s. 137). Vi kjenner igjen fenomenet og hvordan fantastisk robot- eller VR-teknologi gjerne presenteres i fremste rekke på konferanser, mens teknologien som håndteres i pleie- og omsorgstjenestene, ofte ikke er mer spennende enn en ringesnor og en sengematte med sensor.

Ved hjelp av Foucaults begreper om diskurs, meningskonstruksjoner og sannhetsregimer har vi imidlertid vist at mens politiske myndigheter forfekter en holdning om at velferdsteknologi ikke handler om teknologi, kan helsepersonell oppleve teknologien som en utfordring. Dermed kan vi kanskje snakke om nok et tilfelle av parallelle sfærer for velferdsteknologi i Norge: en sfære som knytter seg til Helsedirektoratets sannhetsregime, der velferdsteknologi handler om mennesker og organisasjon. Parallelt finnes en sfære som kommunenes pleie- og omsorgstjenester virker i. I helsefagarbeiderens sfære kan velferdsteknologi framstå som komplisert og involvere en ny type kunnskap, og mangel på teknologisk kompetanse skaper frustrasjon. Med andre ord, vi finner en sfære der teknologi også handler om teknologi.

Vi har hevdet at diskurser konstituerer virkeligheten. Når det gjelder velferdsteknologi, har dette blitt påfallende synlig for oss gjennom kontakt med praksismiljøene i kommunene. Velferdsteknologi har fått et innhold som i første omgang har vært formet av politiske diskurser. Ettersom mange kommuner fortsatt er i «startgropen» for implementering av velferdsteknologi, har *diskurser om velferdsteknologi* hatt forsprang på praktiske erfaringer og kunnskap om velferdsteknologi i kommunene. På møter med ansatte i ulike kommuner har vi hørt uttalelser

som «Husk at velferdsteknologi ikke handler om teknologi – men om mennesker» en rekke ganger. Men vi har også hørt det motsatte. Meningsskonstruksjonen «Velferdsteknologi handler ikke om teknologi» har kanskje positive effekter i noen kommuner. Samtidig ser vi at en teknologireduserende diskurs kan ha uheldige effekter i norsk helsevesen, fordi diskursen ikke bidrar til å forberede verken helsepersonell eller ledere i helsesektoren på å håndtere teknologiske spørsmål og utfordringer når velferdsteknologi skal innføres. For oss ble dette ekstra synlig i møte med små kommuner, ofte uten egen IT-avdeling.

Vi ser også i Norge et behov for en helseteknologisk diskurs som anerkjenner både helsefaglige- og teknologiske hensyn, og som anerkjenner behovet for teknologikompetanse i arbeidet med velferdsteknologi, både på politisk og på helsefaglig plan. Samtidig ser vi behov for mer forskning omkring hvordan helse, teknologi, kompetanse, arbeidskulturer og kjønn, sammen med flere aspekter, samspiller inn i arbeid med innføring og bruk av velferdsteknologi. Vi berømmer helsemyndighetene sin innsats i å ufarliggjøre og menneskeliggjøre velferdsteknologi. Samtidig vil vi advare mot å ikke la velferdsteknologi også få lov til å være teknologi.

MERKNADER

Artikkelen er basert på et forskningsprosjekt finansiert av fornyingsmidler fra Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og av Helse-Nord RHF.

Forfatterne har ingen interessekonflikter.

LITTERATUR

- Accenture, (2010). Kompetenceundersøgelse for velfærdsteknologier i Region Syddanmark. (<http://bit.ly/2lpyVcp>).
- Barne, likestillings- og inkluderingsdepartementet. (Meld. St. nr. 6 (2010–2011)). *Likestilling for likelønn*.
- Bendix, H.W., Digmann, A., Jørgensen, P., & Pedersen, K.M. (2012). *Hospitalsledelse: Organisatorisk fenomen og faglig disciplin*. København: Gyldendal.
- Boge, J., Storum, H., Sundal, H., Callewaert, S., & Petersen, K.A. (2016). Muligheter og begrensninger ved analyser av sykepleiepraktikker i et Foucault-perspektiv. *Klinisk Sygepleje*, 43(01), 31–44.
- Corneliussen, H. (2003). *Diskursens makt – individets frihet. Kjønnede posisjoner i diskursen om data*. Doktoravhandling. Seksjon for humanistisk informatikk, Universitetet i Bergen.
- Corneliussen, H.G. (2011). *Gender-Technology Relations: Exploring Stability and Change*. Basingstoke: Palgrave Macmillan.

- Corneliussen, H.G., Strandos, M., & Hove, M.H. (2016). Evaluering av pilotar i prosjektet velferdsteknologi i kommunane i Sogn og Fjordane: eit prosjekt for å etablere lokal erfaring med velferdsteknologi. VF-rapport 8–2016.
- Dyb, K. (2011). IKT-forbindelser i helsesektoren, Sammenvevinger av IKT, steder, yrker, kjønn og politikk.
- Dyb, K., & Andreassen, H.K. (2014). Telemedicin: Et maktperspektiv. *Tidsskrift for Forskning i Sygdom og Samfund* (21), 37–55.
- Fjell, T.I. (1998). *Fødselsens gjensførelse: Fra teknologi til natur på fødearenaen*: Høyskoleforlaget.
- Foucault, M. (1980). *Power/knowledge: Selected interviews and other writings, 1972–1977*: Pantheon.
- Fredskild, T.U. (2013). Diskurser om velferdsteknologi. I T.U. Fredskild (red.), *Velfærds-teknologi i sundhedsvæsnet*: Gad.
- Greenhalgh, T., Procter, R., Wherton, J., Sugarhood, P., & Shaw, S. (2012). The organising vision for telehealth and telecare: discourse analysis. *BMJ open*, 2(4).
- Grint, K., & Gill, R. (1995). The Gender-Technology Relation: Contemporary Theory and Research. In K. Grint & R. Gill (Eds.), *The Gender-Technology Relation* (1–28). London: Taylor & Francis.
- Hekman, S. (2010). *The Material of Knowledge. Feminist Disclosures*. Bloomington and Indianapolis: Indiana University Press.
- Helse- og omsorgsdepartementet (Meld. St. 29 (2012–2013)). Morgendagens omsorg.
- Helse og omsorgsdepartement (2010 (Meld. St. 16)). Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011–2015).
- Helsedirektoratet (2012). Velferdsteknologi. Fagrappot om implementering av velferdsteknologi i de kommunale helse- og omsorgstjenestene 2013–2030.
- HOD (2008–2009). Helse- og omsorgsdepartementet (2008–2009) St.meld. nr. 47: Samhandlingsreformen. Rett behandling – på rett sted – til rett tid.
- KS, & NHO (2009). ARTE – arbeidskraft og teknologi. Rapport fra forprosjekt.
- Laclau, E., & Mouffe, C. (1985). *Hegemony & socialist strategy. Towards a radical democratic politics*. London: Verso.
- Lagesen, V.A. (2003). Advertising computer science to women (or was it the other way around?). In M. Lie (Ed.), *He, She and IT Revisited. New Perspectives on Gender in the Information Society* (69–102). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Lagesen, V.A. (2005). Fra firkanter til rundinger? Produksjon av feministisk teknologipolitikk i en kampanje for å rekruttere jenter til datastudier. *Kvinneforskning*, 29(1), 35–56.
- Lagesen, V.A. (2007). The Strength of Numbers: Strategies to Include Women into Computer Science. *Social Studies of Science*, 37(1), 67–92.
- Lagesen, V.A., & Sørensen, K.H. (2009). Walking the line? The enactment of the social/technical binary in software engineering. *Engineering Studies*, 1(2), 129–149.
- Latour, B. (1992). Where are the Missing Masses? The Sociology of a Few Mundane Artifacts. In W. Bijker & J. Law (Eds.), *Shaping technology/building society. Studies in sociotechnical change* (225–258). Cambridge, Mass.: MIT Press.

- Latour, B. (2005). *Reassembling the Social. An Introduction to Actor-Network-Theory*: Oxford University Press.
- Levy, S. (1984). *Hackers: heroes of the computer revolution*. New York: Bantam Doubleday Dell Publ. Group.
- May, C., Gask, L., Atkinson, T., Ellis, N., Mair, F., & Esmail, A. (2001). Resisting and promoting new technologies in clinical practice: the case of telepsychiatry. *Social science & medicine*, 52(12), 1889–1901.
- Melting, J.B. (2017). *Andre gevinstrealiseringssrapport med anbefalinger*: Nasjonalt velferdsteknologiprogram, Helsedirektoratet.
- Melting, J.B., & Frantzen, L. (2015). *Første gevinstrealiseringssrapport med anbefalinger*: Nasjonalt velferdsteknologiprogram, Helsedirektoratet.
- Neumann, I.B. (2001). *Mening, materialitet, makt. En innføring i diskursanalyse*: Fagbokforlaget.
- Nicolini, D. (2007). Stretching out and expanding work practices in time and space: The case of telemedicine. *Human Relations*, 60(6), 889–920.
- NOU (2008: 6). Kjønn og lønn. Fakta, analyser og virkemidler for likelønn.
- NOU (2011: 11). Innovasjon i omsorg.
- Roberts, C., Mort, M., & Milligan, C. (2012). Calling for Care: ‘Disembodied’ work, teleoperators and older people living at home. *Sociology*, 46(3), 490–506.
- Saborowski, M., & Kollak, I. (2015). «How do you care for technology?» – Care professionals' experiences with assistive technology in care of the elderly. *Technological Forecasting & Social Change*, 93, 133–140.
- Scott, J.W. (1988). *Gender and the politics of history*. New York: Columbia University Press.
- West, C., & Zimmerman, D.H. (1987). Doing Gender. *Gender & Society*, 1(2), 125–151.
- Winther Jørgensen, M., & Phillips, L. (1999). *Diskursanalyse som teori og metode*. Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag Samfundslitteratur.

Kapittel 10

Frå klasselærar til faglærar

Lærarutdanningsreformene 1973–2017

RAGNHILD PAULSEN HAMRE OG PÅL HAMRE

SAMANDRAG Artikkelen presenterer ei utdanningshistorisk analyse av allmennlærarutdanninga frå den vart høgskuleutdanning med lærarutdanningslova i 1973 og fram til i dag. Dei sju reformene av lærarutdanninga vert analysert ut frå ei tredelt periodisering med utgangspunkt i legitimeringa av dei ulike reformene. Eit overordna funn er at planverket for lærarutdanninga i 1970-åra var prega av immaterielle *verdier* knytt til samvær, likskap og demokrati. Dagens planverk for grunnskulelærarutdanninga er på si side legitimert i immateriell *kapital* – lærarutdanninga skal på meir instrumentalistisk vis bidra til å forme studentar, og i neste omgang elevar, som kan skape ein konkurransedyktig økonomi.

NØKKELORD lærarutdanning, utdanningshistorie, reform, legitimering

ABSTRACT This article presents a historical analysis of Norwegian general teacher education, from its reorganization as a university-level programme (the 1973 Teacher Education Act) up to the present. It analyses the seven reforms of teacher education in this period as constituting three separate eras, characterized by different ways of legitimising reforms. A main finding is that while teacher education in the 1970s tended to focus on non-material *values*, such as togetherness, equality and democracy, present government guidelines for the Differentiated Teacher Education (2017) focus on non-material *capital*. Teacher education is supposed to contribute in a more instrumentalist fashion to the moulding of teachers, and thus pupils, who can contribute to a more competitive economy.

INTRODUKSJON

Lærarutdanninga i Noreg er tillagt stor vekt i debatten om norsk utdanningspolitikk og samfunnsutvikling. Dei siste fire tiåra har dette arta seg som ein serie refor-

mer av utdanninga, som primært har skulla forbetre sjølve utdanninga, sekundært skulen og samfunnet. Hansén, Sjöberg og Eilertsen har peikt på at lærarutdanninga «har blitt en tumlelass for både drastiske og hyppig tilbakevendende utdanningspolitisk drevne endringer» (2014, s. 169). Når lærarutdanningsinstitusjonane no førebur seg på grunnskulelærarutdanningane i 2017, kan ein trygt seie at dei har sine ord i behald. Allmennlærarutdanninga/grunnskulelærarutdanningane har sidan dei blei del av det høgre utdanningstilbodet med *Lov av 8. juni 1973 nr. 49 om lærarutdanning* fått nye studieplanar/rammeplanar/retningsliner i 1974, 1980, 1992, 1999, 2002, 2010, og ein ny plan er utarbeidd med verknad frå 2017. Dei siste 43 åra har lærarutdanninga for grunnskulen såleis blitt reformert sju gongar, med stadig høgre ambisjonar for akademisk standard og læringsutbytte. Dette har òg arta seg som ei kvantitetsmessig utviding av utdanninga – det som starta som ei treårig høgskuleutdanning med verknad frå 1975, blei med 1992-reforma ei fireårig utdanning. Etter Kvalitetsreforma i 2003 kom såleis utdanninga i ein mellomposisjon i høve gradssystemet sin 3+2-struktur med bachelor og master. Frå hausten 2017 vert grunnskulelærarutdanningane både for 1–7 og 5–10 femårige masterutdanningar med tilhøyrande akademiske pretensjonar knytt til ei masteroppgåve. Grunnskulelærarutdanninga som lågare grads studium har såleis både eit startpunkt og eit endepunkt. Den blei del av det høgre utdanningstilbodet med lova av 1973, og med det vart allmennlæraren sin profesjonsmessige utdanningsbakgrunn definert innan høgre utdanning, rett nok på lågare grads nivå. Frå 2017 forlét utdanninga lågare grads nivå og blir to masterutdanningar. Den tidlegare allmennlæraren vert såleis erstatta av det ein kompetansemessig må kunne kalle lektoren, sjølv om styresmaktene ikkje ønskjer å bruke omgrepene på utdanningane. Det historiske nedslagsfeltet til denne studien fell slik saman med lærarutdanninga sin periode i høgre utdanning på lågare grads nivå (1975–2017).

Kjeldene for studiet er dei statspedagogiske styringstekstane som ligg til grunn for utdanninga i denne perioden, det vil seie lover, forskrifter studieplanar, rammeplanar, nasjonale retningsliner, Stortingsmeldingar og NOU-ar. Kjeldene kan karakteriserast som nasjonale normtekstar (Madssen, 1999) for utdanninga, eller det ein på engelsk kan kalle *policy*-tekstar. Eit overordna forskingsspørsmål i møte med kjeldene er korleis dei hyppige reformene er *legitimerte*. Reformene er analyserte ut frå to sentrale legitimeringsspørsmål – for det første korleis *behovet* for ei ny reform vert grunngitt, for det andre kva for *formål* kvar enkelt reform synleggjer i styringstekstane for utdanninga. Vidare er studien sentrert kring tre utdanningshistoriske spenningsfelt som særmerkjer utdanninga: I) lærarutdanninga som profesjonsutdanning kontra fagsentrert utdanning, II) sentral/nasjonal styring kontra autonomi og III) lærarutdanninga kontra skulen den kvalifiserer for.

Studien presenterer tre ulike diskursar som pregar styringsfeltet for utdanninga dei siste dryge fire tiåra: reformene i 1974 og 1980 er prega av det som her blir kalla ein *syttitalsdiskurs* kring lærarutdanninga, reformene i 1992 og 1999 var prega av det som blir kalla ein *nittitalsdiskurs* og endeleg representerer reformene i 2002, 2010 og 2017 det som blir kalla *diskursen etter tusenårsskifte*t. Omgrepene diskurs blir her brukt i vid tyding, som «*en bestemt måde at tale og og forstå verden (eller et udsnitt av verden) på*» (Winter Jørgensen & Philips, 1999, s. 9, original utheting). Dei tre diskursane vil bli presenterte i det følgande, og dei utgjer ei tredelt periodisering av lærarutdanningshistoria etter 1973.

SYTTITALSDISKURSEN – REFORMENE I 1974 OG 1980

Den overordna bakgrunnen for lærarutdanningslova i 1973 var at realskulen og framhaldsskulen skulle integrerast til ein niårig grunnskule for alle elevar. Spørsmålet då var kven som skulle vere lærar på det nye ungdomsskulesteget. Skulle det vere faglærarane med lektor eller cand.mag.-utdanning frå universiteta, eller skulle det vere klasselærarane frå lærarutdanninga? Svaret vart begge delar. Når det slik vart opna for at lærarstudentane var kvalifiserte til å vere lærar i heile den niårige grunnskulen, så var det fordi deira pedagogiske klasselærarbakgrunn var sett på som utfyllande til dei universitetsutdanna sin faglærarbakgrunn. Lærarutdanningsinstitusjonane blei oppgraderte til pedagogiske høgskular, men dei skulle ikkje vere ei faglærarutdanning. Dei skulle utdanne pedagogiske generalistar, altså allmennlærarar.

1970-åra, det var tiåret då ansvarleg skuleminister Bjartmar Gjerde bekymringslaust kunne kunngjere at norsk skule var verdas beste (Telhaug, 2005, s. 129). Med seg som historisk bagasje hadde lærarutdanninga det Inger Anne Kvalbein har kalla seminartradisjonen (Kvalbein, 2003). Denne seminartradisjonen bar i seg fleire element: opplæring i alle skulens fag, oppmøte og deltaking i seminar og studentaktiviserande arbeidsmåtar, ei sterk profesjonsforankring og – ikkje minst – eit tett og forpliktande forhold til skulen. Den toårige lærarutdanninga for artianarar i 1960-åra inneheld såleis opplæring i 16 fag, den fireårige for elevar utan artium 18.

Trass i at lærarutdanninga med lærarutdanningslova av 1973 blei utvida til ei treårig utdanning med examen artium som opptaksgrunnlag, var talet på fag kraftig redusert. Når lærarskulane var blitt pedagogiske høgskular, måtte dei tilpasse seg eit system med årseiningar, halvårseiningar og kvartårseiningar i identifiserbare fag. Lærarutdanningslova av 1973 hadde ein eigen føremålsparagraf:

Siktemålet med utdanninga.

1. Utdanninga skal gje den faglege og pedagogiske kunnskap og praktiske opp-læring som trengst for planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning og oppseding etter ulike føresetnader hos elevane og i samsvar med målet for den skole utdanninga siktat mot.
2. Utdanninga skal fremje den personlege utviklinga hos studentane, vekkje interesse for pedagogisk utviklingsarbeid, og gje grunnlag for forståing av samanhen-gen mellom lærargjerninga og skolens funksjon i samfunnet (1973: § 2)

Vi ser at punkt 1 viser til fagleg kunnskap, men spesifiserer verken faga eller måla knytt til fagopplæringa. Ein kan såleis tolke punkt 1 som ei reit profesjonsmessig legitimering. Punkt 2 opnar med ei legitimering knytt til danning, men koplar det deretter til pedagogisk og yrkesmessig utvikling. Etter føremålsparagrafen var såleis lærarutdanninga først og sist ei profesjonsutdanning.

Lova skulle bli nærmare presisert gjennom *Studieplan for allmennlærarutdanning* (i NOU 1974: 58 Lærarutdanning). Planen gav stort rom for lokale variantar ved dei pedagogiske høgskulane. Trass i dette presenterer planen nokre strukturar som skulle vere førande for institusjonane. Sentralt i planen var eit profesjonsretta pedagogikkfag – «pedagogisk teori og praksis» skulle ha eit omfang som svarte til eitt av dei tre studieåra (1974, s. 32). Fag- og emnestudia skulle organiserast på fire ulike nivå: fagleg-didaktisk innføring, grunnkurs (kvartårseining), halvårs-kurs og årskurs. Studentane skulle etter planen få ei fagleg-didaktisk innføring i norsk, kristendomskunnskap og eit praktisk-estetisk fag (1974, s. 32). I dei same faga skulle studentane «til vanleg» ha eit grunnkurs (ei kvartårseining). Ut over dette gav planen stor fridom til institusjonane sjølv til å utforme utdanninga, og det blei presentert tentativt modellar. Fordjuping med bruk av halvårseiningar ville gi studentane opplæring i inntil seks fag, bruk av årseining ville gi dei opp-læring i fire. Dette markerer ei historisk innsnevring av utdanninga. Den toårige studentlina i 1960-åra hadde, som vi har sett, opplæring i 16 fag, etter 1974-planen vart dette redusert til ca. ein tredel.

Innsnevringa av fag førte til at ein stod att med emne det ikkje var plass til, men som ein likevel gjerne ville ha med. Dette blei presentert som tverrfaglege emne, og planen nemner ei rekje slike: alkohol, narkotika og tobakk, miljø- og naturvern, yrkesorientering, familiekunnskap, forbrukarlære, ernæringslære, første-hjelp, tannvern, drama, skulehage og plantestell, bibliotekkunnskap, taleopp-læring osv. (1974, s. 37).

Syttalsdiskursen kring utdanninga kan identifiserast som ein omtanke for minoritetar og ei sentrering kring ulike samfunnsproblem som skal tematiserast i utdanninga. Problem som skulle setjast under debatt, var globale spørsmål, ulike syn på skule- og samfunnsspørsmål, problem ein møtte i skule og fritid osv. Plangen vektlegg òg trivselen og velværet til den einskilde student: «Lærar i alle fag og fagområde må ha omtanke for triselen og for den mentale helsa til kvar einskild student» (1974, s. 29). Utdanninga skulle vidare «fremje ei elevsentrert holdning» (1974, s. 29). Utdanninga skulle såleis vere studentsentrert, og den skulle førebu elevane på å arbeide i ein elevsentrert skule. Syttalsdiskursen sitt språklege repertoar er sentrert kring ei oppvurdering av samværet og immaterielle verdiar knytt til det: fellesskap, samarbeid, samkjensle, sosialt likeverd, sosialt miljø, kulturarbeid, mangfald og meiningsutveksling. Dei typiske arbeidsformene hang tett saman med desse ideala: gruppearbeid og ekskursjonen sin sjølvsagde plass. Det obligatoriske elementet i utdanninga var eit pedagogikkfag som henta legitimitet frå reformpedagogikkens ideal om ein elevaktiv skule – arbeidsskulen framfor lese- og puggeskulen.

Studieplan for allmennlærarutdanning av 1980 var ei rein vidareføring av 1974-planen (jf. Hamre, 2014, s. 421). Også her ser vi den same omtanken for velværet til lærarstudentane:

For å hjelpe studentane til som framtidige lærarar å kunne meistre alle desse oppgåvene, må studiet og det sosiale miljøet ved høgskolen støtte og stimulere studentane i deira personlege utvikling. Studiet skal hjelpe studentane til å forstå eiga åtferd og eigne reaksjonsmåtar og til å vurdere eige arbeid. (1980, s. 7)

Studieplanen av 1980 vidareførte òg ordninga med tverrfaglege emne, og den nemner trafikkunnskap, nedrustingsspørsmål, likestilling og sentrale samfunnsrørsler og organisasjonar (1980, s. 16). Det vart vidare lagt vekt på at studentane skulle kome i kontakt med natur, lokalmiljø, arbeids- og samfunnsliv (1980, s. 19). 1980-planen vidareførte slik ideala frå tiåret før, og planen skulle bli gjeldande like til 1992.

Som ei oppsummering kan vi slå fast at 1973-lova gjorde lærarskulane til pedagogiske høgskular og lærarskuleelever til studentar for å vere rusta til eit virke i ein niårig grunnskule. Dei etterfølgande studieplanane henta sin legitimitet frå seminartradisjonen. Planane er prega av omgrep som samarbeid, fellesskap, samkjensle, sosialt likeverd, sosialt miljø og kulturarbeid. Problem i skule- og samfunnsliv skulle setjast under debatt i utdanninga. Planane hentar desto mindre legitimitet frå dei akademiske fagtradisjonane. Seminara si tradisjonelle prioritering

av klasselærarfunksjonen framfor faglærarfunksjonen levde såleis vidare, og blir med reforma utvida til også å gjelde ungdomsskulen. Klasselærarfunksjonen og profesjonselementet trumfa slik fagtradisjonane like fram til reforma i 1992.

Vidare kan vi slå fast at både lova og studieplanane gir institusjonane og studentane stor autonomi. Lova og planane markerer såleis eit brot med den statlege dirigismen som prega det Rune Slagstad (1998) har kalla arbeidarpastaten. Sentralstyrande planar blir i 1970-åra avløyst av lov og planar som er meir prega av nyradikalismen si overtyding om sjølvstyre og disposisjonsfridom. Denne dereguleringa kan sjåast som ein reaksjon på arbeidarpastaten sin detaljstyrande tradisjon, og den hentar legitimitet ved å vise til at dette vil frigjere ibuande krefter ved utdanningsinstitusjonane og blant studentane. Planane legitimerer òg eit mangfald – kvar einskild institusjon stod fritt til å utvikle eigen profil, og studentane stod fritt til å velje kompetanseprofil gjennom fagval.

Endeleg kan vi slå fast at syttitalsdiskursen kring lærarutdanninga representerer eit tett forhold mellom lærarutdanninga og skulen. «Utgangspunktet for studiet er læreplanen for grunnskulen», slår 1974-planen fast (1974, s. 29). Trass i at 1973-lova gjorde lærarutdanninga til del av det høgre utdanningstilbodet, hentar dei etterfølgande planane lite av sin legitimitet der. Legitimitet var henta frå skulen sjølv, som lærarutdanninga skulle stå i eit forpliktande forhold til. Grunnskulen og praksisfeltet vart slik ein uproblematisert fasit for allmennlærarutdanninga si verksemd. Banda er så tette at det er vanskeleg å sjå at planane er på det akademiske nivået lova plasserte utdanninga på ved å gjøre lærarskulane til pedagogiske høgskular. Sagt annleis: Viss målet var å etablere lærarutdanninga for grunnskulen på eit akademisk nivå, kan ein seie at 1970-åra med si omsnuing av alle hierarki var ein vanskeleg kontekst for fagleg og akademisk forankring.

NITTITALSDISKURSEN – REFORMENE I 1992 OG 1999

I 1980-åra skulle allmennlærarutdanninga oppleve ein ikkje tilskikta reformpause. Ein ferdig planlagd studieplan i 1986 vart trekt på grunn av regjeringsskifte. To styringstekstar frå 1980-åra skulle likevel peike fram mot 1990-talsreformene: NOU 1988: 28 *Med viten og vilje* (Hernes-utvalet) og NOU 1988: 32 *For et lærerrikt samfunn* (Johannesen-utvalet). Særleg Hernes-utvalet peikte tydeleg i retning av større vekt på kunnskap i skule og lærarutdanning. Utvalet tok utgangspunkt i det dei oppfatta som svakheiter ved lærarutdanninga: ujamn kjønnssamsetjing, svake kvalifikasjoner i sentrale skulefag, därleg opptakskvalitet med meir (1988: 28, s. 28). Johannesen-utvalet var meir avdempa i sin kritikk, men viste òg til at lærarutdanninga trengde styrking. I tillegg vart utgreiinga kritisert av eigne

medlemer. Svein Sjøberg kom med omfattande særmerknader om manglande vektlegging av det faglege nivået, låge kompetansekrav for lærarar og svekt fagsamansetjing ved dei pedagogiske høgskulane. Sjøberg karakteriserte i særmerknadene lærarutdanningsinstitusjonane som «pedagogiske kafeteriaer», der studentane fritt kunne velje bort sentrale fag som norsk, naturfag og matematikk (1988: 32, s. 83).

Tidsånda skulle finne sitt talerør i professorpolitikaren Gudmund Hernes. Med Hernes blei ein tradisjonell pietistisk arbeidsetikk kopla med målstyring, ei interesse for basisfag og ein amerikansk import – *Cultural Literacy* (jf. Hirsh, 1987) – på norsk av Hernes utlagt som «felles referanserammer» (Hamre, 2014, s. 388–418). Som statsråd trekte Hernes Syse-regjeringa si Stortingsmelding nr. 53 (1989–90) *Lærerutdanning ved høgskoler* og universitet og erstatta den med *Stortingsmelding nr. 40 (1990-1991) Fra visjon til virke. Om høgre utdanning*. Hernes ville halde fast på ei treårig allmennlærarutdanning, men varsla at «[s]trukturen i allmennlærerutdanningen vil bli endret for å oppnå en faglig styrking og konsentrasjon om grunnskolens obligatoriske fag» (1990–91: 40, s. 120). Statsråden sitt synspunkt om fortsatt treårig utdanning var avvist av fleirtalet i kyrkje- og utdanningskomiteen, men dei støtta elles hovudsynspunkta i stortingsmeldinga (Myhre, 2002, s. 257). Dermed hadde departementet politisk fleirtal for å la Lærarutdanningsrådet utarbeide ny læreplan for lærarutdanninga. 10. juni 1992 vart *Rammeplan for allmennlærerutdanningen* godkjend, og erstatta såleis planen frå 1980.

Den nye planen skilde seg markant frå planverka frå 1974 og 1980. «Læreren sitt viktigste virkemiddel er dem selv» (1992, s. 8) vert det slått fast i innleiinga, og lærarrolla vert kopla til opplysingstradisjonen og ein opphøgd posisjon som undervisar, oppsedar og førebilete. «Derfor må en lærer kjenne sin egen kultur, formulere dens verdier, stå klart for dem, og sørge for at de blir oppfattet, delt og virker samlende» (1992, s. 9), konkluderer planen. Planen skriv fram eit ideal om ein lærar som både kan formidle, og som kan sine fag. Læraren blir framstilt som ein berar og forvaltar av kulturell og fagleg kapital.

Det sistnemnde, fagkompetansen i lærarutdanninga, skulle bli styrkt kraftig med rammeplanen av 1992. I den treårige allmennlærarutdanninga var eitt av dei tre åra sett av til pedagogisk teori og praksis, slik at opplæring i fag utgjorde til saman to år. Då lærarutdanninga i 1992 vart utvida til fire år, var det for mange overraskande at pedagogikken blei redusert i omfang tilsvarende ei halvårseining. Resultatet var at fagopplæringa blei tilgodesett med 3,5 år, altså ei kraftig utviding av fagopplæringa. Ein mogleg grunn til reduksjonen av pedagogikkfaget var at styresmaktene føresette at pedagogikken dels var integrert i faga – som fagdidak-

tikk i det einskilde fag. Den obligatoriske delen av lærarutdanninga bestod av desse elementa (10 vekttal tilsvarer 30 stp.):

Pedagogisk teori og praksis (10 vekttal pedagogisk teori, 16–18 veker praksis)
Kristendomskunnskap med livssynsorientering (5 vekttal)
Matematikk (5 vekttal)
Natur, samfunn og miljø (10 vekttal)
Norsk (10 vekttal)
Praktiske og estetiske fag (heimkunnskap, kroppsøving, forming, musikk, 10 vekttal).

Den valfrie delen hadde såleis eit omfang på 30 vekttal, tilsvarende tre halvårseininger. 1992-planen var såleis ein meir sentralstyrтt plan enn dei den erstatta, og det blei mindre rom for autonomi både for lærarutdanningsinstitusjonane og for studentane. Dei obligatoriske faga var sentrerte kring det som ofte vert kalla basisfaga i skulen, men med ei opning mot dei praktisk-estetiske faga.

I 1994 kom ei revidert utgåve av planen, *Rammeplan for 4-årig allmennlærerutdanning*, men med få endringar. Likevel oppnemnde departementet allereie i 1995 eit utval som skulle kome med forslag til endringar av utdanninga, leidd av Kristin Hille Valla. I 1996 vart utvalet si innstilling, NOU 1996: 22 *Lærerutdanning. Mellom krav og ideal*, levert. Utvalet sitt arbeid talte varmt om fagleg og kulturell opprusting og sterkare nasjonal styring. Innstillinga vart sendt på høyring og var grunnlaget for Stortingsmelding nr. 48 (1996-97) *Om lærerutdanning*. Då Stortinget handsama meldinga, vedtok dei å oppheve lærarutdanningslova frå 1973 og arbeide aktuelle paragrafar inn i universitets- og høgskulelova (Myhre, 2002, s. 298). I tillegg vart det vedtatt å utvide dei obligatoriske faga til å gjelde 60 av dei 80 vekttala i utdanninga.

Ny rammeplan og forskrift for allmennlærerutdanninga vart fastsett 1. juli 1999. Kristendomskunnskap og matematikk vart utvida frå fem til ti vekttal i den obligatoriske delen. Dette førte til at tre av dei fire åra i utdanninga var obligatoriske og sentralstyrte.

1990-åra var ein reformintensiv periode på alle nivå i den norske skulen. I tillegg gjennomførte departementet ei omstrukturering av den regionale høgskulestrukturen i 1994. 98 regionale høgskular vart slått saman til 26 statlege høgskular, og lærarutdanninga vart ei eiga avdeling ved 12 av desse 26 (Myhre, 2002, s. 301). Lærarutdanninga miste såleis sin dedikerte rektor som hadde fagleg og administrativt ansvar for drifta av lærarutdanningsinstitusjonane.

Når det gjeld balansen mellom lærarutdanninga som profesjonsutdanning på den eine sida og faglærarutdanning på den andre, kan vi slå fast at 1990-talsreformene i lærarutdanninga dreia kraftig mot det siste. Profesjonsfaget pedagogikk vart halvert trass i at utdanninga vart utvida med eitt år. Frå å utgjere ein tredel av utdanninga vart opplæringstida i pedagogikk redusert til 12,5 % av den samla utdanninga. Planane taler varmt om «faglig soliditet» (1992, s. 10), «systematisert fagkunnskap» (1992, s. 24f) og faga sin «egenart og tradisjon» (1992, s. 28). Det som skjer med 1990-talsreformene, er at reformene hentar legitimitet i det skulefaglege meir enn det allment pedagogiske:

Fremfor alt er fagkyndighet nødvendig for at en lærer skal være trygg på sin kompetanse og ikke bli usikker eller engstelig når de unge stiller spørsmål og venter svar. Kyndighet gjør at en kan møte både barn og unge, medarbeidere og kolleger med åpenhet og frisinn slik den gode lærer gjør som kan sine ting og kan sette lærestoffet i perspektiv. (1992, s. 10f)

Slik sett blei lærarutdanninga i 1990-åra det den nettopp ikkje skulle vere i 1970-åra – ei faglærarutdanning.

Når det gjeld balansen mellom sentral styring sett opp mot institusjonell og individuell autonomi, har vi sett at reformene i 1990-åra i aukande grad legg vekt på sentral styring. Rammeplanane markerer ei tiltakande statleg dirigisme – nasjonal styring og nasjonal standardisering skulle sikre kvalitet i utdanningstilbodet. Om lærarutdanningstradisjonen frå 1970-åra kunne karakteriserast som «pedagogiske kafeteriaer», kunne dei knappast det etter 1990-talsreformene.

Mellan desse to tendensane er det mogleg å sjå ein samanheng – ei markant fagretting av utdanninga skjer parallelt med ei sterke sentral styring. Kva som var mål eller middel i denne samanhengen, er meir usikkert. Sett frå ei side: Viss målet var ei fagleg styrking av utdanninga, kan ein tenkte seg at sterke statleg styring var eit verkemiddel. Sett frå ei anna side: Viss målet var ei sterke styring i seg sjølv, var den påståtte faglege hevinga kanskje berre eit middel?

Også når det gjaldt lærarutdanninga sitt forhold til skulen, skulle 1990-talsreformene markere ei endring samanlikna med tradisjonen frå 1970-åra. Tradisjonen frå 1970-åra handla om eit tett og forpliktande forhold til skulen, og at studieplanane henta sin legitimitet i det skuleretta. I 1990-talsreformene representerer ei markant akademisk dreiling der legitimiteten vert henta i dei overleverte fag- og kulturtradisjonane. Forholdet til skulen er gjennomgåande tona ned i planane, ein kan seie at lærarutdanninga får vere noko for seg sjølv, uavhengig av skulen. Samtidig er den akademiske orienteringa overveldande samanlikna med 1970-åra sine

planar som vektla samværskultur og studentane sitt velvære. Sett på spissen kan ein seie at lærarutdanningsinstitusjonane vart del av det høgre utdanningstilbodet med lova av 1973, men først med 1990-talsreformene får styringstekstane ei utforming ein kan identifisere som akademisk. Planane frå 1970-åra gir meir assosiasjonar til det ein kan kalle tradisjonen frå folkehøgskulane. Nittitalsreformene er på si side prega av ein diskurs der omgrep som vitskap, fag, felles referanserammer, kompetanse, kyndigheit, kvalitet og sentralstyring er sentrale.

DISKURSEN ETTER TUSENÅRSSKIFTET

Allereie i 2001, to år etter førre reform, iverksette ansvarleg statsråd Trond Giske revisjonsarbeidet av den eksisterande allmennlærarutdanninga. I januar året etter leverte Norgesnettrådet rapporten *Evaluering av allmennlærerutdanningen ved fem norske utdanningsinstitusjoner* (2002). I rapporten blei det peikt på stor slitasje i sektoren på grunn av reformene, og både institusjonane og studentane klaga over lite fridom og autonomi for å skape eigen lærarprofil. Tilrådinga frå komiteen var at ein utvikla modellar som gav større valfridom, at ein laga mindre detaljerte rammeplanar som heller la vekt på heilskapen, og at ein dermed reduserte talet på bundne vekttal (2002, s. 40–43).

Regeringsskiftet i 2001 førte til at Kristin Clemet erstatta Trond Giske som ansvarleg statsråd. Ho vidareførte arbeidet ved å legge fram Stortingsmelding nr. 16 *Kvalitetsreformen. Om ny lærerutdanning. Mangfoldig – krevende – relevant* (2001–2002). Då Stortinget handsama meldinga, vart det obligatoriske innhaldet i utdanninga justert til å vere pedagogikk, norsk og matematikk, alle med 30 stp. (halvårseining), KRL med eit omfang på 20 studiepoeng og nyskapninga grunnleggande lese-, skrive- og matematikkopplæring (GLSM) på 10 studiepoeng (Karlsen, 2003, s. 49). Den obligatoriske delen utgjorde samla to av dei fire studieåra, og resten av utdanninga var såleis open for institusjonelle og individuelle val. Rammeplanen frå 2003 var i tråd med desse vedtaka. Omfanget på planen var på 48 sider, vesentleg mindre enn planen den erstatta (174 sider). Reforma var slik i tråd med tilrådingane frå Norgesnettrådet.

Nok ein gong skulle ei reform bli tett etterfølgd av ei evaluering. I 2004, eitt år etter at rammeplanen frå 2003 tredde i kraft, fekk Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT, oppretta frå 2003) i oppdrag av departementet å evaluere allmennlærarutdanninga. Rapporten vart levert i september 2005. NOKUTs rapport var kritisk og slo fast at «det finnes grunnleggende problemer i allmennlærerutdanningen» (NOKUT, 2006, Del 1, s. 71). Ein overordna kritikk i rapporten handla om at allmennlærarutdanninga ikkje var nok profesjonsretta. For det

første meinte dei at pedagogikkfaget ikkje var nok profesjonsretta, for det andre meinte dei at faga ikkje var fagdidaktiske nok. Konklusjonen til NOKUT var at «man bør styrke den fagdidaktiske delen av fagene og klargjøre pedagogikkfagets funksjon og posisjon i utdanningen» (NOKUT, 2006, del 1, s. 79). Den avsluttande og overordna tilrådinga frå NOKUT var at departementet burde innføre femårig lærarutdanning.

NOKUT si evaluering la grunnlaget for Stortingsmelding nr 11 (2008–2009). *Læreren. Rolla og utdanningen.* Meldinga peikte mot vesentlege endringar av utdanninga. Namnet «allmennlærarutdanning» vart erstatta av «grunnskulelærarutdanning» fordi det førstnemnde omgrepet assosierte til ein klasselærar som kunne undervise i alle fag på alle årssteg. Av same grunn blei utdanninga delt i to – grunnskulelærarutdanning 1–7 og grunnskulelærarutdanning 5–10. Også pedagogikkfaget fekk nytt namn – pedagogikk og elevkunnskap (PEL) – for å gi faget ei sterkare profesjonsforankring, og faget sitt omfang blei av same grunn utvida til 60 studiepoeng.

Delinga av utdanninga opna for at dei fekk ulik profil. I 1–7-utdanninga vart det lagt vekt på begynnarpplæring og normalt 4–5 fag, med norsk og matematikk som obligatoriske på 30 studiepoeng. I 5–10-utdanninga var profilen normalt tre undervisningsfag, og berre pedagogikk og elevkunnskap på 60 studiepoeng var obligatorisk.

Departementet fastsette i tråd med dette *Rammeplan for grunnskulelærarutdanning 1–7* og *Rammeplan for grunnskulelærarutdanning 5–10* i 2009 med status som forskrift. I januar 2010 ferdigstilte rammeplanutvalet dei konkretiserande planane, no med tittelen nasjonale retningsliner. Nytt med grunnskulelærarreforma i 2010 var at studentane skulle skrive ei bacheloroppgåve, og det skulle gi utdanninga ei sterkare vitskapleg og profesjonsretta forankring.

Kort oppsummert kan ein seie at hovudendringa med grunnskulelærarreforma i 2010 var at ein gjekk frå éi utdanning basert på inntil sju halvårseininger i ulike fag, til to utdanninger med tre til fem fag. Dei to faga som var sentrale i reforma, var, forutan PEL, norsk og matematikk, to av dei sentrale basisfaga i skulen. Reforma var utforma i tråd med det europeiske kvalifikasjonsrammeverket som var innført i 2009, og det betydde at ein skulle skildre forventa læringsutbytte hel-ler enn kunnskapsmål.

I juni 2014 melde regjeringa at dei på ny ville reformere utdanninga, no med sikte på å gjere begge grunnskulelærarutdanningane til masterutdannningar. I februar 2015 oppnemnde departementet medlemer til Rammeplanutvalget for femårige, integrerte grunnskulelærarutdanningar på masternivå, og dei leverte si innstilling i oktober 2015. Etter å ha gjort ein del endringar sende Kunnskapsdepartementet forskrif-

tene på høyring ved utgangen av 2015, og dei endelige forskriftene blei kunngjort i juni 2016. Overraskande var at masterfaget ikkje berre kunne vere eit undervisningsfag, som politisk leiing hadde lagt stor vekt på, men òg profesjonsretta pedagogikk eller spesialpedagogikk. Av meir symbolsk karakter var namneendringa på profesjonsfaget pedagogikk – frå «profesjonsfag» i høyringsutkastet tilbake til «pedagogikk og elevkunnskap» i forskriftera.

Det overordna nye med 2017-reforma er at utdanninga vert femårig, og at ein bruker utvidinga til ei fagleg spissing i form av ei masteroppgåve på minimum 30 studiepoeng. Masteroppgåva skal etter forskriftene ha «solid forankring i fag og fagdidaktikk», vere «profesjonsrettet og praksisorientert» og kan i tillegg «omfatte elementer frå pedagogikk og spesielpedagogikk». Masteroppgåver i pedagogikk eller spesialpedagogikk «bør knyttes til skolefag» (Lovdata, 2016, § 3). Framtidas grunnskulelærar har såleis lektorkompetanse, men departementet har ikkje brukt lektortittelen verken i namnet på utdanningane eller i forskriftera.

Reformene av lærarutdanninga etter tusenårsskiftet kan vanskeleg forståast utan eit sideblikk på grunnskufeltet. Frå 1999 var Noreg ein del av det internasjonale OECD-prosjektet Program for International Student Assessment (PISA), som måler 15-åringane sine ferdigheiter i lesing, matematikk og naturfag. Resultata frå desse undersøkingane vert grunnlag for rangeringar mellom nasjonar, noko som vert følgd med stor medieinteresse. Titlane på dei norske hovudrapportane fortel ei historie om nedslåande resultat frå dei internasjonale samanlikningane – frå dei spørjande *Godt rustet for framtida?* (2000) og *På rett spor eller ville veier?* (2003), til dei meir konkluderande titlane *Tid for tunge løft* (2006), *På rett spor* (2009), *Fortsatt en vei å gå* (2012) og *Stø kurs* (2015) (Universitetet i Oslo, 2017). I tillegg til PISA-testane har ein innført nasjonale prøver (frå 2004) og frå 2001 deltatt i Progress in International Reading Literacy Study (PIRLS). Saman med lokale variantar som den såkalla Oslo-prøven kan ein seie at dette samla sett utgjer det ein kan kalle eit testregime i norsk skule.

Resultata frå dei internasjonale testane har skapt ein offentleg aksept for at norsk skule ikkje er god nok, og at den såleis må reformerast. I neste omgang vert dette kopla mot lærarane sine kvalifikasjonar og prestasjonar, noko som forklarer dei hyppige evalueringane og reformene utdanninga har blitt utsett for også etter tusenårsskiftet.

Tidsånda etter tusenårsskiftet skulle finne sitt politiske talerør i siviløkonomen Kristin Clemet. Ho blei den første politikaren som direkte legitimerte nye reformer i nedslåande testresultat. Sotiria Grek har kalla OECD og PISA sin påverknad på dei nasjonale utdanningssistema som ei form for «governing by numbers» (2008), ein lar testar og testresultat diktere utdanningspolitikken. Då blir ikkje len-

ger utdanningspolitikken nasjonal på same måte som før, men eit resultat av import av internasjonal utdanningspolicy. Her er eksempla mange etter tusenårs-skiftet: ny gradsstruktur i høgre utdanning med Kvalitetsreforma, kompetanse-omgrep som overtar for kunnskap, læringsutbyttebeskrivelsar for kunnskapsmål, vekt på literacy – på norsk utlagt som «grunnleggande ferdigheter», nasjonale prøver og nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Organisatorisk har faglege og korporative organ som Grunnskolerådet, Rådet for videregående opplæring (RVO) og Lærerutdanningsrådet i tur og orden blitt nedlagt, og seinare erstatta av Utdanningsdirektoratet, oppretta av Kristin Clemet i 2004. Fag- og profesjonsstyrte råd vart såleis erstatta av eit forvaltningsorgan direkte underlagt departementet.

I ettertid har departementet og Utdanningsdirektoratet meir og meir funne sine roller som innhentar, omsetjar og iverksetjar av internasjonale idear som sirkulerer på utdanningsfeltet (Røvik, Eilertsen og Lund, 2014). Det Svein Sjøberg har kalla «Pisafisering av norsk skole» (2014a), har rydda vegen for at internasjonale aktørar har blitt premissgivarar for norsk utdanningspolitikk (jf. Karlsen, 2014). Språklege markørar for diskursen etter tusenårsskiftet er omgrep som kompetanse, implementering, transparens, accountability, evidensbasert, konkurranse-evne og eit forbrukarspråk knytt til studentane sine rettigheter og frie val (Paulsen Hamre, 2016, s. 81).

Situasjonen etter tusenårsskiftet er altså at både lærarutdanninga og grunnskulen framfor alt er prega av ein internasjonal samanlikningsindustri som er både problemdefinerande og reformutløysande (Sjøberg, 2014b). Lærarutdanningsreforma i 2003 var prega av dette i den forstand at den bidrog til ei fagleg nyskaping – grunnleggande lese-, skrive- og matematikkopplæring (GLSM) – som skulle heve kompetansen på dei grunnleggande ferdighetene. I tillegg var den obligatoriske delen av utdanninga sentrert rundt basisfaga norsk og matematikk. Samtidig representerte 2003-reforma ei deregulering i den forstand at berre to av dei fire åra var obligatoriske fag, og det gav relativt stor autonomi til både institusjonane som tilbydde utdanninga, og til studentane.

Grunnskulelærreforma i 2010 var både kostbar og krevjande fordi ho delte utdanninga i to. Reforma markerte ei kraftig fagleg innsnevring og dreia såleis utdanninga i retning av å vere ei rein faglærarutdanning. Samtidig skulle pedagogikkfaget få sin renessanse ved at dei igjen fekk 60 studiepoeng i faget, men kan skje meir som eit evidensbasert forskingsfag kring *what works* enn til dømes eit idéhistorisk eller etisk fag.

Lærarutdanningsreforma i 2017 fullfører rørsla frå å vere ei klasselærarutdanning til å bli ei faglærarutdanning. Modellen ser nettopp ut til å vere inspirert av universiteta si femårige lektorutdanning. Førestillinga om klasselæraren som all-

mennlærar som følgde si klasse i fleire år i ulike fag, er lagt bort. Førestillingar om fagleg breidde har blitt erstatta av tru på fagleg djupne og skulering i vitskapsteori.

Ei oppsummering av perioden etter tusenårsskiftet vil måtte konkludere med at lærarutdanninga og grunnskulen har vore objekt for ein serie evalueringar, NOU-ar, stortingsmeldingar og reformer. Sektoren har hatt alt anna enn arbeidsro. Når det gjeld spenningsfeltet mellom lærarutdanninga som profesjonsutdanning kontra fagsentrert utdanning, har vi sett at lærarutdanninga oppstod på høgskulenivå i 1970-åra nettopp legitimert i at det skulle vere ei klasselærarutdanning ulikt universita si lektor- og cand.mag-utdanning. Nittitalsreformene dreia utdanninga kraftig i retning av å vere faglærarutdanning, og denne rørsla held fram etter tusenårsskiftet og vert fullført med 2017-reforma.

Når det gjeld sentral/nasjonal styring kontra institusjonell og individuell autonomi, er biletet meir samansett. 1970-talsreformene var prega av svak styring og høg grad av institusjonell autonomi. 1990-talsreformene kan karakteriserast som ein reaksjon på dette – sterkt nasjonal målstyring var ein føresetnad for fagleg standard og kvalitet. Reforma i 2003 redistribuerte i noka grad autonomien til institusjonane i nyliberal ånd, men reformene i 2010 og 2017 var meir styrande. Samtidig ser vi at organ som NOKUT, Følgegruppa for grunnskulelærarutdanningane (2010–2015) og direkte produktkontroll (nasjonal prøve i matematikk i lærarutdanninga frå 2015) er uttrykk for at lærarutdanningane skal bli gjort ansvarlege (accountable), altså bli kontrollerte.

Spenningsfeltet mellom lærarutdanninga kontra skulen den kvalifiserer for, kan også identifiserast i sine ulike periodar. I 1970-talsreformene nekta ein for at eit slikt spenningsfelt i det heile fanst, ved å slå fast at «[u]tgangspunktet for studiet er læreplanen for grunnskulen» (1974, s. 29). 1990-talsreformene henta på si side legitimitet frå dei akademiske fagtradisjonane heller enn frå skulen. Etter tusenårsskiftet har reformene vist ei aukande interesse for skulen – ikkje som praksisarena for studentane, men som objekt for studentane si forskingsmessige tilnærming ved innføring av bacheloroppgåve (2010) og seinare FOU-oppgåve og masteravhandling (2017). Akademiseringa av lærarutdanninga, som i 1990-åra skapte ei spenning mellom det fagleg akademiske og skulen, bidrar etter tusenårsskiftet til ei fornya interesse og skulen, elevane og læraren, no som forskingsobjekt.

AVSLUTTANDE DRØFTING

Lærarutdanningshistoria etter den blei del av det høgre utdanningstilbodet med lov av 1973, kan skildrast i tre ulike periodar med kvar sine kjenneteikn. Reformene i 1970-åra var så visst ikkje prega av at lærarutdanningane var blitt pedagogiske høg-

skular – dei vidareførte seminartradisjonen sin tru på samværskultur og deltaking. 1990-talsreformene skulle representere eit brot med denne tradisjonen med si vekt på nasjonal styring, kvalitet, nasjonal standard og akademisk faglegheit. Etter tusenårsskiftet trekkjer departement og direktorat seg tilbake frå den nasjonale styringsrolla og ser det i aukande grad som si rolle å importere internasjonale idear om utdanning (jf. Røvik, Eilertsen & Moksnes Furu, 2014) og å bruke resultat frå den transnasjonale samanlikningsindustrien (Røvik, 2014, s. 26f).

Reformene i dei tre periodane kan karakteriserast som omfattande også i den forstand at dei representerer nokså radikale brot med tradisjonen. Heller enn å justtere utdanningane, vidareføre det som fungerer og endre det som eventuelt ikkje fungerer, gjerne med bruk av fagkompetente komitéar, ser vi at styringa skjer i form av total reformering. Fleire av evalueringane av lærarutdanninga har vore sett i gang så kort tid etter ei ny reform at den rimelegvis ikkje er implementert på lærarutdanningsinstitusjonane. Når det så vert grunnlag for ny reform, kan ein seie at styringstempoet i seg sjølv er for høgt, og at det er eit problem. Når endringa skjer i slike rykkvise reformer, er faren stor for at ein misser kvalitetar ved utdanninga som det kan vere verd å ta vare på.

Meir enn å vere styrt av sterke aktørar ser lærarutdanningsfeltet og skulen ut til å vere styrt av ei bestemt tidsånd, bestemte trendar og bestemte diskursar og språk om skule og utdanning. Sjølv markante og formuleringssyktige aktørar som Gudmund Hernes og Kristin Clemet kan sjåast som barn av si tid – dei importerer, omset og implementerer internasjonale førestillingar om skule, opplæring og utdanning.

Sidan vi alle er prega av eiga samtid, er det hermeneutisk vanskeleg å karakterisere utvikliga i tett fortid. Både Slagstad (1998) og Oftedal Telhaug & Mediås (2003) har vanskar med å karakterisere perioden etter 1970-åra. Slagstad bruker den tentative tittelen «skiftende fronter» på perioden som er omtalt i denne artikkelen (1998, s. 367-471), Oftedal Telhaug & Mediås viser til eit framveksande siviløkonomisk regime (2003, 433ff).

Danske Ove K. Pedersen kan tilby eit spennande perspektiv. I boka *Konkurrencestaten* (2011) viser han korleis *velferdsstaten* vert avløyst av det han kallar *konkurransestaten* frå 1990-åra av. Mellom desse perspektiva er det vesensforskjellar, argumenterer Pedersen. Medan velferdsstaten såg det som sitt mål å kompensere for og verne folk mot konjunkturedringar i den internasjonale økonomien, ønskjer konkurransestaten å aktivisere folk og verksemder til å *delta* i den globale konkurransen. Nasjonane har blitt konkurranseeiningar, og det brer seg ei internasjonal forståing av at nasjonar konkurrerer gjennom institusjonelle reformer (Pedersen, 2011, s. 31):

På samme vis er oppfattelsen af reformer og deres nødvendighed ændret. Før skulle reformer gennemføres for at skabe demokrati, lighed, det «god samfund», nu skal de gennemføres for at skabe effektive og konkurrencedygtige økonomier. (2011, s. 32)

Det som har skjedd i skulesektoren, seier Pedersen, er at skulen misser monopolet på utdanning. Utdanningspolitikken blir underlagt finanspolitikken og blir ein reiskap for økonomisk konkurranseevne. Med tilvising til det internasjonale testregimet viser han at skulane si primæroppgåve ikkje lenger er å utdanne elevane til å bli borgarar eller deltararar i demokratiet, «men at utvikle den enkelte til soldat i nationernes konkurrence» (Pedersen 2011, s. 172).

I norsk samanheng kan ein slå fast at lærarutdanningsreformene i 1970-åra passar til epoken Pedersen kallar velferdsstaten. Reformene i lærarutdanninga etter tusenårsskiftet tilsvarer det Pedersen definerer som konkurransestaten, altså ei instrumen-tell dreiling der økonomisk politikk trumfar utdanningspolitikk, (im)materiell kapital trumfar immaterielle verdiar. Utdanningsreformene i lærarutdanninga i 1970-åra skrev fram idealia om den *samfunnsengasjerte* læraren. Reformene i 1990-åra skriv på si side fram idealia og den *fagkyndige* læraren som kjende sin kulturarv. Reformene etter tusenårsskiftet skrev fram eit lærarideal som kjenner rekninga, lesinga og skrivinga sine tekniske komponentar og slik har alle føresetnader for å bli ein god *teach-to-the-test*-lærar. Pierre Bourdieu har differensiert kapitalomgrepet i økonomisk, kulturell og sosial kapital (1995). Om ein skulle overføre slike distinksjonar til vår nære lærarutdanningshistorie, kan ein seie at reformene i 1970-åra var prega av det sosiale – samvære, diskusjonar og ekskursjonar skulle bidra til utvikling av lærarstudentane. 1990-talsreformene er på si side prega av ei forankring i det kulturelle – lærarstudentane skulle kjenne sin eigen kultur og formidle verdien av den. Endeleg kan ein seie at reformene etter tusenårsskiftet er prega av ei økonomisk førestilling om at ein god lærar og ein god skule bidrar til ein konkurransedyktig økonomi i ein globalisert marknad.

PRIMÆRKJELDER: POLICY-TEKSTAR, KRONOLOGISK ORDNA

- 1973: Lov av 8. juni 1973 nr. 49 om lærarutdanning. Kyrkje- og undervisningsdepartementet
- 1974: *Studieplan for allmennlærarutdanning* (her frå NOU 1974 nr. 58 *Lærerutdanning*)
- 1980: *Studieplan for allmennlærarutdanning*. Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Oslo: Universitetsforlaget
- 1986: *Studieplan for allmennlærarutdanning*. Lærarutdanningsrådet
- 1988: NOU 1988:28. *Med viten og vilje*. Oslo: Forvaltningstjenestene, Statens trykningskontor
- 1988: NOU 1988:32. *For et lærerrikt samfunn* [Johannesenutvalet]. Forvaltningstjenestene, Statens trykningskontor

- 1989–1990: St.meld. nr. 53 (1989–90). *Lærerutdanning ved høgskoler og universitet*. Utdannings- og forskningsdepartementet
- 1990–1991: St.meld. nr. 40 (1990–91). *Fra visjon til virke. Om høgre utdanning*. Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet
- 1992 (justert utgåve 1994): *Rammeplan for 4-årig allmennlærerutdanning*. Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet/Lærerutdanningsrådet 1992/1994
- 1996: NOU 1996: 22. *Lærerutdanning. Mellom krav og ideal*. Statens forvaltningsstjeneste, Statens trykning
- 1996–1997: St.meld. nr. 48. *Om lærerutdanning*. Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet
- 1999: *Rammeplan og forskrift for 4-årig allmennlærerutdanning*. Fastsatt 01.07.00 av Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet. Oslo: Norgesnettrådet
- 2001–2002: St.meld. nr. 16 (2001–2002). *Kvalitetsreformen: om ny lærerutdanning: Mangfoldig – krevende – relevant*. Utdannings- og forskningsdepartementet
- 2002: *Evaluering av allmennlærerutdanningen ved fem norske institusjoner*. Norgesnettsrådets rapporter. Henta fra https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/ufd/rap/2002/0016/ddd/pdfv/206109-allmenn_rapp.pdf
- 2003: *Rammeplan for allmennlærerutdanningen*. Fastsatt 3. april 2003 av Utdannings- og forskningsdepartementet. Utdannings- og forskningsdepartementet
- 2003–2004: St.meld. nr. 30 (2003–2004). *Kultur for læring*. Det kongelige utdannings- og forskningsdepartement
- 2004: *Dette er Kunnskapsløftet*. Utdannings- og forskningsdepartementet: Rundskriv F-13/04
- 2006: *Evaluering av allmennlærerutdanningen i Norge 2006. Del 1: Hovedrapport*. Oslo: NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen)
- 2006: *Forskrift til opplæringslova* <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724>
- 2008–2009: St.meld. nr. 11 (2008–2009). *Læreren. Rollen og utdanningen*. Kunnskapsdepartementet
- 2010: *Nasjonale retningslinjer for grunnskolelærerutdanningen 1.–7. trinn*. Kunnskapsdepartementet
- 2010: *Nasjonale retningslinjer for grunnskolelærerutdanningen 5.–10. trinn*. Kunnskapsdepartementet
- 2010: *Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanningene for 1.–7. trinn og 5.–10. trinn*. Kunnskapsdepartementet 1. mars 2010
- 2015: *Forslag og merknader for lektorutdanning for trinn 1–7 og 5–10* <https://hihm.no/prosjektsider/rammeplanutvalg-for-grunnskolelaererutdanninger-paa-masternivaa/nyheter/forslag-til-nye-forskrifter-overlevert>
- 2015: *Horing – forskrifter om rammeplan for femårige grunnskolelærerutdanninger*, Kunnskapsdepartementet <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---forskrifter-om-rammeplan-for-femarige-grunnskolelarerutdanninger/id2468914/>
- 2016: *Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning for trinn 5–10*, Lovdata, kunngjort 05.07.2016 <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-06-07-861>
- 2016: *Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning for trinn 1–7*, Lovdata, kunngjort 05.07.2016 <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-06-07-860?q=Forskrift%20om%20rammeplan%20for%20grunnskole%C3%A6rerutdannin>

LITTERATUR

- Bourdieu, P. (1995). *Distinksjonen: En sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Oslo: Pax
- Grek, S. (2009). Governing by numbers: The PISA «effect» in Europe. I *Journal of Education Policy*, Vol. 24, 2009, 23–37.
- Hamre, P. (2014). *Norskfaget og skjønnlitteraturen. Ein studie av norskfaglege normtekstar 1739–2013*. Oslo: AIT OSLO AS/Universitetet i Bergen (PHD).
- Hansén, S.-E., Sjøberg, J. & Eilertsen, T.V. (2014) Finske reformideer i norsk lærerutdanningsdiskurs. I Røvik, K.A., Eilertsen, T.V. & Moksnes, E. (red.), *Reformideer i norsk skole. Spredning, oversettelse og implementering*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Hirsch, E.D. (1987). *Cultural literacy: What every American needs to know*. Boston: Houghton Mifflin.
- Karlsen, G.E. (2003). Ny allmennlærerutdanning – struktur, innhold og kompetanse. I Karlsen, G.E., & Kvalbein, I.A. (Red.). *Norsk lærerutdanning. Søkelys på allmennlærerutdanningen i et reformperspektiv*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Karlsen, G.E. (2014). Internasjonale aktører som premissgivere for norsk utdanningspolitikk med særlig vekt på OECD. I Røvik, K.A., Eilertsen, T.V. & Moksnes, E. (Red.), *Reformideer i norsk skole. Spredning, oversettelse og implementering*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Kvalbein, I.A. (2003). Styring av hverdagens lærerutdanning. I Karlsen, G.E., & Kvalbein, I.A. (Red.). *Norsk lærerutdanning. Søkelys på allmennlærerutdanningen i et reformperspektiv*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Madssen, K.-A. (1999). *Morsmålsfagets normtekster. Et skolefag blir til – norskfaget mellom tradisjon og politikk*. Dr. polit.-avhandling, Pedagogisk institutt, NTNU.
- Myhre, R. (2002). *Den norske skoles utvikling. Idé og virkelighet*. Oslo: Gyldendal Norsk forlag
- Paulsen Hamre, R. (2016). *Fra allmennlærar til lærarmaster med lektorkompetanse. Ein studie av dei reforminitierte endringane i lærarutdanninga i perioden 1973–2017*. Masteroppgåve ved Høgskolen i Lillehammer.
- Pedersen, O.K. (2011). *Konkurrencestaten*. København: Hans Reitzels Forlag.
- Røvik, K.A. (2014). Reformideer og deres tornefulle vei inn i skolefeltet. I Røvik, K.A., Eilertsen, T.V., & Moksnes, E. (Red.). *Reformideer i norsk skole. Spredning, oversettelse og implementering*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Røvik, K.A., Eilertsen, T.V., & Moksnes, E. (Red.) (2014). *Reformideer i norsk skole. Spredning, oversettelse og implementering*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Slagstad, R. (1998). *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax forlag.
- Sjøberg, S. (2014a). Pisafisering av norsk skole. En suksesshistorie fra OECD. I Røvik, K.A., Eilertsen, T.V. & Moksnes, E. (Red.), *Reformideer i norsk skole. Spredning, oversettelse og implementering*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Sjøberg, S. (2014b). Pisa-syndromet. Hvordan norsk skolepolitikk blir styrt av OECD. I *Nytt norsk tidsskrift* nr. 1/2014. Årg. 31, 30–43.
- Telhaug, A.O. & Mediås, O.B., (2003). *Grunnskolen som nasjonsbygger. Fra statspatriisme til nyliberalisme*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Telhaug, A.O. (2005). *Kunnskapsløftet – ny eller gammel skole? Beskrivelse og analyse av Kristin Clemets reformer i grunnopplæringen*. Oslo: Cappelen akademisk forlag

Universitetet i Oslo, 2017. Hovurapportar PISA 2000, 2003, 2006, 2009, 2012, 2015. Henta frå
<http://www.uv.uio.no/ils/forskning/prosjekt-sider/pisa/publikasjoner/>.

Winter Jørgensen, M., & Philips, L (1999). *Diskursteori som teori og metode*. Roskilde: Roskilde Universitetsforlag.

Kapittel 11

«Det er krevjande å tilpasse seg studentane sine behov» – refleksjonar over eigen undervisningspraksis

DORTHEA SEKKINGSTAD OG INGRID FOSSØY

SAMANDRAG Føremålet med studien er å få fram kva refleksjonar undervisarar gjer seg kring eigen undervisningspraksis. Empirien byggjer på tekstanalyse av refleksjonsnotat frå 43 undervisarar som har delteke på vidareutdanning i høgskulepedagogikk ved to ulike høgskular. Hovudfunna våre tyder på at undervisarane ser verdien av å aktivere studentane sine førkunnskapar, legge til rette for læring i autentiske kontekstar og læring som deltaking. Samstundes vert dette opplevd som utfordrande å få til praksis. Studentane sine produktive læringsprosessar ser ut til å koma meir i bakgrunnen, medan undervisarane framhevar eiga rolle som formidlar av fagkunnskapar og undervisning som førelesing.

NØKKELORD læring, undervisning, høgare utdanning, førelesing, studentaktive læringsformer, undervisningsstrategiar.

ABSTRACT The purpose of this study is to bring to light the reflections academics make around their own teaching practice. The empirical evidence is based on textual analysis of reflective texts from 43 academics, participating in in-service education in college teaching and pedagogy at two different university colleges. Our main findings suggest that the academics recognize the value of activating students' prior knowledge, facilitating learning in authentic contexts and learning as participation. Meanwhile, these aspects are experienced as challenging to achieve in practice. It looks as if students' productive learning tends to move into the background, while the academics emphasise their own role as disseminators of professional knowledge and teaching as lecturing.

INTRODUKSJON

Den menneskelege kapitalen står sterkt i kunnskapsintensivt arbeid (Kuvaas & Dysvik, 2016). Denne tankegangen finn vi att i flere sentrale styringsdokument som omtalar utdanning, til dømes St.meld. nr. 11 (2008–2009) og Meld. St. 22 (2010–2011). I St.meld. nr. 30 (2003–2004) vert dette framheva slik: «De viktigste innsatsfaktorene i arbeidslivet er ikke lenger kapital, bygninger eller utstyr, men menneskene selv» (2004, s. 23). Vidare vert det trekt fram at mennesket sine kunnskapar, kompetanse og haldningar er avgjerande for verdiskaping i samfunnet og for det einskilde individet (St.meld. nr. 30 (2003–2004), 2004, s. 23).

Dette leier oss inn mot omgrepet immateriell kapital som er knytt til korleis vi kan «fanga opp noko anna enn det reint materielle og økonomiske» (Sørbø, 2016, s. 10). Sørbø omtalar den immaterielle kapitalen som «noko som lever i det sosiale, i livsverda, og som alltid har det uforutseielege og ustyrlege ved seg» (Sørbø, 2016, s. 10). Det handlar om den sosiale, kulturelle og humane kapitalen, der den immaterielle kapitalen vert omtalt som «føresetnader for å lukkast med det ein held på med» (Sørbø, 2016, s. 9). Med utgangspunkt i dette legg vi til grunn at undervisarar er ein sentral ressurs når det gjeld kvalitet i høgare utdanning. Det er soleis viktig å få fram kunnskap om kva føresetnader undervisarane legg til grunn når dei planlegg, gjennomfører og vurderer eiga undervisning. Behovet for å få fram undervisarane sine stemmer vert også understreka i NOKUT rapport 2016-3 (s. 11). Dette for å gi eit meir heilskapleg bilet av utdanninga i høgare utdanning. I dag er det hovudsakleg studentane sine stemmer som vert løfta fram, til dømes gjennom Studiebarometeret.

Vårt bidrag er å setje søkjelys på kva refleksjonar undervisarar gjer seg kring eigen undervisningspraksis. Følgjande problemstilling dannar utgangspunkt for studien: *Kva refleksjonar gjer undervisarar seg kring eigen undervisningspraksis?* Problemstillinga vert belyst ved hjelp av forskingsspørsmåla: Kva læringsprinsipp kjem til uttrykk gjennom refleksjonane, og kva utfordringar ser undervisarane med tanke på å utvikle eiga undervisning?

Omgrepet undervisarar vert her nytta om alle i høgare utdanning som har til arbeidsoppgåve å undervise studentar. I vår studie inkluderer dette vitskapleg tilsette og bibliotekarar.

KUNNSKAPSGRUNNLAG

Kreber (2005) har gjort ein empirisk studie av kva universitetslærarar i realfag reflekterer over. Ho viser til og byggjer sine analysar på Mezirow (1997) sin trans-

formative læringsteori som skil mellom tre former for refleksjon: refleksjonar relaterte til innhald, prosessar og premissar. Innhaldsdimensjonen omhandlar gjerne erfaringsbaserte refleksjonar knytt til gjennomføring av undervisning: kva undervisningsstrategiar ein kan ta i bruk og kva ein veit om korleis studentar lærer. Prosessrefleksjonar handlar i større grad om spørsmål knytte til kor vidt undervisningsstrategiane universitetslæraren nyttar verkeleg har effekt. Fører måten universitetslæraren underviser på til læring? Refleksjonar relaterte til dei meir grunnleggjande premissane for undervisninga handlar om å stille kritiske spørsmål og sjå etter alternative måtar å gjennomføre undervisninga på (Kreber, 2005, s. 325–326). Hovudfunna i studien viser at refleksjonane til universitetslærarane i hovudsak er knytte til innhald og prosessar. Det blir i litra grad reflektert over premissane som ligg til grunn for undervisninga.

I norsk samanheng viser ein studie av Lycke og Handal (2012) til liks med Kreber (2005) at universitetslærarane sine refleksjonar i liten grad omhandlar dei meir grunnleggjande premissane for undervisninga. Refleksjonane er i særleg grad knytte til universitetslærarane si individuelle undervisning og til universitetslæraren som berar av kvalitet i undervisninga. Hanssen, Husebø og Moen (2012) finn i sin studie at universitetslærarar opplever det å undervise som «en ensom affære». Forfattarane framhevar institusjonane sitt ansvar for å leie og samordne undervisningspersonalet sine læringsprosessar for å kunne tilretteleggje for profesjonell utvikling hos undervisningspersonalet. Dei understrekar vidare at vi treng fleire djupneorienterte studiar kring temaet.

Fleire studiar peikar på samanhengar mellom undervisarar si grunnleggjande forståing av undervisning og deira undervisningspraksis (Ho, Watkins & Kelly, 2001; Postareff & Lindblom-Ylännne, 2008; Åkerlind, 2004). Samstudes har fleire forskrarar framført kritiske innvendingar mot denne typen studiar (Devlin, 2006; Eley, 2006; Entwistle & Walker, 2000). Innvendingane er mellom anna knytt til ulike fortolkingar av omgrepet «grunnleggjande forståing av undervisning» (Eley, 2006) og til at det er uklart korleis ein kan skilje mellom grunnleggjande forståing av undervisning og undervisningspraksis (Kane, Sandretto & Heath, 2002; Kemper & Kwan, 2000). I andre studiar er desse kategoriane nytta delvis overlappande (Postareff & Lindblom-Ylännne, 2008). I studien vår er vi også opptekne av å ikkje skilje mellom grunnleggjande forståing av undervisning og undervisningspraksis. Vi finn støtte for ei slik tilnærming hos fleire. Engelsen (2012) løftar fram betydninga av ei heilsakpleg forståing av didaktikkomgrep (s.46) og påpeikar at det ikkje er eit klart skilje mellom undervisninga eller innlæringa sin teori og praksis (s. 41). Kvernbeck (2011, s. 20) argumenterer for ein nær samanheng mellom refleksjon og praksis når ho understrekar at refleksjon er sentral for utvikling av

eigen undervisningspraksis. Den nære samanhengen mellom refleksjon og handling vert også løfta fram av Postholm og Rokkones (2012, s. 23).

KONTEKST FOR STUDIEN

Ved høgskular og universitet er det krav om at undervisningspersonale skaffar seg pedagogisk basiskompetanse (Lov om universitet og høgskoler, av 1. april 2005, § 6-3). Ulike utdanninger innan høgskulepedagogikk vert arrangert for at den enkelte skal kunne utvikle undervisningskompetansen sin. I NOKUT rapport 2016-3 (s. 6) vert det understreka at vi er inne i ei brytningstid der god undervisning får høgare status. Mange utdanningsmiljø rapporterer om aukande aktivitet for å utvikle nye læringsformer og for å analysere resultata av denne innsatsen.

Studien vår tek utgangspunkt i eit kurs i høgskulepedagogikk (5 sp). Forfattarane av artikkelen har hatt ansvar for både planlegging og gjennomføring av kurset. Dette inneber også fagleg tilbakemelding og rettleiing på mellomliggjande arbeid. Undervisninga har hatt eit omfang på fire dagar der det vekselvis har vore lagt opp til førelesingar og arbeid i grupper. Ei av hovudbøkene i studiet har vore Pettersen (2005) *Kvalitetslæring i høyere utdanning. Innføring i problem- og praksisbasert didaktikk*. I det mellomliggjande arbeidet har det vore stilt krav til at undervisarane individuelt skal utarbeide to refleksjonsnotat, der dei reflekterer kring eigen praksis i lys av teori frå pensum. Reflekterande skriving støttar utvikling av tanken og kan medverke til å utvikle nye fortolkingar av erfaring (Dysthe, Hertzberg og Hoel, 2010, s. 63). At undervisarar blir utfordra til å reflektere over eiga undervisning, kan vere eit første steg for å endre eigen praksis. Kurset vart avslutta med ein skriftleg individuell eksamen og ein munnleg eksamen i grupper.

TEORETISK UTGANGSPUNKT

Vi tek utgangspunkt i Pettersen (2005, s. 87–96) sine sju prinsipp for læring og undervisning. Prinsippa er forankra i kognitiv og konstruktivistisk læringsforskning, mellom anna Bransford, Brown & Cocking (2000); Koschmann et al. (1996) og Ludvigsen & Handal (2002). Pettersen (2005) poengterer at prinsippa er tenkt som generelle didaktiske tilvisingar for planlegging, gjennomføring og vurdering av det han omtalar som læringsproduktive undervisningssituasjoner.

Det første prinsippet (P1) handlar om å *aktivere tidlegare erfaring, kunnskap og kompetanse*. Prinsippet kan relaterast til Vygotsky (1978, s. 84) sitt omgrep den nærmeste utviklingssona, som understrekar verdien av å aktivere studentane sine for-kunnskapar. Dette prinsippet dannar føresetnad for dei resterande prinsippa, ikkje

minst det andre prinsippet (P2) *fokus på utvikling av fleksible og funksjonelle kunnskapsbasar*. Dette handlar om at studentane i tillegg til å utvikle ein robust og fleksibel basis av fag- og domenespesifikk kunnskap også må utvikle forståing for relasjonar mellom faget sin kunnskapsbase, faget sitt omgrevsapparat og korleis faget kan nyttast i spesifikke og relevante samanhengar (Pettersen, 2005, s. 89). Dette innerber også at studentane må gje slepp på tidlegare forståing ved at erfaringar vert knytta til nye kunnskapsstrukturar. Desse akkomodative prosessane kan opplevast som frustrerande og smertefulle (Ludvigsen og Handal, 2002, s. 61–62).

Det tredje prinsippet (P3) handlar om *utvikling av metakognitiv kompetanse og sjølvregulert læring*. Metakognitiv kompetanse inneber at studentane har kunnskap om seg sjølv som lærande personar, kunnskap om faglege oppgåver og kva som vert krevd for å gjennomføre desse. Det handlar om kunnskap om strategiar for å tilegne seg, integrere, reflektere over og gjere seg nytte av ny informasjon (Dysthe, 2001, s. 39; Pettersen, 2005, s. 89). Sjølvregulert læring omfattar kontroll og læring på eit makronivå, til dømes gjennom bruk av tidsplanlegging og ei systematisk tilnærming til studiearbeid, og på eit mikroplan, til dømes gjennom regulering av konsentrasjon og motivasjon, overvaking av forståinga og strategiar for å takle stress (Weinstein, Bråten og Andreassen, 2006, s. 37).

Undervisning og læring med utgangspunkt i problemsituasjonar og kognitive konfliktar utgjer det fjerde prinsippet (P4). Problemsituasjonar kan danne grunnlag for å aktivere studentane sine forkunnskapar. I møtet mellom problemsituasjonar og studenten sine forkunnskapar kan det oppstå kognitive konfliktar (Pettersen, 2005, s. 90). Dette kan skape ein indre motivasjon eller interesse for å lære. Motivasjon kan tolkast som eit intrapsykologisk fenomen, nærmest som ein eigen-skap eller personlegdomstrekk, alternativt som eit relasjonelt og interpsykologisk fenomen. Kva posisjon vi støttar oss til, blir avgjeraande for korleis vi planlegg, gjennomfører og vurderer undervisning.

Det femte prinsippet (P5) knyter *læring og undervisning til autentiske oppgåver og kontekstar*: Til grunn for dette prinsippet ligg eit situert læringsperspektiv (Lave og Wenger, 2003) der konteksten aktiviteten føregår i, er ein integrert del av læringa. Ein rettar merksemrd mot læringskonteksten og vektlegging av autentiske oppgåver. I faglitteraturen vert det synt til ulike tolkingar av omgrepa autentiske oppgåver og kontekstar. Ei sterk tolking av prinsippet føreset læring i autentiske situasjonar med autentiske oppgåver, medan ein svakare versjon føreset tilnærmingar med utgangspunkt i det vi til dømes kan omtale som praksisnære oppgåver (Pettersen, 2005, s. 93).

Det sjette læringsprinsippet (P6) legg vekt på *læring som deltaking, utfordring og støtte*, medan det sjuande læringsprinsippet (P7) rettar merksemra mot *artiku-*

lasjon, rikholdigkeit og elaborering. Begge prinsippa føreset tilrettelegging av lærings- og undervisningssituasjonar der dei lærande på ulike måtar er aktivt deltagande. Å rette merksemda mot artikulasjon, rikholdighet og elaborering knyter an til dei seks føregåande prinsippa og utdjupar prinsippet om deltaking, utfordring og støtte (Pettersen, 2005, s. 93). Prinsippet understrekar verdien av at dei lærande får setje ord på korleis dei resonnerer, og at dei får prøvd ut kunniskapane sine i situasjonar der dei blir støtta og utfordra. Kunnskapsområde kjenneteikna av kompleksitet føreset rikholdighet som tilnærming, i tydinga at dei lærande utviklar robust forståing av kunnskapen gjennom å møte ulike omgrep, representasjinar eller strategiar (Ludvigsen og Handal, 2002, s. 58).

Kreber (2005) deler universitetslærarar sine refleksjonar inn i kategoriane innhald, prosessar og premissar for undervisning. Dei sju prinsippa knytt til læring og undervisning (Pettersen, 2005) kan plasserast inn under kategoriane innhald og prosessar. Premissane knytt til undervisninga vert i liten grad vektlagde. For å kunne drøfte premissane knytt til undervisningspraksis, utvidar vi det teoretiske perspektivet ved å trekke inn omgrep frå sosiologen Bernstein (2000, 2003).

Bernstein er mellom anna oppteken av å analysere pedagogisk praksis i utdanningsinstitusjonar, og teorien hans om pedagogiske kodar er relevant i vår samanheng. Bernstein definerer ein kode som «a regulative principle, tacitly acquired, which selects and integrates a) relevant meanings, b) forms of their realization and c) evoking contexts» (Bernstein, 2003, s. 14). Kodar regulerer med andre ord korleis vi oppfører oss og uttrykkjer oss i ulike samanhengar. Med referanse til Vigeland (1994) framhevar Riksaasen (2009) at kodane også kan vere uttrykk for sosiale relasjonar som regulerer korleis vi tenkjer og korleis vi fortolkar ulike kontekstar: «Vi har en grammatikk – eller regler – for hva som er gyldig pedagogisk kommunikasjon» (Riksaasen, 2009, s. 50).

To omgrep hjå Bernstein, *klassifisering* og *innramming*, er mykje nytta til å analysere pedagogiske samanhengar og praksis i skulen (Jenssen, 2011, s. 18–19). Klassifisering refererer til relasjonar mellom kategoriar på det strukturelle og det sosiale nivået. Relasjonane er knytt til makt og kan variere i styrke (Bernstein, 2000, s. 99). Sterk isolasjon mellom kategoriane inneber sterk spesialisering. Tilsvarande vil svak isolasjon mellom kategoriane bety svakare spesialisering (Riksaasen, 2009, s. 51). Ei sterk faginndeling, at studentane arbeider med det same faget, dei same oppgåvene og at dei i hovudsak jobbar individuelt, er døme på undervisning kjenneteikna av sterk klassifisering. Tilsvarande vil studentarbeid med ulike oppgåver, gjerne på tvers av fag, og arbeid i grupper vere eit uttrykk for svak klassifisering. Mellom desse ytterpunktene vil vi kunne identifisere variasjonar med ulik styrke i klassifiseringa.

Innramming refererer til instruksjonsdiskursen eller kommunikasjonskontroll, kven som kontrollerer kva. Bernstein (2000, s. 12) omtalar dette som «the internal logic of the pedagogical practice» og som inneber kontroll av: «the selection of the communication, its sequencing what comes first, what comes second, its pacing (the rate of expected acquisition), the criteria and the control over the social base which makes the transmission possible». Det dreier seg til dømes om kva som vert sett på dagsorden i undervisninga, styring av tidsbruk og rekkefølgje, og kva kriterium som vert vektlagt. Det handlar med andre ord om prinsipp som regulerer kommunikasjonen mellom undervisar og studentar.

På same måte som klassifiseringa kan innramminga vere sterk eller svak. Undervisning som i hovudsak er lærarstyrt, er døme på sterk innramming. Mot-svarande vil studentstyrt undervisning vere kjenneteikna av svak innramming. Også her vil vi kunne identifisere nyansar og variasjonar i måten undervisninga vert organisert på. Om undervisaren opnar for studentinnspel i undervisninga, vil det eksempelvis kunne påverke rekkefølgja av emne og tempo i undervisninga.

Gradene av klassifisering og innramming fører til det Bernstein (2000) omtalar som synleg og usynleg pedagogikk. Den synlege pedagogikken føreset sterk klassifisering og sterk innramming. Eit utdanningssystem kjenneteikna av synleg pedagogikk kategoriserer Bernstein som kolleksjonskodeorientert. Her praktiserer undervisaren kommunikasjonskontroll til dømes gjennom styring av tidsbruk og sekvensering. Overføring av kunnskap står sentralt og vurdering av resultat blir gjerne sett som viktigare enn læreprosessen.

Ein usynleg pedagogikk, kategorisert som integrasjonskodeorientert, indikerer svak klassifisering og svak innramming (Bernstein, 2000, s. 10). Integrasjonskode, eller usynleg pedagogikk, vert gjerne kopla til det vi noko upresist kan omtale som reformpedagogiske eller progressive pedagogiske ideal.

METODISK TILNÆRMING

For å få fram kunnskap om kva refleksjonar undervisarar gjer seg kring eigen undervisningspraksis, har vi valt å gjennomføre ein kvalitativ kasusstudie. Studien baserer seg på empiri frå refleksjonsnotat frå 43 deltarar ved to høgskular, som har delteke på vidareutdanning i høgskulepedagogikk (5 sp).

Utval av høgskular er gjort ut frå pragmatiske omsyn med bakgrunn i tilgjenge og kjennskap. Av dei 43 deltarane fordeler utvalet seg slik: 24 og 19 frå høvesvis høgskule A og B. Totalt er fordeling mellom kjønna: 23 kvinner og 20 menn. Følgjande undervisningsområde er representerte: kroppsøving (11), pedagogikk (7), bibliotek (6), jus og økonomiske fag (5), religion, livssyn og etikk (4), medie-

fag (3), sosialfag (3), norsk (2), drama (1) og heimkunnskap (1). Når det gjeld farts-tid som undervisarar i høgare utdanning, fordeler deltakarane seg slik: 15 (0–5 år) og 28 (meir enn 5 år). I analysefasen opererte vi med desse ulike variablane. Men i presentasjon av resultat har vi valt å sjå bort frå desse, då vi ikkje kan sjå at variablane gir utslag i det empiriske materialet.

Refleksjonsnotata som utgjer det empiriske materialet, er skrivne med utgangspunkt i følgjande oppgåvetekst: «Reflekter kring eigen undervisningspraksis. Kva gjer du og kva ønskjer du å vidareutvikle? Knyt refleksjonane dine til innspel på første samling og til pensum litteraturen.» Refleksjonsnotata har eit omfang på om lag tre sider.

Vi har gjennomført ein temasentrert analyse med utgangspunkt i Pettersen (2005) sine sju prinsipp for læring og undervisning. Analysen byggjer soleis på teoretisk utvikla omgrep som gjer oss i stand til å formidle «overskridende erkjen-nelse» (Brekke 2006, s. 34). I analysearbeidet vart tekstmaterialet koda ved at fleire nøkkelord, i vårt tilfelle dei sju prinsippa for læring og undervisning, vart knytt til ulike tekstavsnitt. Ei slik kategorisering kan ifølgje Kvale og Brinkmann (2015) til ein viss grad motverke selektive fortolkingar. Deretter talde vi kor mange gonger kvart av prinsippa kom til uttrykk i tekstane. Dette gav grunnlag for å kategorisere funna i vektlagde læringsprinsipp og mindre vektlagde læringsprin-sipp. Sidan vi begge har hatt rolla som undervisarar og forskarar, valde vi først å analysere materialet kvar for oss. Deretter starta vi det felles analysearbeidet. Intensjonen med ei slik tilnærming var å styrke validiteten i studien.

Ifølgje Hatch (2002) kan det vere ein styrke å bruke studentarbeid som data, då dette opnar opp for ein direkte veg inn til deltakarane. Oppgåveteksten var formu-lert slik at studentane sjølv kunne velje kva teori frå pensum dei ville støtte seg til. Intensjonen var å unngå å styre deltakarane sine refleksjonar i bestemte retningar. At refleksjonsnotatet inngår som mellomliggjande arbeid som skal vurderast av faglærar, kan likevel ha påverka innhaldet i refleksjonsnotata. Deltakarane kan ha gitt uttrykk for det dei forventar «passar inn» med tanke på å få refleksjonsnotatet godkjent, meir enn at innhaldet er eit uttrykk for eigne oppfatningar. Også kurs i høgskulepedagogikk kan ha det som Riksaasen (2009) omtalar som sin eigen grammatikk som regulerer korleis vi fortolkar ulike kontekstar. Når vi i oppgåve-teksten har valt å ikkje spesifikt ettersørje deltakarane sine refleksjonar knytt til læringsprinsippa, kan dette ha medført at vi i datamaterialet ikkje i tilstrekkeleg grad har klart å fange opp deltakarane sine refleksjonar knytt til dei ulike prin-sippa. Funna i studien kan ikkje generaliserast, men i den grad dei kan gje gjen-kjenning, kan dei ha verdi for andre. Det kan til dømes handle om å identifisere fellestrekks eller slektsskap ut frå det Bjerrum Nielsen (1995, s. 7) omtalar som «intersubjektive meaningsstrukturar» som gjer åtferd eller handlingar forståelege.

FUNN OG ANALYSE

I denne delen presenterer vi funn frå studien analysert med utgangspunkt i Pettersen (2005) sine sju prinsipp for læring og undervisning. Datamaterialet viser at tre av prinsippa merkar seg ut som mest vektlagde, medan fire av prinsippa i mindre grad vert løfta fram. Ut frå dette opererer vi med to hovudgrupper av læringsprinsipp: *vektlagde læringsprinsipp* og *mindre vektlagde læringsprinsipp*. Denne inndelinga dannar struktur for vidare presentasjon av funn og analyse.

VEKTLAGDE LÆRINGSPRINSIPP

Læring og undervisning med vekt på deltaking, utfordring og støtte (P6) er det prinsippet som vert vektlagt av flest. Studentaktivitet er eit ord som går att hos mange, og som ofta inneber dette at studentane får til oppgåve å drøfta problemstillingar i summegrupper. Grunngjevingar for studentaktivitet er knytt til «å bryte opp førelesinga og monologen» for å hjelpe studentane til å halde på merksemda gjennom førelesinga. Andre nemner at bruk av summegrupper gir undervisaren eit kjærkome pusterom i førelesinga. Få viser til læringsteoriar som grunngjeving. Materialet vårt tyder på at mange opplever det særleg utfordrande å praktisere læringsprinsippet når undervisninga føregår i store grupper. Dette fordi undervisningstida er for knapp i høve til mengde fagstoff som skal gjennomgåast. Det er også krevjande å halde struktur i undervisninga når dei opnar for dialog. Dei undervisarane som viser til læringsteoriar, reflekterer kring eiga rolle som medierande reiskap i studentane sin læringsprosess: «Korleis styre studentaktivitet på ein god måte. Kva er gode spørsmål og oppgåver (...) Korleis balansere mellom å støtte og å utfordre?»

Læring knytt til autentiske oppgåver og kontekstar (P5) er eit anna prinsipp som vert vektlagt. Det kan sjå ut som om undervisarane praktiserer ein svak versjon av prinsippet. Dei nyttar døme frå praksis for å konkretisere teorien og skape relevans inn mot yrket og profesjonen dei utdannar studentane til. Praksisdøme vert henta frå litteratur og frå eigne og kollegaer sine praksiserfaringar. Filmar, medieoppslag, rollespel og case knytt til praksisnære situasjonar vert også brukt. I langt mindre grad finn vi ei sterkt tolking av læringsprinsippet. Berre nokre få nemner at dei tek studentane med ut av klasserommet til autentiske kontekstar, eller at dei nyttar autentiske situasjonar og oppgåver i klasserommet. Utfordringar knytt til dette læringsprinsippet, er at det er tidkrevjande å finne gode praksisdøme og oppgåver. Andre moment som vert nemnt, er at undervisarane ikkje kjenner praksisfeltet godt nok, og at dei strevar med å finne døme som kan gje gjenkjennung og meinинг ut frå studentane si erfaringsverd. Generelt ser det ut til å by på utfordringar å gjere undervisninga meir praktisk retta.

Aktivering av tidlegare erfaring, kunnskap og kompetanse (P1) er eit sentralt prinsipp. God struktur i den enkelte forelesinga og i førelesingsrekka, og det å informere studentane om kva delar av pensum som er relaterte til undervisninga, vert hyppigast trekt fram. Fleire nemner at dei gir konkrete lese- og litteraturtips i førekant av undervisninga, for å sikre seg at studentane har nødvendige førkunnskapar før undervisninga. Utfordringa med å praktisere dette prinsippet er at undervisarane ikkje har tilstrekkeleg oversikt over kva studentane kan. Fleire nemner at dei ofte vert overraska over at studentane har eit lågare kunnskapsnivå enn forventa. Nokre fortel at dei i undervisninga spør studentane om stoffet er for vanskeleg eller for lett, men det er få som viser til praksis der dei tek utgangspunkt i og aktiverer førkunnskapane til studentane i undervisninga. Utfordringar fleire peikar på, kan illustrerast ved hjelp av denne stemma: «Det er krevjande å skulle tilpasse seg studentane sitt uføresette kunnskapsnivå når førelesingsrekka som regel er planlagd før eg får klarheit i kva nivå studentane er på.» Det er utfordrande å måtte omstille seg i undervisningssituasjonen.

MINDRE VEKTLAGDE LÆRINGSPRINSIPP

Undervisning og læring med utgangspunkt i problemsituasjoner og kognitive konfliktar (P4) er eit av læringsprinsippa som er lite vektlagd. Undervisarane er opptekne av problembasert læring, men fortel at det er for omfattande å ta i bruk. Alternativet er å nytte casar, problemstillingar, påstandar eller teser. Case og problemstillingar som studentane arbeider med i smågrupper, ser ut til å vere mest brukt. Soleis ser det ut til at undervisarane viser til ein svak versjon av problembasert undervisning, som dei fortel at dei nyttar i håp om at dette skapar motivasjon for læring. Men det er utfordrande å finne eller utvikle gode casar som appeterer til studenten sin motivasjon. Mellom anna fortel fleire at dei strevar med å utvikle innhald i casen som er tilpassa «studenten si utviklingszone».

Hypotesen i det vidare er at translasjonsregelens omvandling truleg berre kan forståast i lys av det vi kan kalle «tillemping og praktisk bruk av kunnskap i eit fellesskap», ein stad, eit rom eller eit sett av aktivitetar der proaktive leiatar arbeider med å knyte saman uttrykt og underforstått kunnskap til praktiske handlingar. Den praktiske kunnskapen vil i denne meiningsa framstå som den staden der Argyris og Schön seier uttrykt teori møter bruksteori (1978/1996), det Nonaka (1994) og Nonaka og Takeuchi (1995) kallar kombinering, og kanskje det berre er her vi kan leite etter det Røvik kallar omvandling (2007 s. 315). Men kva kan skuleleiaren arbeide med i dette rommet? (Sjå også tabell 1.)

Skuleleiaren kan addere og trekke fra på individnivå

Lærarens individuelle ferdigheter kan forståast i lys av alle tre sidene ved kunn-skapsomgrepet. Dei vil gjennom utdanning vere knytte til ein form for uttrykt kunnskap, men vil med tida utvikle underforstått kunnskap. Denne kan vere knytt til gjennomføringskunnskap i vid tyding, at ein beherskar eige fag eller domene på ein slik måte som Dreyfus, Dreyfus og Anathious (1986) sine høgre ferdig-heitsnivå forutset, eller på annan måte vere knytt til personlege erfaringar i yrkes-samanheng. Den einskilde yrkesutøvaren vil også, slik til dømes Donald Schön gjer greie for, kunne reflektere over denne erfaringa, og bli det han kallar ein reflekterande praktikar (1983).

Leiarar kan rette søkelys på dette, og samla framstår det ei leiарolle som kon-sentrerer seg om individua si utdanning, erfaringar og modning og deira refleksjon over den praksisen dei vinn. Skuleleiaren kan bidra til både addering og fråtrek-king på dette nivået. Det er naturleg å spørje om mentoromgrepet høver som namn på denne rolla?

Leiaren kan omvandle idear og meininger på gruppennivå

Uttrykt kunnskap på gruppennivå kan framstå som lokalt språk, eller deklarativ hukommelse som utløyser den same reaksjonen eller forståinga mellom ei gruppe av organisasjonsmedlemer (Nonaka og Takeuchi, 1995, Senge, 1990/2006). Felles historier, delte fortellingar og myter kan også fungere som episodisk hukom-melse, det same kan felles rutinar og handlingar som er trenar inn som prosedyrar vere (Scott, 1995). Leiarar kan påverke grupper og lag ved sjølv å kjenne til og bruke lokalt språk, dele felles historier og delta i meaningsberande handlingar. Praktisk kunnskap er interessant i lys av Weick og Roberts idé om den merksame organisasjonen (1993). Desse forfattarane nyttar omgrepa «sinn» («mind»), og «merksam» («heedful»), med tilvising til Ryle (1949) når dei vil forklare kvifor og når ei eining fungerer som kollektiv organisasjon. Når ting ikkje fungerer, er det ikkje mangel på trening eller kunnskapsmangel som er problemet, men svikt i evna til å sjå, vere merksam, ta omsyn til felles aktivitetar. Men på gruppennivå, har vi sagt, finnast det ikkje underforstått kunnskap. Den finnast berre hos individua, men forstått som omvandling ser vi at kunnskapen – det som er addert eller trekt frå på individnivå – kan få konsekvensar på gruppennivået, som praktisk kunnskap i ein konkret røyndom der organisasjonshandlingar vert endra. Dersom laget, gruppa, endrar praksis. Kunnskapsleiarrolla i denne meiningsa kan her difor liknast med trenaren, den som trener opp eit lag, eit team, ei gruppe til å fungere som ein heilskap.

Leiaren kan forvalte reglar og prosedyrar, men legg berre til rette for kopiering?

I den snevraste meiningsa vil «kunnskapsforvaltning» (knowledge management) innebere å regel- og prosedyrebeskrive framgangsmåtar og gjere desse tilgjengelege for medlemene på ulike måtar. I boka *Enabling Knowledge Creation* (2000) brukar von Krogh, Ichijo og Nonaka store deler av innleiinga til å kritisere denne innfallsvinkelen til kunnskap. Dei gjer greie for tre fallgruver. Den første inneber å setje likskapsteikn mellom informasjon og kunnskap. Alle organisasjonar har bruk for den forma for informasjonsstyring som ligg i dokument, databasar og prosedyrar og policyerklæringar. Det handlar om å få rett informasjon fram til dei rette menneska i rett tid. Men problemet er at det ikkje blir skilt tydeleg mellom informasjon og kunnskap. Innanfor skuleforskinga har Roald (2010) problematisert dette gjennom tilvising til Wells' læringssyklus (1999). Rektor som informasjonsformidlar skapar ikkje kunnskapsutvikling. Kunnskapsforvaltning i denne meiningsa handlar berre om å leggje til rette for kopiering.

Den andre fallgruva er å tru at kunnskapsforvaltning handlar om verktøy. Eit døme er forsøka på å kartleggje tilsettes kompetanseområde og ferdigheter, og deretter å setje informasjonsbitane saman på måtar som ikkje dei kjenner att. Det vil – utan at forfattarane sjølv nemner dette – vere som å forsøke å konstruere underforstått kunnskap. Det vil vere ei fallgruve å tru at tal lærarar som har vore gjennom kurs i PALS, seier noko om korleis skulen som kollektiv handterer mobbeproblem. Kunnskap som addert på individnivå, fører ikkje automatisk til praktisk handling på gruppe- eller organisasjonsnivå.

Den tredje fallgruva er å tru at kunnskapsleiing kan vere knytt til ein stabsfunksjon, ein stilling eller ein spesiell person som skal ha ansvaret for organisasjonens kunnskap. Dette inneber at kunnskapsleiing er noko som må skje tett knytt til elevar og undervisningsaktivitetane, i lys av praktisk forbettings- og utviklingsarbeid, endring av undervisning og tilbakemeldingar frå elevar, foreldre og lærarar. Nye idear utan dei rette markørane som kontekstualiserer «nytte» på eit nivå som koplar det nye til praktisk handling, vil truleg framstå som tomme slag i lufta.

Forstått i lys av translasjonsperspektivet framstår argumenta til Nonaka og Takeuchi slik (sjå også tabell 13.1): Når dei i tråd med Wells (1999) seier at informasjon om nye idear og eksternt skapte representasjonar ikkje kan vere «kunnskap», handlar det om at deler av den underforståtte kunnskapen aldri kan fangast i eit intersubjektivt, kodifisert språk. Den er uløyseleg knytt til det å vere menneske i klasserommet. Som omgrepet innskriving syner oss, er det grunn til å tru at gjennom tids- og lokaliseringsprosessar kan likevel det vi forstår som den funksjonelle strukturen i underforstått kunnskap, vidareutviklast, dersom ideane faktisk i rimeleg grad gjennom slike markeringar kan knytast til læraranes erfaringar.

Når dei syner til den fallguva verktøyfokus inneber, handlar det om å tru at underforstått kunnskap kan eksistere på gruppenivå (1), medan den tredje fallgruva inneber det motsette, å tru at praktisk kunnskap kan eksistere fråkopla dei einingane som brukar kunnskap og mottar informasjon frå konkrete elevar, foreldre eller andre som er involverte i kunnskapsbruken elles.

Her er det er antyda tre måtar skuleleiarar kan leie translasjonsprosessar på. Ho kan fungere andsynes den einskilde lærarens addering og fråtrekking, han eller ho kan vere trenaren som får lag av lærarar til å fungere på eit høgare nivå, ei form for omvandling, og det kan handle om den meir tilbaketrekte administratoren som rettar søkelys på den formelle kunnskapen, men som ikkje gjer anna enn å leggje til rette for kopiering.

MODUS FOR TRANSLASJON SOM DET Å LEIE ANDRE OMSETJARAR?

Kan desse resonnementa om skuleleiarar utviklast vidare i eit møte med lærarar? Spørsmålet er relevant fordi lærarar har ei sjeldan uavhengig rolle i si yrkesutøving. Det er i den praktiske kvardagen, i klasseromma og dei kollektive arenaene i skulen at translasjon skjer – eller ikkje skjer. Slik sett er det eit viktig spørsmål om det er rektoren eller læraren som er «translatøren». Kanskje handlar omsetjing om relasjonen mellom skuleleiarar og lærarar?

I ein casestudie frå fire skular i Storbritannia har Ball mfl. (2011 s. 626) kartlagt sju ulike «policyroller» på skulenivå. Desse kan vi nyte som døme på korleis ulike lærarhaldningar kan representera noko Røvik ikkje synest å leggje vekt på i si drøfting av ulike modusar for translasjon, nemleg trekk ved aktørane som skal omsetje.

Ball mfl. (op.cit.) talar om *forteljarar* (narrators), som er visjonære. Forteljarane kombinerer ulike «språk», og dei skapar saman med *entusiastar* oppslutning og forståing for korleis *konkret, praktisk handling* kan utleiaast av det som i denne teksten vert kalla krav om endring av uttrykt kunnskap, eller innskriving av nye idear, først og fremst ved å skape moralsk og praktisk støtte og oppslutning frå lærarar og elevar (s. 628). Dette liknar på det som i leiingslitteraturen vert kalla *transformasjonsleiing* (Burns, 1978) og i den norske litteraturen ein form for *integrasjon* (Strand, 2007). Som omsetjing er det naturleg å tenkje seg at slike lærarar spelar viktigare roller i innskrivingsprosessar, gjennom lokalisering og tidsmarkering.

Entreprenørar er nærmare praksis. Dei kan ha ein noko utypisk bakgrunn, ein annan form for underforstått kunnskap som dei brukar for å produsere originale bidrag og tolkingar, som utfordrar eksisterande praksis og tenking om undervis-

ning. Entreprenøren evnar å tenke originalt og informert om undervisning, men klarar også å gjere tenkinga om til strukturar, roller og taktiske handlingar i ein skulekontekst (op.cit., s. 628). I leiingslitteraturen er entreprenørrolla i organisjonar velkjent (Strand, 2007), og kombinert med integratorar seier litteraturen at dei kan fungere som ei sterk endringskraft. *Translatørane* er i forfattarane språkbruk dei som skapar kollektiv handling ut av reformer, konkrete handlingar som er relevante i klasserommet. Det abstrakte blir konkret, gjennom translatørane (op.cit., s. 631). Dei skil seg altså frå forteljarane, som skapar oppslutning om endring. I lys av translasjonsperspektivet kan vi neppe tenkje oss at skular kan komme i verken modifiserande eller radikalt modus utan entreprenørar og/eller translatørar.

Mottakarar (op.cit.) er gjerne unge lærarar som har meir enn nok med å klare kvardagen i klasserommet. Ein hypotese vil vere at omgrepene addering og kopiering er omsetjingsreglar som vil «treffe» denne kategorien lærarar. Dei er avhengige av støtte, råd, innspel frå kollegaer og leiarar uansett, for nye idear kan ikkje utfordre ein underforståtte, kunnskap dei ikkje har utvikla enno.

Kritikarar er viktige berarar av alternative diskursar om undervisning. Dei viser til andre syn enn dei dominerande – i vår språkbruk – masterideane, og framstår slik sett som alternative stemmer. I fleire arbeid har Roald (m.a. 2010) argumentert for at «lærande møter» eller «kunnskapsutviklende møter» er ei arbeidsform som høver i skular. Arbeidsforma inneber at kritiske røyster skal kunne bidra konstruktivt i lokale prosessar, og i lys av translasjonsperspektivet er dette interessant fordi ei kan forestille seg at kritikarar i denne meinингa kan bidra til omsetjing i modifiserande modus, men kanskje også, dersom Roald har rett, bidreg til at omsetjing skjer i radikalt modus. Når nye idear utanfrå kan bli endra radikalt gjennom lokale prosessar, må naudsynlegvis nokon bere fram det som utfordrar.

Den siste rolla Ball mfl. (2011) finn, er kalla *transaktøren*. Det er ei rolle som inneber å gjennomføre det som blir pålagt. Det er naturleg å spørje om denne lærarkategorien først og fremst må forståast i lys av eit reproduzierende modus, som fremjar kopiering som omsetjingsregel.

I tabell 13.1 i får eit samla bilet av kva sider av kunnskapen skuleleiarar kan rette merksemd mot, samstundes som vi prøver å plassere dei i lys av mogelege omsetjarkategoriar.

TABELL 13.1: SKULELEIAREN SOM OMSETJAR MØTER LÆRARAR SOM OMSETJARAR

		Skuleleiaren kan rette merksemld mot		
		Individuelle ferdigheter hos lærarane	Idear og meininger på gruppennivå	Formaliserte reglar og prosedyrar
Dei tre sidaene ved kunnskapen	Kan skape modifiserande modus, saman med	Kan skape radikalt modus, saman med	Kan skape reproducerande modus, saman med	
	Uttrykt kunnskap i form av evidensbasert undervisning	Mottakarar	Forteljarar	Transaktørar
	Praktisk kunnskap hos lærarar om kva som er gode arbeidsmåtar	Translatørar	Entreprenørar	Fallgruve nr. 3
	Underforstått kunnskap hos den enkelte læraren	Entusiastar	Kritikarar (Fallgruve nr. 1)	Fallgruve nr. 2

I tabell 13.1 er det implisitt ein hypotese om at translasjon i skular skjer i møtet mellom skuleleiaren og lærarane. Hypotesen genererer tre idealtypar translasjon: Den skuleleiaren som rettar merksemda mot dei individuelle ferdigheitene til lærarane, vil samspele med entusiastar, translatørar og mottakarar. Addering, fråtrekking og kopiering skjer i den modifiserande modusen som møtet skapar. Skuleleiara som rettar merksemld mot idear og meininger på gruppennivå, vil i tillegg kunne samspele med forteljarar, entreprenørar og kritikarar, og dette møtet har i seg potensialet for å skape eit radikalt modus for translasjon, der omvandling av idear kan finne stad. Den siste idealtypen skapar gjennom fokus på formaliserte reglar og prosedyrar først og fremst eit samspel med transaktøren. Samspelet legg grunnlag for det som blir kalla reproducerande modus, der først og fremst kopiering finn stad.

Translasjon i slik modus syner i tabellen tomme kategoriar når det gjeld praktisk og underforstått kunnskap hos lærarar. Grunnen er at slik skuleleiing ville innebere å gå i fallgruve nr. 3. Omsetjing som noko anna enn kopiering kan ikkje skje i reproducerande modus, og logisk sett vil transaktørens funksjonelle kunnskaps-

struktur difor ikkje vere i motstrid til den ideen som skal kopierast. Fallgruve nr. 1 inneber ein kategorifeil, nemleg å tru at underforstått kunnskap kan eksistere på gruppenivå, men kritikarar kan i dette perspektivet bidra med viktige innspel fordi dei nett kan ha erfaringar som bidreg til å skape den radikale modusen. Det vil seie om dei får aksept og tilgang med sine erfaringar. Det kan tenkjast det er her vi bør ta i bruk Nonaka og Takeuchi sin versjon av omgrepet eksternalisering (1995), det å namnsetje eigne erfaringar. Det å handsame «kritikarar» på nokon annan måte enn som fullverdige og verdifulle medlemer, er elles neppe tilrådeleg i kunnskapsorganisasjonar. Ein kan ikkje konstruere semje, men det kan skapast oversetjingsmodus der usemje, kritikk og motdiskursar fremjar lag spel. Det er bodskapen i det Senge kallar disiplinen læring i lag (1990/2006). Det å tru at erfarne lærarar sitt problem er manglende informasjon inneber på si side å gå i fallgruve nr. 2. Meir informasjon kan føre til større kognitiv dissonans, heller enn det motsette, og dermed berre skape motstand mot både omvandling, addering, fråtrekking – og kopiering.

OM TRANSLATØRKOMPETANSE

Denne teksten har teke som utgangspunkt at idear må omsetjast før dei kan nå fram til eit klasserom. Vi treng omgrep som seier noko om korleis eksisterande kunnskap på individ- og organisasjonsnivå kan vere vilkår for omsetjing av reformer, eller nye idear til handling. Omsetjinga er det skule- og utdanningsleiara som står for, saman med dei lærarane som omformar forventingar til handling. Denne teksten syner korleis eit nokså fargerikt og mangesidig omgrevsapparat kan utleiaast av ulike inngangar, men vi kan samle dei i tre hovudkategoriar eller idealtypar av skuleleiing som translasjon. Men det er idealtypar som berre så måteleg overlappar med dei fire omsetjarane Røvik skisserer (2007 s. 325 ff.): Den kunnskapsrike, fleirkontekstuelle omsetjaren; den modige og kreative omsetjaren, den tolmodige omsetjaren og den sterke omsetjaren.

Mentorar arbeider med individuelle lærarar og lærarferdigheiter. Dei leiar adderings- og fråtrekkingsprosessar i samspel med translatørar og entusiastar, og dei trøystar og støtter mottakarar i individuelle kopieringsprosessar. Mentoren ser ut til å ha mykje likskap med Røviks tolmodige omsetjarar.

Trenarar arbeider med grupper og lag, og dei set over i samspel med forteljarar og entreprenørar og i møte med kritikarar. Saman kan dei omvandle skular fordi dei rettar søkelys på praktisk handling på gruppenivå. Det kan her vere eit slektskap med Røviks modige og kreative omsetjarar.

Men så finn vi ikkje dekning for den kunnskapsrike, fleirkontekstuelle omsetjaren og den sterke omsetjaren. Min hypotese er at skuleverket ikkje har plass til

desse idealtypane. På den andre sida kan vi godt tru at *transaktørar*, som nøyser seg med å registrera at andre gjer – eller ikkje gjer – som dei får beskjed om, som administrerer andres kopiering, er ein svak omsetjar. Den svake omsetjaren kan det finnast mange av i det norske skuleverket.

* * *

Eg sa i innleiinga at det ikkje finnast noko meir immaterielt enn våre tankar. Omgrepet leiing blir knytt til mange forskjellige aktivitetar, men grunnleggjande handlar det om å arbeide med tankane og ideane til medarbeidarane. Snublante nær det vi vanlegvis kallar «undervisning». Vi talar ikkje til vanleg om leiing eller undervisning som forvaltning av immateriell kapital, men det kunne vi ha gjort. I denne teksten har eg kopla saman omgrepet translasjon eller omsetjing med omgrepet kunnskap for å vidareutvikle ei forståing av dei omsetjingprosessane som finn stad når skuleleiarar og lærarar forvaltar skulens immaterielle kapital.

LITTERATUR

- Argyris, Chris & Schön, Donald (1978/1996). *Organizational Learning: A Theory of Action Perspective*. Reading, Mass.: Addison-Wesley.
- Ball, Stephen J. Maguire, Meg, Braun, Annette & Kate Hoskins (2011). Policy actors: doing policy work in schools. *Discourse: Studies in the Cultural Politics of Education*. Vol 32, 2001, Issue 4 Page 625–639 | Published online: 14 Sep 2011. Routledge. DOI:10.1080/01596306.2011.601565
- Brunstad, Paul O. (2009). *Klokt lederskap: mellom dyder og dødssynder* Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Burns, James M. (1978). *Leadership*. NY: Harper & Row.
- Dahl Jacobsen, Knut (1964). *Teknisk hjelpe og politisk struktur. En studie av norsk landbruksforvaltning 1874–1899*, (Dr.avh). UiO, Oslo.
- DiMaggio, Paul. O. & Powell, Walter (1991) (red.). *The New Institutionalism in Organizational Analysis*. Chicago University Press. Chicago.
- Dreyfus, Hubert L., Dreyfus, Stuart E. & Tom Athanasiou (1986). *Mind over machine: the power of human intuition and expertise in the era of the computer*. Free press. New York.
- Grimen, Harald.(2001). «For mange ord om taus kunnskap». *Nordiske organisasjonsstudier* 2001; Volum 3.(1)
- Hamran, Torunn (1987). *Den tause kunnskapen*, Universitetsforlaget, Oslo.

- Huber, George, P. (1991). Organizational Learning: The Contributing Processes and the Literatures, *Organization Science*, (2), No.1, 88–115.
- Johannessen, Kjell S. (2000). Kunnskapenes ulike artikulasjonsmodi. En skisse av visse grunntrekk ved vårt tause grep på virkeligheten. *UNIPED* (Tromsø); Volum 22.(3) s. 23–37
- Lave, J. & Wenger, E. (1991). *Situated learning: Legitimate peripheral participation*. Cambridge University Press. New York.
- Maguire, M., Braun, A. & Ball, S. (2014). Where you stand depends on where you sit: The social construction of policy enactments in the (English) secondary school. *Discourse: Studies in the Cultural Politics of Education*. Vol 36, 2015, issue 4. Page 485–499. Published online: 03 Nov 2014 Routledge. DOI:10.1080/01596306.2011.601565
- Møller, Jorunn (2014). Ledelse som masteridé i norsk skole sett i et internasjonalt perspektiv. I Kjell Arne Røvik, Tor Vidar Eilertsen og Eli Moksnes Furu (red.) *Reformidéer i norsk skole. Spredning, oversettelse og implementering*. Cappelen Damm Akademisk. Oslo.
- Nonaka, I. (1994) «A dynamic theory of organizational knowledge creation», *Organization Science*, Vol. 5, No.1, February.
- Nonaka, I. og Takeuchi, H. (1995). *The knowledge-creating company: how Japanese companies create the dynamics of innovation*. Oxford University Press. New York.
- Pettersen, Roar C. (1997): *Problemet først. Problembasert læring som pedagogisk idé og strategi*. Tano-Aschoug. Oslo
- Polanyi, Michael (1966). *The Tacit Dimension*, Garden City. Doubleday, New York.
- Roald, Knut (2010). *Kvalitetsvurdering som organisasjonslæring mellom skole og skoleeigar*. Avhandling for graden philosophiae doctor (PhD) Universitetet i Bergen, Bergen.
- Ryle, Gilbert (1949/2000): *The Concept of Mind*, London: Hutchinson (1949) Penguin Books. London.
- Røvik, Kjell Arne (2007). *Trender og translasjoner. Idéer som former det 21. århundrets organisasjon*. Universitetsforlaget. Oslo.
- Røvik, Kjell Arne og Pettersen, Hilde (2014). Reformidéenes tilbudsside: Aktører, institusjoner, logikker. I Kjell Arne Røvik, Tor Vidar Eilertsen og Eli Moksnes Furu (red.) *Reformidéer i norsk skole. Spredning, oversettelse og implementering*. Cappelen Damm Akademisk. Oslo.
- Røvik, Kjell Arne (2014). Translasjon – en alternativ doktrine for implementering. I Kjell Arne Røvik, Tor Vidar Eilertsen og Eli Moksnes Furu (red.) *Reformidéer i norsk skole. Spredning, oversettelse og implementering*. Cappelen Damm Akademisk. Oslo.
- Schön, Donald (1983). *The Reflective Practitioner: How professionals think in action*. Temple Smith. London.
- Scott, Richard W. (1995). *Institutions and Organizations*. Sage. Thousand Oaks, California.
- Senge, P. (1990/2006). *The fifth discipline: the art and practice of the learning organization*: Currency Doubleday. New York
- Skår, Randi (2010): *Læringsprosesser i sykepleieres profesjonsutøvelse: en studie av sykepleieres læringserfaringer*. Doktorgradsavhandling. Psykologisk fakultet, Universitetet i Bergen. Bergen.
- Strand, Torodd (2007). *Ledelse, organisasjon og kultur*. Fagbokforlaget. Bergen.
- Telhaug, Alfred (2005). *Kunnskapsløftet – ny eller gammel skole. Beskrivelsen og analyse av Kristin Clemets reformer i grunnopplæringen*. Cappelen Damm. Oslo.

- von Krogh, Georg, Kazuo Ichijo, og Kujiro Nonaka (2000). *Enabling Knowledge Creation How to Unlock the Mystery of Tacit Knowledge and Release the Power of Innovation*. Oxford University Press. USA. New York.
- Wells, C.G. (1999). *Dialogic inquiry. Towards a sociocultural practice and theory of education*. Cambridge University Press. New York.
- Weick, Karl E., & Roberts, Karlene H. (1993). Collective Mind in Organizations: Heedful interrelating on Flight Decks. *Administrative Science Quarterly*, 38, 357–381.
- Wenger, Etienne (1998). *Communities of Practice*. Cambridge University Press. Cambridge.
- Aansesland, Torbjørn (2013). *Osloskoleflykningen – Nasjonale prøvers samarbeidsagent*. En kvalitativ undersøkelse av skoleledere og læreres samarbeid rundt nasjonale prøver ved to skoler i Aust-Agder. Masteroppgave i pedagogikk, Fakultetet for humaniora og pedagogikk. Universitetet i Agder.

Kapittel 14

Fysiske krav hjå profesjonelle fotballspelarar i OBOS-ligaen i kamp

Fysiske krav for ulike spelposisjonar

ATLE HOLE SÆTERBAKKEN, EINAR YLVISÅKER, AMUND RIISER, VEGARD FUSCHE MOE OG VIDAR ANDERSEN

SAMANDRAG Nyare forsking har vist at forflyttingane i fotballspelet skjer raskare enn før, men kunnskap om forflyttingane i norsk toppfotball eksisterer i liten grad. Studien har undersøkt forflyttingane til profesjonelle fotballspelarar under kamp gjennom heile 2015-sesongen. Resultata viste at kantspelarane og backane tilbakela flest meter og gjennomførte flest høgintensive løp og sprintar medan midtstopparane og sentral midtbane gjennomførte færrest. Då spesifikke fysiske krav skil dei ulike spelposisjonane, bør kunnskapen nyttast for å utvikle framtidige fotballspelarar.

NØKKELORD høgintensive løp, sprint, fysiske krav i fotball og spelposisjonar

ABSTRACT Resent research has documented increased physical demands among professional football players, but little is known from Norwegian professionals. The aim of the study was therefore to investigate the physical match performance for the different playing positions in the OBOS-league. The results demonstrated that wide midfielder and full-backs cover a greater distance and numbers of high-intensity runs and sprints compared to central defenders and midfielders. The current findings provide valuable information in the development of future football players.

INTRODUKSJON

Sogndal Fotball har små økonomiske resursar samanlikna med toppklubbane i Noreg og utlandet. Store klubbar har moglegheita til å hente ferdigutvikla spelarar til klubben, medan mindre klubbar må utvikle spelarane. «Utvikling» er ei av kjerneverdiane til Sogndal Fotball. Difor er kunnskapskapitalen knytt til utvikling av framtidige fotballspelarar essensielt for å fortsette som toppklubb.

Prestasjonen i fotball er avhengig av enkelspelarar, dei ulike lagdelane og laget som heilheit for å lukkast. Dei prestasjonsbestemmande faktorane kan delast opp i taktiske, tekniske, fysiske, psykologiske samt sosiale ferdigheiter og eigenskapar. Viktigheita av enkeltfaktorar er vanskeleg å kvantifisere med valide og reliable målingar. T.d. kan nokre spelposisjonar ha større krav til taktiske ferdigheiter enn fysiske ferdigheiter. Vidare kan spelarar med same spelposisjon på banen ha ulike roller i laget. Øyvind Leonardsen og Erik Mykland frå VM-laget i 1994 vert ofte nytta som døme på dette. Leonardsen var arbeidsjernet som tilbakela mange meter i løpet av ein kamp medan Mykland var den tekniske og kreative.

Ein av dei største utviklingane blant profesjonelle fotballspelarar er kravet til spelarane om å gjere raskare handlingsval og forflyttingar i stor hastigkeit enn for berre eit tiår attende. Til dømes auka antal pasningar i øvste divisjonen i England (Premier League) med 25–70 % frå 2006/2007-sesongen til 2012/2013-sesongen (Bush, Barnes, Archer, Hogg, & Bradley, 2015). I takt med anna teknologisk utvikling har posisjons- og rørsleanalysar (monitoreringssystem) blitt utvikla som viktige verktøy i profesjonelle fotballklubbar. Mange klubbar i Europa har nytta slik monitoreringssystem i fleire år for å kvantifisere den fysiske belastninga av kamp og trening. Moglegheitene eit monitoreringssystem gir, vil truleg bli viktigare og meir vanleg dei komande åra i Noreg. Dette vil gje trenarane og leiarane viktig kunnskap for å individualisere belastninga treningsarbeidet og betre utviklinga av framtidige elitespelarar.

Ulike monitoreringssystem blitt nytta for å måle forflyttingane i fotball. Dei ulike systema nyttar ulik teknologi som t.d. GPS-sporing, posisjonsmeldingar med radiosendarar og videobasert system (Buchheit et al., 2014). Alle dei nemnte systema har vist liten til små skilnadar mellom systema i totaldistanse, men små til store skilnader i tilbakelagt distanse som høgintensive løp (over 18 km/t) (Buchheit et al., 2014; Portas, Harley, Barnes, & Rush, 2010).

I Italia, Spania, England og Danmark har dei nytta video og GPS-baserte monitoreringssystem for å undersøke forflyttingane i kamp (Bradley et al., 2016; Bush et al., 2015; da Silva, Guglielmo, & Bishop, 2010; Krstrup et al., 2006). Studiane har vist at spelarar tilbakelegg mellom 9–14 km i løpet av ein fotballkamp uavhengig av liga eller divisjon (Bradley, Di Mascio, Peart, Olsen, & Sheldon, 2010;

Stolen, Chamari, Castagna, & Wisloff, 2005; Vigne, Gaudino, Rogowski, Alloatti, & Hautier, 2010). Storparten av distansen vert tilbakelagt i form av å gå eller jogge (< 14,2 km/t) (Bush et al., 2015; Ingebrigtsen et al., 2014; Vigne et al., 2010). Til samanlikning utgjorde høgintensive løp (19,8 km/t–25,2 km/t) 7–12 % av totaldistanse medan sprintar (> 25, 2 km/t) utgjorde mellom 1–4 % (Bradley et al., 2009; Di Salvo et al., 2010). Vidare har blitt hevda at evna til å gjenta høgintensive løp er den viktigaste fysiske enkeltfaktoren i fotball. Ferdigheita skil amatørar frå profesjonelle, dei ulike spelposisjonane og nivåskilnaden mellom profesjonelle (Bangsbo, Mohr, & Krstrup, 2006; Ingebrigtsen et al., 2014; Mohr, Krstrup, & Bangsbo, 2003; Stolen et al., 2005).

Utviklinga av fysiske eigenskapar hos fotballspelarar er lite dokumentert. Det meste av forskinga er gjort på enkeltparametre (t.d. evna til å gjenta høgintensive løp), men kun i løpet av kortare tidsrom (t.d. gjennom ein sesong) (Buchheit, Bishop, Haydar, Nakamura, & Ahmaidi, 2010; Buchheit, Mendez-Villanueva, Delhomel, Brughelli, & Ahmaidi, 2010; Buchheit & Rabbani, 2014; Nedrehagen & Sæterbakken, 2015). Nyleg vart det publisert ein studie som samanlikna fysiske eigenskapar frå Premier League (England) over ein 5-års periode (2006/2007 til 2012/2013-sesongen) med totalt 14 700 profesjonelle elitespelarar (Bush et al., 2015). Resultata viste kun ei auke på 2–3 % i tilbakelagt totaldistanse. Distanse tilbakelagt som høgintensive løp og sprint auka med 24–35 % og 36–62 % i same periode (Bangsbo et al., 2006; Carling, Le Gall, & Dupont, 2012; Spencer, Bishop, Dawson, & Goodman, 2005). Til vår kjennskap eksisterer det kun ein studie som har undersøkt fysiske krav i norsk toppfotball (Ingebrigtsen et al., 2014). Studien viste ulik distanse tilbakelagt i ulike hastighetskategoriane for ulike spelposisjonar samt at høgintensive løp og sprint (antal og tilbakelagt distanse) var lågare enn funn frå Premier League (Bradley et al., 2010; Bush et al., 2015) og Serie A (da Silva et al., 2010).

Det vil difor vera viktig å framskaffe kunnskap om kva fysiske krav det er blant profesjonelle fotballspelarar på toppnivå. Kunnskapen kan nyttast til å identifisere nye talent, identifisere ulike spelartypar og betre kunnskapen om å individualisere den fysiske belastninga på trening. Vidare kan ein implementere, individualisere og differensiere treningsøvingar for dei ulike spelposisjonane i høve til dei fysiske krava dei møter i kampen. Målet med studien var difor å undersøke tilbakelagt distanse i ulike hastighetskategoriane blant profesjonelle fotballspelarar i OBOS-ligaen. Hypotesen var at midtbanespelarane ville tilbakelegge større totaldistanse enn dei andre spelposisjonane, og at backane og kantspelarane ville tilbakelegge lengre distanse samt fleire høgintensive løp og sprintar enn dei andre spelposisjonane.

METODE

STUDIEDESIGN

Totalt 14 OBOS-ligakampar spelt på Fosshaugane Campus i 2015-sesongen vart nytta for å undersøke forflyttingane for spelposisjonane back, midtstoppar, sentral midtbane, kantspelar og spiss. Eit heilautomatisk sporingssystem vart nytta for å måle forflyttingane. Kvar spelar nytta eit belte rundt hofta (vekt: 21 gram) med ein radiosendar. Radiosignalene frå kvart belte vart registrert av fire mottakarar. Mottakarane registrerte posisjonen til kvar spelar på banen kvart femte millisekund. Posisjonsdata kunne dermed nyttast til å måle endringane av posisjon og dermed også hastigheita forflyttingane skjedde i. Bruk av radiosendar i belte under kamp er tillatte av det internasjonale fotballforbundet (FIFA).

UTVALET

16 utespelarar frå Sogndal Fotball vart inkludert i studiet. Sogndal Fotball vant OBOS-ligaen i 2015. Det var kun kampar spelt på heimebanen til Sogndal Fotball som vart inkludert i studien. Det vil seie at treningskampar og cupkampar ikkje er med i datamaterialet. Alle spelarar var profesjonelle fotballspelarar og måtte spele ein heil kamp (2 x 45 min) for å bli inkludert i analysane. Spelarar som vart bytta ut eller inn i løpet av kampen, vart ekskludert frå vidare analysar. Totalt vart det gjort 99 observasjonar fordelt på spelposisjonane midtstopparar (MS, n = 25), backar (BA, n = 20), sentral midtbane (SM, n = 22), kantspelarar (KS, n = 20) og spissar (SP, n = 12). Keeperane vart ekskludert frå studien grunna deira heilt sær-eigne fysiske forflyttingar (Ingebrigtsen et al., 2014; Stolen et al., 2005). Spelarane vart informert munnleg og skrifteleg om studien sitt formål, og studien var ikkje i strid med siste versjon av Helsinki-deklarasjonen eller Høgskulen i Sogn og Fjordane sine etisk retningslinjer. Spelarane gav skriftlege samtykke til deltaking.

MÅLEINSTRUMENT OG MÅLEPARAMETRANE

Eit heilautomatisk sporingssystem (ZXY Sport Tracking System, Radionor Communications AS, Trondheim, Noreg) vart nytta i datainnsamlinga. Målepresisjonen har vist seg å vera særskilt god i høve til x- og y-posisjonane og totaldistanse (Ingebrigtsen et al., 2014). Datainnsamlinga byrja med at kvar spelar hadde på seg ein høgfrekvent radiosendar (20 Hz per sekund) med ein unik frekvens. Radiosendaren overførte kontinuerleg posisjonsdata på banen til dei fire mottakarsensorane (RadioEye™) plassert i dei fire lysmastene rundt Fosshaugane Campus. Det vil seie at kvar av dei fire mottakarane fekk eit signal med posisjonsdata for kvar av

spelarane i det vertikale planet (Z-planet), i breidda av banen (X-planet) og i lengda av bana (Y-planet). Ein kontroleining (beacon) synkroniserte posisjonsdata frå dei fire mottakarane og skilde dei ulike radiosignalene frå kvar spelar. Monitoreringssystemet brukte ein algoritme basert på posisjonen til kvar einskild spelar og endringa av posisjonen (forflytting) for kvart femte millisekund. Sida fart er strekninga tilbakelagt dividert på tida ein nyttar, kunne monitoreringssystemet også kvantifisere hastigheitene spelarane forflytta seg med. Posisjonsdata frå kvar av mottakarane vart kalibrerte ut frå banen sine faste merker på banen (t.d. ytterlinjer, banehalvdelar, straffmerke o.l.). Alle data vart komprimert og filtrert ved ein Linux-server ved hjelp av Ubuntu 14.04 før lagring i SQL-databasen. Alle data vart så overført til eit software program (ZXY-klient) for analysar. Til slutt vart datamaterialet overført til eit rekneark (Microsoft Excel 2013, Redmond, Washington, USA).

Dei ulike parametrane som vart inkludert, var totaldistanse tilbakelagt i løpet av kampen samt distansen tilbakelagt som gange ($< 7,1 \text{ km/t}$), jogg ($7,2\text{--}14,3 \text{ km/t}$), løp ($14,4\text{--}19,7 \text{ km/t}$), høgintensiv løp ($> 19,8 \text{ km/t}$). I tillegg vart sprint ($> 25,2 \text{ km/t}$) skilt ut som eit eige parameter (Ingebrigtsen et al., 2014). Inndelinga av dei ulike hastigheitskategoriene har blitt nytta i samanliknbare studiar (Bradley et al., 2013; Bush et al., 2015; Ingebrigtsen et al., 2014). Ein spelar måtte oppretthalde hastigheita i minimum eit sekund for å få registrert distanse i hastigheitskategorien. Vidare vart antal høgintensive løp, sprintar og akselerasjonar inkludert samt gjennomsnittslengda på alle høgintensiv løpa og sprintane (Bradley et al., 2009; Ingebrigtsen et al., 2014). For å få registrert ein akselerasjon, måtte fire hendingar oppfyllast: 1) akselerasjonen måtte vera på minimum $1 \text{ m}\cdot\text{s}^{-2}$, 2) akselerasjonen måtte nå $2 \text{ m}\cdot\text{s}^{-2}$, 3) akselerasjonen måtte halde seg over $2 \text{ m}\cdot\text{s}^{-2}$ og 4) varigheita på akselerasjonen måtte vera minimum 0,5 sekund (Ingebrigtsen et al., 2014).

STATISTISKE ANALYSAR

For å undersøke skilnadar i forflyttingane vart ein einvegs analyse av variasjonsnytta (one-way ANOVA) med Bonferroni post hoc-korreksjonar for å undersøke om det var skilnad mellom spelposisjonane (back, midtstoppar, sentral midtbane-spelar, kantspelar og spiss) for distanse tilbakelagt i dei ulike hastigheitskategoriene. I tillegg vart totaldistansen, antal høgintensive løp, sprintar og akselerasjonar undersøkt. Til slutt vart gjennomsnittleg lengde på høgintensive løp og sprintane undersøkt. Alle statistiske analysar vart gjort i SPSS 23.0 (SPSS Inc., Chicago, IL, USA). Det statiske signifikantsnivået vart sett til $p < 0.05$. Alle verdiar er oppgitt som gjennomsnitt \pm standardavvik.

RESULTAT

For totaldistanse tilbakelagt, tilbakela dei sentral midtbanane spelarane 7–11 % og kantspelarane 8–12 % større total distanse enn midtstopparane, backane og spissane i løpet av ein kamp ($p < 0.001$). Det var ingen skilnad mellom sentral midtbane og kantspelarane ($p = 1.000$) eller mellom midtstopparane, backane og spissane ($p = 0.266 – 1.000$). For detaljar, sjå tabell 1.

For tilbakelagt distanse som gange (< 7,1 km/t) var det ingen skilnad mellom spelposisjonane ($p = 0.467 – 1.000$). For jogg (7,2–14,3 km/t) tilbakela sentrale midtbanane 15–19 % fleire meter enn midtstopparane, backane og spissane ($p < 0.001$). I tillegg tilbakela kantspelarane 10 % større distanse enn backane ($p = 0.009$). Det var ingen skilnad mellom dei andre spelposisjonane ($p = 0.062 – 1.000$). For detaljar, sjå tabell 1.

I hastigheitskategorien løp (14,4–19,7 km/t), tilbakela sentral midtbane og kantspelarane 22–35 % og 28–41 % større distanse enn midtstopparane og spissane ($p < 0.001 – 0.010$). Kantspelarane tilbakela 17 % større distanse enn backane ($p = 0.010$) medan backane tilbakela 20 % større distanse enn midtstopparane ($p = 0.007$). Mellom dei andre spelposisjonane var det ingen skilnad ($p = 0.190 – 1.000$). For detaljar, sjå tabell 1.

Kantspelarane tilbakela 23–103 % større distanse som høgintensive løp (19,8–25,2 km/t) enn alle dei andre spelposisjonane ($p < 0.001 – 0.022$). Vidare tilbakela backane 30–65 % større distanse enn midtstopparane og sentral midtbane ($p < 0.001 – 0.020$), medan spissane tilbakela 48 % større distanse enn midtstopparane ($p = 0.005$). Mellom dei andre spelposisjonane var det ingen skilnad ($p = 0.158 – 1.000$). For detaljar, sjå tabell 1.

Både backane og kantspelarane tilbakela 98–125 % og 89–125 % større distanse som sprint (> 25 km/t) enn midtstopparane og sentral midtbane ($p < 0.001$), medan det var ingen skilnad mellom dei andre spelposisjonane ($p = 0.123 – 1.000$). For detaljar, sjå tabell 1.

Kantspelarane gjennomførte 32–103 % fleire høgintensive løp enn dei andre spelposisjonane ($p < 0.001 – 0.007$). Backane, sentral midtbane og spissane gjennomførte høvesvis 54 %, 53 % og 30 % fleire høgintensive løp enn midtstopparane ($p < 0.001 – 0.002$). Det var ingen skilnad mellom dei andre spelposisjonane ($p = 0.100 – 1.000$). I høve til gjennomsnittleg lengde per høgintensiv løp var backane si lengde 12–14 % lengre enn sentral midtbane og spissane ($p = 0.032 – 0.036$), medan det var ingen skilnad mellom dei andre spelposisjonane ($p = 0.079 – 1.000$). For detaljar, sjå tabell 2.

TABELL 14.1. OVERSIKT OVER ANTAL METER TILBAKELAGT SOM TOTALDISTANSE, GANGE, JOGG, LØP, HØGINTENSIVE LØP OG SPRINT FOR DEI ULIK SPELPOSISJONANE I KAMP.

	Midt-stoppar (MS)	Back (BA)	Sentral midtbane (SM)	Kantspelar (KS)	Spiss (SP)	Post hoc ($p < 0.05$)
Total distanse	10425 ± 523	10804 ± 475	11579 ± 592	11701 ± 665	10807 ± 512	SM og KS > MS, BA og SP
Gange	3832 ± 176	3768 ± 263	3653 ± 168	3715 ± 285	3669 ± 637	
Jogg	4732 ± 353	4586 ± 462	5451 ± 359	5067 ± 632	4750 ± 327	SM > MS, BA, SP; KS > BA
Løp	1397 ± 180	1682 ± 199	1881 ± 328	1973 ± 308	1538 ± 340	KS og SM > MS og SP; KS > BA; BA > MS
Høgintensive løp	465 ± 125	769 ± 119	593 ± 260	947 ± 186	689 ± 161	KS > alle; BA > MS og SM; SP > MS
Sprint	87 ± 51	196 ± 74	99 ± 63	187 ± 69	137 ± 56	BA og KS > MS og SM

Kantspelarane gjennomførte 107 % og 96 % fleire sprintar enn høvesvis midtstopparane og sentral midtbane ($p < 0.001$). Backane gjennomførte 91 % fleire enn midtstopparane ($p < 0.001$). For dei andre spelposisjonane var det ingen skilnad ($p = 0.062 – 1.000$). I høve til gjennomsnittleg lengde per sprint var det ingen skilnad mellom dei ulike spelposisjonane ($p = 0.474 – 1.000$). For detaljar, sjå tabell 14.2.

I høve til antal akslerasjonar gjennomførte kantspelarane 18–53 % fleire enn dei andre spelposisjonane ($p < 0.001–0.005$). Backane, sentral midtbane og spissane gjennomførte høvesvis 30 %, 18 % og 22 % fleire akslerasjonar enn midtstopparane ($p < 0.001 – 0.031$). For detaljar, sjå tabell 14.2.

TABELL 14.2. OVERSIKT OVER ANTAL HØGHASTIGHEITSLØP, SPRINT OG AKSELERASJONAR SAMT GJENNOMSNITTLEG LENGDE PÅ HØGINTENSIVE LØP OG SPRINTAR FOR DEI ULIKE SPELPOSISJONANE.

	Midt-stoppar (MS)	Back (BA)	Sentral midtbane (SM)	Kantspelar (KS)	Spiss (SP)	Post hoc ($p < 0.05$)
Antal høg-intensive løp	23.8 ± 5.7	36.7 ± 5.4	30.9 ± 13.3	48.3 ± 10.4	36.5 ± 8.7	KS > alle: BA, SM og SP > MS
Gj. lengde på høg-intensive løp (m)	19.5 ± 2.1	21.6 ± 2.6	19.3 ± 1.8	19.7 ± 1.6	18.9 ± 1.1	BA > SM og SP
Antall sprintar	6.8 ± 3.2	13.0 ± 3.8	7.2 ± 4.7	14.1 ± 4.5	10.0 ± 3.4	KS > MS og SM: BA > MS
Gj. lengde på sprint (m)	12.3 ± 4.4	15.2 ± 3.9	15.1 ± 7.4	13.3 ± 2.6	13.9 ± 3.1	
Antal akselerasjoner	129.8 ± 16.7	168.5 ± 24	153.9 ± 28.1	198.7 ± 31.9	158.3 ± 34.6	KS > alle: BA, SM og SP > MS

DISKUSJON

Resultata våre viste spesifikke skilnadar i forflytting for dei ulike spelposisjonane i dei ulike hastigheitskategoriane. Generelt kan ein seie at spelarane på sentral midtbane og kantspelarane tilbakela større totaldistanse samt større distanse på dei lågare hastigkeitene (gange, jogge og løp) enn dei andre spelposisjonane. Vidare viste studien at backane og kantspelarane tilbake la større distanse, gjennomførte fleire og hadde lengre lengde på høgintensive løp og sprintar enn dei andre posisjonane.

TOTALDISTANSE

Både sentral midtbane og kantspelarane hadde lengst totaldistanse. Dette var i samsvar med hypotesen og skuldast truleg at begge posisjonane bidrog i både forsvar og angrep. Aksjonsradius på bana strekte seg dermed frå og til 5-meterane på bana. Til samanlikning har dei andre spelposisjonane (spissane, og midtstopparane) i større grad definerte banehalvdeler dei forflyttar seg på. Skilnaden er likevel ikkje meir enn 1–11 % for dei ulike spelposisjonane. Tilsvarande funn blir støtta frå norsk Tippeliga (øvste nivå) og ulike nivå i England (Bradley et al., 2010; Bradley, Lago-Penas, & Rey, 2014; Bush et al., 2015; Ingebrigtsen et al.,

2014). Vidare skil ikkje totaldistansen i denne studien seg frå funna frå Tippeligaen og dei øvste divisjonane i England. Det kan difor virke som om totaldistanse tilbakelagt i ein kamp ikkje skil seg nemneverdig mellom nivåa.

Totaldistanse var lengre for spelarane på midtbanen (sentral og kant). Det var difor ikkje overraskande at det var i desse posisjonane spelarar også tilbakela flest meter i dei lågare hastigheitene (jogg og løp). Det var ingen skilnad mellom spelposisjonane i hastigheita gange. Resultata vert støtta av studiar som har nyttat tilsvarende inndeling av løpshastigheitene hjå profesjonelle fotballspelarar i Noreg og England (Bradley et al., 2013; Ingebrigtsen et al., 2014).

HØGINTENSIVE LØP

Det har blitt hevda at høgintensive løp er den viktigaste fysiske enkeltfaktoren som differensierer amatørar frå profesjonelle, treningsstatus blant spelarane og dei ulike nivå i divisjonsistema (Bradley et al., 2009; Ingebrigtsen et al., 2014; Mohr et al., 2003). Dei laterale posisjonane (kantspelarane og backane) gjennomførte fleire høgintensive løp samt lengre distanse som høgintensive løp enn dei andre spelposisjonane. Dette var i samsvar med hypotesane våre. Kantspelarane gjennomførte også fleire høgintensive løp enn dei andre spelposisjonane. Dette skuldast truleg deira rolle som bidragsyter i både angrep og forsvar (Di Salvo et al., 2007). Tilsvarande resultat vart funne i samanliknbare studiar (Bradley et al., 2013; Bradley et al., 2009; Di Salvo, Gregson, Atkinson, Tordoff, & Drust, 2009; Ingebrigtsen et al., 2014). Likevel, distansen tilbakelagt som høgintensive løp er 11 %, 21 % og 28 % kortare enn i Seria A (Italia) (Di Salvo et al., 2009), Tippligaen (Noreg) (Ingebrigtsen et al., 2014) og Premier League (England) (Bradley et al., 2009). Dette støtta påstanden om nivåskilnadar i evna til å gjenta høgintensive løp mellom betre divisjonar og ligaer. Backane gjennomførte også fleire meter som høgintensive løp enn midtstopparane og sentral midtbane, men ikkje fleire enn spissane. Backane hadde også lengre høgintensive løp enn sentral midtbane og spissane. Det kan difor spekulerast om backane vart flytta hurtig opp i angrep samt at dei må gjere raske returløp i kampane. Funna blir støtta av resultat frå den norske Tippligaen (Ingebrigtsen et al., 2014) og Seria A i Italia (Di Salvo et al., 2009). Likevel, resultat frå Seria A viste at spissane tilbakela fleire meter enn backane som høgintensive løp (Di Salvo et al., 2009). I motsetning var det ingen skilnad mellom midtstopparane, sentral midtbane og spissane i Premier League (Bradley et al., 2013; Bradley et al., 2009), noko som sannsynlegvis viser at dei ulike ligaene har ulike fysiske spelestilar og krav. At midtstopparane til-

bakela færast høgintensive løp og færast meter som høgintensive løp, vart støtta av Bradley mfl. (2009), Ingebrigtsen mfl. (2014) og Di Salvo mfl. (2009).

SPRINT OG AKSELERASJONAR

Både kantspelarane og backane gjennomførte fleire sprintar og tilbakela lengre distanse som sprint enn midtstopparane og sentral midtbane. Det var derimot ingen skilnad mellom dei laterale posisjonane og spissane. Dette kan skuldast at mål ofte skjer ved forflyttingar i stor hastighet, eller at dei laterale posisjonane vert med i angrep og forsvar. Meter tilbakelagt som sprint for dei ulike spelposisjonane var i samsvarar med funn frå Premier League (Bradley et al., 2009), norsk Tippeliga (Ingebrigtsen et al., 2014) og Serie A (Di Salvo et al., 2009). Derimot viste Ingebrigtsen mfl. (2014) ingen skilnad mellom dei ulike spelposisjonane i antal sprintar. Til samanlikning var antal sprintar i denne studien mellom 50–100 % færre enn kva som vart observert i norsk Tippeliga (Ingebrigtsen et al., 2014), Premier League (Di Salvo et al., 2009) og Serie A (Di Salvo et al., 2010).

Det er få andre studiar som har målt akslerasjonar i fotball. Dette skuldast i hovudsak ulik måleteknologi. Dei fleste samanliknbare studiane har nytt video- eller GPS-baserte målemetodar og ikkje høgfrekvent radiobaserte målemetodar som denne studien (Bradley et al., 2013; Bradley et al., 2009; Bush et al., 2015; Di Salvo et al., 2009). Ingebrigtsen mfl. (2014) nyttar derimot tilsvarande målemetodar og fann ingen skilnadar i antal akslerasjonar for dei ulike spelposisjonane. Dette er i motsetning til denne studien, som viste flest akslerasjonar hjå kantspelarane og færast hjå midtstopparane. Vidare fann denne studien mellom 49–89 % fleire akslerasjonar enn kva Ingebrigtsen mfl. (Ingebrigtsen et al., 2014) observerte i Tippeligaen. Den mest nærliggande forklaringa på skilnaden mellom denne studien og Ingebrigtsen m fl. (2014) ligg i algoritmen for dei fire kriteria som må inntrefje for at monitoreringssystemet regisserte ein akslerasjon eller ikkje (sjå metoden for kriteria). Ingebrigtsen m fl. (2014) nyttar fyrste utgåve av sporingssystemet der algoritmen var annleis enn versjonen nyttar i denne studien. Det er derimot ikkje gjennomført målingar av målepresisjonen mellom dei to versjonane av monitoreringssistema, og tolkinga av resultata må difor gjerast med forsiktigkeit.

MÅLEUTSTYRET

Tidelegare studiar har vist ein test-retest-reliabilitet korrelasjons-koeffisient på $r = 0.99 - 1.00$ ($p = 0.000$) i høve til x- og y-posisjonane og totaldistanse (Ingebrigtsen m fl. 2014). Andre kommersielle monitoreringssystem (Adidas miCoach,

Prozone, Amisco Pro og SICS) er basert på GPS-sporing eller dataalgoritmar ved å prosessere video (Bradley et al., 2010; Di Salvo et al., 2010; Rampinini, Impellizzeri, Castagna, Coutts, & Wisloff, 2009; Rampinini, Sassi, et al., 2009). Desse monitoreringssystema har vist større måleusikkerheit enn radiobaserte system (Portas et al., 2010). Dessverre er det til vår kjennskap ikkje publisert intra- eller interreliabilitetsstudiar med sporingssystemet nytta i denne studien. Våre funn må difor tolkast med forsiktigheit i høve til andre monitoreringssystem. Våre eigne upubliserte data viste eit gjennomsnittleg avvik på 0.01 % av totaldistansen då ein person hadde på seg 21 belte og tilbakela 1492 meter.

SVAKHEITER VED STUDIEN

Studien sitt mål var å undersøke forflyttingane i dei ulike hastigheitskategoriane hjå profesjonelle fotballspelarar. Måleutstyret som vart nytta i studien, har ein høg reliabilitet (Ingebrigtsen et al., 2014) og høg økologisk validitet, då datainnsamlinga føregjekk i seriekampar gjennom ein heil sesong. Dei fysiske krava er kun ein av dei prestasjonsbestemmande faktorane i fotball. Mange fotballspelarar kan t.d. kompensere med mindre høgintensive løp ved å gjere smarte handlingsval (taktikk). Likevel har forskinga vist at fotballspelet har utvikla seg til at spelarane har kortare tid til å gjere handlingsval med ball og må forflytte seg oftare i stor hastigkeit (Bradley et al., 2016; Bush et al., 2015). Studien har derimot ikkje inkludert analysar av enkelspelarar. Dette fordi taktikken til motstandarlaget, ei stor leiring tidleg i kampen, utvisningar, skadar, spelebyter eller liknande vil påverke spelet og dermed forflyttingane i dei ulike løpskategoriane. Analysar frå vårt eige datamateriale har vist at enkelspelarar tilbakela lik distanse som høgintensive løp i løpet av ein kamp med to ulike spelposisjonar på bana. Analysar av kvaliteten på spelet som t.d. vellykka pasningar, tekniske feil, balltap og ballgjenvinningar er ikkje inkludert i studien då det ikkje var hensikta. Det eksisterer per dags dato ikkje monitorering av ballen. Ein veit difor ikkje korleis forflytting av ballen påverkar forflyttingane hjå spelarane. Vidare studiar bør inkludere desse faktorane i samband med forflyttingane i ulike hastigheitskategoriar for å gje eit meir korrekt bilet av kompleksiteten i fotball.

PRAKTISKE IMPLIKASJONAR

I tråd med samanliknbare studiar er det ulike fysiske krav for dei ulike spelposisjonane i OBOS-ligaen. Dei fysiske eigenskapane som skil nivåa, er evna til å gjenta høgintensive løp. Resultata viste at spesielt kantspelarane, samt backane, forflyttar

Tidsperioden 1970–2005 er valt fordi det skjer store endringar i samfunnet generelt og i idretten spesielt. Kommersialiseringa av idretten gjer at dei økonomiske rammene endrar seg, samtidig som den profesjonelle og internasjonale idretten påverkar norsk idrett i større grad enn tidlegare. Idretten blir meir synleg i det offentlege, godt hjelpt av eit medielandskap i endring. Ved å ta føre oss tidsperiodane 1970–1980, 1981–1990 og 1991–2005 får me fram utviklingstrekka innan medie- og fotballfeltet der den materielle kapitalen etter kvart blir det drivande. Det er naturleg å avslutte i 2005 då medieforskurar hevdar at akkurat «milliardavtalen» frå 2005 var meir enn ein rettighetskamp. Det var ein kamp om framtidas fjernsynsmarknad i Norden. Samtidig var fjernsynsavtalen signert i 2005 den fyrste avtalen der allmennkringkastaren NRK ikkje var involvert sidan 1961.

TEORETISKE PERSPEKTIV

SPORT-/MEDIEKOMPLEKSET

Den gjensidige avhengigheita mellom idrettsorganisasjonar, mediekonsern og sponsorar blir i internasjonal forskingslitteratur kalla både sport-/mediekomplekset, media-sport-kulturkomplekset eller media-sport-produksjonskomplekset (Lefever, 2012). I denne artikkelen er sport-/mediekomplekset vårt fokus, men omgropa kultur og produksjon vil òg ha relevans. Komplekset spelar ei stor rolle for idrett, media, økonomi, kultur og politikk, og omfattar ei felles kommersiell interesse hjå idrettsutøvarar, idrettsorganisasjonar, sponsorar og media.¹

1. For meir om samspelet sport og media, sjå også: Jihally, 1989; Whannel, 1992; Boyle & Haynes, 2000; Reimer, 2002; Coakley, 2001; Lippe, 2001.

Føresetnadane for symbiosen mellom sport og media kan ifølgje Helland (2003) forklara ved hjelp av omgropa sportifisering, mediefisering og kommersialisering. Desse omgropa heng tett saman og beskriv tre historiske prosessar. Sportifisering beskriv ein rasjonaliseringsprosess som fører til auka merksemd på konkurranse og prestasjonsmåling (Helland, 2003, s. 14–15). Etter kvart som idretten har utvikla seg i det 20. århundret, har òg valet av rasjonelle og effektive midlar kome meir i fokus. Jakta på gode prestasjonar, sigrar og rekordar har ført til ei enorm utvikling. Det er ikkje lenger berre utøvarar som konkurrerer mot kvarandre, men større system av utøvarar, trenarar, massørar, legar, teknikkarar og vit-skapleg personell (Breivik, 2013, s. 31). Omgrepet mediefisering betyr at sport og media blir føresetnadar for kvarandre. Medieformidling er avgjerande for sporten si vidare utbreiing og kan koplast tett til sport- og medieøkonomi. Omgrepet kommersialisering kan vidare forståast som ein prosess der sporten blir underlagt økonomske og forretningmessige omsyn, som igjen dannar grunnlaget for kommersielle marknadar (Helland, 2003, s. 15).

GLOBALISERING OG KOMMODIFISERING

Utviklinga av informasjons- og kommunikasjonsteknologi har vore sentral for å forstå samanhengen mellom idrett, globalisering og kommodifisering. Globalisering er eit uttrykk for ein aukande grad av samhandling, integrasjon, påverknad, gjensidig avhengigheit og konfliktar mellom menneske og statar innan område som økonomi, samfunn, teknologi, kultur og politikk (Lippe, 2010; Lesjø, 2008). Appadurai (1990 i Lippe, 2010) forklarar globale prosessar ved hjelp av omgropet flyt (flow), for å beskrive den globale vandringa av kulturelle produkt, menneske og tenester. Det globale flytomgropet skjer innanfor ei rekke landskap (scapes), mellom anna medielandskap og økonomiske landskap (jamfør sport-/mediekomplekset). Julianotti (1999) understrekar fotballen si rolle ytterlegare når han legg til at fotballen er eit eige landskap – «soccerscape».

Fotball har både internasjonalt og nasjonalt gjennomgått ei rivande utvikling. Denne starta i 1960-åra, men har vore stort dei siste 20–25 åra. «Fotballproduktet» eller «soccerscapet» er vorte synonymt med høge spelar- og trenarløner, solide støtteapparat, moderne stadionanlegg, medieavtalar, sponsing, fjernsyns- og stadionrekklame, draktsal, supporterturisme med mykje meir. Dette viser fotballen sin varekarakter (kommodifisering) (Hjelseth, 2006). Sidan 1990-talet har fotballen utvikla seg til å bli den mest globale og kommodifiserte idretten av alle (Julianotti og Robertson, 2004; Lippe, 2010; Lesjø, 2008):

It is possible to view the development of football during the past 20 years as a transformation from a subculture to a global cultural reference point and mega-business, involving media and transnational corporate ownership structures. Richard Giulianotti has labelled these processes in football as kind of hyper-commodification. (Hognestad (2012, s. 377)

Med fagtermen «hyperkommodifisering» siktar Giulianotti til marknadsverdien på toppklubar, toppspelarar og nye moderne stadium, men òg til dei prosessane som ikkje kan knytast direkte til sjølve verdisettinga av spelet, klubben og utøvarene, men til sal av supporterutstyr, medieavtalar og sponsorar. «Hyperkommodifisering» er altså heile spekteret av aktørar og objekt i «soccerscapet» (Walsh & Giulianotti, 2001).

FOTBALL OG MEDIA I NOREG – EIT HISTORISK BAKTEPPE

AVISER OG RADIO

Fotballen kom til Noreg frå England i 1880-åra, men det tok si tid før spelet klarte å slå igjennom. Det gjekk òg ei tid før fotball vart populært i norske aviser. Ifølgje Fotballforbundet sin president, kaptein Schøyen skjedde «fotballbevægelsens gjennombrud i pressen og dermed hos publikum» i åra 1911 til 1913 (Goksøyr & Olstad, 2002, s. 152). Også på denne tida såg fotballeiinga det som viktig å arbeide systematisk gjennom pressa. Avisene ville derfor ha gode fotballanmeldarar. Aviser, blad, fotballbøker og pamflettar var medium som formidla fotball, og dette bidrog til å forme folkemeininga om spelet.

I 1920 gjorde radiokringkastinga sin entré i Europa, og i alle landa var det amatørane som dreiv «radiosaka» framover. Radioklubbar vart ein realitet i Noreg frå 1924, og det vart skipa aksjeselskap i Oslo. Tilsvarande selskap vart også etablert i Bergen, Tromsø og Ålesund. Etter få år innløyste departementet dei private aksjonærane i alle fire selskapa og overtok deira aktiva for å etablere Norsk Rikskringkasting (NRK), ved eiga lov i 1933 (Bastiansen & Dahl, 2008, s. 245–248). Radioen overførte samla hendingar og gav eit nyt grunnlag for nasjonal identitet. Formidlingsstyrken var direkteformidlinga. Sportsendingane på radio vart raskt populære. Radioen overførte Holmenkollrennet i 1925, NoregPolen i fotball i 1926, og finalen i NM i fotball året etter. På radioen vart idrett formidla til folk ute i distrikta som aldri før hadde besøkt ulike idrettsarrangement (Goksøyr, 2008; Goksøyr & Olstad, 2002).

FJERNSYNET SITT INNTOG

Ein ny mediedimensjon blir etablert når NRK-fjernsynet offisielt vart opna i Noreg 20. august 1960. Sjølv om det byrja forsiktig, var fjernsynet alt i 1970 landet sitt dominante medium med riksdekkande publikum. Fjernsynet såg ut til å ha to sentrale eigenskapar. Det trakk til seg publikum si merksemd og hadde stor gjennomslagskraft. Desse eigenskapane hang tett saman (Bastiansen og Dahl, 2008). Allereie om vinteren og våren i 1960 vart det sendt sport i kringkastinga. NRK sendte frå vinter-OL i Squaw Valley og frå den engelske cupfinalen frå Wembley. Dette skjedde altså fleire månadar før NRK si offisielle opning. Kampar frå den olympiske fotballturneringa i Roma gjekk på fjernsynet i august/september same året, medan Sportsrevyen kom på skjermen i september 1960. NRK sendte lite sport i byrjinga av 1960-åra, men det skjedde ei merkbar utvikling på slutten av 1960-talet og utover 1970-åra. Det vart danna ei sports- og reportasjeavdeling, med eigne «team» for både fotball, ski, hopp, skøyter og friidrett (Goksøy og Olstad, 2002; Helland, 2003). Idretten og spesielt fotballen sin popularitet steig markant, og fjernsynsmediet vart ein viktig bidragsyta, i samspel med andre aktørar. Fjernsynet er derfor heilt sentralt for å forstå utviklinga av det moderne sport-/mediekomplekset (Helland, 2003; Ytre-Arne og Helland, 2007a).

ENGELSK FOTBALL PÅ NORSK FJERNSYN – TIPPEKAMPEN

Bakteppet for fjernsynsfotballen sin auka popularitet i Noreg kan relaterast til innføringa av engelsk fotball på fjernsyn. Den 29. november 1969 sendte NRK for fyrste gong programposten «Tippekampen», som var direktesendt fjernsynsfotball frå den engelske toppdivisjonen. Programposten vart svært populær og vart raskt sentral i sendeplanen til NRK. Ideen om tippekampen kom frå Sverige. Sportsjournalisten Lars Gunnar Bjørklund var pådrivar. Han fekk i stand eit nordisk samarbeid mellom Sverige, Noreg, Danmark og etter kvart Finland. Jarle Høysæter representerte NRK, og etter ei tid vart det halde møte med tippeselskapa. Ideen var enkel; Sverige, Noreg og Danmark spleisa på å sende ein engelsk kamp direkte, samtidig som resultata frå dei andre kampane på tippekupongen kom fortløpande opp på skjermen. Responsen frå tippeselskapa var god. Den 29. november 1969 kunne ein ta til med tippekampsendingar i dei nordiske landa (Fossøy, 2008). Fotballen generelt og tippekampen spesielt vart tydeleg understreka på framsida av VG i 1976, då ei av hovudsakene var at fjernsynet skifta tippekamp på grunn av reklamebråk:



Bilde 1: «TV skifter tippekamp!» var hovudsaka i VG den 4. desember 1976 (Fossøy 2008, s. 75).

Dømet ovanfor viser samspelet og konfliktane mellom fotball, media og næringslivet. Helland (2003, s. 75) hevdar at den systematiske dekninga av engelsk fotball i Noreg er ein del av bakgrunnen for fjernsynsfotballen sin popularitet, og at tippekampane på norske fjernsyn var med på å legge grunnlaget for kommersialiseringa av fotballidretten i landet. Engelsk fotball og tippekamp på fjernsyn var for mange nordmenn noko spesielt. Det var fascinasjonen for fotball og tipping, og det var viktig å følgje med på «sitt» favorittlag. Opplevelingane av kampane gav mange nordmenn ein spesiell form for immateriell kapital i form av underhaldning og noko felles å snakka om.

FOTBALL OG MEDIA I NOREG 1970–1980

NFF prøvde i 1970-åra å få gjennomslag for at dei «eigde» norsk fotball, og dei lukkast etter kvart med å gjere avtalar på fotballen sine vegne. Prisane for norsk fotball vart gradvis pressa opp. NRK betalte i 1970 eit grunnbeløp på 290 000 kroner, medan prisen i 1975 var på 500 000 kroner (NRK Dokumentarkiv (1)).²

2. Resultatrekneskapen til NFF viser at NRK i 1975 betalte 765 000 kroner (Norges fotballforbund (NFF) årskrift, 1976). Grunnbeløp og resultatrekneskap varierer noko, då NRK i løpet av avtaleåret/åra hadde mogelegheit til å betale for fleire kampar enn det grunnavtalen tilsa.

I 1970-åra kom også næringslivet inn som ein tredjepart i forholdet mellom idrett og media. «*Næringslivet kom bokstavelig talt på banen – gjennom et arrangement og utøvere som begynte å bli mer tilpasset deres interesser*» (Goksøy & Olstad, 2002, s. 339). For NRK vart dette eit problem. NRK skulle vere ein reklamefri allmennkringkastar og skulle ikkje tene på kommersielle reklameinteresser. Utviklinga med næringslivet som den nye parten i symbiosen var likevel vanskeleg å stogge. Næringslivet såg store mogelegheiter i reklame, då fotballen samla mykje folk. Gjennom fotball på fjernsyn kunne ulike aktørar dra nytte av å nå allmennheita. Ved å få reklame på fjernsyn ville ein få marknadsført produkt gjennom fotballen. Ein ville då få assosiasjonar mellom ulike reklamar og fotball. Dette skulle vise seg å vere framtida, men hindringar måtte overkommast. Dei vanskelegaste hindera var NRK sitt kringkastingsmonopol og reklameforbod (Goksøy, 2008, 2010; Goksøy, & Olstad, 2002).

Reklameforbodet til NRK førte til ei rekke konfliktar utover på 1970-talet. Såkalla snikreklame, som til dømes omfatta reklame på startnummer i skirenn var likevel vanleg. NRK tillét derimot ikkje reklame rundt fotballbaner og draktreklamar i samband med direktesendte fjernsynskamper (Goksøy & Olstad, 2002). Det var lovfesta gjennom Den Europeiske Kringkastingsunionen (EBU) at reklame ikkje var tillaten i internasjonale fotballkamper. Dermed vart det òg konfliktar om reklameretten for norsk fotball. Sending av cupfinalar vart ei stridssak.

I 1971 innførte NFF ei prøveordning med draktreklame på ryggen til spelarane. NFF var ifølgje Ytre-Arne og Helland (2007b) inspirert av kringkastinga av engelsk fotball. NRK hadde som allmennkringkastar derimot ei strikt haldning til draktreklame, noko som innebar at spelarane ikkje skulle spele med reklame på draktene under cupfinalen. Dette skapte motstand hjå enkelte klubbar, då dei ville verne om mogelege framtidige inntektskjelder. På fotballtinget i 1971 vedtok ein å ikkje føye seg etter NRK sitt krav. Trass usemjje viste NRK cupfinalen i åra 1971–1978. Den gjekk direkte frå 1974 (Goksøy & Olstad 2002; Ytre-Arne & Helland, 2007b). Striden mellom NFF og NRK tilspissa seg att på hausten 1979, då NRK trua med å ikkje senda cupfinalen på grunn av den dåverande avtalen. Fotballfrie skjermar vart det ikkje. Derimot vart det reklamefrie drakter. Sponsorene gav etter, for dei ville få god PR uansett om deira lag vann. NRK signa i 1979, men året etter var NRK sin kamp mot draktreklame tapt. I 1980 vart NRK og NFF einige om ein ny rettighetsavtale, der NRK resignerte i høve draktreklamen. «*Med denne resignasjonen var sponsoreksponeringen ... for trekantforholdet mellom fotball, sponsorer og fjernsyn, etablert i Norge*» (Ytre-Arne & Helland, 2007b, s. 10).

AMATØRREGLAR UNDER PRESS

I lys av symbiosen fotball, media og næringsliv kjem ein ikkje utanom profesjonaliseringdebatten. Historisk sett skulle norske idrettsfolk vere amatørar. «*Det var opplest og vedtatt. Profesjonell idrett ble oppfattet som snuskete og tvilsomt. Penger kunne ikke være en sunn drivkraft for idrett.*» (Goksøyr, 2010, s. 162). I tidsrommet frå 1946 til 1968 blei amatørreglane diskutert på 13 av 22 forbundsting. Fotballspelarar som prøvde lukka i utlandet i 1950-åra, fekk merke at NFF meinte alvor med amatørreglane. Amatørprinsippet heldt dei beste spelarane med proffkontrakt utanfor landslaget, blant andre Roald Jensen, Harald Berg og Finn Seemann. På 1960-talet fekk norske fotballproffar innpass på Dei britiske øyar. Dette førte til at impulsane utanfrå kom nærmare, og at amatørreglane vart sett under ytterlegare press. I 1969 vart det så gjort vedtak som gjorde at profesjonelle spelarar fekk lov til å spele med flagget på brystet att (Goksøyr & Olstad, 2002; Goksøyr, 2010; Goksøyr, 2008). I 1970-åra vart forholdet til amatørreglane meir pragmatiske. Norske idrettsleiarar måtte balansere mellom to ulike krav. Det eine kravet var amatørreglane som vart handheva av dei internasjonale særforbunda og Den internasjonale olympiske komité (IOC), medan det andre var dei idrettsleige krava frå den internasjonale toppidretten ein skulle konkurrere med. På Idrettstinget i 1973 stilte ein seg negativ til profesjonisme utanfor organisasjonsmessig kontroll, men positiv til profesjonalisering av amatøridretten. Alt i 1972 vart det nedsett ein «proffkomité». Tittelen til komiteen si utgreiing som vart lagt fram på tinget i 1973, var: «*Profesjonaliseringa i samfunnet og idretten*» (Tønnesson, 1986, s. 341–342). Denne proffutgreiinga la grunnlaget for ei utvatning av sjølve amatøromgrepet som føregjekk i 1970-åra. Debatten om profesjonisme og amatørisme vart òg ei stor sak på Idrettstinget i 1978. Bakgrunnen var skandaleoppslag i media om svarte pengar i fotballen. Det kom også opp forslag om såkalla nonamatørfotball. Idrettstinget vedtok at dei ikkje hadde noko i mot nonamatøridrett, så sant ein heldt seg innanfor det internasjonale regelverket.

FOTBALL OG MEDIA 1981–1990

Den økonomiske spiralen innan fotballen endra seg utover i 1980-åra og den politiske utviklinga på fjernsynsmarknaden var kanskje den viktigaste enkeltfaktoren til å skru opp prisen på «fotballproduktet». Vegen mot profesjonalisering var i tillegg sentral. Det at norsk fotball stadig vart meir profesjonalisert, innebar òg noko meir enn berre det å betale folk for å spele fotball.

FRISLEPPET I ETEREN

Kringkastingsmonopolet til NRK vart oppheva i 1981, og monopolsaka var ei av merkesakene til den nye Høgre-regjeringa med Kåre Willoch som statsministar. Opphevinga av monopolet var likevel eit resultat av mange års arbeid. Trykket på NRK-monopolet kom frå fleire hald – nedanfrå, frå «menigheiter», og lokale rørsler som ville drive eigne sendingar (Bastiansen & Dahl, 2008). «Frisleppet» av etermedia medførte at NRK fekk konkurranse frå andre reklamefinansierte fjernsynskanalar, då TV 3 og TV Norge kom på bana i 1987 og 1988. «Frisleppet» var ein del av ein europeisk trend. *«I nesten hele Vest-Europa ble kringkastingen på denne tiden underlagt en ny og kommersiell logikk hvor den grunnleggende varen var publikumsoppslutning som kunne selges til annonsører»* (Ytre-Arne & Helland, 2007b, s. 10). Det skjedde ei deregulering og kommersialisering av fjernsynet, nasjonalt, internasjonalt og globalt.

KAMPEN OM RETTIGHEITER

Med denne medieutviklinga vart det viktig for NFF å avklare dei juridiske rettane når det gjaldt fotballkampane. Eigedomssretten til idretten sine arrangement vart stadfesta med den såkalla «Nordlys-saka» i 1985. Hausten 1984 direkteoverførte Radio Nordlys i Tromsø 2. divisjonskampen mellom Harstad og Tromsø. Nærradioen hadde ikkje fått godkjening for å kringkaste kampen, og nekta å betale kompensasjon til klubb eller forbund. Radio Nordlys hevda media sin rett til fri nyhetsformidling, medan Norges Idrettsforbund (NIF), som køyrdé saka for idretten, argumenterte for eigedomssretten til eigne arrangement. Idretten og fotballen sin eigedomssrett vart stadfesta i dommen (Helland, 2003; Tønnesson, 1986). NFF «eigde» no «vara» fotball (Hjelseth, 2006).

Med denne utviklinga vart den kommersielle symbiosen mellom fotball, media og næringsliv tydelegare forsterka. Fleire partar hadde interesse av fotball på fjernsyn. For fotballen og NFF sin del vart det viktig å tene pengar gjennom sal av rettigheter og å tiltrekke seg sponsorar, medan fjernsynskanalane ville ha noko interessant å sende som trakk sjårarar. For sponsorane var det viktig å bli sett av flest mogeleg og samtidig bli knytt til noko populært. Goksøy og Olstad (2002, s. 342) beskriv situasjonen slik: *«1980-årenes inntog av tv-kanaler med stort sett kommersielle interesser, det vil si reklamefinansiert privateid tv, førte til et nærmere samspill på næringslivssiden.»* Sjølv om samspelet vart endå tydlegare så var NRK endå einaste seriøse aktør på fjernsynsmarknaden. Dette kan eksemplifiserast med rettighetsavtalane i høve den norske fotballen. Rettighetsprisane steig gjennom heile tiåret utan at det var snakk om noko eksplosjon (sjå figur 18.1).

I 1983 betalte NRK 1,5 millionar kroner i rettigheter for å sende norsk fotball, medan NRK i 1990 betalte 3,075 millionar (NRK Dokumentarkiv (2)). Frå og med 1989 inngjekk NFF avtale med TV-Norge og fleire nærradiostasjonar (Norges Fotballforbund (NFF) årskrift, 1989).



Figur 18.1: NRK sine grunnbeløp (i NOK) betalt til NFF i perioden 1980 til 1990.

I perioden fram til og med 1982 opererte NRK og NFF stort sett med eittårsavtalar, medan ein treårsavtale vart signert for 1983–1985. NFF omtala samarbeidet med NRK som «utmerket», samtidig som den nye mediesituasjonen med dei mange nærradiostasjonane og kabel-TV-selskapa gjorde den utstrakte kontakten med NRK nødvendig (NFF Årbok 1984: 70). I 1986 vart det inngått ein ny treårsavtale mellom NRK og NFF, og som ei prøveordning for 1986 vart det gitt opning for direkte overføring av intil fire toppseriekamper i cup/serie (NFF Årbok 1986: 89). For åra 1989 og 1990 vart det igjen forhandla fram eittårsavtalar.

NONAMATØRFOTBALL

Utviklinga som er skissert over, skjedde i ei tid der amatørIDEALET stod for fall. Sjølv om Idrettstinget i 1978 sa ja til nonamatøridrett der dei internasjonale føriniane tillåt det, så gjekk det nokre år før NFF tok steget vidare. Fem år seinare, på Fotballtinget i 1984, vart det etter lang debatt vedteke å innføre nonamatørfotball med opne betalingar. Dåverande visepresident i NFF Odd Flattum var klar på at fotballen trengde eit alternativ til amatørreglementet. Dei klubbanne som hadde

ressursar og ambisjonar, skulle få eit tilbod utover amatørreglementet sine strenge rammer (Verdens Gang, 1983). Definisjonen av nonamatøren handla om at hovudinntekta kom frå jobben utanfor fotballen, men ein kunne no tene ein viss sum pengar på idretten. Dette beløpet vart fastsett av forbundsstyret, og det låg i korta at beløpet ville bli regulert oppover dei nærmaste åra (Goksøy, 2008, 2010; Goksøy & Olstad, 2002; Helland, 2003; Tønnesson, 1986).

Hovudargumentet for nonamatørfotball var at den kunne gje «reine linjer» og betre fotballen sitt renommé. Fotballen sin økonomi i 1970-åra og byrjinga av 80-åra hadde to sider. Ein open og offisiell, og ein skjult som gjekk under bordet. Då NIF og etter kvart NFF opna for nonamatørfotball i 1984, kom dette på eit gunstig tidspunkt. Nærast på same tid justerte IOC sine amatørreglar, og etter dette låg vegen open for profesjonell idrett både i Noreg og i Dei olympiske leikar (Tønnesson, 1986). Seks år seinare i 1990 vedtok Norges Idrettsforbund å tillate profesjonell idrett i Noreg. Same år underteikna NFF ein avtale med Norsk Tipping, og frå då av fekk 1. divisjon namnet Tippeligaen. Sjølv med endringane som er skissert ovanfor, blei likevel 1990-åra tiåret der fotballen framsto i ny form. Fotball blei arbeid. Amatøromgrepet gjekk ut av historia og foreining blei avløyst av forretning (Goksøy, 2014).

FOTBALL OG MEDIA 1991–2005

FRÅ FOREINING TIL FORRETNING

NFF opna opp for profesjonell fotball i 1991, men inngangen til 1990-talet var prega av svak økonomi i mange toppklubar, og konkurstruslar gjorde at NFF måtte skjerpe krava til klubbane både når det gjaldt økonomi og kompetanse (Gammelsæter & Ohr, 2002). Klubbar med ein obligatorisk og godkjent profflinsens skulle etter kvart utgjere norsk toppfotball. Med profesjonaliseringa byrja pengane å strøyme inn i eliteserieklubbane i større mengder. NFF og dei profesjonelle klubbane meldte seg inn i Næringslivets Hovedorganisasjon, medan spelarane samla seg i 1995 til Norske Idrettsutøveres Sentralorganisasjon (NISO). Fotballspelarar på toppnivå vart dermed utover i 1990-åra tilsett med fagforeningsmedlemskap og personlege næringsdrivande, der dei beste kunne heva millionlønningar (Goksøy & Olstad, 2002, s. 305). Profesjonaliseringa av klubblaga medførte vidare at dei gjekk frå å vere foreiningar til regulære forretningsføretak, noko som innebar ei kompetanseheving for organisasjonane. Dette gjaldt for heile klubbapparatet med fokus på utdanning og skulering av trenrarar og leiarar.

Ei anna utvikling var at dei fleste norske klubbane fekk styrka sin økonomi gjennom å organisere den forretningsmessige delen av klubben i eit AS elle ASA. I 2000 var 12 av 14 tippeligaklubbar organiserte i AS/ASA. Ikkje alle klubbar gjorde dette med like stort hell, og mange klubbar vart livberga av «rike onklar», det vil seie ressurssterke investorar eller næringslivstoppar som ville hjelpe «klubben sin». Investorane kjøpte spelarar, bygde opp organisasjonen og ikkje minst bygde dei anlegg (Goksøy & Olstad, 2002; Helland, 2003). Helland (2003, s. 82) beskriv utviklinga i 1990-åra på følgjande måte: «*Norsk fotball har i løpet av 1990-tallet gjennomgått en utvikling fra en fritidsbasert aktivitet til en moderne underholdningsindustri – fra forening til forretning.*» Det tydelegaste dømet i norsk fotball er utviklinga til Rosenborg ballklubb. I perioden frå 1990 til 2005 vann trøndarane serien 14 gonger, med unntak av sesongane 1991 og 2005. Dei kvalifiserte seg til Champions League kvart år frå 1995 til 2005, med unnatak av hausten 2003, og tente etter norsk målestokk enorme beløp på deltakinga. Fjernsynsinntekter på grunn av deltaking i Champions League var for Rosenborg i sesongen 2000/2001 på 45 millionar kroner (Gammelsæter & Ohr, 2002).

Det skjedde i tillegg ei enorm anleggsutvikling i Noreg i 1990-åra, då særskilt toppfotballanlegg. Også her var det internasjonale føringar. Uheldige hendingar i Europa, mellom anna med Heysel-tragedien³ i 1985 og Hillsborough-tragedien⁴ i 1989 førte til at britiske klubbar vart pålagde å modernisere sine stadion (Hognestad, 2012; Giulianotti; 1999). Det same skjedde i Noreg. Anleggsutviklinga var eit tydeleg teikn på utvikling innan fotballsporten, samtidig som ein måtte forholda seg til internasjonale krav og standardar. Om ein sjølv skulle arrangere internasjonale toppkamper, måtte ein òg i Noreg ha toppfotballanlegg av internasjonal klasse. Fleire norske tippeligaklubbar fekk bygd store moderne stadion, som inneheldt kontor- og forretningslokale, VIP-losjar og kurs- og konferansesenter. Desse stadiona vart igjen eit symbol på koplinga mellom fotball og næringsliv (Goksøy & Olstad, 2002). Anleggsutviklinga hang såleis tett saman med at norske klubbar vart meir profesjonelle, samtidig som dei same klubbane eller investorane hadde kapital til å investere. Dette illustrerer ei tydeleg kopling mellom materiell og immateriell kapital.

-
3. Heysel-tragedien var ein fotballdrama som skjedde under finalen i serievinnarcupen mellom Liverpool og Juventus på Heysel stadion i Brussel 29. mai 1985. 39 Juventussupportar og belgiske supportarar døde.
 4. Hillsborough-tragedien var ei tribuneulukke som skjedde i samband med FA-cupen sin semifinale mellom Liverpool og Nottingham Forest på Hillsborough stadion i Sheffield den 15. april 1989. 96 Liverpool-supportarar mista livet i trengselen på tribuna.

BOSMAN-DOMMEN

I 1995 slo EU-domstolen fast at profesjonell fotball var ein del av den indre marknaden, og Bosman-dommen utfordra fotballklubar og forbund i heile Europa. Dommen kom som følgje av at den relativt ukjente belgiske fotballspelaaren Jean-Marc Bosman fekk medhald frå domstolen at det dåverande overgangssystemet i internasjonal fotball var i strid med reglar for bevegelse av arbeidskraft innan den Europeiske Union og EØS-område. Bosman-dommen fekk innverknad på all kontraktsfotball og markerte eit skifte i organiseringa av europeisk fotball. Dommen i seg sjølv handla mest om spelarkontraktar og overgangar mellom klubbar i to land, men den fekk konsekvensar på områda overgangsordningar generelt, nasjonale kvotereguleringar og sal av medierettigheter. I Noreg førte dommen til at maktforholda endra seg mellom dei ulike aktørane, og norske myndigheter fekk utøve større innflytelse over medierettigheter (Andersen et al., 2012). Det som likevel var mest merkbart for norske klubbar, var den auka internasjonale spelarmobiliteten. Norske spelarar var i ein periode på 1990-talet svært ettertrakta utanlands, særskilt i England, samtidig vart også utanlandske spelarar lettare å skaffe for norske klubbar. Den nye situasjonen gjorde at lønsnivået steig og det vart spelarane sin marknad.


Kva konsekvensar gav så dette for fotballen nasjonalt og internasjonalt? Ein frykta i 1995 at Bosman-dommen ville føre til ein konsentrasjon av dei beste spelarane i dei rike klubbane, og med det ein endra maktbalanse mellom fattige og rike klubbar. Den auka konsentrasjonen av pengestraumar på klubbnivå såg ut til å ha samanheng med at fotballen og fotballspelarar vart sett på som investeringsobjekt. Potensiala var dermed størst hjå dei beste klubbane i dei største ligaene. «*Dermed er det de beste klubbene som deler det meste av kaken, enten kaken heter Champions League eller den norske eliteserien.*» (Gamalsæter & Ohr, 2002, s. 32). Bosman-dommen førte til ei sterk globalisering av fotballnæringa, noko som innebar det Appadurai (1990 i Lippe, 2010) kallar økonomiske landskap, ein større flyt av pengar, investeringar og finansielle overføringer. Ein fekk òg ein større flyt av menneske. Menneske med eller utan kontrakt som vart sett på som ei vare i eit omfattande internasjonalt og globalt system. Utviklinga i Noreg utover på 1990-talet vart i VG den 14. august 1999 omtala som «*Eksplosjonen*» (Stokstad et al., 1999). Saka var at Rosenborg hadde bladd opp rekordsummen 23 millionar kroner til Vålerenga for John Carew, og fleire klubbleiarar frykta at Rosenborg med sine finansielle musklar hadde sprengt rammene for kjøp og sal av fotballspelarar i Noreg. Dåverande fotballpresident Per Ravn Omdal var overbevist om at det var Bosman-dommen saman med aktive agentnettverk som hadde skapt ein slik bevegelse i marknaden. Spelaragent Rune Hauge meinte derimot det var for enkelt å

berre skulde på Bosman-dommen. Utviklinga dei siste åra med AS-modellen, nye eigarar og aksjekapital til å kjøpe spelarar for samt medierettigheter var like mykje faktorar som kunne forklare priseksplosjonen, meinte Hauge (Stokstad et al., 1999).

RETTIGHEITSEKSPLOSJONEN

I 1992 kom TV 2 på bana. Sjølv om NRK og EBU mista eit større idrettsarrangement for fyrste gong i 1989, var likevel den store kampen om rettigheter knytt til sport mellom NRK og TV 2.⁵ Då TV 2 starta sine sendingar, hadde NRK allereie teikna ein langsiktig avtale med fotballforbundet, som gjaldt ut 1993. Avtalen var verdt om lag 14 millionar kroner over tre år. For TV 2 som ny kanal vart sportsstoff tidleg viktig, og i 1995 skaffa TV 2 seg sine «eigne» fotballrettigheter då dei signerte ein avtale om å vise Premier League frå 1995 til 1998. På same tid byrja det norske herrelandslaget å gjere det bra, der dei kvalifiserte seg til VM i USA i 1994, til VM i Frankrike 1998 og til EM i Nederland/Belgia i 2000 år. Dette bidrog til at NFF kunne skru opp prisane på «fotballproduktet». Utviklinga førte til at NRK og TV 2 byrja å samarbeide om kjøp av rettigheter. Frå 1994 til 1997 betalte NRK om lag 50 millionar kroner for rettighetene til norsk fotball, medan TV 2 først inngjekk ein eittårsavtale, som vart forlenga med ytterlegare tre år for spesielle rettigheter knytt til Tippeligaen og norsk fotball på klubbnivå. Prisen på medierettigheter steig til 135 millionar i perioden 1998–2001, der NRK og TV 2 signerte medieavtalen i saman (NRK dokumentarkiv (3); NFF Årbok, 1998). NRK og TV 2 fekk òg tilslaget til rettighetene for perioden 2002–2005, denne gongen i konkurranse med Modern Times Group (MTG). Prisen på desse rettighetene kom på om lag 300 millionar kroner (Solberg, 2004). I denne perioden sendte òg betalingskanalen Canal Digital to kampar pr. serierunde i den norske Tippeligaen, kampar som Canal Digital forhandla til seg frå NRK og TV 2. Dette var då eksklusive rettigheter til fjernsynsselskapet Canal Digital, der sjåarar måtte betale for noko som tidlegare var gratis (Hjelseth, 2006).

5. NRK og EBU mista rettighetene til Ishockey-VM i Sverige då eit sveitsisk selskap kjøpte rettighetene og selde dei vidare til TV 3.



Figur 18.2: NFF sine medieinntekter (i NOK) frå 1991–2005. Figuren viser ei jamn utvikling når NRK og TV 2 samarbeider, men utviklinga skyt fart frå 2001.

«Kontrakter med NRK» var ein eigen post i rekneskapet til NFF frå 1975 til 1988. Frå 1989 til 1993 vart posten kalla «NRK/Andre media», medan «Mediainntekter» var den samla betegnelsen etter dette. Med fleire aktørar inn skapte det auka inntekter for NFF. Eit døme på dette kan visast frå år 1994. Då betalte NRK eit grunnbeløp på 10 millionar for det fyrste kontraktsåret, medan NFF hadde inntekter på 20 millionar (sjå figur 18.2).

Då TV 2 og Telenor annonserte at dei hadde kjøpt rettighetene til nesten all norsk fotball i 2005, var det ein ny milepål i forholdet mellom fotball og media. Aktørane TV 2 og Telenor betalte til saman ein milliard kroner for rettighetene, noko som innebar ei betaling på ca. 300 millionar pr. år. Den førre avtalen var på ca. 75 millionar pr. år. Årsaka til den høge prisen var at fleire store nasjonale og internasjonale medieaktørar var interessert i å få rettighetene. Fotballforbundet sin agent, Rune Hauge, sette store mediekonsern opp mot kvarandre for å presse opp prisen. Blant dei interesserte var Telenor, som var eigar av betalingsplattforma Canal Digital, MTG, som mellom anna eigde Viasat og TV 3, SBS Broadcasting, som mellom anna eigde TV Norge og Canal+ samt allmennkringkastarane NRK og TV 2 (Helland & Ytre-Arne, 2007b). Ifølgje dåverande sportsredaktør i TV2 Bjørn Taalesen handla rettighetskampen om så mykje meir enn retten til å vise fotball på fjernsyn.

Dermed handla ikke dette lenger bare om pengene norsk fotball var verdt. Dette var ein kamp om framtidas TV-marked i Norden. Norsk fotball var bare blitt are-

naen for slaget som skulle utkjempes. I potten lå muligheten til å få dominere det framtidige digitale TV-markedet ... (Helland & Ytre-Arne, 2007b, s. 21).

FOTBALLENS VAREKARAKTER – SPELET UTAN BALL

Me meiner at toppfotballens kapital har endra seg, noko me vil synleggjere ved ta føre oss utviklingstrekk frå 1970 til 2005. Me vil tydeleggjere dette ved å vise at det går eit skilje før og etter 1990, samt at det går eit nytt skilje i medie- og fotballhistoria med medieavtalen som vart signert i 2005.

Sjølv om 1970-åra var prega av ei rekke konfliktar knytt til reklame, kan ein likevel hevde at NFF og NRK samarbeidde relativt godt. NFF sørga for «godt stoff» og gode prestasjonar på fotballbana, medan NRK ga NFF økonomiske midlar, der begge var lukkelege med fotball på fjernsyn (Goksøy & Olstad, 2002). Tønnesson (1986) hevdar at det var fjernsynsmediet som gjorde reklamen til ei sikker inntektskjelde for idretten. For NRK sin del måtte dei forholda seg til både nasjonale og internasjonale retningslinjer knytt til reklameproblematikken. EBU var det koordinerande organet for alle vesteuropeiske land, medan dei same landa hadde eigne nasjonale reglar når det gjaldt reklame. VG omtala i 1979 kompleksiteten knytt til fjernsynsrekklame som ein «*regel-jungel om reklame og TV*» (Eriksen, 1979, s. 42). I løpet av 1970-åra såg ein eit tettare samspel mellom fotball, media og næringsliv som omfatta ei kommersiell interesse hjå fleire aktørar, samtidig som den profesjonelle fotballen nærma seg (Maguire, 1991 i Lefever, 2012; Helland, 2003).

Den nye mediekvarden i 1980-åra i Noreg, i samspel med fotballen si utvikling og næringslivet si auka interesse for idretten generelt og fotball spesielt, forsterka etter vår meining det moderne sport-/mediekomplekset (Maguire, 1991 i Lefever, 2012; Helland, 2003). Helland (2003) hevdar at kringkastinga i Europa på relativt kort tid vart underlagt ein kommersiell logikk, der den grunnleggande vara var publikumsoppslutnad. Dette er basert på identitet, interesse og supporter-kultur, altså immaterielle verdiar. Det som skjedde i Europa, var ei tilpassing av fjernsynsmediet knytt opp mot ein kapitalistisk logikk. For NFF sin del innebar dette ein auka konkurransen for den norske fotballen, og ein kamp om senderettigheter byrja å gjera seg gjeldande. Varekarakteren vart tydelegare og fotballen som vare skulle seljast med overskot. Dette var klare globale utviklingstrekk og komodifiseringa av fotballen vart meir synleg (Giulianotti og Robertson, 2004; Gammalsæter, 2011; Giulianotti, 1999; Lippe, 2010).

Utviklingstreka frå 1970 til 1990 viser at spelet utanfor bana byrja å røre på seg. Medieutviklinga ga det norske folk nye mogelegheiter. Fotball i radio og ikkje minst

på fjernsyn ga mogelegheita til deltaking og oppleving sjølv om ein ikkje var fysisk til stades på tribuna. Engasjerte fjernsynssjårar vart både tilskodarar og deltararar på same tid (Goksøy, 2014). Då den profesjonelle fotballen kom nærmare, vart det samtidig naturleg for fotballklubbar å satse meir på immateriell kapital som utdanning, kunnskaps- og organisasjonsutvikling. Vekselverknaden mellom den immaterielle kapitalen saman med medie- og rettighetsutviklinga (materiell kapital) danna dermed utgangspunktet for det som skjer i «soccerscapet» utover på 1990-talet.

Prosessane som skjer i internasjonal fotball og i norsk fotball i tida 1991 til 2005, kan beskrivast med Julianotti (2002 i Hognestad, 2012) sitt omgrep: «hyperkommodifisering». Gammelsæter & Ohr (2002) omtalar endringane som eit systemskifte, der fotballen gjekk frå å vera strengt regulert av sitt eige regelverk på nasjonalt og internasjonalt nivå til eit langt friare landskap for økonomiske og sportslege aktørar. Kampen om fotballrettigheter tilspissar seg og eskalerer i alle dei store ligaane i Europa. Lisensfinansierte kringkastarar får store utfordringar med å forsvare dyre investeringar i høve attraktive sportsrettigheter fordi kommersielle reklamefinansierte kanalar har heilt andre finansielle musklar. Eksponeringssymbiosen som tok til på 1970- og 80-talet, blir ytterlegare forsterka utover på 1990-talet. Fotballbana blir ein «eksponeringsarena» som gir «fotballproduktet» meirverdi gjennom aktiv mediedisponering. Champions League erstattar i 1992/1993 den tidlegare Serievinnarcupen. Produktet blir pussa opp, og fleire lag frå same land kan delta. Fjernsynsselskap og sponsorar får avgjerande rollar i utforminga og gjennomføringa. Internasjonalt skjer det juridiske avgjersler i form av Bosman-dommen, som igjen skapar utfordringar og nye mogelegheiter for klubbar og spelarar. Den norske fotballen blir fullt ut profesjonalisert og nye fjernsynskanalar blir etablert og pressar prisane på «fotballproduktet». Prosessane kan forståast i lys av Appadurai (1990 i Lippe, 2010) sine medielandskap og økonomiske landskap.

Ifølgje Goksøy & Olstad (2002, s. 292) fall profesjonaliseringa i 1990-åra saman med den siste bølgja av kommersialisering som «ramma» all internasjonal fotball. Frå 2000-talet og framover var såleis den norske fotballen på mange område like profesjonell som den utanlandske, berre i ein mindre skala med mindre pengesummar involvert. Milliardavtalen signert i 2005, var likevel eit teikn på norsk fotball sin attraktivitet, samtidig som «spelet» før signeringa av avtalen var ein «kamp» medieselskapa imellom. Fotballen sin varekarakter vart ytterlegare forsterka, der både fotballklubbar, spelarar og produkt i aukande grad vart sett på som ei vare på ein ekspanderande marknad (Hjelseth, 2006). Ein såg her ei parallel utvikling både på mediefeltet og på fotballfeltet, og prosessane eller utviklinga vart drivne fram av ei aukande grad av sportifisering, mediefisering og kommersialisering (Helland, 2003; Hognestad 2012).

Sjølve fotballkampen har likevel ikkje endra seg mykje dei siste 100 åra. Det er to lag, to kollektiv, 22 spelarar som kjempar om å vinna kampen. Fotball kan vera enkelt, komplekst, uforutsigbart, fleksibel, rimeleg, identitetsskapande og lett tilgjengeleg (Goksøy, 2014, s. 20-22). Fotball er frivilligheit, glede, fellesskap, samhald, lidenskap og ideelt arbeid. Kampen utan ball har derimot endra seg drastisk. Fotball er milliardindustri, og produktet norsk toppfotball omfattar alle delar av «soccerscapet» som Julianotti (1999) omtalar (sjå side 344–345). Fotballkvar-dagen sidan 1990-talet og framover har like mykje omhandla kompleksiteten knytt til kommersielle prosessar, der mektige organisasjonar har vore opptekne med å forvalta det verdifulle «fotballproduktet». Goksøy (2014, s.116) seier det slik:

Det er denne fotballens varekarakter som de siste tjue år har blitt drastisk mer synlig. «Folkets spill» er til salgs, hver eneste dag, som underholdningsprodukt, reklameplass og spillobjekt, på et marked som er blitt stadig mer globalt.

KONKLUSJON

I dette kapitlet har me sett på ulike prosessar som har vore avgjerande for korleis og kvifor symbiosen mellom fotball og media har utvikla seg i perioden 1970 til 2005. Utviklinga av det moderne sport-/mediekomplekset har gitt store implikasjonar for media, økonomi, kultur, politikk og ikkje minst for fotballen sjølv. Fotballen er bygd av immateriell kapital slik som frivilligheit, identitet, lidenskap og kjensler. Samtidig er fotballen ein heilt sentral aktør i den mediedrivne, kommersielle populærkulturen. Me vil hevde at den materielle kapitalen dei siste tiåra har overskygga den immaterielle kapitalen på mange område. Det er likevel meiningslaust å omtale moderne toppfotball utan å leggje vekt på immateriell kapital. Begge kapitalformene går hand i hand, men om det blir ei ytterlegare skeivheit i retning dei materielle aspekta, kan det true eigenarten til fotballen.

KJELDER

- NRK Dokumentarkiv (1), frå NRK sitt sentralarkiv – saksarkivnr 162-1-0 Avtaler med NFF/
Norges Fotballforbund (1960–1980)
- NRK Dokumentarkiv (2), frå NRK sitt sentralarkiv – saksarkiv 541-2-3 Sport- og idrettsrapo-
rasjer – avtaler med forbundene (1981–1989)
- NRK Dokumentarkiv (3), frå NRK sitt sentralarkiv – ePhorte (elektronisk arkiv), historisk base
1 (1990–1997)
- Norges Fotballforbund (NFF) – årbøker 1961–2005

LITTERATUR

- Andersen, S.S., Anker, E., Hanstad, D.V., & Sitter, N. (2012): Fra motspiller til medspiller: EU og norsk profesjonell fotball 1995–2010, *Norsk Statsvitenskaplig Tidsskrift*, Universitetsforlaget, nr. 4, årgang 28, 213–240
- Bastiansen, H.G., & Dahl, H.F. (2008): *Norsk mediehistorie*. Oslo: Universitetsforlaget
- Boyle, R., & Haynes, R. (2009): *Power play: sport, the media and popular culture*, Edinburgh: Second Edition, Edinburgh University Press Ltd
- Breivik, G. (2013): *Jakten på et bedre liv. Fysisk aktivitet i den norske befolkningen 1985–2011*. Oslo: Universitetsforlaget
- Coakley, J. (2001): *Sport in Society – Issues & Controversies*, New York: The McGraw-Hill Companies, Inc
- Dahl, H.F. (2004): *Mediehistorie – historisk metode i mediefaget*. Oslo: N.W. Damm & Søn
- Dahlén, P., Goksøyr, M., Ronglan, L.T. (red.) (2004): *Moving bodies*, nr. 2 – 2004 – vol (s. 7). Tidsskrift utgitt av Norges Idrettshøgskole, Oslo
- Eriksen, A. (1979, 7. april): Regeljungel om reklame og TV. *Verdens Gang*, s. 42. Henta fra ATekst: <https://web.retriever-info.com/services/archive/displayPDF?documentId=02001919790407Ar04200&serviceId=2>
- Fossøy, J. (2008): *Tippekampen: meir enn ein fotballkamp*, Masteroppgåve. Oslo: Norges Idrettshøgskole
- Gammelsæter, H. (2011): Fotballkommersialisering uten bremser? I Hanstad, D.V. Breivik, G., Sisjord, M.K., & Skaset, H.B. (red) (2011): *Norsk idrett: indre spenning og ytre press* (s. 277–293). Oslo: Akilles
- Gammelsæter, H., & Ohr, F. (2002): *Kampen uten ball: om penger, ledelse og identitet i norsk fotball*. Oslo: Abstrakt forlag
- Giulianotti, R. (1999): *Football: a sociology of the global game*. Oxford: Polity Press, Blackwell Publishers,
- Giulianotti, R., & Robertson, R. (2004): The globalization of football: a study in the glocalization of the «serious life», *The British Journal of Sociology*, Volume 55, issue 4, s. 545–568
- Goksøyr, M. (2014): *Hva er fotball*. Oslo: Universitetsforlaget
- Goksøyr, M. (2010): *Idrett for alle: Norges idrettsforbund 150 år: 1861–2011*. Oslo: Aschehoug
- Goksøyr, M. (2008): *Historien om norsk idrett*. Oslo: Abstrakt forlag
- Goksøyr, M., & Olstad, F (2002) *FOTBALL! Norges Fotballforbund 100 år*. Oslo: Norges Fotballforbund
- Helland, K. (2003): *Sport, medier og journalistikk*. Bergen: Fagbokforlaget
- Hjelseth, A. (2006): *Mellan børs, katedral og karneval. Norske supporteres forhandlinger om kommersialisering av fotball*, avhandling for dr.polit-graden. Bergen: Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen
- Hognestad, H.K. (2012): Split loyalties: football is a community business, *Soccer & Society*, Vol 13, No 3, May 2012, 377–391
- Jhally, S. (1989): Cultural studies and the sport/media complex. I Wenner, L (ed.) *Media, sports and society*. Sage London, s. 70–97

- Kjeldstadli, K. (1999): *Fortida er ikke hva den en gang var*. Oslo: Universitetsforlaget
- Lefever, K. (2012): *Sport/Media Complex in the New Media Landscape*, chapter 2, 7–30. Henta 01. juni 2015 frå http://www.springer.com/cda/content/document/cda_downloaddocument/9789067048729-c2.pdf?SGWID=0-0-45-1349850-p174507645
- Lesjø, J.H. (2008): *Idrettssosiologi – sportens ekspansjon i det moderne samfunn*. Oslo: Abstrakt forlag AS
- Lippe, G. v. D. (2001): *Idrett som kulturelle drama: møteplasser i idrettssosiologi og idretts-historie*. Oslo: Cappelen Akademisk forlag
- Lippe, G. v. D. (2010): *Et kritisk blikk på sportsjournalistikk, medier og idrett i en globalisert verden*. Kristiansand: IJ forlaget
- Reimer, B. (2002): *Uppspel: Den svenska TV-sportens historia*. Stockholm: Stiftelsen Etermedierna i Sverige
- Solberg, H.A. (2004): Salg av sportsrettigheter. Fordeling av markedsmakt og valg av auksjonsprosedyre. I Dahlén, P., Goksøy, M., Ronglan, L.T. (red.) (2004): *Moving bodies*, no 2 – 2004 – vol (s. 135–148). Tidsskrift utgitt av Norges Idrettshøgskole, Oslo
- Stokstad, M., Olsen, H., Lysholm, E., & Johannessen, B.A. (1999, 14. august): Eksplosjonen. *Verdens Gang*. Henta frå ATekst: <https://web.retriever-info.com/services/archive/displayDocument?documentId=020019199908141129061&serviceId=2>
- Tønnesson, S. (1986): *Norsk idretts historie. Folkehelse, trim, stjerner 1939–1986*. Oslo: Bind 2, Aschehoug
- Verdens Gang, (1. november 1983 s. 27): «Fotball-Norge MÅ SI JA». Henta frå ATekst: <https://web.retriever-info.com/services/archive/displayPDF?documentId=02001919831101Ar02801&serviceId=2>
- Walsh, A., J. & Julianotti, R. (2001): This sporting Mammon: a normative critique of the commodity modification of sport, *Journal of the Philosophy of Sport*, 28 (1), s. 53–77
- Whannel, G. (1992): *Fields in Vision. Television Sport and Cultural Transformation*. London: Routledge
- Ytre-Arne, B., & Helland, K. (2007a): Fotballavtalen, journalistikk og presseetikk. En analyse av TV 2 og «fotballproduktet», *Norsk medietidsskrift*, Universitetsforlaget, årg. 14, nr. 2, s. 106–125
- Ytre-Arne, B., & Helland, K. (2007b): *Sport, attraksjon og journalistikk. Om sportsrettigheter og publistiske idealer*, Utredning for Norsk Journalistlag. Henta 15. mars 2015 frå <http://www.nj.no/filestore/Sportattraksjonogjournalistikk.pdf>

Kapittel 19

Den immaterielle sida av nettverkssamarbeid

ØYVIND HEIMSET LARSEN OG JON GUNNAR NESSE

SAMANDRAG Føremålet med denne artikkelen er å finne verdien av bedrifters nettverksdeltaking ut over det reit opplagde og materielle, som er å tene meir pengar. Vi har kartlagt grunnar til å vere med i nettverk, og drøftar kva implikasjonar dette har for leiinga av nettverket. Vi byggjer på teori om sentrale funksjonar i velfungerande nettverk. Empirien er henta frå fem nettverk: tre maritime nettverk, eitt nettverk innan smarte energimarknader og eitt innan smart velferd. Data er samla inn gjennom intervju med ulike typar aktørar i nettverka. Resultata viser at det kan vere mange ulike grunnar til å vere med i nettverk. Men vi kan trekke ut nokre fellesnemnarar som legitimitetsbygging og mobilisering av sosial og kulturell kapital. Aktørane tillegg slike immaterielle verdiar stor vekt, men har også behov for at verdiane skal materialisere seg i form av økonomisk verdiskaping. Variasjonen i årsakene til medlemskap, og den finurlege balansen mellom immaterielle og materielle verdiar, gjer nettverksleiing til ei øving for personar med engasjement og fingerspisskjensle.

NØKKELORD bedriftsnettverk, immaterielle verdiar, nettverksfunksjonar, samarbeid

ABSTRACT The purpose of this article is to find the value of the businesses' network participation beyond the obvious, which is to make more money. We have mapped reasons to join networks, and discuss the implications for network management. We build on theory of functions in well-functioning networks. The data are collected from three maritime networks, one network within smart energy markets, and one within smart care, through interviews with central actors in the networks. The results show that there is a variety of reasons for joining networks. Anyhow, we find some common factors like legitimacy building and mobilization of social and cultural capital. Such immaterial values show to be important, but in the long run businesses also need to exchange these immaterial values into economic value creation. The variation of reasons for membership, and the delicate balance between immaterial and material values, are challenging dilemmas for network managing.

INNLEIING

Temaet vårt her er å undersøke kva som er dei immaterielle verdiane av å samarbeide i nettverk. Med verdi tenkjer vi her på ulike typar fordelar av nettverkssamarbeid, slik det blir framheva av bedriftene sjølve og av andre aktørar i nettverket, som nettverksleiringa og verkemiddelapparatet. Immateriell må forståast i motsetnad til materiell. Medan det materielle er handfast og lett å kjenne på og observere, blir det immaterielle meir usynleg. Typiske immaterielle verdiar i bedriftsverda kan vere varemerke, informasjon, kunnskap, relasjonar og kontraktar. Her kan det høve bra å trekke fram Bourdieu (1991) sitt skilje mellom tre typar kapital: økonomisk, kulturell og sosial kapital. Økonomiske verdiar er hovudsakleg materielle og består av alt som relativt raskt kan omgjera i pengar. Kulturell kapital er kunnskapar vi har fått med oss gjennom oppvekst og skulegang. Sosial kapital er knytt til relasjonar i sosiale nettverk, t.d. å ha støttespelarar når det trengst. Bourdieu (1991) reknar både kulturell og sosial kapital for å vere immaterielle verdiar, likevel meiner han at dei under visse tilhøve kan vekslast inn i økonomisk kapital. Og det å ha kunnskapar og kontaktar kan dessutan vere viktige føresetnader for å tene pengar.

Rurale regionar har særlege utfordringar når det gjeld innovasjon og arbeidet med å auke graden av innovasjon (Tödtling & Trippl, 2005). Hovudproblemet er «organizational thinness», altså organisasjonsmessig skrinne tilhøve. Døme er mangel på næringsgrupperingar og låg grad av utvikling i desse grupperingane, dominans av små bedrifter, låg grad av FoU i næringslivet, få og små FoU-miljø, utdanningssystem som har fokus på lågare grads utdanning, liten grad av kunnskapsoverføring og mangel på viktige støttesystem (Tödtling & Trippl, 2005). Altså: I stor grad mangel på kulturell og sosial kapital. For å skape meir balanse i utviklinga trengst ulike strategiar for å vege opp for utfordringane, gjennom tiltak som støtter opp om kunnskapsdeling og etablering av innovative bedriftsnettverk. Dette er ein viktig føresetnad for kunnskapsbasert utvikling og spreiling av idear, teknologi og forbetring av produkt og forretningsprosesser (Cooke, 1998).

I sin studie av Sogn og Fjordane fann Nesse et al. (2014) mykje av det same som Tödtling & Trippl (2005) kalla organisasjonsmessig tunne tilhøve. Innovasjonsistema var mangelfulle samanlikna med dei vi finn i sentrale eller urbane strøk. Manglane viste seg i form små og fragmenterte næringslivsmiljø og relativt svake forskingsmiljø, slik at det offentlege (som fylkeskommunen) får ei spesiell rolle når det gjeld å få til samhandling mellom aktørane slik at dei kan spele kvarandre gode. Nesse et al. (2014) studerte fem bedriftsnettverk; av desse var det to suksesshistorier, to lovande historier og ein fiasko. Trass i skrinne tilhøve er det altså mulegheiter for å bygge velfungerande nettverk. Samstundes viser resultata frå

denne studien at suksess ikkje er noko som er gitt. Kva skil suksesshistoriene frå fiaskoen? Nesse et al. (2014) fann at mange av skilnadene viste seg i form av ulikskapar på seks viktige element, basert på Bergek et al. (2008): Incentiv til å bli medlem, kunnskapsproduksjon og -deling, innovasjon, legitimitet, ressursmobilitering og positive eksternalitetar. Fleire av desse elementa har store innslag av immaterielle verdiar. Det gjeld særleg kunnskapsproduksjon, legitimitet og ressursmobilitering (som kan gjelde alle typar kapital nemnt ovanfor).

Sidan undersøkinga til Nesse et al. (2014) var avgrensa til Sogn og Fjordane, er det av interesse å teste modellen til Bergek et al. (2008) i ein vidare norsk samanheng. Så vidt vi veit, har ikkje nokon andre enn Nesse et al. (2014) gjort noko liknande i Norge før. Særleg interessant er det å samanlikne maritim næring i Sogn og Fjordane med nettverk der samarbeidet mellom bedriftene har kome lenger, som den maritime klynga i Møre og Romsdal. Vidare er det spennande å teste modellen på tvers av bransjar. Og det er nettopp resultata frå ei slik undersøking vi presenterer i denne artikkelen. Vi har data frå tre maritime nettverk på Vestlandet, eit kulinarisk nettverk med utgangspunkt i Stavanger, og eit smartenerginettverk i Østfold. Ut frå det føregåande har vi formulert følgjande problemstilling: «Kva betydning har immaterielle verdiar i bedrifters nettverkssamarbeid?»

Den vidare gangen i denne artikkelen blir slik: først tek vi føre oss relevant teori og forsking, så forklarar vi metoden vår. Deretter presenterer vi kort dei nettverka vi har studert, før vi legg fram resultata og drøftar problemstillinga. Til sist kjem dei viktigaste konklusjonane våre.

TEORI OG TIDLEGARE FORSKING

I det følgjande vil vi gjere greie for teori og tidlegare forsking som er relevant for problemstillinga. Det betyr at vi tek føre oss omgrep innovasjonssystem, klyngje og nettverk, og forklarer kvarfor vi føretrekkjer å bruke omgrepet nettverk. Vi ser vidare på mulege fordelar med nettverk og presenterer eit rammeverk for velfungerande nettverk utvikla av Bergek et al. (2008) som vi vil bruke i drøftinga av problemstillinga.

INNOVASJONSSYSTEM, KLYNGER OG NETTVERK

Når vi skal beskrive innarbeidde former for samarbeid mellom bedrifter og andre aktørar, bruker vi gjerne omgrep som innovasjonssystem, klynger og nettverk. I slike samarbeidsgrupperingar finn vi gjerne ulike variantar av trippel heliks (Etzkowitz, 2008), altså representantar frå tre hovudgrupper: Næringsliv (bedrif-

ter), det offentlege (t.d. fylkeskommunen eller Innovasjon Norge) og akademia (forsknings- og utdanningsinstitusjonar). Dei tre omgropa innovasjonssystem, klynger og nettverk er altså til ein viss grad overlappande. Men, som vi skal sjå, er det likevel viktige skilnader.

Innovasjonssystem eksisterer og er omtala i litteraturen på minst tre ulike nivå: regionalt, nasjonalt og globalt, men også som sektorvise innovasjonssystem (Asheim & Isaksen, 1997; Lundvall, 1992; Smith, 1997). Freeman (1987) definerte nasjonale innovasjonssystem som nettverket av institusjonar i privat og offentleg sektor som gjennom aktivitetar og interaksjonar tok initiativet til, importerte, modifiserte og spreidde ny teknologi. Lundvall (1992) hadde ein liknande definisjon, men utvida innovasjonssystemet til å omfatte produksjon, spreiing og bruk av ny og økonomisk nyttig kunnskap.

Medan nasjonale innovasjonssystem ser nasjonalstaten som grunnlaget for innovasjonssystemet (Lundvall, 1992; 2007), legg andre vekt på rolla til det regionale, dvs. fylkeskommunen eller andre regionale aktørar når det gjeld innovasjon og innovasjonssystemet (Asheim & Isaksen, 1997; Storper, 1997). Å styrke det regionale innovasjonssystemet er grunnlaget for regional utvikling. Viktige innsatsfaktorar i eit innovasjonssystem er tilgang til og deling av kunnskap, og læringsprosesser (Lundvall, 1992). Læring skjer ofte i kryspunktet mellom organisasjonar, bedrifter, styresmakter og FoU-institusjonar, såkalla trippel helikssamarbeid (Asheim & Isaksen, 1997; Leydesdorff & Etzkowitz, 2001). Det er gjerne desse aktørane som er teikna inn i modellar for innovasjonssystem, i tillegg dreg ein gjerne også inn infrastruktur, rammevilkår og etterspørselsforhold (Spilling & Rosenberg, 2007).

Omgrepet klynge blir til forveksling likt innovasjonssystem når vi ser korleis det blir definert. Porter (2000, s. 16) definerer klynge som «... geographic concentrations of interconnected companies, specialized suppliers, service providers, firms in related industries, and associated institutions (e.g., universities, standards agencies, trade associations) in a particular field that compete but also cooperate». Men forskarar som har lagt vekt på innovasjonssystemtilnærminga, har først og fremst studert innovasjonsprosessar, medan dei som har hatt ei klyngetilnærming, har sett mest på konkurransekraft og korleis konkurransedyktige bedriftsmiljø kan utvikle seg (Spilling & Rosenberg, 2007). Rett nok kan slike skilnader kan vere i ferd med å bli utviska, t.d. skriv Porter (2000) at når fordelar med klynger skal framhevest, er innovasjon minst like viktig som produktivitetsvekst. Likevel, det kan vere andre skilnader mellom innovasjonssystem- og klyngetilnærminga. Spilling & Rosenberg (2007) nemner t.d. at innovasjonssystemtilnærminga legg meir vekt på politiske aktørar og politikklement enn klyngetilnærminga. Men det er

eit faktum at etter den strenge definisjonen er det ikkje mange klynger i Noreg. I ei oppsummering av den norske klyngeforskinga viser Reve (2007) til at berre tre norske næringar kunne seiast å vere komplette klynger: olje- og gassnæringa, maritim næring og sjømatnæringa.

Sidan ikkje alle dei nettverka vi studerer, kan seiast å vere fullkomne innovasjonssystem eller klynger, er det vårt førsteval å bruke det mindre forpliktande omgrepet «nettverk». Vår forståing av nettverk er basert på Törnqvist (1997) og Castells (2000), jf. også Borell & Johansson (1996) og Greve (1995). Eit nettverk er samansett av samankopla, men uavhengige nodar. Nodane i nettverket er enkeltpersoner eller grupper av aktørar (både menneskelege og tekniske) og nettverket knyter saman ulike evner og kunnskapar. Det som knyter nettverket saman, er interesser eller kommunikasjon av idear og impulsar (Törnqvist, 1997; Castells, 2000), altså relasjonsressursane (Healey et al., 1999). Involverte aktørar vil vere dei same som er nemnde ovanfor i samband med trippel heliks, innovasjonssystem og klynger. Eit nettverk slik vi forstår det her, vil då (som klynger og innovasjonssystem) vere konsentrasjonar av kunnskap, bedrifter (leverandørar, konkurantar, kundar), kulturar og institusjonelle forhold i ein region. Men i norsk praksis blir ordet klynge brukt om slike konsentrasjonar av bedrifter sjølv om dei ikkje oppfyller krav i Porters (2000) definisjon. I det følgjande blir derfor omgrepa nettverk og klynge brukt om kvarandre, i same tyding.

FORDELAR AV NETTVERKSSAMARBEID

Uansett kva vi kallar nettverkssamarbeidet, er det eit fellestrekks ved faglitteraturen på området at det er visse fordelar ved samarbeidet. Desse fordelane er delvis forklart med skaping og deling av kunnskapar, noko som resulterer i innovasjon, konkurransekraft og økonomisk verdiskaping. Ein oversiktsartikkel av Tallman et al. (2004) konkluderte mellom anna med at i bransjar med dominante regionale klynger var klynge medlemskap ein stor fordel for konkurransekrafta. Grunnen var rett og slett ulik tilgang på kunnskap. Dette har seinare vorte stadfesta av nye empiriske undersøkingar på vidt forskjellige stader. Vi kan nemne Lechner & Leyronas (2012) si undersøking blant bedriftene i ei regional, høgteknologisk klynge i Frankrike, og Lai et al. (2014) som såg på samanhengen mellom kunnskapsleiring og grad av innovasjonsaktivitet i tre ulike typar industriparkar på Taiwan. I prosjektet Eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane peikar forskarane på samspillet mellom BANK-faktorane (Bu- og arbeidsmarknadskvalitet, Arbeidsmiljø, Næringsliv og Kunnskapsmiljø) for å kunne utvikle eit konkurransedyktig og kunnskapsbasert næringsliv og utvikle regionen vidare (Jakobsen et al., 2012).

Bedriftsnettverk kan vere ein av fleire måtar å skape slike kunnskapsmiljø på. Relasjonar og kunnskapar utvikla i slike miljø kan skildrast og drøftast ut frå ulike teoriar om kulturell og sosial kapital (Bourdieu, 2001; Putnam, 1993).

Det å ha kontaktar kan i seg sjølv vise seg økonomisk fordelaktig. Li et al. (2015) gjorde ei undersøking blant bedrifter i 65 ulike vinregionar i Australia og fann mellom anna ein direkte positiv samanheng mellom kontaktar innanfor og utanfor nettverket og økonomiske resultat.

I faglitteraturen har det vore ein diskusjon om betydninga av lokale kontra globale relasjonar når det gjeld kjelder til innovasjon (Frøystad & Nesset, 2015). Det er viktig å merke seg at i ei undersøking blant bedrifter i den maritime klynga i Møre og Romsdal fann Frøystad og Nesset (2015) at globale relasjonar til kundar og leverandørar var avgjerande for at innovasjon fann stad. For dette, lokale nettverk utan eksterne kontaktar kan altså vere uheldig.

Med det rette samspelet er det muleg å få «humler til å flyge» gjennom utradisjonelle alliansar på tvers av gamle skiljelinjer. Fløysand og Jakobsen (2013) nemner Fosshaugane Campus i Sogndal og industribygda Stryn som døme på dette. Campusområdet representerer ei milliardinvestering, og her finn vi forskingsinstitusjonar, høgskule, vidaregåande skule, gründerar, næringsutviklarar, idrett og media. Industrien i Stryn «eksemplifiserer oppbygging av et nettverkssystem som krysser geografiske nivåer og bygger bro mellom privat og offentlig sektor» (Fløysand & Jakobsen, 2013, s. 218). No må vi understreke at empirien om bedriftsnettverk ikkje berre inneheld suksesshistorier. Ein av casane hos Nesse et al. (2014) var mindre vellukka. Henderson (1998) analyserte nettverket Welsh Medical Technological Forum og avdekkja følgjande paradoks: Deltakarane var nøgde og skapte relasjonar og delte kunnskapar. Men det var heilt umuleg å påvise konkrete økonomiske resultat eller endringar som følgje av nettverket. I det lange løp vil ikkje bedriftsnettverk kunne halde fram utan å ha konkrete resultat å vise til.

Det vi ser av det føregåande, er at Bourdieus (1991) idé om at kulturell og sosial kapital på individnivå kan vekslast inn i økonomisk kapital, også kan gjelde på organisasjons- og nettverksnivå. Bedrifter som deltek i nettverk, byggjer opp kulturell og sosial kapital som i neste omgang *kan* føre til større grad av innovasjon og verdiskaping. For å undersøke dette nærrare treng vi ein meir finsikta modell, og det skal vi sjå på i neste avsnitt.

FUNKSJONELL ANALYSE AV NETTVERK

Bergek et al. (2008) har lansert eit rammeverk for analyse av nettverk. Rammenverket er testa ut i Sverige og er også nemnt som god praksis i EUs Interreg-pro-

sjekt (Heydebreck et al., 2014, s. 10–12). Det er dessutan tidlegare testa ut i analysar av nettverk i Sogn og Fjordane (Nesse et al., 2014). Bergek et al. (2008) har ein modell med mange element, men vi avgrensar oss her til deira analyse av nettverksfunksjonar. Vi gjer ei foreinkling av Bergek et al. (2008) ved å slå saman deira funksjonar marknadsoppbygging og entreprenøriell eksperimentering til ein felles kategori som vi kallar innovasjon. Dette grunngir vi med at Schumpeters (1983) definisjon av innovasjon omfattar desse to omgrepene og meir til, som nye innsatsfaktorar, nye prosessar og nye organisasjonsformer. Basert på Bergek et al. (2008) opererer vi i det følgjande med desse seks funksjonane som grunnlag for analyse og drøfting:

- ▶ Incentiv til å bli medlem av nettverket: Dette betyr å skape incentiv blant målgruppene for å søke seg til nettverket. Det inneber konkrete medlemsfordeler, men også at dei viktige aktørane er med, då er det lettare å få med dei andre.
- ▶ Kunnskapsutvikling og -spreiing i nettverket: Ulike typar kunnskap (teknisk, marknadsmessig, logistisk, etc.) og ulike kjelder til kunnskap (FoU, praktiske erfaringar, kopiering).
- ▶ Innovasjon: Med det meiner vi her ein ny forretningsidé som er sett ut i livet. Etter Schumpeter (1983) kan det dreie seg om nye innsatsfaktorar, nye prosessar, nye produkt, nye marknader og nye organisasjonsformer.
- ▶ Legitimitet: Dette dreier seg om å bli sosialt akseptert i dei relevante omgivnadene. Dette er ikkje noko ein kan ta lett på. Legitimitet må byggast opp systematisk (Aldrich & Ruef, 2006).
- ▶ Ressursmobilisering: Innovasjonar krev mobilisering av ei rad ulike typar ressursar (kompetanse/kulturell kapital, sosial kapital, finanskapital, komplementære aktiva, infrastruktur).
- ▶ Utvikling av positive eksternalitetar (skaping av «gratis nytte»), t.d. knytt til reduksjon av usikkerheit for andre, kunnskapsspreiing til ikkje-medlemmer, etablering av felles gode, rørsle på arbeidsmarknaden (arbeidskrafta tek med seg kunnskapar dit dei flytter) etc. Det å ha gratisspasasjerar kan oppfattast som negativt, men her er det den positive sida av dette som blir framheva. Når nokon har skapt noko som andre kan ha nytte av, er det eit teikn på at dei har lukkast.

Dei fleste av desse funksjonane har immaterielle element i seg. I størst grad gjeld dette kunnskapsutvikling og -spreiing, og legitimitet. Incentiv til å bli medlem kan ha ei blanding av materielle og immaterielle element. Ressursar som blir mobiliserte i nettverket, kan etter Bourdieus (2001) kapitalomgrep også vere ei blanding. Det same gjeld eventuelle positive eksternalitetar. Det meste handfaste ligg i vår

forståing av innovasjon som noko forretningsmessig nytt som er sett ut i livet (Schumpeter, 1983).

Funksjonane kan ikkje sjåast uavhengig av kvarandre. Det er til dømes ikkje lett å bygge opp marknader og mobilisere ressursar dersom legitimiteten er låg. Aktørar som er veldig innovative, må skape nye marknader – ikkje berre okkupere eksistearande. Det er i hovudsak to typar hindringar innovative entreprenørar møter: Mangel på kunnskapar og mangel på ekstern aksept eller legitimitet, dette fordi ein går inn på nye område som er delvis ukjende både for entreprenøren sjølv og for omgivnadene (Aldrich & Ruef, 2006). Reparasjon av kunnsapsmangel må knytast opp mot læreprosessar, altså skaping og spreieing av kunnskapar. Oppbygging av legitimitet hos ulike interessentar (det offentlege, bankar, kundar, leverandørar, etc.) er lagt mykje vekt på i entreprenørskapslitteraturen (Aldrich & Ruef, 2006).

Spørsmålet om nokre av funksjonane er viktigare enn andre, har vorte reist, mellom anna av Ranga & Etzkowitz (2013), som meiner at det å skape, spreie og bruke kunnskap og innovasjon er dei to hovudfunksjonane i trippel-helix-samarbeid. Dette er noko vi har høve til å sjekke ut i våre analysar.

METODE

Vi ønskjer altså å studere dei immaterielle fordelane ved å delta i bedriftsnettverk. Dette har vi gjennomført som ein multipel casestudie (Yin, 2009) med desse casane: Maritim Forening Sogn og Fjordane, GCE Blue Maritime, NCE Maritim CleanTech, NCE Smart Energy Markets og Norwegian Smart Care Cluster. Studiar av nettverk kan gje rast både kvalitativt og kvantitativt (Strand, 2016). Vår tilnærming her er kvalitativ.

Data vart samla inn i samband med forskingsprosjektet RECIN, der dei ulike partnarane i prosjektet hadde ansvar for kvar sine område. Tabell 19.2 gir ei oversikt over kva partner som hadde intervjauansvaret i dei ulike nettverka. Forfattarane av denne artikkelen hadde ansvaret for Maritim Forening (MF), Sogn og Fjordane. Dette nettverket vart valt fordi maritim sektor er blant dei prioriterte sektorane i fylkets verdiskapingsplan (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2014), og fordi nettverket ikkje hadde vorte forska på før. Det ville dessutan vere interessant å samanlikne maritim sektor i Sogn og Fjordane med tilsvarande sektor i Møre og Romsdal og Rogaland. Dei andre fire nettverka i RECIN, som våre samarbeidspartnarar har undersøkt, vart utvalde i samråd med deira fylkeskommunar. For desse fire var det eit poeng at nettverka skulle ha formell status som Arena-, NCE- eller GCE-nettverk. Statusen går fram av første rad i tabell 19.1.

TABELL 19.1: PRINSIPPTABELL FOR ANALYSE AV DATA

Funksjonar i velfungerande nettverkstiltak	Maritim Forening, Sogn og Fjordane	GCE Blue Maritime	NCE Maritime CleanTech	NCE Smart Energy Markets	Norwegian Smart Care Cluster (Arenastatus)
1 a) Fortrikk nettverket bidreg med					
1 b) Incentiv til å bli medlem					
2 Korleis kunnskap blir skapt og delt					
3 Kan du gi døme på innovasjonar der nettverket har spelt ei kritisk rolle? Forklar.					
4 Legitimitet. Korleis er nettverkets omdøme i omgivnadene? Kva tillit har leia til nettverket?					
5 Korleis blir ressursar mobilisert i nettverket? Eksternt og internt.					
6 Eksternalitetar: Korleis skapar nettverket nytte ut over seg sjølv? Samfunsnytte?					

Vi har for det meste intervjuat bedrifter, men også nettverksleiringa og representantar for regionale styresmakter og verkemiddelapparatet. Tabell 19.2 viser kor mange av dei ulike aktørgruppene som vart intervjuat, kva partner i prosjektet som var ansvarleg for intervjuat og korleis data vart behandla. Utvalet av aktørar er ikkje tilfeldig, men strategisk. Dei ulike partnerane sette i utgangspunktet opp ei liste over interessante intervjuobjekt. Denne lista vart så diskutert med sentrale aktørar i nettverket, og deretter vart den endelige lista sett opp. Kvar aktør på lista vart sett opp med ein kontaktperson.

I alle fem nettverka er same intervjuguide brukt for å intervju aktørar med ulike roller i nettverka. Når opptakar var brukt, kunne det vere ein eller to intervjuarar, og når opptakar ikkje vart brukt, var det alltid minst to intervjuarar, slik at ein kunne stille spørsmål og ein kunne ta ansvar for notatane. Vi hadde ein omfattande intervjuguide, slik at intervjuat tok 1–1,5 timer. Respondentane fekk ikkje guiden på førehand, men vi informerte om hovudpunktata i det vi ville ta opp. Dei spørsmåla som er mest relevant for denne artikkelen, er vist i tabell 19.1. Spørsmåla er knytte til vår versjon av dei ulike funksjonane hos Bergek (2008). Som vi tidlegare har vore inne på, heng dei ulike funksjonane saman, og dei kan også overlappa kvarandre. Spørsmålet om incentiv til å bli medlem vil t.d. overlappa med fleire av dei andre spørsmåla. Det er likevel viktig å ha med dette spørsmålet, for det er som eit ope spørsmål om kva nytte aktørane ser i nettverka.

TABELL 19.2: INTERVJU OG BEHANDLING AV DATA I DEI ULIKE NETTVERKA

	Maritim Forening, Sogn og Fjordane	GCE Blue Maritime	NCE Maritime CleanTech	NCE Smart Energy Markets	Norwegian Smart Care Cluster
Bedrifter	9	5	9	5	6
Nettverksleiring	2	1	2	1	3
Fylkeskommunen	1	1	1	2	1
Verkemiddelapparat (Innovasjon Norge, Norges Forskningsråd etc.)	1	2	1	5	3
Partner ansvarleg for intervju, transkribering/ notat og koding	Vestlandsforskning, Høgskulen i Sogn og Fjordane	Møreforskning	Polytec	Østfoldforskning, Høgskolen i Østfold	Handelshøyskolen BI, Polytec
Behandling av data	All intervju unntatt eitt transkriberte opp. Separate notat frå to intervjuarar. i eitt tilfelle pga. oppatakfeil.	8 av 9 intervju tatt opp. Separate notat frå intervjuarar. Koding/sortering etter hovudtema som vist i tabell 19.1.	Alle intervju transkriberte frå opptakar. Koding/sortering etter hovudtema som vist i tabell 19.1.	4 av 13 intervju tatt opp. Notat frå øvrige. Koding/sortering etter hovudtema som vist i tabell 19.1.	2 av 13 intervju tatt opp. Notat frå øvrige. Koding/sortering etter hovudtema som vist i tabell 19.1.

Intervjua vart gjennomførte sommaren og hausten 2015. Forskarane vende seg til kontaktpersonen for å få avtale. I nokre tilfelle viste det seg meir praktisk å interviewe andre enn den opphavlege kontaktpersonen. Nokre få aktørar på listene (ca. 1 av 10) vart ikkje intervjuet av ulike grunnar, det kunne vere vanskeleg å få avtale, og i eitt tilfelle ønska ikkje bedrifa å vere med. Vi trur ikkje dette har påverka resultata vesentleg, då vi fekk fyldig informasjon frå dei intervjuet vi gjennomførte.

Alle intervjuet som vart tatt opp, vart transkriberte. I dei andre tilfellene vart det tatt notat (jf. tabell 19.2). Den første reduksjonen av datamaterialet (Miles & Huberman, 1994) vart gjort av kvar partner. Dette vart gjort ved at kvar partner henta ut sentrale tekstblokker frå intervjuet, enten ved sitat eller tolking og oppsummering av svara, og så sette desse tekstblokkene inn i ein tabell tilsvarende tabell 19.1. Det er dette datamaterialet som vart delt mellom partnarane. Tekstblokkene vart så vidare analysert av artikkelforfattarane med sikte på å finne mønster (likskapar og ulikskapar) på tvers av nettverka. Analysemетодen kan derfor seiast å vere «pattern matching» (Yin, 2009). Dette arbeidet førte til ny reduksjon av materialet, men også til ein auke ved at vi såg at andre spørsmål enn dei som står i tabell 19.1, kunne ha svar som var relevante for problemstillinga.

Det kan vere ei svak side ved metoden at så mange forskjellige personar har intervjuet og redusert materialet. På den andre sida har vi hatt felles møte med gjensidige avklaringar, og vi har sett i korta til kvarandre, og det har vorte bedt om tilleggsleveransar om ein partnar har vore misnøgd med tilgjengeleg materiale.

PRESNTASJON AV NETTVERKA

I det følgjande presenterer vi dei fem casane. Eit viktig poeng er at nettverka vi har studert, er i ulike fasar. Vi kan her skilje mellom ein formativ fase og ein vekstfase (Bergek et al., 2008). Det er dessutan praktisk å operere med fleire fasar etter vekstfasen, som eit modningsstadium (veletablerte nettverk) og eventuelt også tilbakegang (jf. Adizes, 1988). Vi har to nettverk som er i formativ fase (Maritim Forening i Sogn og Fjordane og Norwegian Smart Care Cluster), to i vekstfase (NCE Maritim Clean Tech og NCE Smart Energy Markets) og eitt modest nettverk (GCE Blue Maritime). Dette har vi i mente når vi samanliknar nettverka.

Omgivnadene for Maritim Forening i Sogn og Fjordane reknar vi som relativt organisatorisk skrinne (Tödtling & Trippl, 2005) når det gjeld t.d. FoU og teknologikompetansemiljø. Dei andre nettverka er i meir folkerike område og kan seiast å vere generelt mindre skrinne enn MF, sjølv om tilsvarende manglar nok kan finnast der også.

MARITIM FORENING SGN OG FJORDANE (MF)

Maritim Forening Sogn og Fjordane vart stifta i 2012 og er ei interesseforeining for verksemder med havromsbasert aktivitet i Sogn og Fjordane. MF har 64 medlemsverksemder som er lokalisert i 14 av fylket sine 26 kommunar, men med ein konsentrasjon på kysten i og rundt Flora og Vågsøy. Føremålet med MF er å bidra til at medlemsverksemndene får styrka sin innovasjons- og konkurranseevne slik at dei kan realisere auka verdiskaping. Tiltak for å tene føremålet er gjerne knytt til ulike typar samlingar for leverandørar med havromsbasert aktivitet. På samlingane har MF søkt å få til ein fin blanding av bedrifter, offentleg tilsette og akademia. Vidare har MF fått laga ein leverandørkatalog der medlemsbedriftene blir presenterte. Dei har også bidrege til å få havromsrelatert høgskuleutdanning til Florø og er tett integrert med ei eiga underavdeling av NCE Subsea Bergen i Sogn og Fjordane. MF har også fått gjennomført ei verdiskapingsanalyse avgrensa til 152 oljerelatert verksemder, som viste at verksemndene i 2014 omsette for 5,5 milliardar NOK, hadde 2057 årsverk og stod for ei verdiskaping på 1,7 milliardar NOK (Maritim Forening Sogn og Fjordane & PwC, 2016).

GCE BLUE MARITIME (GCE BLUE)

Dette dreier seg om den maritime klynga i Møre og Romsdal. Den moderne industrihistoria i dette fylket starta med konstruksjon, produksjon og vedlikehald av større fiskefartøy utover på 1900-talet. Med oljealderen starta ein ny fase frå 1970-talet, med supplybåtar og utstyrleverandørar. Bedriftene i klynga blir gjerne delt inn i fire grupper, etter plasseringa i verdikjeda. Per 2014 var det i klynga 13 selskap innan skipsdesign, 169 utstyrleverandørar og underleverandørar, 14 skipsverft og 20 reiarlag (Oterhals et al., 2016). Den samla omsetninga var i 2014 55 milliardar NOK, og tal tilsette var ca. 22 000. Veksten i tiårsperioden 2004–2014 var enorm, med over tredobling av omsetninga. Døme på sterke bedrifter er Rolls-Royce Marine, Farstad Shipping og VARD. Klynga har status som «Global Centre of Expertise» og går under namnet GCE Blue Maritime. Parallelt med veksten har det utvikla seg tilgrensande miljø innan finansiering, klassifisering, FoU, utdanning og andre støtteaktivitetar.

MARITIM SEKTOR PÅ HAUGALANDET OG SUNNHORDLAND, NCE MARITIM CLEANTECH (MCT)

MCT består av 140 medlemmer med ei samla omsetning på 52 milliardar NOK i 2014. Klynga strekkjer seg frå Karmøy i sør til Stord i nord. I denne regionen finn vi innovative og verdsleiane verksemder frå heile den maritime verdikjeda, som skipsverft, reiarlag, skipskonsulentar, skipsmeklarar, subsea-selskap og utstyrsvareprodusenter. Vi finn også leverandørar av fornybar energi, samt forskings- og utdanningsinstitusjonar, og ein viktig institusjon som Sjøfartsdirektoratet. Eit hovudføremål i klynga er å bygge arenaer og nettverk for å skape framtidsretta, innovative og konkurransedyktige løysingar i den maritime sektoren som samstundes bidreg til å redusere skadelege utslepp i sjøen og på land.

NCE SMART ENERGY MARKETS (SEM)

NCE Smart Energy Markets i Østfold har vaks fram etter ulike dereguleringar som fann stad på slutten av 1990-talet. Formell organisasjon kan sporast frå 2006, men under ulike namn fram til skrivande stund (2016). SEM har som føremål skape smarte energimarknadsløysingar gjennom innovasjon og forretningsutvikling. Senteret ønskjer å halde verdklassenivå på dette området, med mellom anna Silicon Valley som førebilde. SEM har 20 medlemmar frå privat sektor, 11 frå offentleg sektor, og 6 frå offentleg-privat sektor (per november 2015). Eit medlem er Sogn og Fjordane Energi, som i eige fylke kører ein unik pilot, smartbygda Hyen, der straummåling med datainnsamling av forbruk og lokalproduksjon med avansert analyse av store data er grunnlag for tiltak og optimal produksjon og belastning av straumnett.

Hovudaktivitetar i SEM per november 2016:

1. Innovasjon, grøn vekst og internasjonalisering
2. Forretningsmessig orientert forsking på smarte energimarknader og smarte byar
3. Forretningsmessig orientert opplæring og utdanning innan analyse og visualisering av Big Data

NORWEGIAN SMART CARE CLUSTER (NSCC)

NSCC er eit relativt ferskt nettverk som fekk arenastatus i 2014. Sjølv om NSCC er Rogalands-basert, er klynga open for medlemmer frå heile landet. Per september 2016 har NSCC meir enn 100 medlemmar, og over ¾ av desse er private

selskap. Deltakarane er elles offentlege aktørar og utdannings- og forskingsinstitusjonar. Visjonen er at klynga skal bli en betydeleg aktør innanfor velferds-teknologiske løysingar i Europa før 2020. Hovudmålet er å utvikle ei innovativ klynge som lukkast i å kommersialisere velferdsteknologi. Dei har ei rekke aktivitetar knytte til

1. Generell nettverksbygging av den uforpliktande typen
2. Konkrete innovasjonsprosjekt med til dels mykje forskingsinnhald
3. Opplæringsaktivitetar

I tillegg er det ei uttalt satsing å få opp eit «Living-Lab», det vil seie eit laboratorium med deltaking frå innovative tidleg-brukarar der leverandørar har høve til å teste ut nye løysingar før dei går breitt ut kommersielt.

ANALYSE AV RESULTAT

Vi strukturerer framstillinga i det følgjande etter dei seks funksjonane i velfungerende nettverk. Hovudresultata er vist i tabell 19.3, som viser immaterielle element som er funne på tvers av nettverka for kvar av dei seks funksjonane. Den vidare framstillinga er basert på tabell 19.3. Dei fem nettverka er omtalte som MF, GCE Blue, MCT, SEM og NSCC.

TABELL 19.3: OPPSUMMERING AV RESULTAT

Funksjonar i velfun-gerande nettverk	Immaterielle element	Døme
Fortrimm/incentiv til å bli med i nettverket	Nettverket som a. Møteplass b. Doropnar c. Anmetad for innovasjon d. Institusjon med høg status <i>Merknad: Kan ha overlapp med punkta nedenfor</i>	a. Konferansar gir høve til å møte viktige aktørar i og rundt verdikjeda og til gjen-sidig informasjonsutveksling b. Kontaktformidling, speed-dating, leverandørdatabase. c. Utviklings- og pilotprosjekt, danning av nye selskap, finne nye produkt og for-reningsområde. d. Medlemskap har verdi i seg sjølv, det blir ein del av omdomebygginga
Kunnskap: skaping og deling	a. Rutinar og praksisar for kunnskapsinns-henting b. Rutinar og praksisar for kunnskapssprei-ing c. Legge til rette for skaping av kunnskap d. Ta ny kunnskap i bruk <i>Merknad: Litt varierande og forbausende lite bruk av internasjonale impulsar</i>	a. Tilgang på kompetanse gjennom nettverket, eventuelt opplysnings om kvar denne kompetansen er å finne b. Medlemsmøte med fagleg program og informasjon fra medlemsbedrifter, ny-heitsbrev, workshops, speed-dating, leverandørdatabase c. Informasjon om behov i marknaden som grunnlag for innovasjon, kontakt med FoU-miljø, formaliserte FoU-samarbeid. d. Prosjektgjennomføring med felles risiko for ny produktutvikling, driftsfase med tilbakemelding om erfaringar
Innovasjon		a. Konkrete nye produkt som følgje av samarbeid: batteri-installasjon på skip (MCT), industristøvugar (MF) b. Nye bedrifter etablert gjennom SEM og MF c. Særlig i MCT er det blanda tilbakemeldingar frå bedriftene, men også her finn vi døme på utviklingsprosjekt der nettverket har spelt ei kritisk rolle. NSCC er eit ferskt nettverk, men likevel med mange oppstarta prosjekt. I SEM er FoU-prosjekt kjerneverksamend. MF er tungt og døma få.

TABELL 19.3: OPPSUMMERING AV RESULTAT (FORTS.)

Funksjonar i velfun-gerande nettverk	Immaterielle element	Døme
Legitimitet	Stort sett har alle nettverka bygt seg opp ein god legitimitet, både a. intern og b. eksternt	<p>a. Motiverte og engasjerte leiararar skapar hog intern legitimitet. b. NCE-/GCE-status gir legitimitet i samfunnet rundt nettverka. Suksess som dørpnar, som er nemnt i alle nettverka, er ein indikator på ekstern legitimitet.</p>
Ressursmobilisering	Utover direkte pengestøtte finn vi at nettverka blir bruk til mobilisering av ressursar i form av a. kulturell kapital – kunnskapar og informasjon b. sosial kapital – relasjonar til aktorar med utfyllande ressursar (som kan vere kunnskapar eller pengar)	<p>I MF fortel ei bedrift at dei viktigaste ressursane dei får gjennom nettverket, er kunnskap og informasjon, og hjelpe frå andre aktørar til å løse konkrete problem for kundane. I GCE Blue er impulsane og samarbeidet på tvers av bedriftsgrenser innanfor same verdikjede den viktigaste ressursmobiliseringa. I MCT kan aktørene vere avhengig av enkeltpersonars entusiasme. I SEM blir dette framheva: Idégenering, prosjekt, mobilisering gjennom å skrive klyngesøknader, og nærliek til verksamhetapparatet.</p> <p><i>Merknad: a. og b. kan gå over i kvarandre (jf. døme)</i></p>
Eksternt nytte	«Tilleggsverknader» og skaping av godt om-døme for heile regionen	Det å bidra til berekraftig verdiskaping er ein viktig del av dette. Posisjonering innan miljøteknologi vil ha verknader i heile regionen (MCT, SEM). Mulege infrastrukturtiltak (MF) og betre kommunale tenester (NSCC) kan også nemnast.

KVA FORDELAR HAR BEDRIFTENE AV Å DELTA I DEI ULIKE NETTVERKA?

Nettverket som ein møteplass

I alle nettverka nemner bedrifter spesifikt det positive i å ha ein arena å møtast på. I MCT er fleire bedrifter konkret inne på at nettverket utgjer eit nytig treffpunkt med andre aktørar. I SEM blir nettverket også skildra som eit viktig møtepunkt for kundar og samarbeidspartnarar for bedriftene. Dessutan vart nettverket sett på som ein portal inn mot bedriftene av aktørar som Norges Forskningsråd, Innovasjon Norge og fylkeskommunen. Klyngeleiaren i SEM sa det slik:

Det er en møteplass som representerer noe større, og der man kan samle de som mener noe og få større trykk. Samspill mellom offentlig og privat – det skaper løsninger på forvaltningsutfordringer og belyser forretningsmuligheter og driver produktutvikling. Medlemmene tør å diskutere og være åpne. Det er eksempler med samarbeider mellom ulike aktører på bakgrunn av en NCE workshop.

Det kan verke som om det å ha ein møteplass har vore ekstra viktig i Sogn og Fjordane, for der er mange av dei intervjua inne på dette. MF blir sagt å vere ein velfungerande møteplass «... som var i stand til å ta bort masse tidligere barrierer mellom selskaper og mellom deler av fylket». Nettverket har altså bidrige til å samle fylket, bygge ned fogderigrensene. Ei bedrift seier at dei frykta at dette skulle bli ei Flora-orientert foreining, men at dette ikkje har slått til, MF framstår som samlande. To bedrifter er likevel inne på at fokuset på Florø og olje framleis er i største laget.

Møre og Romsdal var først ute med utprøving av det norske klyngeprogrammet (Ålesund Kunnskapspark – NCE Maritime) og har sidan 2000 utvikla både program og innhald for maritime bedrifter i regionen. I 2014 fekk NCE Maritime GCE Blue Maritime-status. Utviklinga av Norsk Maritimt Kompetansesenter, samlokalisert med NTNU i Ålesund, har i seinare år vore vektlagt. I senteret held fleire av nettverksaktørane og andre FoU-miljø til.

Høve til å bygge personlege nettverk er nemnt av bedrifter både i Østfold og Sogn og Fjordane. Ei bedrift frå Sogn og Fjordane fortel at dei vart betre kjent med ei bedrift frå same kommune som dei visste lite om frå før: «Men det er jo litt sånn, vi sit jo her og kokar på kvart vårt nes, så det er godt å kome ut og bli kjent med andre.» Ei bedrift var takksam for at MF gjorde denne jobben med nettverket, det sparte dei for ein type arbeid dei ikkje likte så godt: «Synest det er litt stress å gå på alle sånne middagar og alle sånne møte ..., eg vil heller konsentrere meg om det som skjer her.» Bedrifter i MF har fått betre kjennskap til kvarandre: «Tidle-

gare så sat det jo masse nisjebedrifter med spesialkompetanse rundt om i fylket her, men ikkje visste vi om kvarandre, og ikkje klarte vi å fronte noko i felleskap.»

Eit viktig tiltak i MF har vore nettverkssamlingar med ulike faglege tema. Desse samlingane har så langt fått gode tilbakemeldingar og det har vore godt oppmøte. Den uformelle delen er vel så viktig som den formelle. Samlingane går frå lunsj til lunsj med felles middag om kvelden. Med betre personleg kontakt er det også lettare å ta ein telefon seinare. Ein spesiell aktivitet på samlingane har vore «speed-dating». Deltakarane møtest då to og to og forklarar kva dei treng (behov) og kva dei kan tilby. Dermed får dei meir informasjon om kvarandre. Fleire nemner dette som eit positivt tiltak, og det er bedrifter som seier dei har funne både nye kundar og leverandørar på denne måten. Også i SEM har speed-dating vore ein viktig faktor for å skape nye kontaktar mellom bedriftene. Verkemiddelet er og nyttig i GCE Blue.

Årsaka til at møteplassfunksjonen blir framheva spesielt i Sogn og Fjordane, kan nettopp vere at bedriftene der har vore små og spreidde rundt omkring utan å ha vidare kontakt med kvarandre. MF har derfor gitt bedriftene noko nytt, og noko som blir interessant å prøve ut.

Tilbakemeldingar frå medlemmar viser klart at NSCC vert vurdert som ein viktig arena for svært mange bedrifter. Kommunane og Utviklingsenteret for sjukeheimar og heimetenester framhevar spesielt betydninga av å komme i tettare dialog med private aktørar.

Nettverket som dørpnar og formidlar av informasjon og kontakt (den gode hjelparen)

I alle nettverka blir det framheva at det å opne dørar inn mot aktørar som deltakarane ønskjer å kome i kontakt med, som ei sentral oppgåve for nettverksleiinga. Bedriftene ser positivt på at det blir lagt til rette for relasjonsbygging ut over nettverket i seg sjølv. Av aktørar bedriftene ønskjer å kome i kontakt med, kan nemnast investorar, långivarar, politikarar, store kundar og forskingsinstitusjonar. Ei bedrift i MCT påpeiker at «det at (nettverket) jobber mot myndigheter og politikere med omsyn til klimakrav, lover og regler, det er viktig for oss». Tilsvarande hjelp frå konsulentar eller PR-byrå ville ha kostat mykje pengar.

I SEM blir dørpnarfunksjonen sett på som todelt: delvis som å hjelpe med å skaffe pengar frå verkemiddelapparatet, og delvis som lobbyverksemrd mot politikarar. Også i Sogn og Fjordane seier bedriftene at nettverket gir høve til å møte sentrale politikarar og informere om næringslivet og dermed til å påverke litt. MF har skaffa offentlege midlar til og lagt stor innsats i tre GAP-analysar for å kunne

dokumentere og informere godt om verdien av det maritime miljøet i fylket. Når det gjeld verkemiddelapparatet, er dette med byråkratiske søknadsrutinar eit tema. Sidan utfylling av søknadsskjema kan vere nokså arbeidskrevjande, er det å få hjelp til dette ganske kjærkome for bedriftene.

Det å vere dørpnar mot viktige kundar, og å skaffe nye kundar, blir spesielt nemnt i alle nettverka, med litt ulike formuleringar. Det dreier seg om marknadstilgang, marknadsutvikling og tilgang på kunnskapar om teknologi og marknadsmulegheiter. For små bedrifter er det ikkje så godt å vite kven ein skal kontakte hos store aktørar. Her nemner fleire bedrifter i Sogn og Fjordane at MF er til god hjelp. Så det å treffe potensielle kundar er avgjerande, og er ein viktig grunn til å gå inn (eller ut om det ikkje skjer) i nettverket.

Hjelp til profilering av bedriftene blir også sett på som ei viktig oppgåve for nettverka. Dette kan vere hjelp til å få ut informasjon om bedrifta i media og til marknadsføring. MF har til dømes fått etablert ein leverandørdatabase, som gav medlemmane informasjon om kvarandre, samstundes som den også fungerte som marknadsføring av bedriftene. Fleire av dei vi intervjuia, trekte fram leverandørkatalogen som eit viktig tiltak. Vidare sender leiringa i MF ut eit informasjonsbrev til medlemmane kvar veke, med relevante nyheter frå inn- og utland. Andre typiske tema i brevet er kva utvalde bedrifter har utretta, tips om prosjekt og informasjon om ISO-sertifisering. MF har dessutan gjort ein pionerjobb ved å kartlegge det maritime miljøet i Sogn og Fjordane, og har etablert samarbeidsavtalar med fleire høgskular.

Brukarane (bedriftene) framhevar omdømmebygging og lobbying mot styresmakter og verkemiddelapparat som det mest positive bidraget frå GCE Blue Maritime. I regi av GCE Blue blir det laga årlege statusanalysar som føl næringa si samla utvikling og framtidsutsikter. For NSCC, som er i så tidleg fase, er kontakt og informasjon det aller viktigaste.

Nettverket som arnestad for prosjekt og nytenking

Nettverksprosjektet GCE Blue har i tillegg til omdømmebygging og årlege statusanalysar også etablert forum (for design, logistikk, internasjonalisering osv.) og arrangement/seminar som blir oppfatta som positivt av bedriftene. Nettverksaktørane og styresmaktene arbeider aktivt med tilrettelegging for tilpassing av verkemidlar, meir FoU-arbeid, opplæring og rekruttering, marknadsføring og omdømmebygging for den maritime klynga.

I MCT blir utviklingsprosjekt og pilotprosjekt framheva som noko av det mest sentrale i nettverket. Nettverket dreg i gang utviklingsprosjekt som bedriftene elles ikkje hadde fått kjennskap til eller teke seg tid til. Ei bedrift seier det slik:

Ja – pilotprosjekter er viktig. Eksempelvis det pilotprosjektet som har havnet i Oslofjorden – denne By-fergen. Det er klart at denne typen prosjekter er veldig bevisst i forhold til klima og miljø. Det må på det nivået hvis en skal komme videre. Det er veldig god eksempler å ta med seg.

I SEM blir nettverket sett som ein arnestad for prosjekt for nokre av bedriftene. For andre er dette mindre relevant. Nettverket i Sogn og Fjordane er framleis ung, så det er lite av konkrete prosjekt, men det er gode og mindre gode døme på samarbeid mellom bedrifter som følge av aktiviteten i MF. Dette kjem vi attende til under funksjonen innovasjon.

Nyskaping krev at aktørane tenkjer ut over dagens kjerneområde. Klyngeleia- ren i SEM påpeiker at nettverket vere «adaptive to change»: energi er viktig for identiteten av nettverket, men det kan ikkje vere det einaste fokuset. Dei er opne for fleire område. I MF er særleg bedriftene rundt Flora opptekne av å sjå ut over olje og gass som forretningsområde. Nettverksleinga har fanga opp desse signala, då det i 2015 og 2016 mellom anna har vorte arrangert temasamlingar om satsing på havrommet, hydrogen samt plast og kompositt.

For NSCC er ein uttalt spådom at konkrete innovasjonsaktivitetar får aukande betydning, og at generell nettverking blir mindre sentralt enn i dag. Vi har ikkje sett data som konkretiserer utbyttet, men aktivitetsnivået er høgt. Totalt er det over 40 «prosjekt» presentert på NSCC-heimesida – mykje av dette framstår som prosjekt med forskingsinnhald, mykje med vekt på å avklare / bestemme kva framtida skal bringe av løysingar.

Nettverket som institusjon (medlemskap som verdi i seg sjølv)

Om bedriftene oppfattar det som eit «must» å vere med i nettverket, har det vorte ein institusjon med verdi i seg sjølv. Ei av bedriftene i MCT nemnde at det kunne vere «farleg» å stå utanfor, ein kan jo gå glipp av noko. Om til dømes dei store og viktige aktørane er med, er det eit teikn på at nettverket har kome i ein slik posisjon. I MCT er det ei bedrift som nemner medlemslista som eit argument for å vere med, og i SEM er det å låne kredibilitet nemnt som sjølvstendig grunn til å vere med.

Maritim klynge GCE Blue har fått ein posisjon når det gjeld både marknad og styremakter som alle aktørane ser stor nytte av. Det er ein fordel å framstå som medlem av den maritime klynga. For leverandørbedrifter blir det viktig å vise ansikt der kundane og resten av nettverket deltar. Skipsverfta med sine leverandørar har nok utgjort ein kjerne. Reiarlaga har ikkje vore like sentrale aktørar ved utvikling av formaliserte nettverk (sjølv om dei er sentrale i bransjeforeininga

Maritimt Forum). Spesielt for dei mindre bedriftene blir det sett på som viktig å vere til stades der informasjon, erfaring og kunnskap blir formidla. Dei tør ikkje å la være å møte opp. Også MF har på kort tid lukkast med å få med dei viktige aktørane. Dette er med på å bygge opp legitimitet, noko vi kjem attende til.

I ein periode med lavkonjunktur i olje/gassektoren blir det i GCE Blue lagt stor vekt på å utvikle nettverksrelasjoner mot andre nettverk – t.d. fiskeri og havbruk, havromsteknologi, havbotnutnytting osv. I ein slik fase ser medlemmane at nettverket kan spele ei viktig rolle.

I NSCC er incentivet for kommunane som er medlemmer at dei er nøydde til å effektivisere helsetenesta. For dei fleste bedriftene handlar det om å utforske/utvikle/kommersialisere nye forretningsmuleigheter, med eit spenn frå helsefaglig til teknologi-orientert tilnærming. I tillegg er det tenesteleverandørar til framtidige velferdsteknologileverandører med kompetanse på innovasjonsarbeid, forretningsutvikling og design. Bedriftene seier stort sett at NSCC er viktig for eiga verksemd. Ei bedrift fortel at dei er der mest for å gi regionen ei handsrekning. Fleire seier det er viktig å vere med fordi ein stor aktør, Lyse/Smartly, kan gi drøf hjelp med si satsing.

Kva om fordelane ikkje er der?

Ein interessant observasjon er at når vi spurde bedrifter om kvifor dei var med i nettverka, så kom nokre av dei også opp med motargument til medlemskap. For nettverksutviklinga sin del er det viktig å vere merksam på og ta fatt i slike motargument. Det er ikkje mykje hjelp i å ha ein møteplass om det ikkje fører til auka verdiskaping (kontraktar, samarbeid, innovasjon).

Bedriftene i GCE Blue opplever ifølgje intervjua at fleire nettverkstiltak (og offentlege tiltak) flyt over i kvarandre. Dette gjeld t.d. Maritim Forening for Søre Sunnmøre, Maritimt Forum Nordvest, Nordvest Forum (leiarutdanning), bransjeorganisasjonar og diverse tiltak frå styresmakter og verkemiddelapparatet. Bedriftene formidlar at dei er lite opptatt av formelle medlemskap og er lite «tru» mot einskildaktørar.

Ei av bedriftene i MF nemnde at nettverket var interessant å vere med i, men at det ikkje såg ut til å gi dei nye kundar. Denne bedrifta vurderte derfor å melde seg ut. Likevel kan det vere mekanismar som gjer at bedrifter blir verande i nettverket sjølv om dei ikkje har så mykje nytte av det. Ei bedrift i MCT såg det som ein del av samfunnsansvaret deira å vere med som ein ressurs for dei andre, sjølv om dei for eigen del såg medlemskapen som eit heft. Bedrifta sjølv var i tvil om dei gjorde det rette:

Vi har egentlig ikke så stort behov for MCT, for oss så er det heft. Det koster x-antall tusen som vi kunne ha brukt på andre ting. Jeg er med i styret, det er jo styremøter jevnt og trutt, så jeg har jo ikke så god tid, jeg må bruke tid på konferanser. Så vi må være mer kyniske på hva vi bruker tida vår på.

Generelt blir forskingsmiljø sagt å vere viktige: «Det er forferdeleg viktig at dei er med.» Men sjølv om dei er med i nettverket, er det ikkje sikkert at det blir oppnådd kontakt. Ei bedrift sa at miljøet rundt Campus i Sogndal var ukjent for dei. «Ikkje kjenner eg folk hjå dei, og ikkje har eg kontakt med dei.» Og ei anna bedrift ville gjerne ha betre kontakt med robotmiljøet på Campus. Dette viser at ikkje alle bedriftene er like frampå i nettverket, og at nettverksleiinga har ein jobb å gjere med å fange opp slike ønske frå dei som kanskje ikkje ropar høgast. Eit anna døme: I SEM er kommersialiseringfokus etterlyst. Det kan tyde på at dette er eit område som nettverket kan bli betre på, eller har brukt for lite ressursar på.

Sjølv om MF har fått ein god start, er det små signal som nettverksleiinga må ta på alvor. Trykket på samlingane må haldast oppe, leiinga må finne nye tema som appellerer til medlemane, slik at det ikkje berre blir meir av det same, då vil interessa dabbe av. Utan aktive medlemmar dør nettverket. Fleire av aktørane understrekar at det også er opp til bedriftene å vere aktive og ta i bruk nettverket. MF-leiinga anslår at 80 % av bedriftene for tida er aktive, medan 20 % sit og ventar på kva som skjer.

SKAPING OG DELING AV KUNNSKAP

Det er sterke fellestrek i korleis nettverka deler informasjon. Det dreier seg i stor grad om medlemsmøte, workshops og nyheitsbrev. Både i SEM og MF er dessutan speed-dating brukt med hell. Og i MCT og SEM ser aktørane på prosjektutvikling som sentralt når det gjeld skaping og deling av kunnskap. Her heng MF litt etter, noko av det kan skuldast at det er eit ungt nettverk, og det tek litt tid å kome i gang med dette. Klyngeleiaren i SEM:

I NCE-klyngen har de en FoU/I-avdeling med egne forskere, et simulatorcenter, en nasjonal inkubator og en kunnskapsoverføringsenhet der de samler mye av kunnskapen som er blitt oppnådd i de ulike grupper. Men de er for dårlige til å snakke med medlemmene i det daglige.

Om ser litt nærmare på svara til bedriftene i MF, viser det seg at det er litt ulike forhold som blir framheva når det gjeld kunnskap. Ei bedrift som er kjend for sine kreative løysingar, meinte at det var kunnskapar om behov i marknaden som var

det viktigaste. Men ei anna bedrift sa at dei treng tilgang på kompetanse som er nyttig direkte for dei, eventuelt opplysning om kvar denne kompetansen er å finne. I motsetning til den første bedrifta ønskte denne bedrifta konsulenthjelp innan kjerneområda. Til sist kan vi nemne at ei tredje bedrift ønskte meir fokus på kunnskapsdeling, og informasjon om kva dei enkelte bedriftene kunne utfylle kvarandre med. Når det gjeld det siste, har MF fått laga ein leverandørdatabase, som formidlar kompetansen i dei ulike medlemsbedriftene. Dessutan har ein fast del av dei halvårlege samlingane vore at medlemsbedriftene har fått presentere seg og sin kompetanse i plenum.

Informantar frå bedrifter i GCE Blue er klare på at det er i verdikjedenettverket kunnskap blir skapt og delt. Praksis møter fagkunnskapen når reiarar diskuterer skipsdesign og byggeprosjekt med leverandørane. I prosjektgjennomføring deler aktørane kunnskap og tar felles risiko for ny produktutvikling. I driftsfasen melder sjøfolk tilbake erfaringar. I perioden etter at NCE maritime blei etablert, har regionen utvikla meir FoU knytt til dei lokale lærestadene. NTNU i Ålesund har blitt eit tyngdepunkt for maritime ingeniørfag og produktutvikling. Fleire og fleire av bedriftene delta også i formalisert FoU-arbeid saman med andre bedrifter og eksterne fagmiljø.

Når det gjeld internasjonale impulsar, er det forbausande daft både i MCT og MF. Begge stader blir det gjerne påpeikt at kundane jo er internasjonale, elles er det lite som skjer av kunnskapsutveksling over landegrensene. I dag varierer eksportandelen til aktørane i maritim klyngje frå 40 til 80 % i GCE Blue. Det å få eksportkontraktar krev ny kunnskap og kommunikasjon på engelsk. Ettersal og serviceoppdrag fører til at tilsette på alle nivå får tilbakemelding frå utanlandske brukarar. Slike tilbakemeldingar har gjeve viktige impulsar både for vidare produktutvikling og produksjonsprosessar. Oppkjøp og konsolidering av eigarskap har etter kvart gitt nye forbindelsar med utanlandske aktørar, og mange av bedriftene har verksemd og tilsette i fleire land. Men tilknyting til utanlandske FoU-miljø og lærestader synest å vere lite bevisst utnytta. Ut frå nyare forsking på området kan dette manglende elementet hemme innovasjonsaktiviteten (Frøystad og Nesset, 2015).

I SEM derimot er internasjonale forskningsprosjekt sentrale. Døme på slike prosjekt er EMPOWER og Smart Rural Grid. Gjennom internasjonale prosjekt håpar deltakarane å hjelpe kvarandre, å rekruttere kompetanse og å utvikle marknaden. Klyngeliaren:

SmartCity er jo et internasjonalt fokus, og når man gjør noe innen det tema, blir det lagt merke til det, også internasjonalt. Det handler om å skape et mar-

ked og sette fokus på mulighetene og det man driver med. Det skjer egentlig mye, f.eks. i Danmark, som ikke blir sett av folk utenfra. Det krever at man jobber med internasjonalisering strategisk. Det må være en som stopper opp og spør hva den andre driver med, så skapes nettverk og kunnskap.

INNOVASJON OG ENTREPRENØRSKAP

Det er litt varierande syn på nettverket som arena for innovasjon. Særleg i MCT er det blanda tilbakemeldingar frå bedriftene. I MF er det ikkje så mykje å melde fordi nettverket er relativt ungt. Men la oss først sjå på dei positive døma. Fleire bedrifter i MCT har døme på utviklingsprosjekt der nettverket har spelt ei kritisk rolle. Ein bedriftsleiar seier:

Konkret i prosjektet har vi vært aktive og blitt kjent med nye mennesker og nye ideer. Vi har fortalt om våre ideer og våre utfordringer som de kanskje har tenkt litt på og tatt med seg videre i konstruksjon av andre typer skip.

Ei anna bedrift i MCT er svært nøgd med eit av prosjekta:

Vi kommer til å få vårt største resultat/inntjening som vi kan knytte til våre utviklingsprosjekt og MCT, batteriinstallasjon på skip. Det kommer til å gi oss en tosifret milliongevinst neste år, så det blir bra for oss. Bortsett fra det så har det ikke blitt realisert så mye. Forståelig, da det tar noen år.

I SEM er FoU-prosjekt rekna å vere kjerneverksemda til nettverket. Fleire bedrifter er etablerte som direkte resultat av gjennomførte FoU-prosjekt. Ei bedrift kom som eit resultat av prosjektet Styr Smart i SmartGrid, ei anna vart etablert på bakgrunn av mulegheiter som vart plukka opp via klyngedeltakinga.

Fleire informantar i MF har vanskeleg for å kome med konkrete døme på innovasjon som følgje av nettverket. Det er jo eit relativt ungt nettverk. Likevel blir potensialet for innovasjon understreka, og at det er viktig at bedrifter som finn på smarte ting, blir kopla saman. Høve til produktutvikling ved hjelp av dei mange flinke folka i nettverket er også nemnt. Men så er det å kome frå mulegheit til handling. Vi har funne eit par gode døme. Ein innovasjon som var ganske banebrytande, oppstod på følgjande måte: To bedrifter fann kvarandre gjennom nettverket og laga ein revolusjonerande «støvsugar» for tömming av mellomlagringstankar i oljeindustrien. «Kravet var 10 tonn på ein time. Det gjekk på 10 minuttar.» Vi fann også eit døme på entreprenørskap som direkte resultat av nettverket: Tre aktørar i nett-

verket har gått saman med to frå Sunnmøre og danna Sunnfjord Maritime Consortium, som skal satse på ophogging av oljeplattformar på Lutelandet i Ytre Sogn. Utanom desse var det ei bedrift som hadde innleia konkret samarbeid med andre bedrifter i nettverket: «Og no skal eg seie at vi har i alle fall utvikla eit par samarbeid via Maritim Forening ...» Til sist nemner vi ei bedrift som ville gjere prosjekt saman med to andre bedrifter, og som gjerne vil invitere fleire med:

Og vi prøver å bidra til at andre bedrifter som tradisjonelt berre har skula på kvarandre, kan faktisk seie at vi kan samarbeide om ein del prosjekt for at det skal gagne alle.

Trass i dette er det ikkje gitt at alle bedriftene har nytte av akkurat dette nettverket for å utvikle innovasjonar. Eit par av bedriftene i MCT nemnde at dei ikkje var avhengige av nettverket for å få fram innovasjonar. Ei bedrift:

Vi har ikke prosjekt for MCT fordi vi heller gjør det selv. Vi har ikke tid til å vente. En annen årsak er at vi har konkurrentene våre er i nettverket, selv om vi har et vennlig forhold, er de konkurrenter ... Vi deler ikke hva som helst.

Ei bedrift i MF vart involvert i eit prosjekt som det til slutt ikkje vart noko av. Grunnen var at det vart for lite både i innovasjonsgrad og omfang, slik at prisen ville bli uforholdsmessig høg. Det var snakk om ein spesialbygd truck:

... me fann ut dei treng ... rett og slett berre eit køyretøy som me må bygga om, ein truck som me må bygga om. Så det var ikkje så voldsomt marked for oss, for så vidt. Eg trur me hadde blitt for dyre for dei, ..., viss me skulle ha bygd eit spesialkøyretøy for dei Så då datt liksom den ned ... Men det var liksom den eine stor tingen som har vore der, då.

Nettverksaktørane i GCE Blue har ingen direkte innovasjonsrolle, men har ei viktig rolle som katalysator for innovasjonsarbeid ved å etablere arenaer og arrangere fagseminar osv. Viktige innovasjonar er skapt i samarbeid mellom reiarar, skipsdesignarar, verft og leverandørar. Slik er det skapt nye, innovative skip – både inkrementelt ved nye «one-of-a-kind-skip» og meir banebrytande innovasjonar (nye navigasjons- og manøvreringsløysingar, nye effektive skrogformer, gass-drive maskineri, ...). Undervegs har det skjedd ei rekke spin-offs ved at tilsette i bedrifter i nettverket har gått ut og starta bedrift basert på nye tenester eller produkt.

Ettersom NSCC er så ferskt nettverk, har aktørane mykje å snakke om, og mykje nytt å samhandle på. Mange oppstarta prosjekt vitnar om godt driv, men det er for tidleg til å seie noko om resultat.

LEGITIMITET

Stort sett har alle nettverka bygt seg opp ein god legitimitet. Men ei bedrift i MCT seier at «noen er mer glade i nettverket enn andre». I MCT kan dette ha samanheng med at nettverket er ein svært viktig møteplass for småbedriftene, men mindre viktig for dei store. Likevel er det verdt å merke seg at MCT har klart å rekruttere og halde på mange deltagarar:

Ja, de har legitimitet, og det er fordi de har fått mange deltagere, det er en stor andel deltagere har ikke tallene rent statistisk, men gjerne fordi det ikke har vært så mye slikt tidligere her i Sunnhordland.

Alle nettverka har ei leiing som står på, og som har vunne stor respekt blant deltagarane. Leiarane blir gjerne omtala som motiverte og engasjerte. Dette skapar høg intern legitimitet, men kan også gjere nettverka sårbar for utskifting av enkeltpersonar om ikkje ein får rekruttert nye eldsjeler.

NCE-statusen har mange fordelar, mellom anna legitimitet i samfunnet rundt nettverka. MCT fekk NCE-status i 2015. I Østfold er SEM ei av tre klynger i satsinga «klynger som omstillingsmotor». MF har ikkje NCE-status, men fem har bedriftene har fått danna ei underavdeling av GCE Subsea i Bergen. GCE står for «Global Centre of Expertise». Dette er ei fjør i hatten til desse bedriftene.

I Sogn og Fjordane nemner ei bedrift at når MF har lukkast som døropnar, viser det at dei har legitimitet hos dei store kundane (som t.d. Statoil). Så suksess som døropnar, som er nemnt i alle nettverka, er ein indikator på ekstern legitimitet.

Alle informantane i GCE Blue har gitt uttrykk for at nettverket har legitimitet og nytte. Det som før var uformelle nettverk med mykje taus kunnskap, er gjenom nettverkstiltak blitt systematisert og profesjonalisert. Dette har auka både innovasjonsevne, kompetansenivå og internasjonalisering. Næringsaktørane ser såleis stor nytte i nettverksaktørane sitt arbeid.

NSCC har eit godt omdøme i regionen og blant medlemmane. Nettverksleiaren er også i aukande grad involvert på nasjonale arenaer der velferdsteknologi vert drøfta, så det nasjonale omdømmet er truleg også stigande. Det første året har for NSCC gjeve ein god start, både omdømemessig og når det gjeld aktivitet.

RESSURSMOBILISERING

Spørsmålet om korleis ressursar blir mobiliserte gjennom nettverket, har ikkje berre vore enkelt å svare på for bedriftene. Det blir fort til at ein tenkjer pengar, og direkte pengestøtte er ikkje noko ein får gjennom nettverket. Men bedriftene har i det minste fått hjelp til å utarbeide søknader om slik støtte. Men ressursar i vid forstand omfattar både kunnskapar og nettverk. Og at slike ressursar blir mobilisert gjennom nettverka, er jo alt dokumentert i det føregåande.

I GCE Blue er inntrykket at det nok er impulsane og samarbeidet på tvers av bedriftsgrenser innanfor same verdikjede som gjev den viktigaste ressursmobiliseringa. Støtte i form av nettverkstiltak og finansiering av FoU blir ikkje sagt å vere avgjerande for utviklingstiltak. Veksten i maritime næringar, saman med betring av næringa sitt omdømme, har heilt opplagt hjelpt godt for utvikling av lokale lærestader og FoU-miljø. Utdanningskapasitet og forskingsaktivitet innanfor eigen region vert driven fram av utviklingsorienterte bedrifter.

I MCT er aktørane opptekne av at det å vere avhengig av enkeltpersonars entusiasme kan gå i ein periode, men at ein etter kvart må få institusjonalisert arbeidet noko meir. Når vi ser på SEM, blir følgjande ressursar framheva: Idégenerering, prosjekt, mobilisering gjennom å skrive klyngesøknader til Arena, NCE og GCE, og nærliek til verkemiddelapparatet i nettverket.

I MF fortel ei bedrift at dei viktigaste ressursane dei får gjennom nettverket, er kunnskap og informasjon, og hjelp frå andre aktørar til å løyse konkrete problem for kundane. Testen av «støvsugaren» nemnt ovanfor i avsnittet om innovasjon, vart finansiert av kunden. Det var mest tidseffektivt. «Ja, hvis vi snakker om nettverket og Maritim Forening, så ligger det jo ikke noen pengesekk der, ikke sant. ... Og så trenger vi hjelp, vi trenger kunnskap eller informasjon eller en annen form for hjelp fra andre aktører ...»

Når det gjeld pengestøtte, viser MF gjerne bedriftene vidare til Innovasjon Norge. Men ved etablering av Sunnfjord Maritime Consortium klarte MF gjennom Petro Flora å gi litt oppstartmidlar (i praksis midlar gitt av mulege kundar). Nettverket har elles hatt medlemspengar og INU-midlar (den interkommunale næringsretta utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i nokre kommunar) til drifta, og støtte frå Statoil og Sparebanken Vest. Vedrørande utdanningstiltak, som t.d. høgskuleutdanning innan subsea i Florø, har både MF og bedriftene vore aktive pådrivarar.

I NSCC er ein vesentleg del av ressursane i prosjekta basert på eigeninnsats og nettverkets deltaravgift. Eit arenaprosjekt får dessutan eit årleg beløp i grunnløyving på 1,5–3 millionar. Dei mange prosjekta har elles også utløyst midlar frå verkemiddelapparatet.

POSITIVE EKSTERNALITETAR

Positive eksternalitetar oppstår når aktivitetar i nettverket har positive verknader ut over nettverket sjølv. Veldig mange av kommentarane i alle nettverka dreier seg om slike «tilleggsverknader» og skaping av godt omdøme for heile regionen. Det å bidra til verdiskaping er ein viktig del av dette: «Ja, altså, det er jo verdiskaping det er snakk om da. Det er jo arbeidsplasser.» Andre bedrifter nemner også at omsetning og arbeidsplassar gir verknader ut over nettverket i seg sjølv, og er samfunnsnyttig. Dette vil, som MF-leiinga er inne på, føre til ein positiv sirkel med betre kapitaltilgang og befolkningsvekst.

Ei bedrift i MCT nemner at ei posisjonering innan miljøteknologi vil ha verknader i heile regionen. Og ei anna seiar at produkta deira skapar verknader internasjonalt, «produktene vil ha verden som marked». SEM håpar å vere ei kraft for utvikling av nye næringar basert på kunnskap og forsking. I dette ligg også nye måtar å jobbe på, inspirasjon for ungdommen til å strekke seg etter høgare mål, dreiring mot betre miljø og det å bli flink til å tenke nyt og smart.

Omdømebygging er i MCT kopla til miljø- og klimaaspektet. Ei bedrift sa følgjande: «En samfunnsnytte er at en setter regionen på kartet (omdømme), det en bidrar til verdiskaping generelt sett, men ikke minst i forhold til miljøet og klimaaspektet som er en annen del av dette». Dette er også ein viktig del av marknadsføringa av nettverket regionalt og nasjonalt. Når det gjeld betre miljø set MF for tida hydrogen høgt på agendaen, og SEM tenkjer også miljø i samband med framtidig næringsutvikling. Det å bygge omdøme er også godt for sjølvkjensla i nettverket, ved sida av at det endrar oppfatninga av nettverket i relevante omgivnader. Ei viktig oppgåve for MF-leiinga har vore «bevistgjering omkring kva som skjer i fylket, og kva aktørar som faktisk er her». Vi såg dessutan at det var bedrifter både i MCT og SEM som var med i nettverka for å bygge omdømet i regionen, sjølv om den konkrete nytten for desse bedriftene ikkje var så tydeleg. Nokre var også med for å vise samfunnsansvar, som vi tidlegare har vore inne på. Dette samfunnsansvaret var i stor grad internt retta, t.d. at store bedrifter var med for å hjelpe dei mindre, men også utad, då meir som å skape arbeidsplassar og bidra til verdiskaping.

MF og GCE Blue skapar nytte for ikkje-medlemmer med dei årlege GAP- og statusanalysane som nasjonale kunnskapsmiljø og rapportar tek med data frå og som fremjar informasjon om kor viktig næringa er. I tillegg har MF-leiinga vore aktive i prosjekt for å etablere og utvikle høgskulestudium for subsea/havrom i Florø. Dei maritime bedriftene i GCE Blue har i aukende grad sett nytten (og behovet) for å gjere seg synlig og attraktiv for rekruttering. Dette kjem til syne i form av sponsorstøtte til lokale lag og foreninger og ikkje minst deltaking ved

finansiering av både kulturtiltak/bygg og samferdsleløysingar. Eit døme er at denne industrien har gjeve grunnlag for etablering av ein spise- og overnattingstad som på dette grunnlaget har gjort det muleg å utvikle reiselivsbedrifter parallelt.

Samfunnsnytten av NSCC vil vere vesentleg om prosjekta vert så vellukka at dei påverkar helsesektoren og kommunetenester positivt. Særleg i MF blir samferdsle, betre kommunikasjonar, nemnt som ein føresetnad for å gjere avstandane i Sogn og Fjordane mindre, både fysisk (t.d. gjennom ein ny kyststamveg) og ikkje minst mentalt. «Men det er ein lang veg å gå.» Betre kommunikasjonar er eit godt døme på positive eksternalitetar, sidan desse kan nyttast av alle når dei først er på plass.

DRØFTING AV RESULTAT

I innleiinga presenterte vi følgjande problemstilling: «Kva betydning har immaterielle verdiar i bedrifters nettverkssamarbeid?»

Funna våre indikerer at immaterielle verdiar har stort gjennomslag når det gjeld fordelar ved å samarbeide i bedriftsnettverk. Institusjonelle forhold (Scott, 2001) i form av legitimitsbygging, eller meir konkret omdømebygging, står svært sentralt. Det betyr mykje å bygge omdømet til regionen gjennom nettverket, og det gir bedriftene status å vere med i nettverket. Nokre er med fordi dei kan gå glipp av noko viktig, og fordi ein eller fleire store aktørar eller potensielle kundar er med. I dette arbeidet er nettverksleiinga ein kritisk faktor, både innad ved å ha tillit blant medlemmane, og utad ved å ha legitimitet i relevante omgivnader.

Dei viktigaste ressursane som blir mobiliserte gjennom nettverka er ikkje så mykje økonomisk kapital, men meir tilgang til nye relasjonar og ny kunnskap. Det å bygge sosial kapital (Bourdieu, 2001), eller å bygge nye relasjonar, er eit viktig incentiv for medlemskap i bedriftsnettverk. Mange bedrifter på tvers av dei fem nettverka framhevar nettverkets funksjon som møteplass. Gjennom tiltak som speed-dating og korte presentasjonar av bedriftene blir nye koplingar skapt. Bedrifter som knapt har visst om kvarandre finn saman og dannar partnarskap eller finn nye kundar og leverandørar. Dette siste er eit døme på at ein immateriell verdi (sosial kapital) kan «vekslast» til materielle verdiar (konkrete leveransar). Ei annan viktig meklarøppgåve som nettverka utøver, er døropnarfunksjonen. Særleg småbedriftene har sett pris på å få hjelp til å kontakte store potensielle kundar og verkemiddelapparatet.

Også oppbygging av kulturell kapital (Bourdieu, 2001), eller humankapital, står sentralt når det gjeld fordelane i nettverka. Vi har skildra mange døme på korleis kunnskapar blir skapt og delt i nettverka. Men bedriftene signaliserer ulike behov

på dette området. Kunnskapsdeling gjennom prosjektutvikling har så langt vore viktigare i MCT, SEM, NSCC enn i MF og GCE Blue. Ser vi på internasjonale impulsar, var dette sentralt i SEM, men forbausande lite framme hos bedriftene i MCT og MF. Så vi ser eit potensial for meir sams prosjektutvikling i MF, og innhenting av internasjonale impulsar i større grad i MCT, GCE Blue og MF. NSCC hentar nasjonale impulsar, men er det godt nok?

Ser vi positive eksternalitetar, eller det å skape nytte ut over det aktuelle nettverket, fann vi fleire punkt som i stor grad byggjer opp om omdøme og legitimitet, som å skape nye og miljøvenlege arbeidsplassar og betre kommunikasjonar. Vi sit med ei kjensle av at miljøtankegangen er litt meir framme i MCT og SEM enn i MF, men dette kan endre seg med nedgangen innan og olje og gass og meir innretting mot andre område, som havrom og hydrogen som energikjelde.


Dei immaterielle verdiane av å samarbeide i nettverk kan då oppsummerast i to hovudpunkt:

1. Legitimitet: omdømebygging internt og eksternt, positive eksternalitetar
(Aldrich & Ruef, 2006)
2. Ressursmobilisering: bygging av sosial og kulturell kapital (Bourdieu, 2001)

Den immaterielle kapitalen, i form legitimitet og ressursar, er ein viktig føresetnad for å ha kapasitet til gjere strategiske endringar (Healey et al., 1999). Men, som vi alt har vore inne på, dei immaterielle verdiane må på eit eller anna tidspunkt kunne «vekslast inn» i materielle verdiar. Det må kome innovasjonar og entreprenørskap i nettverket, for å auke den verdiskapinga, og såleis oppretthalde nettverket over tid. Dette er illustrert i figur 19.1.

Figur 19.1 viser kjernen i det denne artikkelen handlar om. Vi tenkjer oss at deltaking i bedriftsnettverk fører til mobilisering av immateriell kapital i form av relasjonar, kunnskapar og omdøme. Dette blir i sin tur sentrale ingrediensar i grunnlaget for innovasjon og verdiskaping, noko som gjer at bedriftene får stadfestat at dei har noko igjen for å vere med i nettverket, og derfor vil dei bli verande i nettverket, og sirkelen er slutta.

Innovasjon og økonomisk verdiskaping er avgjerande for at bedrifter skal overleve. Det betyr ikkje at vi hevdar at dette er dei einaste grunnane til at innovasjon finn stad. Men vi ser oppbygging av immateriell kapital som den viktigaste grunnen til at bedrifter kan ha fordel av å delta i nettverk. Ranga & Etzkowitz (2013) skriv at hovudfunksjonane i trippel-heliks-samarbeid er skaping, spreieing og bruk av kunnskap og innovasjon. Ut frå våre funn vil vi utvide dette til å bli oppbygging av relevant immateriell kapital for å legge betre til rette for innovasjon og verdiskaping.



Figur 19.1: Betydninga av immateriell kapital i bedriftsnettverk.

Figur 19.1 må forståast som ei idealisert framstilling. Det er ingen garantiar for at nettverk funksjonerer etter intensjonen. Henderson (1998) har kalla det for ein «serendipitet» om så skjer, altså ein kombinasjon av lukketreff og skarpsinn. Men vi har i vår framstilling framfor vist døme på at det i nettverka verkeleg har funne stad både innovasjonar og nyetableringar som direkte følgje av nettverkssamarbeidet. I MCT er det spennande prosjekt på gang med miljøvenleg teknologi, og i SEM og NSCC er FoU ein del av kjerneverksemada, også her med løysingar innan miljø og smart teknologi. Men for MCT og GCE Blue ser det ut til at det særleg er småbedriftene som ser nytte av nettverket, derfor er det viktig for nettverksleiinga å styrke nytten for dei store bedriftene. I MF har det i stor grad vore mykje fokus på olje og gass, og dermed Flora-miljøet. Her er det signal frå bedrifter utanfor dette miljøet at det trengst omstilling mot andre marknader. Nettverksleiinga ser ut til å ha teke signala, ved at det no blir arrangert medlemsmøte med havrom og hydrogen som tema. Medlemmer i GCE Blue peikar og på verdien i tider med omstellingsbehov for å utvikle relasjonar til andre nettverk, som t.d. fiskeri og havbruk, havromsteknologi og utnytting av havbotnen. For å oppretthalde den interne legitimiteten er det avgjerande at leiinga fangar opp slike signal og gjer noko med det. Andre signal i MF har vore etterlysing av betre kontakt mot FoU-miljø (som Campus-miljøet i Sogndal). Og i SEM etterlyser bedriftene hjelp til kommersialisering. Det er altså ulike behov i dei ulike bedriftene, og konfliktar kan oppstå når

det er ulike interesser ute og går. Dette er ein av utfordringane som er nemnt av våre informantar. Nettverksleiing er altså ei krevjande øving som inneber både å fange opp signal internt og eksternt, og å balansere dei ulike interessene.

Så langt ser det altså ut til at nettverka har klart å engasjere medlemmane, og dermed framstår som ei samlande kraft. Medlemsmassen i nettverka både i MF, GCE Blue og MCT er brei. I Østfold ser dei NCE som viktig m.o.t. tilretteleggingsfunksjon, infrastruktur for innovasjon og nettverksarena. Det er likevel viktige utfordringar. Dei maritime nettverka på Vestlandet må tenke på omstilling og fornying, og SEM har store ambisjonar på område der utviklinga går raskt og konkurransen kan bli hard. Ut frå våre data ligg løysinga i å utvikle dei immaterielle verdiane i bedriftsnettverka på ein slik måte at dei kontinuerleg kan vekslast inn i materielle verdiar. Så enkelt og så vanskeleg.

KONKLUSJON

Problemstillinga vi har sett nærmare på, er: «Kva betydning har immaterielle verdiar i bedrifters nettverkssamarbeid?» Dette er undersøkt ved å samanlikne fem bedriftsnettverk på sentrale element i velfungerande nettverk som definert av Bergek et al. (2008) og framheva som god praksis av Heydebreck (2014). Gjennomgangen vår viser at alle dei seks funksjonane er relevante når det gjeld å skape immaterielle verdiar for bedriftene. Dei viktigaste immaterielle verdiane av å samarbeide i nettverk har vi oppsummert i dei to hovudpunktene legitimitet (omdømmebygging internt og eksternt, positive eksternalitetar) og ressursmobilisering (bygging av sosial og kulturell kapital). Implikasjonane frå våre funn er kort formulert at nettverka, for å engasjere medlemmane over tid, må vere ei samlande kraft for at dei immaterielle verdiane på eit eller anna tidspunkt kan «vekslast inn» i materielle verdiar. Det betyr at det må kome innovasjonar og entreprenørskap i nettverket for å auke den økonomiske verdiskapinga. Vi har i vår framstilling vist døme på at det i nettverka verkeleg har funne stad både innovasjonar og nyetableringar som direkte følgje av nettverkssamarbeidet.

TAKK

Data er samla inn i samband med forskingsprosjektet RECIN («REgional Challenges and possibilities – Innovation and value creation in business Networks»). RECIN er finansiert av Norges Forskningsråd, programmet Virkemidler for regional FoU og innovasjon (VRI) med regional medfinansiering frå Møre og Roms-

dal, Sogn og Fjordane, Rogaland og Østfold fylkeskommunar samt eigeninnsats frå forskingspartnerane. Stor takk til desse.

MERKNADER

Forfattarane har ingen interessekonfliktar.

LITTERATUR

- Adizes, I. (1988). *Organisasjoners livssyklus*. Oslo: Dagens Næringsliv Forlag.
- Aldrich, H.E. & Ruef, M. (2006). *Organizations Evolving*. London: SAGE Publications Ltd.
- Asheim, B.T. & Isaksen, A. (1997). Location, Agglomeration and Innovation: Towards Regional Innovation Systems in Norway? *European Planning Studies*, 5(3), 299–330.
- Bergek, A., Jacobsson, S., Carlsson, B., Lindmark, S., & Rickne, A. (2008). Analyzing the functional dynamics of technological innovation systems: A scheme of analysis. *Research Policy*, 37(3), 407–429.
- Borell, K. & Johansson, R. (1996). *Samhället som nätverk. Om näverksanalys och samhällsteori*. Lund: Studentlitteratur.
- Bourdieu, P. (2001). The forms of capital. I M. Granovetter & R. Swedberg (red.), *The sociology of economic life* (s. 96–111). Second Edition, Boulder, CO: Westview Press.
- Castells, M. (2000). *The Rise of the Network Society*. Oxford UK: Blackwell Publishers.
- Cooke, P. (1998). Introduction. Origins of the concept. I H.-J. Braczyk (red.), *Regional Innovation Systems* (s. 2–25). London: UCL Press.
- Etzkowitz, H. (2008). *The Triple Helix: University-Industry-Government / Innovation in Action*. New York, London: Routledge.
- Freeman, C. (1987). *Technology and Economic Performance: Lessons from Japan*. London: Pinter.
- Fløysand, A. & Jakobsen, S.-E. (2013). Innovasjoner og steders sosiale, kulturelle og materielle inventar. I B. Abelsen, A. Isaksen & S.-E. Jakobsen (red.), *Innovasjon – organisasjon, region, politikk* (s. 199–221). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Frøystad, M.K. & Nesset, E. (2015). Geographical sources of innovation for upstream companies in a regional maritime cluster. I Ø. Strand, E. Nesset & H. Yndestad (red.), *Fragmentering eller mobilisering? Regional utvikling i Nordvest. Fjordantologien 2014* (s. 115–138). Oslo: Forlag1.
- Greve, A. (1995). *Organisasjonsteori – nyere perspektiver*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Healey, P., Magalhaes, C. de & Madanipour, A. (1999). Institutional capacity-building, Urban Planning and urban regeneration projects. *FUTURA (Journal of the Finnish Society for Futures Studies)*, 3, 117–137.
- Henderson, D. (1998). Building Interactive Learning Networks: Lessons from the Welsh Medical Technology Forum. *Policy Review Section, Regional Studies*, 32, 8, 783–787.

- Heydebreck, P., Gabrielsson, N. & Dahlöf, C.A. (2014). *INTERREG IVC analysis report: innovation systems*. European Union: European Regional Development Fund. Henta frå http://www.interreg4c.eu/fileadmin/User_Upload/PDFs/CAPITALISATION/Report/Innovation_systems.pdf (lasta 17.03.2016).
- Jakobsen, E.W., Idsø, J. & Skogseid, I. (2012). *Strategier for utvikling av Et kunnskapsbasert Sogn og Fjordane – Sluttrapport – Versjon 2*. Sogndal: VF rapport 5/2012.
- Lai Y., Hsu M., Lin F., Chen Y., Lin Y. (2014). The effects of industry cluster knowledge management on innovation performance. *Journal of Business Research*, 67(5), 734–739.
- Li, H., de Zubielqui, G.C., & O'Connor, A. (2015). Entrepreneurial networking capacity of cluster firms: A social network perspective on how shared resources enhance firm performance. *Small Business Economics*, 45(3), 523–541.
- Lechner, C. & Leyronas, C. (2012). The competitive advantage of cluster firms: the priority of regional network position over extra-regional networks – a study of a French high-tech cluster. *Entrepreneurship & Regional Development*, 24 (5–6), 457–473.
- Leydesdorff, L. & Etzkowitz, H. (2001). The Transformation of University-Industry-Government Relations. *Electronic Journal of Sociology*, 5(4).
- Lundvall, B.-Å. (red.) (1992). *National Systems of Innovation: Towards a Theory of Innovation and Interactive Learning*. London: Pinter.
- Lundvall, B.-Å. (2007). National Innovation Systems—Analytical Concept and Development Tool. *Industry and Innovation*, 14(1), 95–119, DOI: 10.1080/13662710601130863.
- Maritim Forening Sogn og Fjordane & PwC (2016). *Verdiskapingsanalysen 2016 – petroleumsrelatert leverandørindustri i Sogn og Fjordane*. Henta frå <https://s3-eu-west-1.amazonaws.com/maritimsfj-files/Verdiskapingsanalysen+2016.pdf> (lasta 2.9. 2016).
- Miles, M.B. & Huberman, A.M. (1994). *Qualitative Data Analysis: A Sourcebook of New Methods* (2nd edn). Newbury Park, CA: SAGE.
- Nesse, J.G., Skogseid, I., Skarbø, K. & Larsen, Ø.H. (2014). *Innovasjon i Sogn og Fjordane – vilkår og barrierar – Dokumentasjonsrapport*. Sogndal: Vestlandsforskning. VF-rapport 3/2014.
- Oterhals, O., Guvåg, B., Marte F. Giskeødegård, M.F. & Srai, J. (2016). *RECIN – Maritime Network Møre and Romsdal*. Molde: Møreforskning Molde 1601.
- Porter, M.E. (2000). Location, Competition, and Economic Development: Local Clusters in a Global Economy. *Economic Development Quarterly*, 14(1), 15–34.
- Putnam, R.D. (1993). *Making Democracy Work: Civil traditions in modern Italy*. New Jersey: University of Princeton Press.
- Ranga, M. & Etzkowitz, H. (2013). Triple Helix Systems: An Analytical Framework for Innovation Policy and Practice in the Knowledge Society. *Industry and Higher Education*, 27 (4), 237–262.
- Reve, T. (2007). 15 år med klyngestudier – hva har vi lært? I O.R. Spilling (red.), *Kunnskap, næringsutvikling og innovasjonspolitikk* (s. 43–68). Bergen: Fagbokforlaget.
- Schumpeter, J.A. (1983). *The Theory of Economic Development*. New Brunswick: Transaction Publishers.
- Scott, W.R. (2001). *Institutions and Organizations*. Thousand Oaks, CA.: Sage Publications.

- Smith, K. (1997). Economic Infrastructures and Innovation Systems. I C. Edquist (red.), *Systems of Innovations. Technologies, Institutions and Organisations* (s. 86–106). London: Pinter.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune (2014). Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014–2025. Henta frå <http://verdiskapingsplanen.no/wp-content/uploads/2015/07/Ferdig-verdiskapingsplan.pdf> (lasta 30.09.2016)
- Spilling, O.R. & Rosenberg, O.A. (2007). Det norske innovasjonssystemet – institusjonell struktur og innovasjonsaktivitet. I O.R. Spilling (red.), *Kunnskap, næringsutvikling og innovasjonspolitikk* (s. 69–96). Bergen: Fagbokforlaget.
- Storper, M. (1997). *The regional world: Territorial development in a global economy*. New York US: The Guilford Press.
- Strand, Ø. (2016). Trippel heliks, frå metaphor til matematisk modell. I M. Kvangersnes, J.I. Håvold & Ø. Helgesen (red.), *Innovasjon og entreprenørskap – Fjordantologien 2015* (s. 54–81). Oslo: Universitetsforlaget.
- Tallman, S., Jenkins, M., Henry, N. & Pinch, S. (2004). Knowledge, clusters, and competitive advantage. *Academy of Management Review*, 29 (2), 258–271.
- Tödtling, F. & Tripli, M. (2005). One size fits all? Towards a differentiated regional innovation policy approach. *Research Policy*, 34(8), 1203–1219.
- Törnqvist, G. (1997). *Människa, teknik och territorium*. Stockholm: NordREFO.
- Yin, R.K. (2009). *Case Study Research. Design and Methods*. LA: Sage.

Kapittel 20

Eldsjeler i framtidsfylket

Kven er dei og korleis få fleire av dei til Sogn og Fjordane?

TORBJØRN ÅRETHUN, JON GUNNAR NESSE OG OVE OKLEVIK

SAMANDRAG Datamaterialet er henta frå ei undersøking av 524 personar registrert på ei nettside administrert av organisasjonen Framtidsfylket i Sogn og Fjordane. Analysane viste at personar med høg eldsjelfaktor har større entreprenørlyst enn andre, og at menn har høgare eldsjelfaktor enn kvinner. Personar oppvaksne og busette i Sogn og Fjordane har monaleg lægre eldsjelfaktor enn andre. Respondentar med høg eldsjelfaktor legg betydeleg vekt på arbeid- og karriererelaterte attraksjonsfaktorar som gode karrieremulegheiter både for seg sjølv og for ektefelle/partnar, eit variert næringsliv og gode kommunikasjonar når dei skal velje framtidig bustad og arbeidsplass.

NØKKELORD eldsjeler, eldsjelfaktor, proaktiv personlegdom, attraksjonsfaktorar, karriereanker.

ABSTRACT A QuestBack survey was conducted among 524 individuals registered on a web-site run by Framtidsfylket. Our analysis showed that entrepreneurial intentions and proactive personality (PAP) were positively correlated and that men outperformed women regarding PAP and that PAP increases with increasing age. People born, raised and, for the moment, living in Sogn og Fjordane have significantly lower PAP than other respondents. The analysis showed that individual with a proactive personality put considerable emphasis on career and business opportunities, both for themselves and for spouse/partner, when choosing future place of residing.

INTRODUKSJON: ELDSJELFAKTOREN SOM LOKALRESSURS

«Eldsjel» er eit nordisk omgrep som ikkje har nokon direkte internasjonal ekvivalent. I Norden har vi ord som eldsjål, ildsjål og ildsjel i tillegg til det nynorske «eldsjel». Språkeksperten Olaf Husby seier at ei eldsjel er ein entusiast, altså «en som Gud har tatt bolig i» og som «er i guddommelig ekstase» (Husby, 2013). Dette kan vere ei god skildring av ei eldsjel, sjølv om omgrepet har tyding langt ut over det religiøse. Innan idrettsrørsla og frivillig arbeid hører vi ofte om eldsjeler som står på for å hjelpe andre utan tanke på eiga vinning.

Men bruken av ordet eldsjel stoppar heller ikkje der. Om vi spør lokalbefolkinga om etablering og drift av festivalar, opplevelingstilbod og bedrifter rundt omkring i distrikta, blir gjerne ordet eldsjel brukt for å skildre dei som har vore sentrale personar bak tiltaka. Arbo & Bukve (1990) fann t.d. at suksess i samband med eit stadutviklingsprosjekt i Melbu i Vesterålen og eit reiselivsprosjekt i Jostedalen i Sogn for ein stor grad kunne forklarast med eldsjeler som fungerte som lokalsamfunnsentreprenørar. Eldsjelene var ressursrike og aktive personar som klarte å mobilisere fleire ressursar, både lokalt og utanfrå. Rønning (2010) skildrar to døme på samfunnsentreprenørskap, høvesvis «The Groove Valley Jazzcamp» i Beiarn i Nordland og «Grimsbu Gard og Grendeutvikling» i Folldal i Hedmark. Fleire døme kunne vere oppbygginga av Campus Fosshaugane og festivalen Brattmoro i Sogndal.

Den sjølvoppofrande entusiasten har altså i mange tilfelle vist seg å vere ein viktig ressurs i den regionale utviklinga. Eldsjelene har noko ekstra, ei immateriell kraft, som gjer at dei satsar på å få humla til å fly, altså å gjere «det umulege» muleg. Denne framoverlena personlegdomen kan gje seg utslag i eit stort sosialt, kulturelt eller miljørelatert engasjement utan å vera forankra i eit privatøkonomisk motiv eller i eit ynskje om å gjere karriere eller å etablere tradisjonelle bedrifter. Det treng difor ikkje vera nokon ein-til-ein-samanheng mellom høg eldsjelfaktor på den eine sida og store karriereplanar og høg entreprenørskapslyst på den andre sida.

Så, korleis kan vi nærme oss eldsjelfaktoren på ein vitskapleg måte? Dette er ikkje nødvendigvis så enkelt. I ein studie av suksessrike distriktskommunar fann Kobro et al. (2012, s. 17) at det i alle kommunane vart snakka om betydninga av eldsjeler, utan at det var så lett å dokumentere det:

Ildsjeler er et begrep uten en klar bruksdefinisjon, men som brukes i stor utstrekning i alle de femten kommunene som vi besøkte. Vi kjenner ikke til særskilte vitenskapelige studier av «ildsjelfenomenet». På grunn av sitt upresise begrepsmessige innhold er derfor ildsjelfaktoren vanskelig å underlegge systematiske studier, det har vi da heller ikke hatt rammer eller ambisjoner om

å få til i denne analysen. Fenomenet er likevel ikke vanskelig å få øye på. Det kommenteres faktisk gjennomgående, om enn i litt varierende grad, i alle de femten involverte kommunene – og mere til.

Så her har vi noko interessant: Eit betydningsfullt fenomen, eldsjelfaktoren, som er av immateriell karakter og derfor vanskeleg å definere og måle. Fenomenet har nok likevel vore forska på, då gjerne under nemninga «samfunnsentreprenøren» (Alsos, 2010; Rønning, 2010; Rønning et al., 2010). Internasjonalt finn vi forsking på «idea champions» (Mullins et al., 2008), som kan vere eit liknande fenomen.

Det er likevel behov for meir forsking på området og i motsetnad til m.a. Kobro et al. (2012) meiner vi det er mogleg å gjera ei skarpare avgrensing av omgrepet eldsjelfaktor i ein norsk kontekst. Vårt bidrag i denne artikkelen er å vise at fenomenet eldsjelfaktor både kan definerast og målast, og at det kan knytast både demografiske og haldningsmessige variablar til fenomenet. Dette er muleg ved å kople eldsjelomgrepet til den internasjonale forskinga på det som har vorte kalla den proaktive personlegdommen (Bateman & Crant, 1993).

Ved å kjenne eldsjelene betre skulle det også bli enklare for lokale og regionale politikarar å setje i verk tiltak for å utnytte den ressursen eldsjelene står for både når det gjeld arbeidsplassutvikling og plassattraktivitet, noko som er etterlyst av Kobro et al. (2012). Vi viser i den samanheng også til Vestby et al. (2014), som meiner at «ildsjeler kan og bør defineres og verdsettes som utviklingsaktører i langt sterkere grad enn hva som er tilfellet mange steder».

På bakgrunn av det føregåande stiller vi desse forskingsspørsmåla:

1. Finst eldsjelene, og kan vi finne dei?
2. Gitt svar ja på spørsmål 1, kven er eldsjelene?
3. Gitt svar ja på spørsmål 1, legg eldsjeler vekt på andre faktorar enn ikkje-eldsjeler når det gjeld viktige karriereval og val av bustadkommune?

Den vidare gangen i paperet blir som følger: Først gjer vi greie for relevant teori, så forklarer vi korleis vi har samla inn og analysert data i eit metodeavsnitt. Deretter presenterer og drøftar vi resultata, og til slutt dreg vi opp ein konklusjon.

TEORI

Vi ønskjer å knyte det psykologiske omgrepet proaktiv personlegdom (PAP) til eldsjelomgrepet. Fordelen med dette er at vi brukar eit internasjonalt anerkjent vit-skapleg omgrep som gjer det muleg å måle eldsjelfaktoren med eit verktøy som er

brukt tidlegare og difor validert. Vi kjenner ikkje til at nokon andre forskarar har gjort noko liknande i Noreg. PAP vart introdusert av Bateman & Crant (1993), som definerte omgrepet som ein relativt stabil tendens til å ville skape endringar i omgivnadene. Proaktive personar trur ikkje på skjebnen eller andre utanforståande krefter, dei trur fullt og fast at dei kan skape si eiga framtid (Covey, 2004). Skilnaden på å vere reaktiv og proaktiv er at dei første sit og ventar på at noko skal skje, og så reagerer, medan dei sistnemnde prøver å kontrollere ein situasjon ved aktiv handling før andre (Hornby, 2000).

Bateman & Crant (1993) brukte eit spørjeskjema med 17 spørsmål for å kartlegge PAP, men i spørjeundersøkingar er det upraktisk med så mange spørsmål for å kartlegge eit fenomen. Kickul & Gundry (2002) fann difor at fem av spørsmåla var nok for å kartlegge PAP. Dette er dei same spørsmåla som vi har brukt i denne undersøkinga, og som er gjengitt i tabell 20.1. Desse spørsmåla representerer kjernen i PAP, og dei samsvarar også godt med det Vestby et al. (2014) fann var sentrale karakteristika ved eldsjeler. Ut frå ein viss skår i testen vil ein kunne definere personar med proaktiv personlegdom. PAP er ein åferdsvariabel, men kan forståast som eit produkt av djupareliggende personlegdomstrekk.

Ideen om at det finst proaktiv åtferd, dreg vekslar på interaksjonistisk teori, som seier at aktørar får i stand endringar gjennom å gå i interaksjon med omgivnadene (Bateman & Crant, 1993). Interaksjonistisk teori brukt på PAP byggjer på tre føresetnader: at åtferd har både indre (individuelle) og ytre (miljømessige) årsaker, at ein situasjon er like mykje ein funksjon av enkeltaktørar som av miljøet, og at menneske ikkje berre er passive mottakarar av press frå omgivnadene, men også kan påverke desse, t.o.m. skape eller konstruere sine omgivnader.

Proaktiv åtferd initierer endringar og påverkar omgivnadene direkte gjennom fire prosessar (Bateman & Crant, 1993):

1. Seleksjon av kva situasjonar ein vil delta i
2. Kognitiv restrukturering: Prosessar der folk oppfattar, konstruerer og evaluerer omgivnadene
3. Evokasjon: Ubevisst framkalling av reaksjonar frå andre
4. Provokasjon/manipulasjon: Bevisste forsøk på å skape, forstyrre, endre eller utnytte omgivnadene

PAP har vorte relatert til ei rad positive eigenskapar når det gjeld arbeidslivet generelt og utviklingsarbeid spesielt. Fleire forskarar har funne at personar med proaktiv personlegdom i større grad enn andre engasjerer seg i entreprenøruelle aktivitetar, altså det å starte og drive eiga bedrift (Becherer & Maurer, 1999; Crant, 1996; Frank et al., 2007; Luthje & Franke, 2003).

TABELL 20.1: FAKTORLADNINGANE OG CRONBACHS ALFA KNYTT TIL DEI FEM INDIKATORANE FOR ELDSJEL

Indikator	Måleskala	Variabelverdiar	Cronbachs alfa dersom indikatoren vart fjerna	Faktorladning
Eg likar å møte og overvinne hindringar for ideane mine	5-punkts skala	1 = heilt einig 5 = heilt ueinig	0,798	0,732
Ingenting er meir spennande enn å sjå idear bli verkelege	5-punkts skala	1 = heilt einig 5 = heilt ueinig	0,815	0,675
Eg har eit spesielt talent når det gjeld å finne mulegheiter	5-punkts skala	1 = heilt einig 5 = heilt ueinig	0,763	0,833
Eg elskar å utfordre etablerte løysingar	5-punkts skala	1 = heilt einig 5 = heilt ueinig	0,774	0,805
Eg kan sjå gode mulegheiter lenge før andre	5-punkts skala	1 = heilt einig 5 = heilt ueinig	0,787	0,775

Becherer & Maurer (1999) fann signifikante samanhengar mellom proaktiv personlegdom hos småbedriftsleiarar og ulike mål på entreprenørskap. Dei proaktive leiarane var i større grad enn dei andre leiarane prega av:

- ▶ Aktiv søking etter mulegheiter, modig og aggressiv tilnærming til marknaden
- ▶ Oppnådd salsvekst (men ikkje resultatvekst)
- ▶ At dei hadde starta nye verksemder

Crant (1996) fann at PAP hadde sterk samvariasjon med entreprenørlyst blant skulelevar. PAP hadde større betydning for entreprenørlysta enn andre forklaringsfaktorar, som kjønn, utdanning og entreprenørielle foreldre. I ei metastudie av Frank et al. (2007) kom det fram at opptil 20 % av variasjonen i entreprenørlysta kunne forklaast med personlegdomstrekk. Luthje & Franke (2003) gjorde ei undersøking blant ingeniorstudentar og fann at studentane sin personlegdom påverka entreprenørlysta indirekte via entreprenørielle haldningar som mellomliggende variabel.

Det er også gjort studiar som koplar PAP til innovative aktivitetar. Kickul & Gundry (2002) gjorde ei undersøking blant småbedriftseigarar og fann at PAP

påverka graden av innovative aktivitetar indirekte via ei utforskande, strategisk orientering som mellomliggende variabel.

Vidare finn vi mange undersøkingar som knyter PAP opp mot ulike former for suksess i arbeidslivet. Seibert et al. (1999) fann ein positiv samanheng mellom PAP og sjølvrapportert suksess på jobben. Thompson (2005) undersøkte effekten av PAP på jobbprestasjonar og fann at det var ein positiv samanheng via to mellomliggende variablar (nettverksbygging og initiativtaking). Også Kim et al. (2009) fann ein positiv samanheng mellom PAP og det å vere tilfreds med karrieren, her var kreativitet mellomliggende variabel. I ei metastudie gjekk Fuller & Marler (2009) gjennom 107 studiar som omhandla PAP. Resultata deira viser at PAP har ein positiv innverknad på suksess i arbeidslivet. Dessutan viser PAP positiv samanheng med gode eigenskapar hos arbeidstakarar som læringsevne, målorientering og meistringstru.

Også i Kina er det gjort interessant forsking på PAP. Gan & Cheung (2010) fann at proaktive personar som også var harmoniske, viste stort engasjement i jobben og skapte gode mellommenneskelege relasjonar. Yang et al. (2011) gjorde ei studie blant arbeidarar ved ei bedrift i Shenzhen og fann at PAP hadde positiv innverknad på det å vise omsorg på jobben og ønske om å bli verande i bedrifta.

Den proaktive personlegdommen ser altså ut til å samvariere med entreprenørlyst, innovative aktivitetar og suksess i arbeidslivet. Dette er naturleg nok eigeneskaper som vil vere særskilt høgt verdsette i rekruttering til jobbar i rurale område. For alle som arbeider med slik rekruttering, vil det vere av interesse å få ei oversikt over kor mange proaktive personar eller eldsjeler som finst, og kva som kjennefeiknar dei bortsett frå høg PAP.

METODE

Datainnsamlinga var ein del av eit større prosjekt i Sogn og Fjordane (Nesse et al., 2014), og vart gjort i samarbeid med Framtidsfylket. Framtidsfylket er ein organisasjon som arbeider med å rekruttere arbeidskraft til Sogn og Fjordane (Framtidsfylket, 2016).

Framtidsfylket har laga ein nettportal som skal fungere som eit virtuelt kontaktpunkt mellom arbeidsgivarar i Sogn og Fjordane og jobbsøkarar. Dei har ein database med omlag 3000 personar som har registrert seg på denne nettsida. I samarbeid med Framtidsfylket gjorde vi våren 2012 ei Questback-undersøking blant dei som var registrerte på denne sida. Dette resulterte i 524 svar, dvs. ein svarprosent på 17. Det er velkjent med låge svarprosentar i Questback-undersøkingar, men utvalet er stort nok til å gjere meiningsfulle analysar. Utvalet er interessant i sam-

band med rekruttering, fordi dette er relativt unge personar med høg utdanning som har vist interesse for å bu og arbeida i Sogn og Fjordane. Omlag 85 % er under 35 år, 53 % er kvinner og over halvparten har masterutdanning. Tre av fire er opphavleg frå Sogn og Fjordane. Materialet er analysert ved hjelp av SPSS.

Eldsjel er eit samansett omgrep og som vi alt har vore inne på, blir eldsjelfaktoren (PAP) i dette paperet målt ved dei fem indikatorane (spørsmåla) vist i tabell 20.1. Desse fem spørsmåla er meint å fanga opp ulike aspekt ved eldsjelomgrepet og byggjer på ei tilråding frå Kickul & Gundry (2002). I vårt svar på forskingsspørsmål 1 ser vi på kor godt dei fem indikatorane fangar opp dei ulike dimensjonane ved omgrepet eldsjel. Dette er gjort ved hjelp av to mål; ein faktoreanalyse og Cronbachs alfa, som begge viser grad av samvariasjon mellom dei ulike indikatorane.

Det andre spørsmålet vårt knyter seg til kjenneteikn ved eldsjelene. Vi ønskjer her å finne ut om eldsjeler skil seg frå ikkje-eldsjeler når det gjeld alder, kjønn, utdanningsnivå, bustadregion og fødestad. Desse variablane er sjølvforklarande slik dei er presenterte i tabellane 20.3–20.5 med unnatak av eldsjelfaktor. Denne variabelen tek utgangspunkt i ei summering av skåren på alle fem spørsmåla i tabell 20.1. Kvar respondent har difor verdiar frå og med 1 (svært høg eldsjelfaktor) til og med 25 (svært låg eldsjelfaktor). Desse variabelverdiane er deretter gruppert i tre kategoriar: Høg eldsjelfaktor er respondentar med variabelverdiar i intervallet 5–9, middels eldsjelfaktor er respondentar med variabelverdiar i intervallet 10–15, medan høg eldsjelfaktor er respondentar med verdiar i intervallet 16–25.

Det tredje og siste spørsmålet vårt dreier seg om preferansar når det gjeld karriere og framtidig bu- og arbeidsstad. Den sistnemnde variabelen er basert på spørsmål til respondentane om kor viktige dei ulike attraksjonsfaktorane nemnde i tabell 20.8 er for kvar dei ønsker å busetja seg. Svaralternativa går frå 1 – svært viktig – til 5 – svært uviktig.

To av omgropa vi nyttar i samband med spørsmål 3, krev ei nærmare forklaring: Entreprenørlyst og karriereanker. Med entreprenørlyst meiner vi ønske om å starte og drive si eiga bedrift. Dette måler vi gjennom fem spørsmål som dekker ulike sider ved det å ha intensjonar om å starte eiga bedrift, sjå tabell 20.2.

Variabelen entreprenørlyst er ein summering av skåren på dei fem spørsmåla. Kvar respondent har difor ein skår på mellom 1 (svært høg entreprenørlyst) og 24 (svært låg entreprenørlyst). respondentverdiane på ein skala frå 1 («heilt einig») til 4 eller 5 («heilt ueinig»). Desse variabelverdiane er deretter gruppert i tre kategoriar: Høg entreprenørlyst er respondentar med variabelverdiar i intervallet 5–10, middels entreprenørlyst er respondentar med variabelverdiar i intervallet 11–18, medan høg entreprenørlyst er respondentar med verdiar i intervallet 19–24.

TABELL 20.2. INDIKATORAR FOR ENTREPRENØRLYST

Indikator	Måleskala	Variabelverdiar
Det er betre å ha si eiga bedrift enn å jobba for andre	5-punkts ordinal skala	1 = heilt einig 5 = heilt ueinig
Eg ville starte mi eiga bedrift sjølv om faren for økonomisk tap var stor	5-punkts ordinal skala	1 = heilt einig 5 = heilt ueinig
Eg kunne ikkje tenkje meg å etablere eiga bedrift	5-punkts ordinal skala	Motsett koda: 1 = heilt ueinig 5 = heilt einig
Det å ha si eiga bedrift inneber ein livsstil som passar meg bra	5-punkts ordinal skala	1 = heilt einig 5 = heilt ueinig
Kor aktuelt er yrket drift av eiga bedrift?	4-punkts ordinal skala	1 = svært aktuelt 4 = svært lite aktuelt

Karriereanker er definert som haldningars som blir danna tidleg i livet, og som er styrande for karriereal seinare i livet (Schein, 1975; 1978; 1990). Vi har målt karriereanker ved spørsmål om å gradere kor viktige ulike faktorar er når det gjeld val av karriere. I dette paperet held vi oss til Scheins (1975) fem opphavlege karriereanker. Desse er: ønske om autonomi, ønske om ei sikker framtid, ønske om å skape noko nytt, ønske om å bli leiar eller ønske om å kunne dyrke faglege interesser.

Samanhengen mellom styrken på eldsjelfaktoren og dei ovannemnde kjenteikna er analysert ved hjelp av bivariat tabellanalyse. Vi har nytta t-testar for å finna eventuelle signifikante skilnader i andelar.

RESULTAT

Vi skal i det følgjande gå gjennom og diskutere resultata knytt til dei tre forskings-spørsmåla våre.

FINST ELDSJELENE?

I faktoranalysen testar vi om dei fem indikatorane samvarierer med ein eller fleire uobserveerde variablar, kalla faktorar. Dette er ein test på omgrepssvaliditeten knytt til termen eldsjelfaktor i vår spørjeundersøking. Analysane viser at dei fem indikatorane alle ladar høgt på ein, og berre, ein faktor. Frå tabell 20.1 går det fram at

alle indikatorane har ei faktorladning på mellom 0,675 og 0,833. Den felles faktoren dei ladar mot, tolkar vi som eldsjelfaktoren, og tabell 20.3 viser at om lag 60 prosent av variasjonane i dei fem indikatorane kan forklarast med denne faktoren.

TABELL 20.3: CHRONBACHS ALFA OG SAMLA FORKLART VARIANS I FAKTORANALYSEN KNYTT TIL DEI FEM INDIKATORANE FOR ELDSJEL

Samla forklart variasjon i faktoranalysen	58,7 %
Cronbachs alfa	0,823

Cronbachs alfa, som er eit mål på den gjennomsnittlege korrelasjonen mellom dei fem indikatorane, har ein verdi på 0,823. Denne ligg over nedre grense på 0,75 (Crano & Brewer 2002), og tabell 20.1 viser at ved å fjerne ein av indikatorane så vil Cronbachs alfa bli redusert. Dei fem indikatorane gjev dermed eit godt, samla biletet av dei ulike dimensjonane ved eldsjelomgrepet.

KVEN ER ELDSJELENE?

Vi har sett nærmere på nokre sentrale kjenneteikn ved eldsjelene og kva som eventuelt skil dei frå personar som scorar lågt på eldsjelfaktoren.

TABELL 20.4: GRAD AV ELDSJELFAKTOR FORDELT ETTER ALDER

	Under 25 år	25–29 år	30–34 år	35 år el- ler eldre	Menn	Kvinner	I alt
Høg eldsjelfaktor	14 %	17 %	21 %	34 %	25 %	14 %	19 %
Middels eldsjelfaktor	74 %	66 %	64 %	52 %	65 %	66 %	66 %
Låg eldsjelfaktor	12 %	18 %	15 %	14 %	9 %	20 %	15 %
I alt	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
N (tal observasjonar)	124	205	107	73	237	270	509

Tabell 20.4 viser at prosentdelen med høg eldsjelfaktor aukar med aukande alder. 1 av 3 over 34 år meiner dei har høg eldsjelfaktor, medan dette gjeld berre 1 av 7 under 25 år. Det er derimot ikkje statistisk signifikante skilnader på 5-prosent-nivået mellom aldersgruppene når det gjeld prosentdelen med låg eldsjelfaktor.

Det er ein signifikant skilnad i eldsjelfaktoren mellom kvinner og menn. Nesten dobbelt så stor prosentdel menn har høg eldsjelfaktor samanlikna med kvinner.

Vi såg også på betydninga av utdanningsnivå, der vi sette skiljet ved inntil fire år eller mindre ved universitet eller høgskule, kontra meir enn fire år. Dessutan var vi interesserte i å finne ut om det var skilnad mellom dei som på intervjuutidspunktet budde i eller utanfor Sogn og Fjordane. Det var ingen signifikante statistiske skilnader på grad av eldsjelfaktor korkje etter utdanningsnivå eller bustadregion.

TABELL 20.5: GRAD AV ELDSJELFAKTOR FORDELT ETTER OPPHAVS- OG BUSTADFYLKE

	Er frå og bur no i Sogn og Fjordane	Andre
Høg eldsjelfaktor	14 %	20 %
Middels eldsjelfaktor	67 %	66 %
Låg eldsjelfaktor	20 %	14 %
I alt	100 %	100 %
N (tal observasjonar)	87	417

Frå tabell 20.5 går det fram at dei som er fødde og oppvaksne i Sogn og Fjordane, og som framleis bur i fylket, har signifikant lægre eldsjelfaktor enn andre. Medan 14 prosent av dei som både er oppvaksne i Sogn og Fjordane, og som bur i fylket på tidspunktet for undersøkinga, seier dei har høg eldsjelfaktor, så gjeld dette om lag 20 prosent av dei andre respondentane.

HAR ELDSJELENE ANDRE PREFERANSAR NÅR DET GJELD FRAMTIDIG BU- OG ARBEIDSSTAD ENN IKKJE-ELDSJELENE?

Vi fann ingen signifikant samanheng mellom graden av eldsjelfaktor og kor aktuelt det er for den einskilde å bu og arbeide i Sogn og Fjordane. Dette galdt også når vi såg på utvalet av personar som opphavleg var frå Sogn og Fjordane.

TABELL 20.6: GRAD AV ELDSJELFAKTOR FORDELT ETTER ENTREPRENØRLYST

	Høg entrepr enørlyst	Middels entreprenørlyst	Låg entreprenørlyst
Høg eldsjelfaktor	41 %	20 %	9 %
Middels eldsjelfaktor	49 %	70 %	63 %
Låg eldsjelfaktor	10 %	9 %	28 %
I alt	100 %	100 %	100 %
N (tal observasjonar)	51	306	145

Personar med høg entreprenørlyst har gjennomgåande høgre eldsjelfaktor enn personar med låg entreprenørlyst, se tabell 20.6. 4 av 10 med høg entreprenørlyst score røgt på eldsjelfaktoren medan berre 1 av 10 med låg entreprenørlyst har ein svært proaktiv personlegdom.

Det er likevel ikkje ein perfekt korrelasjon mellom eldsjelfaktor og entreprenørlyst. Nokre personar med høg eldsjelfaktor skapar aktivitet gjennom sitt engasjement i friviljuge og ideelle organisasjonar og utøver dermed verkekrafta si gjennom ikkje-kommersielle kanalar. Ein kan også finna døme på personar med låg eldsjelfaktor som likevel gir uttrykk for eit ynskje om å starta eiga bedrift. Dette kan vere motivert av å unngå arbeidsløyse, sjølv bestemma eiga arbeidstid eller å tena mykje pengar.

I våre analysar finn me at grad av entreprenørlyst og grad av eldsjelfaktor har ein Pearsons korrelasjonskoeffisient på om lag 0,39. Dette inneber at det er ein moderat samvariasjon mellom dei to variablane. Korrelasjonen er likevel mykje sterkare for kvinner (Pearsons korrelasjonskoeffisient = 0,419) enn menn (Pearsons korrelasjonskoeffisient = 0,253). Dette kan vera ein indikasjon på at menn i større grad enn kvinner etablerer eiga bedrift basert på andre faktorar enn dei som kjenneteiknar personar med høg eldsjelfaktor.

**TABELL 20.7: DEI SOM SVARAR «SVÆRT VIKTIG» PÅ ULIKE KARRIEREANKER.
FORDELT ETTER GRAD AV ELDSJELFAKTOR.**

	Å vere uavhengig	Å ha ei sikker framtid	Å skape noko nytt	Å bli leiar	Å realisere faglege interesser
Høg eldsjelfaktor	29 %	15 %	48 %	30 %	25 %
Middels eldsjelfaktor	57 %	70 %	51 %	62 %	63 %
Låg eldsjelfaktor	14 %	15 %	1 %	8 %	12 %
I alt	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
N (tal observasjonar)	102	302	88	37	289

Samvariasjonen mellom eldsjelfaktor og dei fem karriereankera er vist i tabell 20.7. Blant personar som meiner at det å skape noko nytt er svært viktig i deira framtidige yrkeskarriere, har om lag halvparten høg eldsjelfaktor. Dette er signifikant høgare eldsjelfaktor enn dei som meiner det å vere uavhengig, det å bli leiar eller å realisere faglege interesser er viktige mål for karrieren. Den lægste eldsjelfaktoren finn vi blant dei som legg vekt på å ha ei sikker framtid.

TABELL 20.8. RANGERING AV ATTRAKSJONSAKTOAR ETTER KOR STOR PROSENTDEL BLANT DEI MED HØVESVIS HØG OG LÅG ELDSJELFAKTOR SOM SVARAR AT FAKTOREN ER SVÆRT VIKTIG FOR DEIRA VAL AV FRAMTIDIG BUSTADREGION.

	Høg eldsjelfaktor	Låg eldsjelfaktor
Jobb til ektefelle/sambuar	74,7 % (1)	78,1 % (1)
Karrieremulegheiter	70,5 % (2)	58,4 % (4)
Ein god bustad	64,6 % (3)	56,0 % (5)
Natur og klima	60,4 % (4)	60,0 % (2)
Fritidstilbod	54,6 % (5)	40,3 % (7)
Oppvekstmiljø	53,2 % (6)	58,9 % (3)
Kommunikasjonar	47,9 % (7)	38,7 % (8)
Tryggleik	47,4 % (8)	51,4 % (6)
Bu- og levekostnader	39,2 % (9)	28,9 % (9)
Variert næringsliv	35,8 % (10)	23,4 % (12)
Kommunens tenestetilbod	30,9 % (11)	28,4 % (10)
Kulturtilbod	30,2 % (12)	24,7 % (11)
Butikktilbod	16,7 % (13)	14,5 % (14)
Nærleik til by	12,5 % (14)	18,4 % (13)

Tabell 20.8 viser kor stor prosentdel av personar med ein bestemt eldsjelgrad som meiner at dei ulike attraksjonsfaktorane er svært viktige for kvar dei vil busetja seg. Spørsmåla om attraksjonsfaktorar er basert på ein litteraturgjennomgang av kva faktorar som påverkar lysta til å flytta frå urbane til rurale strøk, sjå Årethun et al. (2017).

Tabellen gjev ein indikasjon på om det er store skilnader i vektlegginga av attraksjonsfaktorar mellom dei med høvesvis høg og låg eldsjelfaktor. Vi har rangert faktorane i søkkjande rekkefølge for dei med høg eldsjelfaktor. Begge gruppene legg mest vekt på jobb til ektefelle/sambuar når dei skal avgjera kvar dei ynskjer å bu og arbeida i framtida. 3 av 4 i begge gruppene meiner denne faktoren er særsviktig for val av framtidig bustadregion. Det er likevel ein signifikant større prosentdel av personar med høg enn med låg eldsjelfaktor som legg avgjande vekt på gode karrieremulegheiter, ein god bustad, gode kommunikasjonar, fritidstilbodet og eit variert næringsliv som viktige faktorar når dei skal vurdera framtidig bustadregion.

Blant dei med høg eldsjelfaktor svarar omlag 7 av 10 at karrieremulegheiter betyr svært mykje når dei skal bestemma seg for kvar dei vil slå seg til. Det kan vera mange grunnar til at personar med høg eldsjelfaktor i stor grad ynskjer å flytta til ein region med gode mulegheiter for å gjera ei yrkeskarriere. Ein proaktiv personlegdom heng tett saman med eit ynskje om å delta i, og vera med på å utforme, ulike aktivitetar. Dette kan vera aktivitetar knytt til ideelle organisasjonar og til ulike lag og foreiningar i nærmiljøet. Tilbodet av, og moglegheita for, å driva med ulike fritidsaktivitetar dreg difor til seg ein stor prosentdel med høg eldsjelfaktor. Tilgangen på eit variert næringsliv vil gje eldsjelene rom for å kunne ta arbeid, og gjera det mogleg å etablere sin eigen arbeidsplass, innan ulike yrke og bransjar. I tillegg vil eit variert næringsliv også kunne tilby arbeidsoppgåver og arbeidsplassar knytt til friviljuge og ideelle organisasjonar eller gjera det mogleg å tilpasse arbeidsoppgåvene til eit aktivt for nærmiljø og lokalsamfunn.

Talet på svært viktige attraksjonsfaktorar er betydeleg større blant dei med låg eldsjelfaktor samanlikna med respondentar som har høg eldsjelfaktor. Dette kan vera ein indikasjon på at personar med høg eldsjelfaktor er ei meir einsarta gruppe enn andre med klårt definerte krav til den kommunen eller det distriktet dei ynskjer å busetja seg i.

DISKUSJON

Det fyrste forskingsspørsmålet vi stilte, var om eldsjelene finst og om dei let seg finna.

Ved å bruke dei same fem spørsmåla som Kickul & Gundry (2002) fann vi at desse hadde høg reliabilitet ved at dei var sterkt, men ikkje for sterkt, interkorrelerte. Spørsmålsbatteriet viste og høg intern omgrepsgyldigheit ved at dei lada mot ein og same underliggende faktor. Dette er i tråd med funn i Bateman & Crant (1993), som presenterer resultata frå tre undersøkingar der spørsmålsbatteriet hadde høg omgrepssvaliditet og intern validitet. Spørsmålssettet er og validert i ein norsk samanheng, sjå Oklevik & Nesse (2017) og Håvold et al. (2017).

Vårt andre forskingsspørsmål var: Kva kjenneteiknar eldsjelene?

Det er særleg fire kjenneteikn som stikk seg ut. For det fyrste har personar med høg eldsjelfaktor større entreprenørlyst enn andre. Denne samvariasjonen blir støtta av funn frå andre land.

Både Crant (1996), Frank et al. (2007) og Kickul & Gundry (2002) fann ein positiv samanheng mellom entreprenørlysta i ulike grupper og graden av proaktiv personlegdom. For det andre har menn høgare eldsjelfaktor enn kvinner, noko som ikkje er eit gjennomgåande funn i internasjonal litteratur. Seibert et al. (1999)

finn rett nok at menn scorar høgare på proaktiv personlegdom enn kvinner, medan korkje Park (2010), Crant (1996) eller Li et al. (2010) finn kjønnsskilnader i graden av proaktiv personlegdom. Vårt funn kan skuldast at menn i større grad enn kvinner gjev uttrykk for at ein er pågåande, initiativrik og har stor gjennomføringsevne utan at dette treng å bli reflektert i faktisk åferd.

For det tredje aukar eldsjelfaktoren med alderen. Dette kan skuldast at dei eldre har meir erfaring enn dei yngste når det gjeld å prøva ut nye idear og løysingar, og såleis meiner dei har eit betre grunnlag for å vurdera eigen eldsjelfaktor. Dei yngste har enno til gode å testa ut eigen eldsjelfaktor og svarar i stor grad «midt på treet» når dei skal klassifisera eigen eldsjelfaktor. Det er og grunn til å venta at mange av dei over 34 år allereie er i jobb eller er godt etablerte der dei no bur, slik at dei som likevel viser interesse for ein ny bu- og arbeidsplass gjennom Framtidsfylket, utgjer ei bevisst og framoverlena gruppe som kan tenkje seg å flytta og slå rot på ein ny stad. Dette vil truleg vera personar med eldsjelfaktor over gjennomsnittet. Mange av dei yngre derimot er enno ikkje etablerte og utgjer difor ei breiare gruppe som først og fremst søker etter ein stad å slå seg ned og starte yrkeskarrieren. Denne gruppa har difor, i gjennomsnitt, ein lægre verdi på eldsjelfaktoren.

Funna våre om samanhengen mellom alder og eldsjelfaktor samsvarar til ein viss grad med funn i litteraturen. Park (2015) finn ein positiv samvariasjon mellom alder og proaktiv personlegdom, men verken Li (2010) eller Seibert et al. (1999) kan dokumentera ein signifikant korrelasjon mellom eldsjelfaktor og alder. Dette kan skuldast at utvala ofte har lita aldersspreiing. Kartlegging av eldsjelfaktor tek utgangspunkt i spørsmål kring realisering av idear, oppdage nye muleigheter og å utfordre etablerte løysingar. Mange unge vil truleg finne slike spørsmål abstrakte og vanskelege å ta stilling til og difor i stor grad svara nøytralt. Dei som er noko eldre, har truleg gjort nokre erfaringar som gjer at dei kan ha meir bestemte oppfatningar om eigen proaktiv personlegdom.

For det fjerde har personar oppvaksne i Sogn og Fjordane, og som framleis bur der, lægre eldsjelfaktor enn gjennomsnittet.

Ifølgje Crant (1996) har personar med lite innslag av proaktiv personlegdom også låg entreprenørskapslyst, og sidan det er enklare å etablere bedrifter i folkerike område med eit mangfaldig næringsliv, dreg dette i retning av at personar med høg eldsjelfaktor i stor grad flyttar frå rurale område, som t.d. Sogn og Fjordane. På den andre sida viser personar med høg eldsjelfaktor stor vilje til å få gjennomslag hjå arbeidsgjevar for endra arbeidsvilkår som er betre tilpassa arbeidstakaren sin kompetanse (Parker et al., 2008), og dei er flinkare enn andre til å etablere sosiale, produksjonsfremjande nettverk på jobben (Yang et al., 2011; Joo et al., 2015).

Desse faktorane aukar flyttekostnadene til eldsjelene og reduserer dermed behovet for geografisk mobilitet. Den internasjonale forskinga finn difor ikkje ein eintydig samanheng mellom låg eldsjelfaktor og det å bli buande eit ruralt område.

Det tredje forskingsspørsmålet vårt var om eldsjelene har andre preferansar når det gjeld framtidig bu- og arbeidsstad enn ikkje-eldsjelene. Vi fann ingen signifikant samanheng mellom bustadønske og grad av proaktiv personlegdom.

Derimot fann vi skilnader når det galdt kva faktorar som er avgjerande for val av framtidig buregion. Respondentar med høg eldsjelfaktor tilla karriere- og arbeidsrelaterte attraksjonsfaktorar som større karrieremulegheiter, eit variert næringsliv og gode kommunikasjonar større vekt enn andre. Tidlegare forsking viser at det er ein sterk korrelasjon mellom løn og karriereutvikling på den eine sida og graden av proaktiv personlegdom på den andre (Seibert et al., 1999). Personar med høg eldsjelfaktor er og flinke til å forhandla med eigen arbeidsgjevar om endring og tilrettelegging av arbeidsvilkår og -oppgåver slik at dei er betre tilpassa eigen kompetanse og eigne interesser. Dette vil vera enklare å realisera i eit klima prega av sterkt konkurranse om arbeidskrafta og med gode karrieremulegheiter, sjå Yang et al. (2011).

MANGLAR VED UNDERSØKINGA OG TRONG FOR VIDARE FORSKING

Denne artikkelen er avgrensa på tre område. For det fyrste består utvalet av høgt utdanna som har signalisert interesse for å bu og arbeida i Sogn og Fjordane. Dermed kan vi seie noko om eldsjelfaktoren til personar som vurderer å flytta til fylket. Det hadde og vore interessant å måle eldsjelfaktoren blant dei som nyleg har flytta til Sogn og Fjordane, for å få innsikt i kor stor denne er samanlikna med nyinnflyttarar andre stader i landet. For det andre er både denne artikkelen og mange andre forskingsbidrag om temaet fokusert på samvariasjonen mellom eldsjelfaktor på den eine sida og faktorar som entreprenørlyst, mobilitet, karriereanker og arbeidsmiljø på den andre. Det kunne og vore interessant å undersøke om det er ein samanheng mellom eldsjelfaktor på den eine sida og stresskjensle, ulike sjukdomar og kjensle av å vera utbrend på den andre. For det tredje manglar det ei tidsserieanalyse av eldsjelfaktor for å kunne måle endringar i folks eldsjelfaktor over tid og i kva grad den sjølvoppgjevne eldsjelfaktoren stemmer overeins med realiserte aktivitetar.

KONKLUSJON

For å kunne skape eit grunnlag for økonomisk vekst og utvikling i rurale område har tilgangen på ulike typar ressursar og kapital stor betydning. Dette kan vere realkapital som bygningar og maskiner, naturressursar som olje, gass, og vasskraft, arbeidstakrar og entreprenørar med bestemte kvalifikasjoner og utdanning. Men ei viktig drivkraft for å kunne utvikle lokalsamfunn er eldsjelene som deltek aktivt i lokale lag og foreiningar, skapar ikkje-kommersielle aktivitetar i nærmiljøet og som startar eigne verksemder (Alsos, 2010; Rønning, 2010). Desse samfunnsentreprenørane har mykje immateriell kapital, i form av pågangsmot, gjenomføringsevne og skaparkraft, noko som også er svært viktig for vekst og utvikling, særleg i distrikta.

Analysane i dette paperet viser at eldsjeler legg avgjerande vekt på arbeidsplass for ektefelle/partnar, gode karrieremulegheiter og ein god bustad når dei skal velja region å busetja seg i. Dette er faktorar som i stor grad kan styrkast gjennom regionale og lokale politiske vedtak. På lokalt nivå kan ein leggja til rette for næringsareal med tilhøyrande infrastruktur og for rimelege og attraktive bustadomter. Ved å få betre kjennskap til eldsjelene vil det også vera enklare for lokale styresmakter å setje i verk tiltak for å utløyse ressursar som personar med proaktiv personlegdom representerer både når det gjeld arbeidsplass- og stadutvikling.

MERKNADER

Forfattarane har ingen interessekonfliktar.

LITTERATUR

- Alsos, G.A. (2010). Ildsjeler og samfunnsentreprenører. I O.J. Borch & A. Førde (red.), *Innovative bygdemiljøer* (s. 27–38). Bergen: Fagbokforlaget.
- Arbo, P. & Bukve, O. (1990). Regionalpolitiske snuoperasjoner og lokale handlingsmiljø. I H. Baldersheim (red.), *Fornyelse nedenfra* (s. 101–136). København: NordREFO/ Akademisk Forlag.
- Bateman, T.S. & Crant, J.M. (1993). The proactive component of organizational-behavior: A measure and correlates. *Journal of Organizational Behavior*, 14(2), s. 103–118.
- Becherer, R.C. & Maurer, J.G. (1999). The proactive personality disposition and entrepreneurial behaviour among small company presidents. *Journal of Small Business Management*, 37(1), s. 28–36.
- Covey, S.R. (2004). *The 7 habits of highly effective people*. Englewood Cliffs, NJ: Prentice-Hall.

- Crano, W.D. & Brewer, M.B. (2002). *Principles and methods of social research*. Mahwah, New Jersey: Lawrence Erlbaum Associates Inc.
- Crant, J.M. (1996). The proactive personality scale as a predictor of entrepreneurial intentions. *Journal of Small Business Management*, 34(3), s. 42–49.
- Frank, H., Lueger, M. & Korunka, C. (2007). The significance of personality in business start-up intentions, start-up realization and business success. *Entrepreneurship & Regional Development*, 19(3), s. 227–251.
- Framtidsfylket (2016). Om Framtidsfylket. Henta fra <https://framtidfylket.no/Om-Framtidsfylket> (lasta 12.08. 2016).
- Fuller, Jr., B. & Marler, L.E. (2009). Change driven by nature: A meta-analytic review of the proactive personality literature. *Journal of Vocational Behavior*, 75, s. 329–345.
- Gan, Y. & Cheung, F.M. (2010). From proactive personality to organizational citizenship behavior: mediating role of harmony. *Psychological Reports*, 106(3), s. 75–765.
- Hornby, A.S. (2000). *Oxford Advanced Learner's Dictionary of Current English*, sixth edn. New Delhi, India: Oxford University Press.
- Husby, O. (2013). Ukas ord: Entusiasme. Henta fra <https://sprakkalender2013.wordpress.com/2013/02/09/09-03-13-ukas-ord-entusiasme/> (lasta 11.08. 2016).
- Håvold, J.I., Årethun, T. & Nesse, J.G. (2017). Påverkar personlegdomstrekk og demografiske faktorar entreprenørlyst i distrikta? Eksempel frå Sunnmøre og Sogn og Fjordane. I J.G. Nesse (red.), Innovasjonskosystem. Bergen: Fagbokforlaget. (Kjem)
- Joo, B.K., Hahn, H.J. & Peterson, S.L. (2015). Turnover intentions: the effects of core self-evaluations, proactive personality, perceived organizational support, developmental feedback, and job complexity. *Human Resource Development International*, 18(2), s. 116–130.
- Kickul, J. & Gundry, L. (2002). Prospecting for strategic advantage: The proactive entrepreneurial personality and small firm innovation. *Journal of Small Business Management*, 40(2), s. 85–97.
- Kim, T.Y., Hon, A.H.Y. & Crant, J.M. (2009). Proactive personality, employee creativity, and newcomer outcomes: A longitudinal study. *Journal of Business and Psychology*, 24, s. 93–103.
- Kobro, L.U., Vareide, K. & Hatling, M. (2012). *Suksessrike distriktskommuner. En studie av kjennetegn ved 15 norske distriktskommuner*. TF-rapport nr. 303. Henta fra http://www.distriktsenteret.no/filearchive/suksessrike-distriktskommune-tf-303_2012-cutepdf.pdf (lasta 10.08. 2016).
- Li N., Liang J. & Crant M.J. (2010). The Role of Proactive Personality in Job Satisfaction and Organisational Citizenship Behavior: A Relational Perspective. *Journal of Applied Psychology*, 95(2), s. 395–404.
- Luthje, C. & Franke, N. (2003). The making of an entrepreneur: Testing a model of entrepreneurial intent among engineering students at MIT. *R&D Management*, 33(2), s. 135–147.
- Mullins, M.E., Kozlowski S.W.J., Schmitt N. & Howell, A.W. (2008). The role of the idea champion in innovation: The case of the Internet in the mid-1990s. *Computers in Human Behavior*, 24, s. 451–467.
- Nesse, J.G., Skogseid, I., Skarbø, K. & Larsen, Ø.H. (2014). *Innovasjon i Sogn og Fjordane: Vilkår og barrierar*. Dokumentasjonsrapport. Vestlandsforskning Rapport nr. 3/2014. Sogndal: Vestlandsforskning.

- Oklevik, O. & Nesse, J.G. (2017). Kva skaper eldsjeler i rurale strøk? Ein studie av vidaregåande elevar i to rurale regionar: Sogn og Fjordane samt Sunnmøre. I J.G. Nesse (red.), *Innovasjonsøkosystem*. Bergen: Fagbokforlaget. (Kjem)
- Park, I.N. (2015). The Role of Affect Spin in the Relationships between Proactive Personality, Career Indecision, and Career Maturity. *Frontiers in Psychology*, 6, Article 1754.
- Parker, S. & Collins C.G. (2008). Taking Stock: Integrating and Differentiating Multiple Proactive Behaviors. *Journal of Management* 36. SAGE.
- Rønning, L. (2010). Samfunnsentreprenørskap som initiering av lokal næringsutvikling. I O.J. Borch & A. Førde (red.), *Innovative bygdemiljøer* (s. 53–67). Bergen: Fagbokforlaget.
- Rønning, L., Ljunggren, E. & Wiklund, J. (2010). The Community Entrepreneur as a Facilitator of Local Economic Development. I C. Karlsson, B. Johansson & R.R. Stough (red.), *Entrepreneurship and Regional Development: Local Processes and Global Patterns* (s. 195–237). Cheltenham UK: Edward Elgar.
- Schein, E.H. (1975). How ‘career anchors’ hold executives to their career paths. *Personnel*, 52(3), s. 11–24.
- Schein, E.H. (1978). *Career dynamics: Matching individual and organizational needs*. Reading, Massachusetts: Addison-Wesley Publishing Company.
- Schein, E.H. (1990). *Career anchors: Discovering your real values*. Revised Edition, San Francisco: Pfeiffer & Company.
- Seibert, S.E., Crant, J.M. & Kraimer, M.L. (1999). Proactive personality and career success. *Journal of Applied Psychology*, 84 (3), s. 416–427.
- Thompson, J.A. (2005). Proactive personality and job performance: A social capital perspective. *Journal of Applied Psychology*, 90(5), 1011–1017.
- Yang, J., Gong, Y. & Huo, Y. (2011). Proactive personality, social capital, helping, and turnover intentions. *Journal of Managerial Psychology*, 26(8), s. 739–760.
- Årethun, T., Nesse, J.G. & Håvold, J.I. (2017). Rekruttering av arbeidskraft til utkantane. Ein analyse av likskapar og ulikskapar mellom avgangselevar i vidaregåande skule og ferdig utdanna kandidatar. I Nesse, J.G. (red.). *Innovasjonsøkosystem*. Bergen: Fagbokforlaget. Under publisering.

FORFATTEROMTALER

JOHN ROGER ANDERSEN er professor i sjukepleie ved Høgskulen på Vestlandet (Campus Førde) og forskar i Helse Førde. Andersen leiar forskingsgruppa «Folkehelse, livsstil og overvekt», som er ei strategisk satsing av Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet. Forskningsfeltet er spesielt førebygging og behandling av livsstilsjukdommar med fokus på helserelatert livskvalitet.

VIDAR ANDERSEN (f. 1976) er 1. amanuensis ved Høgskulen på Vestlandet, Avdeling for lærarutdanning og idrett, Institutt for idrett. Fag- og forskningsfelt er treningslære og treningsfysiologi for ulike målgrupper.

ANDERS ASCHIM (f. 1958), professor II i idé- og kristendomshistorie ved Høgskulen i Volda og professor i religion, livssyn og etikk ved Høgskolen i Innlandet. Særlege forskingsområde: bibel og bibelomsetjing, norsk 1800-talshistorie, religion og migrasjon.

KRISTIN GAASEIDE AURE har en bachelorgrad i Handels- og Serviceledelse og en mastergrad i International Business and Marketing fra Høgskolen i Ålesund (NTNU Ålesund). Hun skrev mastergradsutredningen sammen med Kristine Dybvik Nervik. Temaet for avhandlingen var merkevarebygging, hvor en lokal klippfiskbedrift på Sunnmøre ble analysert basert på kunders persepsjoner. Kristin arbeider som administrativ leder i Volsdalen skole.

INGUNN BALEVIK (f. 1969) frå Balestrand i Sogn og Fjordane. Utdanna lektor i læring og undervisning. Master (2014) frå UiB /HISF. Tittel på Masteroppgåve: «... same feila gong på gong». Jobbar som lærar på Høyanger skule.

ELI BJØRHUSDAL er førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet (Campus Sogndal). Ho forskar på språkforvaltning og språkdidaktikk og underviser på lærarutdanninga i Sogndal. I 2014 disputerte ho med avhandlinga *Mellom nøytralitet og språksikring. Norsk offentleg språkpolitikk 1885–2005.*

TROND BJØRN DAL er dr. oecon fra Norges Handelshøyskole og professor i økonomi ved Institutt for internasjonal forretningsdrift, NTNU Ålesund. Han er også seniorforsker ved SNF i Bergen. Hans hovedforskningsområde er ressursøkonomi, og da spesielt fiskeriøkonomi. Bjørndal har ledet en rekke nasjonale og internasjonale forskningsprosjekter, og har publisert flere bøker og mange vitenskapelige artikler innenfor ressursøkonomiområdet.

FINN OVE BÅTEVIK (f. 1960) er professor ved Høgskulen i Volda. Han har m.a. forskingserfaring innan området regional utvikling, med tema som demografi, rekrutteringsutfordringar, kompetansestilgang og småsamfunnsutvikling.

HILDE G. CORNELIUSSEN (f. 1969) er forsker ved Vestlandsforskning. Hun har doktorgrad (2003) fra Humanistisk informatikk ved Universitetet i Bergen, der hun var ansatt fra 1998 til 2016. Faglig bakgrunn innen forskning på identitet, kultur og teknologi.

CAROL AZUNGI DRALEGA (f. 1972) er forsker ved Vestlandsforskning og førsteamanuensis ved NLA Høgskolen. Hun har doktorgrad i medievitenskap, Universitet i Oslo (2008). Forskningsinteresser innen medier, IKT og inkluderings- og utviklingsspørsmål.

KARI DYB (f. 1966) er forsker ved Nasjonalt senter for e-helseforskning. Hun har en doktorgrad i sosiologi (2011) Universitet i Tromsø, og har forsket på innføring, bruk og ikke bruk av IKT i helsesektoren siden 2004.

INGRID FOSSØY er dosent / dr.polit i pedagogikk ved Høgskulen på Vestlandet, Avdeling for lærarutdanning og idrett. Ho har i ei årrekke hatt leiar- og undervisningsoppgåver knytt til fagområda rettleiing og høgskulepedagogikk. Rettleiing er også eit sentralt forskingsområde.

JOAR FOSSØY (f. 1981) er høgskulelektor i idrett, Institutt for idrett ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal. Forskningsområde: idrettshistorie, fotball og media, idrett (fotball) og profesjonalisering, idrett og samfunn, fair play i kroppsøvingsfaget.

FRODE FRETLAND (f. 1962) er førtelektor i idrett, instituttleiar på Institutt for idrett ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal. Forskningsområde: idrettshistorie, ballspel, evaluering, friluftslivsomgrepet.

JAN OLAV FRETLAND (f. 1950) er dosent i norskdidaktikk ved Høgskulen på Vestlandet. Har skrive ei rad bøker om nynorsk språk og om klårt språk i offentleg forvaltning. Har mellom anna vore rektor på Høgskulen på Vestlandet og leiar i Norsk språkråd.

ØYVIND GLOSVIK (f. 1958) er dr. polit. og dosent ved Avdeling for lærarutdanning og idrett, Høgskulen på Vestlandet, nærregion Sogn og Fjordane. Han forskar på lokale og regionale utviklingsprosessar, førstelineleiing, kunnskapsleiing og lærande leiing i helse- velferds- og utdanningsinstitusjonar.

GRO MARIT GRIMSRUD (f. 1963) er seniorforskar/ph.d. ved Uni Research. Ho har forskingserfaring innan ulike samfunnsfaglege tema, m.a. flytting, befolknings- og næringsutvikling, kjønnsrelasjoner og stadsutvikling.

KJERSTI HALVORSEN (f. 1963). Dr. polit. Førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal. Forskings- og undervisningsinteresse: organisasjonsteoriens klassikere og anvendelse av organisasjonsteori.

LARS JULIUS HALVORSEN (f. 1975) er forskar ved Møreforsking AS og seniorrådgjevar ved Høgskulen i Volda. Dei siste åra har Halvorsen forska på spørsmål knytt til regional utvikling, småskala næringsverksemder og lokalsamfunnsutvikling samt migrasjon, religion og integrering.

PÅL HAMRE (f. 1971), Høgskulen i Volda, er førsteamanuensis i norsk. Han har skrive ph.d.-avhandlinga *Norskfaget og skjønnlitteraturen. Ein studie av norskfaglege normtekstar 1739-2013* (2014).

RAGNHILD PAULSEN HAMRE (f. 1978) er kontorsjef ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, Høgskulen i Volda. Ho har skrive masteravhandlinga *Frå allmennlærar til lærarmaster med lektorkompetanse* (2016).

LISA HANSSON, Ph.D. (f. 1978) er førsteamanuensis ved Høgskolen i Molde. Hennes forskning fokuserer på bærekraftig planlegging og policy, ofte knyttet til sosiotekniske endringer og utfordringer.

ØYVIND HELGESEN er professor i markedsføring ved NTNU ved Institutt for Internasjonal Forretningsdrift (IIF) i Ålesund og professor II i Management Accounting ved Norges Handelshøyskole (Bergen). Han er programansvarlig for mastergradsstudiet i internasjonal business og markedsføring. Helgesen har doktorgrad (dr. oecon.) fra NHH. Han arbeidet i næringslivet i 16 år før han begynte i akademia.

GUÐRÚN KJARTANSDÓTTIR (f. 1964), frå Reykjavík Island, bur i Balestrand i Sogn og Fjordane. Utdanna lektor i læring og undervisning. Master (2014) frå UiB/HISF. Tittel på masteroppgåve: «... same feila gong på gong». Jobbar som lærar på Høyanger skule.

ØYVIND HEIMSET LARSEN er sivilingeniør frå NTNU i 1998, ved fakultet for Industriell økonomi og teknologileiing. Han studerte så prosjektleiing og leiing ved BI, Oslo i samband med verneplikt. Larsen har 15 års erfaring som forskar ved Vestlandsforskning og underviste i Endringsprosessar og IT-leiing frå 2001–2002 ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Som prosjektleiar og forskar ved Vestlandsforskning har han bidrege i ei rekke

regionale, nasjonale og internasjonale prosjekt. Larsen har forska på IKT og regional utvikling, breiband og IKT innan skule- og helsesektoren, og han har siden 2005 deltatt aktivt i ulike program frå Norges forskingsråd for å stimulera til meir bruk av forsking og utvikling (FoU) for betre innovasjon i næringslivet.

VEGARD FUSCHE MOE (f. 1973) er førsteamanuensis i idrett ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal. Han forskar og underviser på tema knytt til bevegelse og fysisk aktivitet frå idrettsfilosofiske og læringsorienterte perspektiv.

TERJE MYKLEBUST (f. 1967) er førsteamanuensis i matematikk ved lærarutdanninga ved HiSF. Han har dr.grad i matematisk statistikk frå UiB, og han arbeider blant anna med didaktiske spørsmål saman med statistikk.

KRISTINE DYBVIK NERVIK har en bachelorgrad i Handels- og Serviceledelse og en mastergrad i International Business and Marketing fra Høgskolen i Ålesund (NTNU, Ålesund). Hun skrev mastergradsutredningen sammen med Kristin Gaaseide Aure. Temaet for avhandlingen var merkevarebygging, hvor en lokal klippfiskbedrifts merkevare, lokalisert på Sunnmøre, ble analysert basert på kunders persepsjoner. Kristine arbeider som kundekoordinator i Devold of Norway AS.

JON GUNNAR NESSE er siviløkonom med høgare avdeling frå Norges Handelshøyskole (NHH), med hovudfag i administrasjons- og åtferdsfag. Han er tilsett som førtelektor ved Høgskulen på Vestlandet og underviser i organisasjons- og leiingsfag ved bachelorstudiet i økonomi og administrasjon. Nesse har forska på regional utvikling, omstilling på einsidige industristadar, fornybar energi og entreprenørskap, og han har publisert ei rad rapportar og artiklar innan desse områda.

ERIK NESSET er dr. polit. fra Universitetet i Bergen og professor i økonomi ved Institutt for internasjonal forretningsdrift, NTNU Ålesund. Han har publisert en rekke vitenskapelige publikasjoner i internasjonale tidsskrift innen næringsøkonomi og markedsanalyse.

OVE OKLEVIK er cand.oecon. frå Universitetet i Oslo, og har ein ph.d. frå Norges Handelshøyskole (NHH). Han er førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet og underviser der i marknadsføring, metode og samfunnsøkonomiske fag innan det økonomisk administrative fagområdet. Oklevik har bidrige på forsking innan lønsemrd i reiselivet, entreprenørskap, innovasjon og fornybar energi.

MARK PASQUINE er dr. oecon. fra Norges Handelshøyskole og arbeider som førsteamanuensis i internasjonal markedsføring og merkevarebygging ved Institutt for internasjonal forretningsdrift, NTNU Ålesund.

LIN PRØITZ (f. 1971) er grunnlegger og forsker i Forskerkollektivet. Hun har doktorgrad (2007) og har vært postdoktor i kjønn og medievitenskap ved Universitetet i Oslo. Opprinnelig utdannet fotograf. Siste publikasjon: *Selvbilde: fra selvportrett til #selfie*.

BODIL RAVNEBERG (f. 1961) er statsviter og professor ved Høgskulen på Vestlandet. Hun er opptatt av frivillige organisasjoner sin rolle i velferdsstaten, både funksjonshemmedes interesseorganisasjoner og ulike foreninger som arbeider med integreringsspørsmål.

AMUND RIISER (f. 1978) er førsteamanuensis i idrett ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal. Han forskar på og underviser i tema knytt til idrettsleg prestasjon og fysisk aktivitet og folkehelse.

KRISTIN SAGERØY RÅSBERG (f. 1973) er avdelingsleder ved Høyanger vidaregåande skule. Fullførte masterutdanning i organisasjon og leiing/utdanningsleiing ved Høgskulen i Sogn og Fjordane i 2015.

DORTHEA SEKKINGSTAD er høgskulelektor i utdanningsleiing ved Høgskulen på Vestlandet, Avdeling for lærarutdanning og idrett. Ho har vore studieleiar for PPU-utdanninga (praktisk pedagogisk utdanning) og har leiar- og undervisningsoppgåver knytt til vidareutdanningane innan høgskulepedagogikk og rettleiing. Ho har arbeidd som lærar og rektor i ei årrekke.

AREZOO SOLTANI (f. 1980) har doktorgrad i ressursøkonomi fra Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU). Hun er ansatt som førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet, og postdoktor ved NMBU og har undervisning i matematikk for økonomer ved bachelorstudiet i økonomi og administrasjon og fornybar energi. Soltani forsker på skogøkonomi i Iran og Afrika, og lagring av karbon i skog.

ATLE HOLE SÆTERBAKKEN (f. 1980) er førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet ved institutt for idrett, campus Sogndal. Forskings- og fagfeltet er treningslære, treningsfysiologi og eldre.

EINAR YLVISÅKER (f. 1967) er høgskulelektor ved Høgskulen på Vestlandet, Avdeling for lærarutdanning og idrett, Institutt for idrett. Fagfeltet er treningslære, fotball og anatomi og fysiologi, og han har jobba mykje med akselerometerdata i store prosjekt dei siste åra.

TORBJØRN ÅRETHUN er samfunnsøkonom frå Universitetet i Oslo. Han er tilsett som førstelektor ved Høgskulen i på Vestlandet, og underviser i matematikk og samfunnsøkonomiske fag ved bachelorstudiet i økonomi og administrasjon. Årethun har forska på regional utvikling og entreprenørskap og publisert artiklar innan desse områda.

TURID AARSETH (1957) er førsteamanuensis ved Høgskolen i Molde. Hun har lang erfaring fra kommune- og velferdsforskning og er særleg opptatt av desentralisering av velferdsstaten og horisontal samordning.

**OVERSIKT OVER INITIATIVTAKARAR OG DEI SOM GITT
PENGEGÅVER**



**HØGSKULEN i
SOGN OG FJORDANE**



HØGSKULEN i VOLDA



Høgskolen i Molde
Vitenskapelig høgskole i logistikk

NTNU
Kunnskap for ei betre verdi



MØREFORSKING VESTLANDSFORSKING



**Møre og Romsdal
fylkeskommune**



**SGON OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**



SPAREBANKEN MØRE